



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2007–2008)

FOR BUDSJETTÅRET 2008

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

Innhald

Del I

Oversikt over budsjettforslag frå Kunnskapsdepartementet	9
1 Hovudprioriteringar	11
1.1 Kunnskapsnasjonen Noreg	11
1.2 Tidleg innsats for sosial utjamning	11
1.3 Kvalitet i høgre utdanning og forskning	14
1.4 Budsjettprioriteringar	15
2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet	18
3 Oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget	22

Del II

Nærmare om budsjettforslaget	23
<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	<i>25</i>
Kap. 200 Kunnskapsdepartementet	25
Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet	29
Kap. 204 Foreldreutvalet for grunnskolen	29
Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen ...	29
Kap. 206 Samisk utdanningsadministrasjon ...	29
<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa</i>	<i>30</i>
Kap. 220 Utdanningsdirektoratet	44
Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet	47
Kap. 221 Foreldreutvalet for grunnskolen	47
Kap. 3221 Foreldreutvalet for grunnskolen	48
Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	48
Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	50
Kap. 223 Samisk utdanningsadministrasjon ...	50
Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa	51
Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa	57
Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	57
Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar	65
Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.	66
Kap. 229 Andre tiltak	69
Kap. 230 Kompetansesenter for spesialundervisning	70

Kap. 3230 Kompetansesenter for spesialundervisning	72
<i>Programkategori 07.30 Barnehagar</i>	<i>73</i>
Kap. 231 Barnehagar	73
<i>Programkategori 07.50 Tiltak for å fremme kompetanseutvikling</i>	<i>87</i>
Kap. 252 EUs handlingsprogram for livslang læring	90
Kap. 253 Folkehøgskolar	90
Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring	91
Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskeretts-sentra o.a.	93
Kap. 256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	94
Kap. 3256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	96
Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet	96
Kap. 258 Analyse og utviklingsarbeid	98
<i>Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning</i>	<i>100</i>
Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for studentar	109
Kap. 271 Universitet	111
Kap. 272 Vitskapelege høgskolar	116
Kap. 275 Høgskolar	119
Kap. 276 Fagskoleutdanning	125
Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar	126
Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar	133
<i>Programkategori 07.70 Forsking</i>	<i>134</i>
Kap. 283 Meteorologiformål	139
Kap. 285 Noregs forskingsråd	140
Kap. 286 Fondet for forskning og nyskaping ...	148
Kap. 3286 Fondet for forskning og nyskaping ..	150
Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak	150
Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak ...	154
Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak	155
Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak	158
<i>Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering</i>	<i>159</i>
Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning ...	159
Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning ...	165

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for
utdanning 166

Del III

Forskning og utvikling i statsbudsjettet 167

5 **Forskning og utvikling i**
statsbudsjettet 169

Del IV

Ressursar i grunnopplæringa 179

6 **Ressursar i grunnopplæringa ...** 181

Del V

Særskilde tiltak 189

7 **Fornyning og organisasjons-**
endringar 191

8 **Likestilling i barnehage-,**
utdannings- og forskings-
sektoren 192

9 **Miljø** 194

Forslag til vedtak om løyving for
budsjetterminen 2008,
kapitla 200–288 og 2410, 3200–3288,
5310 og 5617 196

Vedlegg 1

Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde
statlege føretak 205

Vedlegg 2

Nøkkeltal for universitet og høgskolar 206

Tabelloversikt

Tabell 4.1	Private skolar, tal på skolar og elevar (gjennomsnitt haust og vår) 67	Tabell 5.2	Løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane (i 1 000 kroner) 176
Tabell 4.2	Ressursinnsatsen frå Statped på dei ulike vanskeområda 2005 og 2006 (i pst.) 71	Tabell 6.1	Elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring. 2002–06 181
Tabell 4.3	Tal på barn i ordinære barnehagar og familiebarnehagar etter alder og opphaldstid 74	Tabell 6.2	Tal på elevar på Vg1 per 1. oktober 2006 etter utdanningsprogram 182
Tabell 4.4	Personalet i barnehagane 77	Tabell 6.3	Utvikling i lærarårsverk 183
Tabell 4.5	Utdanning av førskolelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet 78	Tabell 6.4	Elevar per lærarårsverk 183
Tabell 4.6	Menn i barnehagane 2004–06 79	Tabell 6.5	Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar (i pst.) 184
Tabell 4.7	Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2008. Offentlege barnehagar. Kroner per år 83	Tabell 6.6	Korrigererte brutto driftsutgifter per elev (i løpande prisar, kroner) 185
Tabell 4.8	Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2008. Private barnehagar. Kroner per år 84	Vedlegg 2	
Tabell 4.9	Statleg driftstilskott til open barnehage i 2008. Kroner per år . 84	Tabell 2.1	Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgskolar 2001-06 206
Tabell 4.10	Elevtal i folkehøgskolane 2002–06 91	Tabell 2.2	Opptak ved universitet og høgskolar 2004-06 (pst. kvinner i parentes) 207
Tabell 4.11	Løyving og tilsegnfullmakter for studentbustader i 2007–08 (i 1 000 kr) 110	Tabell 2.3	Registrerte studentar ved universitet og høgskolar 2004–06 (pst. kvinner i parentes) 208
Tabell 4.12	Faglege løyvingar til Noregs forskingsråd. Fordeling på fagområde og særskilde formål (i mill. kroner) 141	Tabell 2.4	Studiepoeng per student ved universitet og høgskolar 2004-06 209
Tabell 4.13	Midlar frå Fondet for forskning og nyskaping. Fordeling etter verkemiddel. 2006 148	Tabell 2.5	Kandidatar ved universitet og høgskolar 2004-06 (pst. kvinner i parentes) 209
Tabell 4.14	Løyvingar til private vitskaplege institusjonar og tiltak (i 1 000 kroner) 154	Tabell 2.6	Opptak, registrerte studentar og kandidatar fordelte på utvalde utdanningar 2004–06 (pst. kvinner i parentes) 210
Tabell 4.15	Løyvingar til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar (i 1 000 kroner) 157	Tabell 2.7	Tal på innreisande og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2004–06 (pst. kvinner i parentes) 211
Tabell 4.16	Hovudtal for dei fire siste undervisningsåra 160	Tabell 2.8	Tal på årsverk i undervisnings- forskings- og rekrutteringsstillingar 2006 (pst. kvinner i parentes) 211
Tabell 4.17	Hovudtal for tilbakebetaling dei fem siste åra 161	Tabell 2.9	Avlagde doktorgradar 1997–2006 212
Tabell 4.18	Fordeling av ulike stipendformer dei to siste undervisningsåra 161	Tabell 2.10	Doktorgradar etter fagområde og kjønn 1995 og 2006 212
Tabell 5.1	Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet (i mill. kroner) 175		

Tabell 2.11	Gjennomsnitt publikasjonspoeng per førstestilling, postdoktor og stipendiatar ved type institusjon 2006	212	Tabell 2.15	Bygg som er under prosjektering/ferdig prosjektert	214
Tabell 2.12	Eksternfinansiert verksemd ved statlege institusjonar 2006 (1 000 kroner)	213	Tabell 2.16	Prosjekt under utgreiing/programmering	214
Tabell 2.13	Aktivitetskrav for studieåret 2008–09	213	Tabell 2.17	Kurantprosjekt, byggjeprosjekt under prosjektering	215
Tabell 2.14	Prosjekt som har fått startløyving	214	Tabell 2.18	Kurantprosjekt, byggjeprosjekt under utgreiing/programmering	215
			Tabell 2.19	Løyving per verksemd i 2008 (i 1 000 kroner)	216

Figuroversikt

Figur 4.1	Norske artiklar med og utan internasjonale samforfattarar 2002–06	135	Figur 5.3	Kapital i Fondet for forskning og nyskaping	171
Figur 5.1	Samla FoU-årsverk per 1 000 sysselsette i utvalde land 2005	169	Figur 5.4	Forskingsintensitet i høve til næringsstruktur i OECD-land (1999–2002)	172
Figur 5.2	Offentlege FoU-utgifter per innbyggjar i utvalde land 2005	170	Figur 6.1	Fordelinga av kommunar etter driftsutgifter og behovskorrigerede driftsutgifter per elev. 2005	186



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2007–2008)

FOR BUDSJETTÅRET 2008

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet av 21. september 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Oversikt over budsjettforslag frå
Kunnskapsdepartementet

1 Hovudprioriteringar

1.1 Kunnskapsnasjonen Noreg

Regjeringa vil styrkje Noreg som kunnskapsnasjon. Ein sterk kunnskapsnasjon må byggje på eit utdanningssystem som gjer det mogleg for kvar enkelt å få livslang læring, og som medverkar til at samfunnet får den kompetansen som er naudsynt for framtidig velstand og verdiskaping. Samtidig er det naudsynt med ein forskingsinnsats som sørgjer for utvikling av ein kunnskapsbasert og nyskapande økonomi, og ein kompetansepolitikk som medverkar til at kunnskap og kompetanse blir utvikla i arbeidslivet.

Regjeringa legg eit breitt kunnskapssyn til grunn for politikken sin. Kunnskap er tufta på erfaringar og forskning, og omfattar fakta, kritisk tenking og analytiske evner. Kunnskap gjer det enklare for den einskilde å ta sjølvstendige val og å ha innverknad på samfunnet rundt seg. Fri og uavhengig forskning er viktig for ei betre forståing av oss sjølve og tilhøva omkring oss.

Kunnskap er også ein viktig reiskap for inkludering og sosial utjamning. Regjeringa vil ha eit samfunn som byggjer på at vi er forskjellige som menneske, men som samstundes sørgjer for at alle har dei same utsiktene til å lykkast. Regjeringa meiner at barnehage for alle, grunnopplæring av høg kvalitet, gratisprinsippet i skole og høgre utdanning og støtteordningane til Lånekassen er ein føresetnad for dette. Regjeringa ønskjer å styrke den offentlege fellesskolen. Med privatskolelova har Regjeringa bremsa veksten i private skolar med rett til statstilskott.

Øydelegging av miljøet er ei av dei største utfordringane i vår tid. Kunnskap om desse utfordringane må starte tidleg. Regjeringa vil derfor satse på ei tettare kopling mellom utdanning og ei berekraftig utvikling. Gjennom ny kunnskap og nye handlingsmønster er det mogleg å gjere framtida trygg for kommande generasjonar.

Globalisering og internasjonal arbeidsdeling set krav til kunnskapsproduksjonen. Regjeringa har som mål at Noreg skal bli ein av dei leiande, innovative, dynamiske og kunnskapsbaserte økonomiar i verda innanfor dei områda der vi har føremon. Dette krev ein langsiktig kunnskapspolitikk som legg vekt på heilskap.

Det er allereie mangel på kompetent arbeidskraft i mange bransjar og sektorar. Samstundes står mange utanfor arbeidslivet. Dei med låg kompetanse er mest utsette for ikkje å kunne ta del i arbeidslivet. Etter- og vidareutdanning er eit viktig verkemiddel for å få fleire i arbeid. Regjeringa går inn for eit kunnskapsløft for vaksne. Målet er å gjere det mogleg for alle å skaffe seg grunnleggjande kunnskap og kompetanse, anten i utdanningsinstitusjonane eller gjennom opplæring i arbeidslivet.

Målet til regjeringa er å heve ambisjonsnivået i heile utdanningssystemet. Regjeringa ønskjer ein lærande utdannings- og opplæringssektor. Førskolelærarar, lærarar, undervisningspersonale og styresmakter på ulike nivå må ha tilgang til, sjå relevansen av og gjere seg nytte av den kunnskapen som finst. Regjeringa vil gå inn for å styrkje god utdanningsforskning for å utvikle kvaliteten i utdannings- og opplæringssektoren.

1.2 Tidleg innsats for sosial utjamning

Regjeringa fører ein målretta politikk for å redusere forskjellane i samfunnet. Utdanningssystemet er ein av dei viktigaste arenaene for ei slik utjamning. Det er i dag for store forskjellar i den kompetansen elevlar og studentar går ut med, og forskjellane har for sterk samanheng med familiebakgrunnen deira. Derfor blir det også for store forskjellar i sjansen for å lykkast i arbeidsmarknaden og samfunnslivet elles seinare i livet. Hausten 2006 la Regjeringa fram St.meld. nr. 16 (2006–2007) ...*og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring.* Dette er første gongen ei regjering presenterer ein gjennomgang av årsakene til at nokre grupper systematisk lykkast mindre enn andre i utdanning og arbeidsliv. Meldinga har eit livslangt læringsperspektiv og tek for seg heile utdanningsløpet, frå barn i førskolealder til vaksne. I meldinga blir det foreslått ei rekkje tiltak i heile utdanningssystemet som vil kunne medverke til sosial utjamning.

Tidleg innsats er ein nøkkel i arbeidet for sosial utjamning. Tidleg innsats betyr både innsats tidleg i livet, og tidleg inngripen når problem oppstår eller blir avdekte i førskolealder, i løpet av grunnopplæringa eller i vaksen alder.

I dei siste åra har vi fått stadig meir kunnskap om korleis dei første barneåra er viktige for seinare læring. Regjeringa ser på barnehagen som den viktigaste arenaen for læring for barn i førskolealder. Barnehagen skal fremje trivsel, livsglede og meistring, og slik leggje grunnlaget for livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn. Han skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale område, gjere dei kreative og nyfrikne og gi dei språkleg og sosial kompetanse og utvikling. *Barnehageløftet* er derfor ei viktig og prioritert satsing for regjeringa. Måla for *Barnehageløftet* er full barnehagedekning, høg kvalitet og låg pris.

Eit godt barnehagetilbod tilbyr barn omsorg og læring og gjer det mogleg for foreldre å ta aktivt del i yrkeslivet eller studere. Målet for regjeringa er derfor at alle som ønskjer barnehageplass, skal få tilbod om det. Eit stort fleirtal av kommunane i landet har nådd målet om full barnehagedekning og tilbyr eit godt utbygd barnehagetilbod. Målet for 2008 er at full barnehagedekning blir halden oppe i desse kommunane, og at full barnehagedekning blir nådd i kommunar som enno ikkje har etablert tilstrekkeleg med barnehageplassar.

Målet til regjeringa er at barnehagane skal gi barn eit pedagogisk tilbod av høg kvalitet. Barnehagen skal gi eit tilrettelagt tilbod til alle barn, også dei med særskilde behov. Det skal leggjast vekt på tidleg innsats, mellom anna gjennom språkstimulering. Eit godt og likeverdig barnehagetilbod kan gi alle barn like sjansar. Eit kvalitativt godt barnehagetilbod er særleg viktig for barn med høg risiko for å oppleve meistringsproblem i skolen.

Eit godt pedagogisk tilbod krev høgt kvalifisert personale. Regjeringa har som mål at talet på pedagogar i barnehagane skal aukast, og vil følgje opp tiltak som er sette i verk i tråd med *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen 2007–2010*. Eit aktivt likestillingsarbeid i samsvar med rammeplanen for barnehagen er eit ledd i arbeidet for å heve kvaliteten i barnehagesektoren. Målet for 2008 er at barnehagesektoren gjennomfører ei rekkje ulike kompetansetiltak i tråd med strategien for kompetanseutvikling, og at strategien for likestilling i barnehage og grunnopplæring blir gjennomført.

Det er eit mål for regjeringa at alle som ønskjer barnehageplass, skal ha råd til å betale for det. Regjeringa vil derfor føre vidare maksimalgrensa for foreldrebetalinga på same nominelle nivå som i 2007 og auke foreldrefrådraget for pass og stell av barn.

Barnehagen er eit frivillig tilbod. Mange barn går i barnehagen, men ein del gjer det ikkje. Det er ofte dei barna med størst behov som ikkje deltek. Deltakinga blant barn med minoritetsbakgrunn er

særleg låg. Det er eit mål for regjeringa at delen minoritetsspråklege barn i barnehage skal aukast.

Det er vidare viktig med eit tilbod som syter for at alle barn, også dei som ikkje går i barnehage, får den stimuleringa og hjelpa dei treng. Som ei oppfølging av St.meld. nr. 16 (2006–2007), greier departementet ut innføring av ei kommunal plikt til å gi språkstimulering til alle barn i førskolealder som har behov for dette, uavhengig av om dei går i barnehage eller ikkje.

Regjeringa ønskjer å fremme heilskap og samanheng i utdanningssystemet. Regjeringa sette i 2006 ned Bostadutvalet, som skulle gå igjennom formålet for barnehagen og grunnopplæringa. Sentralt i mandatet til utvalet var at det skulle leggjast særleg vekt på ei samfunnsutvikling med auka internasjonalisering og mangfald. Utvalet leverte innstillinga si 1. juni 2007 (NOU 2007:6 *Formål for framtida*).

Våren 2007 la regjeringa fram Ot.prp. nr. 37 (2006–2007) *Om lov om endringar i friskolelova* (ny privatskolelov). Privatskolelova trådte i kraft 1. juli 2007 og inneber ei tydeleg kursendring samanlikna med politikken til den førre regjeringa. Det er berre nye skolar som driv verksemda si på eit særskilt grunnlag som kan godkjennast med rett til statstilskott etter privatskolelova. Det ligg heller ikkje lenger føre ein rett til godkjenning etter lova, men departementet kan godkjenne nye skolar og driftsendringar etter ei samla vurdering. I den samla vurderinga kan det mellom anna vere relevant å leggje vekt på omsynet til den offentlege skolestrukturen.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om kvalitet i opplæringa og prioriteringar i bruken av statlege verkemiddel. På grunnlag av meldinga og handsaminga av denne tek departementet òg sikte på å utvikle ein kvalitetsutviklingsstrategi som skal konkretisere ulike verkemiddel og leggje premissar for bruken av utviklingsmiddel.

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for grunnopplæringa skal vidareutviklast. Mellom anna vil det vere på plass betre rapporteringsfunksjonar i den reviderte Skoleporten når denne skal takast i bruk frå 2008. Departementet vil òg vurdere omfang og kvalitet på nye nasjonale prøver etter at desse er gjennomførte hausten 2007, og vurdere andre naudsynte justeringar i systemet på bakgrunn av den pågåande evalueringa av systemet.

Det er brei politisk semje om Kunnskapsløftet. Eit hovudmål for Kunnskapsløftet er at alle elevar skal utvikle grunnleggjande dugleik og kompetanse for å kunne ta aktivt del i kunnskapssamfunnet. Den norske skolen skal vere inkluderande og

ha plass til alle. I og med innføringa av denne reforma vart det lagt auka vekt på læring, blant anna gjennom tydelege mål for kompetansen til elevane og lærlingane. I tillegg legg Regjeringa vekt på eit breitt kunnskaps- og kompetanseomgrep. Det å lære å lære, motivasjon og sosial kompetanse er viktig for å klare seg godt i skolen og seinare i livet.

Norske skolebarn på barnetrinnet har få timar på skolen samanlikna med barn i mange andre land. Soria Moria-erklæringa slår fast at lengda på skoledagen skal trappast opp frå 21 til 28 undervisningstimar i veka på barnetrinnet.

Utvidinga skal brukast til å auke undervisningstida og til å gi større rom for å arbeide med fag. Dette vil styrkje kvaliteten på opplæringa for alle elevar. Det vil særleg vere viktig for elevar som i liten grad blir følgde opp utanom skoletida. Derfor er ein utvida skoledag eit sentralt verkemiddel både for å auke læringsutbytte for elevane, men også for å utjamne forskjellar i læringsutbytte som ofte har samanheng med familiebakgrunnen til elevane. Det er sett i gang fleire forsøk med utvida skoledag gjennom skoleåret 2007–08.

Regjeringa satsar på ei systematisk oppfølging av barn og unge med særskilde behov. *Utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilde behov* er sett ned av Regjeringa for å vurdere ulike sider ved spesialundervisninga og den spesialpedagogiske tiltakskjeda. Utvalet skal mellom anna vurdere om systemet sikrar tidleg innsats for førskolebarn, elevar og lærlingar med særskilde opplæringsbehov. Utvalet skal levere innstillinga si sommaren 2009.

Det språklege og kulturelle mangfaldet aukar i det norske samfunnet. Kulturelt mangfald er ikkje berre til gagn for kvar enkelt, men tilfører også viktige ressursar til samfunnet gjennom mellom anna kulturkunnskap og språkkompetanse, som er svært viktige i både nasjonalt og internasjonalt arbeid.

Mange elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn klarer seg godt i det norske utdanningssystemet. I den grad det er forskjellar mellom denne gruppa og andre, har det i hovudsak samanheng med andre forhold enn den minoritetsspråklege bakgrunnen. Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn har til dømes ofte foreldre med låg utdanning og inntekt.

Norskkompetanse er naudsynt for å lykkast i barnehage, skole, vidare utdanning og arbeid. God og målretta norskopplæring er derfor viktig både for den enkelte eleven og for samfunnet. Barnehagar, skolar og andre opplæringsinstitusjonar er viktige arenaer for inkludering og deltaking. Mange minoritetsspråklege barn får i dag ikkje tilfreds-

stillande norskopplæring i skolen. Regjeringa har derfor arbeidd med å forbetre denne opplæringa, mellom anna gjennom nye læreplanar og gjennom fleire tiltak i den reviderte strategien *Likeverdige opplæring i praksis!*, som kom i februar 2007. Planen skal verke til 2009.

Hausten 2007 vart nye nivåbaserte læreplanar i grunnleggjande norsk og morsmål innførte. Det er også utvikla kartleggingsverktøy som gjer det enklare å avgjere når eleven kan norsk tilstrekkeleg godt til å følgje ordinær læreplan i norsk. Det er dessutan utarbeidd rettleingsmateriell og tilbod om etterutdanning for lærarar som underviser i grunnleggjande norsk.

Grunnleggjande dugleikar i lesing er viktig for å tileigne seg kunnskap i alle fag i opplæringa. Internasjonale undersøkingar av lesedugleik frå 2003 viser at norske elevar sine resultat ligg om lag på gjennomsnittet med andre land som deltok i undersøkingane. I læreplanane under Kunnskapsløftet er lesedugleik tatt inn i kompetansemåla i alle fag, og i strategien *Gi rom for lesing* er det sett i verk fleire tiltak for å betre elevanes leselyst og lesedugleik. Hausten 2007 vil resultat frå nye internasjonale undersøkingar som vart gjennomførde i 2006 bli lagt fram. Regjeringa vil følgje opp resultatata og vil starte eit eige program for skolebibliotekutvikling.

Fullføring av vidaregåande opplæring er ein viktig føresetnad for å lykkast i seinare utdannings- og yrkesliv. Departementet er derfor særst oppteken av å få fleire elevar og lærlingar gjennom 13 års skolegang. Talet på elevar som ikkje fullfører vidaregåande opplæring, er framleis altfor høgt. Ein av fire elevar manglar fullstendig vitnemål fem år etter at dei byrja opplæringa.

Ei av hovudårsakene til at så mange ikkje kjem seg gjennom vidaregåande opplæring, er manglande grunnleggjande dugleikar frå grunnskolen. Å sørge for at alle som går ut av grunnskolen kan lese, rekne, uttrykkje seg munnleg og skriftleg og kunne bruke digitale verktøy, er derfor det viktigaste tiltaket. Departementet vil mellom anna innføre eit betre og heilskapleg system for elevvurdering i grunnopplæringa.

For mange elevar går ut av grunnskolen utan gode nok kunnskapar om dei ulike retningane i vidaregåande opplæring og om kva desse gir for sjansar i arbeidslivet seinare. Gode utdanningsval er avhengig av kvalifisert rådgiving. Ei god rådgivingsteneste vil redusere talet på både dei som vel om, og dei som ikkje gjennomfører. Derfor ønskjer Regjeringa å styrkje rådgivingstenesta. Utdannings- og yrkesrådgiving er særleg viktig for elevar med foreldre som av ulike grunnar har lite kjennskap til utdanningssystemet og kva ulike utdanning-

gar seinare gir opning for. Sosialpedagogisk rådgiving er spesielt viktig for dei elevane som på grunn av problem heime eller i nærmiljøet har vanskar med å få fullt utbytte av undervisninga.

Ei attraktiv fag- og yrkesopplæring med høg kvalitet er viktig for samfunnsutviklinga. Regjeringa har derfor sett ned eit offentleg utval som skal vurdere den framtidige innretninga av fag- og yrkesopplæringa. Utvalet skal leggje fram sine tilrådingar hausten 2008.

Det er framleis ei utfordring å oppnå likestilling i barnehagar og i opplæringssektoren. I barnehagane skal det arbeidast for å tilsetje fleire menn, og i grunnopplæringa må særleg gutanes læringsresultat betrast. Tradisjonelle kjønnsroller er framleis styrande for val av fag og yrke, noko som medverkar til å oppretthalde ein kjønnsdelt arbeidsmarknad. Det er ei utfordring for grunnopplæringa å arbeide for å motverke dette. Departementet vil leggje fram ein strategi for likestilling i barnehage og grunnopplæring.

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere om rettane for elevane blir oppfylde. Det nasjonale tilsynet i 2006 avdekte at mange kommunar ikkje har gode nok system for å kunne ta hand om ansvaret sitt som skoleeigar. Utdanningsdirektoratet og fylkesmannen har følgd opp resultatata overfor kommunane, mellom anna gjennom skriftleg rettleiing. Det nasjonale tilsynet våren 2007 viste at mange kommunar heller ikkje har gode nok system for å følgje opp den retten elevane har til tilpassa opplæring og spesialundervisning. Departementet meiner det er naudsynt med eit målretta og effektivt tilsyn. Nasjonalt tilsyn vil også bli gjennomført i 2008.

1.3 Kvalitet i høgre utdanning og forskning

I samsvar med målet til Regjeringa om at Noreg skal vere eit av dei mest nyskapande landa i verda, er det naudsynt med eit utdannings- og forskingsystem av høg kvalitet. Eit godt utbygd og veldrive utdanningssystem støttar opp under utviklinga av eit nyskapande og kunnskapsbasert næringsliv, medan høg kvalitet i forskinga er føresetnader for ei god samfunnsutvikling, nyskaping og fornying.

Høgre utdanning medverkar til inkludering i arbeidslivet, betre økonomi, betre helse og større deltaking i samfunnet. Prinsippet om gratis utdanning og støtteordningane til Lånekassen sikrar at alle har likt høve til å ta høgre utdanning uavhengig av sosial bakgrunn, og medverkar slik til å auke kvar ein skild sin sjanse til sjølvrealisering. Regjeringa meiner at dei tiltaka som er sette i verk

med Kvalitetsreforma, medverkar til å gjere høgre utdanning meir tilgjengeleg for nye grupper.

Målet med Kvalitetsreforma er å heve kvaliteten på norsk høgre utdanning og forskning. Ei forskingsbasert evaluering av Kvalitetsreforma vart overlevert departementet i januar 2007 av Noregs forskingsråd. Regjeringa følgjer opp evalueringa av Kvalitetsreforma med ei eiga melding til Stortinget der ein legg fram resultatata og drøftar dei viktigaste utfordringane for utdanninga ved universiteta og høgskolane.

Institusjonane har ansvar for at dei tilbyr utdanning og forskning av høg kvalitet, samstundes som dei utøver samfunnsrolla si. Institusjonelt fagleg sjølvstyre ved universitet og høgskolar og individuell akademisk fridom for den einskilde vitskapelege medarbeidar, saman med god leiing og styring, er avgjerande for at institusjonane skal kunne løyse oppgåvene sine på ein uavhengig og kritisk måte. *Utvalet for å utrede akademisk fridom* har vurdert eventuell lovfesting av individuell akademisk fridom. I tråd med tilrådinga frå utvalet har Regjeringa fremma forslag for Stortinget om å endre universitets- og høgskolelova, slik at ho også heimlar den individuelle akademiske fridommen.

Utdanning av høg kvalitet er ein føresetnad for at arbeidslivet får den naudsynte kompetansen. Ein del av ansvaret til utdanningsinstitusjonane er å kommunisere med studentar og arbeids- og samfunnslivet, slik at dei kan sikre at utdanningane er relevante for behova i arbeidslivet. Det er særleg viktig at utdanningsinstitusjonane kan kommunisere så klart som mogleg kva læringsmål studia har, og det læringsutbyttet ein kan vente etter avslutta studium. Som del av oppfølginga av Bologna-prosessen blir det utvikla eit rammeverk for dette (kvalifikasjonsrammeverk).

Institusjonsstrukturen i høgre utdanning har lege fast sidan høgskolereforma i 1994. Samstundes har samfunnet gått gjennom store endringar. Det er viktig at universitets- og høgskolesektoren er tilpassa dei krava og utfordringane den møter i samtida. Regjeringa har derfor sett ned *Utval for høgre utdanning* (Stjernøutvalet) som skal vurdere utviklinga og komme med forslag til tiltak innanfor norsk høgre utdanning med eit tidsperspektiv på 10–20 år. Utvalet skal levere innstillinga si innan 31. desember 2007.

Forskning skal gi ny kunnskap, føre til framtidig verdiskaping og medverke til å løyse viktige utfordringar i samfunnet. For å oppnå dette må forskinga vere god. Høg kvalitet i forskinga er derfor eit overordna mål for dei offentlege forskingsløvingane. Regjeringa er oppteken av kvalitet i breidda, at forskingsløvingane skal fremme forskning av god kvalitet, uavhengig av fagområde.

Samstundes skal nokre særskilt gode miljø få vilkår som gjer at dei kan hevde seg i verdstoppen. Å byggje opp kunnskapsmiljø av høg kvalitet er òg sentralt for dei særskilte strategiske satsingane i forskings- og næringspolitikken, til dømes innanfor områda klima, miljø og energi og marin og maritim sektor.

Forskning av god kvalitet er avhengig av at det finst tilstrekkeleg mange gode forskarar på alle fagområde. Næringslivet og offentleg sektor etterspør i aukande grad forskarkompetanse. For å sikre rekruttering av forskarar vil departementet auke talet på nye rekrutteringsstillingar i høve til nivået i dag. Departementet ønskjer òg å etablere ei ordning med nasjonale forskarskolar for å heve kvaliteten i forskarutdanninga. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei melding til Stortinget i 2008 der behova for satsing i forskarutdanninga blir drøfta. På mange fagområde manglar det oppdatert vitenskapleg utstyr. Oppdatert utstyr og infrastruktur er viktig for å heve kvaliteten i forskinga, og for å gjere norsk forskning attraktiv i internasjonal samanheng. Departementet vil derfor auke løyvingane til innkjøp av utstyr.

Det er eit mål at dei statlege høgskolane skal vere sentrale aktørar i regional utvikling og nyskaping og støtte næringsliv og offentleg verksemd. For å støtte kompetanseutviklinga i høgskolesektoren har Kunnskapsdepartementet utvikla fleire nasjonale verkemiddel kanalisert gjennom Noregs forskingsråd. Desse verkemidla er *Strategiske høgskoleprosjekt*, *Praksisretta FoU for barnehagesektoren*, *grunnopplæring og lærarutdanning* og programsatsinga *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon*.

Det er eit viktig mål å auke talet på kvinner i det faste forskarpersonalet i universitets- og høgskolesektoren. *Komité for integreringstiltak–Kvinner i forskning* er vidareført for ein ny treårsperiode for å hjelpe institusjonane med å innlemme likestillingsarbeidet i den strategiske og langsiktige utviklinga av forskingsmiljøa.

Noreg har slutta seg til EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar (2007–13). Med ei samla økonomisk ramme på 50,5 mrd. euro blir dette verdas største samarbeids- og konkurransearena innanfor forskning. Ved å delta her vil Noreg kunne styrkje kvaliteten på eiga forskning, få impulsar til innovasjon og verdiskaping og samarbeide med andre om å møte globale kunnskapsutfordringar på viktige område. Førebelse tal frå Noregs forskingsråd tyder på at norske forskingsmiljø har fått god utteljing i det sjette rammeprogrammet. Regjeringa har som mål at norske aktørar skal hevde seg

like godt eller betre i det sjuande rammeprogrammet.

Forskning og overvaking i nordområda er viktig for Noreg både politisk, fagleg og forvaltningsmessig. Regjeringa går inn for å løyve til saman over 320 mill. kroner til *Det internasjonale polaråret 2007–08* (IPY) over ein fireårsperiode. IPY er ei stor internasjonal satsing innanfor polarforskning der mange nasjonar er aktive, og der store ressursar blir sette inn. Satsinga er særleg knytt til meteorologi og klimaforskning, men finansierer også anna grunnforskning som nyttar dei særlegne vilkåra for forskning i polarområda. Dei fleste norske prosjekta omfattar samarbeid med Russland, USA og Canada, og mykje av arbeidet finn stad på Svalbard.

Gjennom EØS-midlane er det oppretta eit nytt forskingsfond på til saman 120 mill. kroner for polsk-norsk forskningssamarbeid innanfor områda helse og miljø. Fondet vil støtte felles polsk-norske forskingsprosjekt, workshops og seminar som kan styrkje samarbeidet mellom dei to landa.

Kavli-prisane er tre internasjonale vitenskaplege prisar for framifrå forskning på felte astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap. Prisane blir for første gong delte ut i 2008 med eit prisbeløp på 1 mill. USD for kvar pris. I tillegg til å gi ei påskjøning til framifrå forskning på dei tre forskingsfeltene, skal Kavli-prisane auke merksemda om forskning generelt og medverke til auka internasjonalt samarbeid mellom forskarar.

Tilliten til forskning er avhengig av at forskinga går føre seg på ærleg vis og i samsvar med god vitenskapleg praksis. Lov om handsaming av etiske spørsmål og ærleg atferd i forskning (forskingsetikklova) med forskrift er sett i verk frå 1. juli 2007. Det er dessutan oppnemnt eit utval som skal granske påstandar om fusk i forskning (Granskingsutvalet).

Det er oppretta ein ny regional komité for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk i 2007, slik at det no er sju komitear. Medlemstalet i kvar komité er auka, mellom anna for å styrkje den medisinske kompetansen. Regjeringa har lagt fram ein proposisjon om ny helseforskningslov, jf. Ot.prp. nr. 74 (2006–2007). Som følge av desse forslaga vil dei regionale komiteane få meir omfattande oppgåver, og Regjeringa går inn for at det regionale systemet blir styrkt frå 2008.

1.4 Budsjettprioriteringar

Barnehagar

Barnehagar er ei hovudprioritering for regjeringa. Totalt foreslår regjeringa å auke løyvinga til barne-

hagar med om lag 3,6 mrd. kroner nominelt i høve til saldert budsjett 2007. Dette omfattar løyvingar til utbygging av nye plassar i 2008, løyvingar som sikrar fullfinansiering av barnehageplassar som vart etablerte i 2006 og 2007, og vidareføring av maksimalgrensa for foreldrebetalinga for ein heiltidsplass i barnehage på same nominelle nivå som i 2007.

Regjeringa foreslår, på grunnlag av ein prognose for kva som vil vere etterspurnaden etter barnehageplassar ved utgangen av 2008, å setje av 372 mill. kroner til drift og utbygging av nye barnehageplassar i 2008. Løyvingsforslaget vil leggje til rette for at alle barn som er forventa å ønskje barnehageplass i 2008, skal få plass.

Vidare vil Regjeringa setje av om lag 2,3 mrd. kroner av den totale løyvinga for å sikre fullfinansiering av barnehageplassar som vart etablerte i 2006 og 2007. Dette er medrekna ei vidareføring av midlar løyvde i revidert nasjonalbudsjett for 2007.

Regjeringa foreslår at foreldrebetalinga for ein heiltidsplass blir ført vidare på same nominelle nivå som i 2007. Dette inneber at foreldrebetalinga skal utgjere kr 2 330 per måned og kr 25 630 på årsbasis for ein heiltidsplass. Dette vil gi ein realnedgang i maksimalprisen på kr 100 per måned per barn samanlikna med ei foreldrebetaling basert på forventa pris- og kostnadsauke i kommunesektoren i 2008. Det er foreslått å løyve 249 mill. kroner til dette formålet.

Regjeringa foreslår vidare å auke foreldrefrådraget for pass og stell av barn frå kr 5 000 til kr 15 000 for kvart barn ut over det første. Tiltaket vil medverke til reduserte utgifter til barnepass for foreldre med fleire barn i barnehage og/eller skolefritidsordning, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*.

Departementet foreslår å nytte om lag 66 mill. kroner til kvalitetsutvikling i barnehagane i 2008. Dette gir rom for oppfølging av tiltak i samband med *Strategi for kompetanseutvikling i barnehage-sektoren (2007–2010)* og *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011)*. Vidare blir det foreslått å etablere 125 nye studie-plassar for førskolelæruddanning.

Grunnopplæringa

Regjeringa foreslår å styrkje grunnopplæringa med om lag 790 mill. kroner i 2008 i høve til saldert budsjett 2007. I tillegg blir det foreslått å vidareføre løyvinga til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa med om lag 1 mrd. kroner.

Regjeringa foreslår å utvide timetalet på barnetrinnet med til saman fem uketimar à 60 minutt på

barnetrinnet frå hausten 2008. Det er foreslått å løyve 275,7 mill. kroner til dette i 2008.

Regjeringa vil endre opplæringslova slik at retten til opplæring skal gjelde alle vaksne over 25 år og ikkje bare vaksne som er fødte i 1978 eller seinare. Regjeringa tek sikte på å fremme forslag om ei slik lovendring våren 2008. Det er foreslått å løyve 21 mill. kroner til dette i 2008.

Hausten 2008 blir ordninga med gratis læremiddel utvida til å gjelde for vidaregåande trinn 3. Ordninga vart innført for vidaregåande trinn 2 hausten 2007. Skoleeigar har ansvar for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel. Regjeringa foreslår å løyve 223 mill. kroner i kompensasjon til skoleeigar i 2008 for innføring av gratis læremiddel for vidaregåande trinn 3. I tillegg blir det gitt eit ikkje-behovsprøvd stipend gjennom Statens lånekasse for utdanning som skal vere med på å dekkje utgifter som elevane har til andre læremiddel og nødvendig individuelt utstyr.

Regjeringa foreslår å løyve ytterlegare 218 mill. kroner i 2008 til innføring av gratis frukt og grønt. Ordninga gjeld for både reine ungdomsskolar (8.–10. trinn) og kombinerte skolar (1.–10. trinn) og er ei oppfølging av revidert nasjonalbudsjett 2007. Forsøka med utvida skoledag, skolemat, leksehjelp og fysisk aktivitet blir vidareført i 2008. Regjeringa foreslår å løyve 20 mill. kroner til dette tiltaket, som òg er ei oppfølging av revidert nasjonalbudsjett 2007.

Regjeringa legg vekt på å styrkje kompetansen til lærarar, instruktørar og skoleeigarar. *Kompetanse for utvikling–Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008* blir ført vidare i 2008. Departementet foreslår å setje av 375 mill. kroner til kompetanseutvikling i 2008, og midlane skal gå direkte til skoleeigar.

Stortinget vedtok i samband med revidert nasjonalbudsjett 2007 å auke ressursane til rådgiving i vidaregåande opplæring, spesielt retta mot ungdomstrinnet, med 11 mill. kroner. Det vart òg løyvd 4 mill. kroner til å etablere partnerskap for karriererettleiing i alle fylkeskommunane. I 2008 foreslår Regjeringa å vidareføre tiltaka ved å løyve 37,5 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å auke støtta til utviklingsprosjekt ved skolar som har meir enn 25 pst. minoritetsspråklege elevar, frå 6 mill. kroner i 2007 til 7 mill. kroner for 2008. I tillegg foreslår Regjeringa å auke løyvinga til *Språkløftet* med 1 mill. kroner til 6 mill. kroner. Språkløftet skal sikre at barn som peikar seg ut med behov for ekstra stimulering etter språkkartlegging på helsestasjonen, skal få tilbod om nærmare utgreiing, diagnostisering og vidare oppfølging.

Høgre utdanning og forskning

Den resultatbaserte undervisningskomponenten i finansieringssystemet for universitet og høgskolar blir årleg justert for endringar i avlagde studiepoeng og talet på utvekslingsstudentar. På denne bakgrunnen aukar undervisningskomponenten med 42,4 mill. kroner frå 2007 til 2008.

Regjeringa foreslår å auke kapasiteten med 125 nye studieplassar innanfor førskolelæruddanningane.

Som ledd i den maritime strategien foreslår Regjeringa å løyve 17 mill. kroner til ulike kompetanseutviklingstiltak i maritim sektor.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til bygging av studentbustader nominelt med om lag 40 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2007. Dette gir ei løyving på om lag 153 mill. kroner til bygging av studentbustader i 2008. Dette vil gi om lag 670 nye hybeleiningar, avhengig av kor i landet dei blir bygde.

Som del i Nordområdestrategien til Regjeringa foreslår departementet å løyve 3 mill. kroner til EnergiCampus Nord. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, universiteta i Tromsø og Stavanger og høgskolane i Finnmark og Narvik.

Frå juni 2007 er Noreg offisiell deltakar i EUs sjuande rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling. Programmet er det mest omfattande internasjonale samarbeidet Noreg deltek i. Regjeringa foreslår å løyve 342 mill. kroner til auka kontingent til rammeprogrammet i 2008.

Regjeringa foreslår vidare å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner til 66 mrd. kroner frå 1. januar 2008. Det vil gi om lag 300 mill. kroner i auka avkastning frå 2009.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 112 mill. kroner til 350 nye stipendiatstillingar frå hausten 2008. I tillegg foreslår departementet å etablere ei ordning med nasjonale forskarskolar gjennom Noregs forskingsråd. Formålet er å betre kvaliteten på og

gjennomføringa av forskarutdanninga i Noreg. Totalt budsjett for ordninga i 2008 blir på 10 mill. kroner.

For å betre utstyrssituasjonen ved høgskolane foreslår Regjeringa ei eingongsinvestering på om lag 38 mill. kroner i statsbudsjettet for 2008.

Samlingane ved universitetsmusea representerer ei organisert kunnskapsoppbygging, og er ofte den eldste og mange gonger òg den einaste dokumentasjonen på eit gitt område. Eit offentleg utval la våren 2006 fram ei utgreiing som tilrådde at formidlinga, forskinga og arbeidet med bevaring, sikring og digitalt tilgjenge i desse musea må styrkjast. Departementet foreslår derfor å løyve 40 mill. kroner til desse tiltaka i 2008.

DigForsk AS driv digitalisering av data frå arkiv og museum. DigForsk, som er eigd av Universitetet i Oslo, skal drive på grunnlag av inntekter frå universitetsmusea. For at musea skal kunne oppretthalde arbeidet med digitalisering av data, foreslår departementet å løyve 2 mill. kroner til dette arbeidet.

Dei regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk vil få meir omfattande oppgaver i samband med ny helseforskningslov. Regjeringa går derfor inn for å styrkje komiteane med 5 mill. kroner i 2008.

Studiefinansiering

Regjeringa foreslår at støtta frå Lånekassen blir prisjustert med 2,5 pst. frå undervisningsåret 2008-09, tilsvarende den forventede auken i konsumprisindeksen.

Vidare foreslår Regjeringa å løyve 69,1 mill. kroner i startløyving til moderniseringa av IKT-systema i Lånekassen. Målet med moderniseringa er å betre servicen overfor kundane, mellom anna gjennom kortare saksbehandlingstid, fleire interaktive tenester og betre tilgjenge på telefon og e-post. Vidare vil moderniseringa auke fleksibiliteten og redusere risikoen i høve til dagens system.

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
Administrasjon					
200	Kunnskapsdepartementet	204 104	203 841	210 633	3,3
204	Foreldreutvalet for grunnskolen	6 177	7 192		-100,0
206	Samisk utdanningsadministrasjon	29 423	30 572		-100,0
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>239 704</i>	<i>241 605</i>	<i>210 633</i>	<i>-12,8</i>
Grunnopplæringa					
220	Utdanningsdirektoratet	202 144	190 327	191 541	0,6
221	Foreldreutvalet for grunnskolen			7 371	
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	140 068	115 056	118 544	3,0
223	Samisk utdanningsadministrasjon			31 887	
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 783 302	1 002 966	1 010 418	0,7
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	940 368	986 441	1 018 133	3,2
227	Tilskott til særskilde skolar	57 234	61 513	64 150	4,3
228	Tilskott til private skolar o.a.	2 050 710	2 191 621	2 530 465	15,5
229	Andre tiltak	11 000	11 418	11 909	4,3
230	Kompetansesenter for spesial-undervisning	667 323	623 267	640 013	2,7
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>5 852 149</i>	<i>5 182 609</i>	<i>5 624 431</i>	<i>8,5</i>
Barnehagar					
231	Barnehagar	15 593 637	18 023 293	21 584 258	19,8
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>15 593 637</i>	<i>18 023 293</i>	<i>21 584 258</i>	<i>19,8</i>
Tiltak for å fremme kompetanseutvikling					
252	EUs handlingsprogram for livslang læring		141 652	186 646	31,8
253	Folkehøgskolar	552 627	572 374	592 986	3,6
254	Tilskott til vaksenopplæring	158 228	189 496	192 722	1,7
255	Tilskott til freds- og menneskeretts-sentra o.a.		39 021	42 100	7,9
256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	54 366	52 300	53 734	2,7

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	24 540	35 421	36 944	4,3
258	Analyse og utviklingsarbeid	34 251	37 083	37 160	0,2
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>824 012</i>	<i>1 067 347</i>	<i>1 142 292</i>	<i>7,0</i>
Høgre utdanning og fagskole- utdanning					
270	Studium i utlandet og sosiale formål for studentar	157 727	181 126	223 714	23,5
271	Universitet	10 231 193	10 557 653	11 992 902	13,6
272	Vitskaplege høgskolar	873 983	908 902	967 089	6,4
275	Høgskolar	7 900 521	8 241 528	7 944 588	-3,6
276	Fagskoleutdanning	274 705	285 144	304 083	6,6
281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	895 154	763 621	823 854	7,9
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>20 333 283</i>	<i>20 937 974</i>	<i>22 256 230</i>	<i>6,3</i>
Forskning					
283	Meteorologiformål	239 634	255 026	262 832	3,1
285	Noregs forskingsråd	1 317 600	1 310 534	1 315 338	0,4
286	Fondet for forskning og nyskaping	14 709 003	10 939 560	6 939 560	-36,6
287	Forskningsinstitutt og andre tiltak	132 717	140 937	153 673	9,0
288	Internasjonale samarbeidstiltak	896 782	807 529	1 165 103	44,3
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>17 295 736</i>	<i>13 453 586</i>	<i>9 836 506</i>	<i>-26,9</i>
Utdanningsfinansiering					
2410	Statens lånekasse for utdanning	26 065 096	28 492 510	29 754 909	4,4
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>26 065 096</i>	<i>28 492 510</i>	<i>29 754 909</i>	<i>4,4</i>
<i>Sum utgifter</i>		<i>86 203 617</i>	<i>87 398 924</i>	<i>90 409 259</i>	<i>3,4</i>

Utgifter fordelt på postgrupper

					(i 1 000 kr)
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
01-29	Driftsutgifter	3 032 239	2 977 772	3 094 362	3,9
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	61 792	59 437	130 024	118,8
50-59	Overføringer til andre statsrekneskapar	25 139 468	26 174 956	27 140 743	3,7
60-69	Overføring til kommunesektoren	17 091 992	18 786 813	22 343 311	18,9
70-89	Overføring til private	10 174 481	11 119 946	12 269 119	10,3
90-99	Utlån, avdrag o.a.	30 703 645	28 280 000	25 431 700	-10,1
Sum under departementet		86 203 617	87 398 924	90 409 259	3,4

Inntekter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
Administrasjon					
3200	Kunnskapsdepartementet	10 567	2 982	3 110	4,3
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen	450	253		-100,0
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>11 017</i>	<i>3 235</i>	<i>3 110</i>	<i>-3,9</i>
Grunnoppfølginga					
3220	Utdanningsdirektoratet	23 941	17 079	17 814	4,3
3221	Foreldreutvalet for grunnskolen			264	
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	13 766	6 493	6 771	4,3
3225	Tiltak i grunnoppfølginga	19 000	24 120	20 690	-14,2
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning	78 197	53 724	53 522	-0,4
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>134 904</i>	<i>101 416</i>	<i>99 061</i>	<i>-2,3</i>
Tiltak for å fremme kompetanseutvikling					
3256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	7 764	9 446	9 852	4,3
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>7 764</i>	<i>9 446</i>	<i>9 852</i>	<i>4,3</i>
Høgre utdanning og fagskoleutdanning					
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	2 529	10	10	0,0
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>2 529</i>	<i>10</i>	<i>10</i>	<i>0,0</i>
Forsking					
3286	Fondet for forsking og nyskaping	2 135 303	2 653 460	3 084 460	16,2
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	21 513	21 500	21 500	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	3 525	3 445	4 043	17,4
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>2 160 341</i>	<i>2 678 405</i>	<i>3 110 003</i>	<i>16,1</i>
Utdanningsfinansiering					
5310	Statens lånekasse for utdanning	12 597 490	14 052 098	15 449 200	9,9
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	3 260 528	4 243 000	6 113 000	44,1
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>15 858 018</i>	<i>18 295 098</i>	<i>21 562 200</i>	<i>17,9</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>18 174 573</i>	<i>21 087 610</i>	<i>24 784 236</i>	<i>17,5</i>

Inntekter fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	181 778	134 273	132 641	-1,2
50-89	Skatter, avgifter og andre overføringer	5 550 141	7 043 337	9 343 395	32,7
90-99	Utlån, avdrag o. a.	12 442 654	13 910 000	15 308 200	10,1
	Sum under departementet	18 174 573	21 087 610	24 784 236	17,5

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget

I denne proposisjonen omtaler Kunnskapsdepartementet følgjande oppmodingsvedtak:

Vedtak nr. 402, 2. juni 2005:

«Stortinget ber Regjeringen legge frem sak om statlig finansiering av opplæring innenfor kriminalomsorgen.»

Vedtak nr. 475, 7. juni 2007:

«Stortinget ber Regjeringen vurdere ulike tiltak som kan få unge som har avbrutt skolegangen

uten å ha gjennomført, tilbake til et opplæringsprogram. I den forbindelse bes det blant annet vurdert hvordan elevbedrifter kan benyttes.»

Vedtak nr. 545, 14. juni 2007:

«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om tilskuddsordningene når gjennomgang av utregningsmodellen for skolene er gjennomført.»

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
200	Kunnskapsdepartementet	204 104	203 841	210 633	3,3
204	Foreldreutvalet for grunnskolen	6 177	7 192		-100,0
206	Samisk utdanningsadministrasjon	29 423	30 572		-100,0
	Sum kategori 07.10	239 704	241 605	210 633	-12,8

Inntekter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
3200	Kunnskapsdepartementet	10 567	2 982	3 110	4,3
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen	450	253		-100,0
	Sum kategori 07.10	11 017	3 235	3 110	-3,9

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	
01	Driftsutgifter	196 996	196 488	203 300	
21	Særskilde driftsutgifter	4 711	4 874	4 792	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	2 397	2 479	2 541	
	Sum kap. 200	204 104	203 841	210 633	

Rapport for 2006–07

Kunnskapsdepartementet har ansvar for utviklinga av kunnskapssamfunnet gjennom barnehage, utdanning, livslang læring og forskning. I perioden 2006–07 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd følgjande meldingar og proposisjonar som er lagde fram for Stortinget:

- Ot.prp. nr. 37 (2006–2007) *Om lov om endringar i friskolelova*
- Ot.prp. nr. 39 (2006–2007) *Om lov om endringer i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning*
- Ot.prp. nr. 41 (2006–2007) *Om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova*
- Ot.prp. nr. 67 (2006–2007) *Om lov om endring i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler*
- Ot.prp. nr. 71 (2006–2007) *Om lov om student-samskipnader*
- St.meld. nr. 16 (2006–2007) *...og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring*

- St.prp. nr. 21 (2006–2007) *Om endringer på statsbudsjettet for 2006 under Kunnskapsdepartementet*
- St.prp. nr. 39 (2006–2007) *Om endringer på statsbudsjettet for 2007 under Kunnskapsdepartementet*

Departementet la fram Ot.prp. nr. 37 (2006–2007) *Om forslag til endring i friskolelova*. Mellom anna blir det stilt krav om at skolane må drive verksemda si på eit særskilt grunnlag for å kunne bli godkjende etter den nye privatskolelova, sjå omtale under kap. 228.

Regjeringa har fremma forslag om endringar i fagskolelova, jf. Ot.prp. nr. 39 (2006–2007) *Om forslag om endringar i fagskolelova*. Endringane inneber mellom anna at tilbydarar av godkjend fagskoleutdanning skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring, sjå omtale under kap. 276.

Våren 2007 vedtok Stortinget fleire endringar i opplæringslova, jf. Innst. O. nr. 87 (2006–2007) og Ot.prp. nr. 41 (2006–2007). Ei ny føresegn pålegg skoleeigar å halde elevane i vidaregåande opplæring med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Ei anna ny føresegn i opplæringslova pålegg skoleeigar å sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press eller som i stor grad kan påverke holdningar, åtfærd og verdiar. Ei føresegn om ulykkesforsikring skal sørge for at alle elevar har forsikringsmessig dekning ved ulykker. For å betre kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa er føresegnene i opplæringslova om fag- og yrkesopplæring forenkla og tilpassa behova i dag.

Departementet la fram Ot.prp. nr. 67 (2006–2007) med forslag om å endre universitets- og høgskolelova § 1-5, som i dag heimlar institusjonell autonomi for universiteta og høgskolane. I følgje endringsforslaget skal lova også heimle den individuelle akademiske fridommen, sjå nærmare omtale under del I Hovudprioriteringar.

Departementet la fram Ot.prp. nr. 71 (2006–2007) om forslag til ny studentsamskipnadslov i juni 2007, sjå kap. 270 post 74.

Hausten 2006 la Regjeringa fram St.meld. nr. 16 (2006–2007) *...og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring*. Meldinga er ein gjennomgang av årsakene til at nokre grupper systematisk lykkast mindre enn andre i utdanning og arbeidsliv. Det blir foreslått ei rekkje tiltak i heile utdanningssystemet som vil kunne medverke til sosial utjamning, sjå omtale under del I Hovudprioriteringar og programkategoriane 07.20, 07.30 og 07.50.

Regjeringa har lagt fram eit forslag om endring i tilskott til private skolar i 2007. Sjå omtale av St.prp. nr. 39 (2006–2007) *Om endringer på stats-*

budsjettet for 2007 under Kunnskapsdepartementet under kap. 228 post 70.

Departementet har vidareført arbeidet med å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for framtidig politikktutvikling på områda til departementet, mellom anna ved bestilling av rapportar frå eksterne analysemiljø.

Departementet har i samarbeid med Noregs forskingsråd, Program for velferdsforskning, arrangert eit forskarseminar om barnehageforskning. Formålet med seminaret var å få forskingsbasert kunnskap til bruk i politikktutforminga. I samband med kompetanseløftet for barnehagesektoren, vart det i 2006 løyvd 15,5 mill. kroner til ei utviding av eit FoU-program i regi av Noregs forskingsråd om praksisretta forskning, med sikte på å inkludere barnehagane. Denne satsinga er vidareført i 2007. Kunnskapsdepartementet fastsette våren 2006 forskrift om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Kunnskapsløftet, reforma i grunnopplæringa, er i rute. Departementet har prioritert arbeidet med nye læreplanar i 2006. Utdanningsdirektoratet har starta ei evaluering av Kunnskapsløftet som skal gå fram til 2011. Informasjon om reforma er no ein integrert del av vevsida til departementet på Regjeringen.no. Den store satsinga på kompetanseutvikling i tilknytning til Kunnskapsløftet er ført vidare. I perioden 2005–07 er det til saman løyvd meir enn 1 mrd. kroner til kommunane til reformrelatert kompetanseutvikling.

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for grunnopplæringa omfattar nasjonale prøver for elevar. Evalueringa av dei nasjonale prøvene frå 2005 viste at kvaliteten ikkje var tilfredsstillande. Regjeringa ønskte derfor å forbetre kvaliteten på prøvene, og det vart bestemt at ein ikkje skulle gjennomføre prøver i 2006 for å få tid til å utvikle nye prøver. Dei nye nasjonale prøvene skal gjennomførast hausten 2007 for 5. og 8. trinn.

Noregs forskingsråd har gjennomført ei evaluering av Kvalitetsreforma. Regjeringa vil leggje fram ei melding til Stortinget om oppfølging av Kvalitetsreforma hausten 2007, sjå nærmare omtale i programkategori 07.60. Forskingsrådet har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet utarbeidd eit forslag til nytt finansieringssystem for forskingsinstitutta. Kunnskapsdepartementet har saman med dei andre departementa vurdert og behandla forslaget frå Forskingsrådet. Det ligg no føre eit forslag til grunnleggjande prinsipp for eit nytt finansieringssystem for forskingsinstitutta. For ein nærmare omtale av desse hovudprinsippa, sjå del III kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Departementet har teke initiativ til ei ekstern evaluering av Nasjonalt organ for kvalitet i utdan-

ninga (NOKUT). Evalueringa skal gi departementet meir kunnskap om korleis NOKUT utfører dei oppgåvene som er pålagde i lov, og om NOKUT tilfredsstillar kriteria for medlemskap i European Association for Quality Assurance Agencies. Sjå omtale under kap. 281.

I oktober 2006 oppnemnde kunnskapsministeren eit offentleg utval som mellom anna skulle gi råd om studieforbundnas oppgåver og rolle for den einskilde, for arbeidslivet og samfunnet i breitt perspektiv. Utvalet leverte utgreiinga si (NOU 2007:11 *Studieforbund - læring for livet*) i september 2007.

Departementet har lagt til rette for norsk deltaking i internasjonale barnehage- og utdanningsfora. Dette er viktig for å auke kunnskapen om forhold som medverkar til eit kompetansetilbod som gir god avkastning til både samfunnet og den einskilde på investeringar i barnehage og utdanning. Noreg hadde formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2006. Departementet har førebudd aktiv norsk deltaking i EUs komitear for sjuande rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling og det nye programmet for livslang læring. Vidare har departementet vore ein pådrivar for endra styringsstruktur i OECD på utdanningssida. Departementet har i 2006 også utarbeidd ein strategi for bilateralt utdannings- og forskingssamarbeid, og styrkt norsk medverking i UNESCO.

Departementet har vidareført arbeidet for å styrkje integreringa av internasjonalt arbeid i nasjonal politikkkutforming.

Departementet arbeider med å utvikle form og innhald i etatsstyringa. Mellom anna er det sett igang prosessar for å betre tildelingsbrev og etatsstyringsmøtet. I 2006 har departementet særleg arbeidd med å hjelpe verksemdene til å ta risikovurdering meir i bruk i mål- og resultatstyringa. Risikovurdering er eit verkemiddel for å betre styringa. Departementet legg opp til at verksemdene skal dokumentere risikovurderingane sine.

Departementet har arbeidd vidare med å utvikle betre heilskap og samheng i departementsarbeidet og ei meir føremålstenleg oppgåveløysing. Departementet sitt arbeid for likestilling mellom kjønna blir omtalt i del V kap. 8 Likestilling i barnehage-, utdannings- og forskingssektoren.

I 2006–07 har Riksrevisjonen levert to forvaltningsrevisjonsundersøkingar til Stortinget som mellom anna tek føre seg forvaltningsområdet til Kunnskapsdepartementet. Sjå Dokument nr. 3:8 (2006–2007) *Forvaltninga av Svalbard* og Dokument nr. 3:12 (2006–2007) *Biologisk mangfold*. Vidare har Riksrevisjonen varsla oppstart eller sett i gang ytterlegare fire forvaltningsrevisjonsprosjekt. Departementet har levert 28 meldingar for 2006 om forvaltninga av statens eigarinteresser i

selskap der staten er dominerande eigar eller eieeigar. Sjå omtale under kategoriane 07.20 og 07.60.

Departementet er ei inkluderande arbeidslivsverksemd, og har arbeidd med gjennomføring av tiltak i samsvar med avtalen om inkluderande arbeidsliv. Som ledd i denne avtalen er det mellom anna gjennomført eit pilotprosjekt for seniorar med mål om å få seniorar til å stå lenger i arbeid. Departementet har eit legemeldt sjukefråvær på 3,37 pst. 1. januar 2007 var det 293 årsverk lønte over kap. 200 og 14 årsverk lønte over fagkapittel knytte til einskilde prosjekt over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Dette er ein auke på ti årsverk frå 1. januar 2006 og kjem mellom anna av at Kunnskapsdepartementet overtok ansvaret for barnehagepolitikken i 2006.

Kommunikasjonseininga i departementet er styrkt med fleire medarbeidarar. Hovudmålet har vore å sikre betre informasjon til sektorane under Kunnskapsdepartementet. Mellom anna starta departementet utgivinga av eit nytt elektronisk nyheitsbrev i mars 2007. I tillegg har departementet teke over informasjonsansvaret på barnehageområdet.

Departementet deltok gjennom 2006 i arbeidet med å samordne dei mange nettstadene på utdanningsfeltet. Arbeidet gir resultat, både gjennom betre samordning og nye rutinar for deling av informasjon.

Mål for 2008

Måla for løyvinga over kap. 200 er knytte til drift av Kunnskapsdepartementet. Dei faglege måla for departementet er omtalte i dei aktuelle fagkapitla.

Mål: Sikre eit godt grunnlag for utforming av kunnskapspolitikken

Kunnskapsdepartementet skal sikre at Regjeringa har eit godt grunnlag for kunnskapspolitikken, det vil seie politikk for barnehage-, utdannings- og forskingssektoren og for den tverrgående kompetansesepolitikken.

Departementet skal kjenne godt til korleis kunnskapspolitikken verkar. For å oppnå dette skal departementet leggje vekt på systematisk analyse og utviklingsarbeid. I tillegg skal departementet halde seg oppdatert om forskning som er relevant for utforminga av kunnskapspolitikken. Departementet skal også vere godt orientert om problemforståinga til sentrale samfunnsaktørar.

Internasjonalt arbeid skal vere integrert i nasjonal politikkkutforming. Det internasjonale samarbeidet skal medverke både til å fremje norske interes-

ser internasjonalt og til å inkludere internasjonale tilhøve i utforming av norsk politikk.

Mål: Sikre at kunnskapspolitikken blir sett i verk

Kunnskapsdepartementet skal sikre at den nasjonale kunnskapspolitikken blir sett i verk og gjennomført i tråd med føresetnadene. Vellykka iverksetjing krev at ikkje berre departementet, men også andre aktørar i sektoren arbeider i samsvar med politikken som er vedteken. Eit viktig element er derfor at departementet lykkast i å formidle kunnskapspolitikken slik at politikken er godt kjend blant alle relevante aktørar.

Departementet har ansvar for styring av enkeltverksemder og styring av heile sektorar. Mål- og resultatstyring er hovudmodellen i styringa av underliggjande verksemder. Risikostyring er ein integrert del av denne hovudmodellen. Måla for underliggjande verksemder skal vere tydelege, prioriterte og skal spegle kunnskapspolitikken.

Departementet skal òg medverke til god økonomistyring i underliggjande verksemder, slik at politikken blir sett i verk innanfor fastsette ramar.

Ved utforminga av tiltaka som skal setje i verk politikken, er det viktig å ha kunnskap om verknader av ulike politikkkverkemiddel. Departementet skal gjennomføre evalueringar for å skaffe fram slik informasjon.

Mål: Sikre god dialog med relevante aktørar i samfunnet

Kunnskapsdepartementet skal ha eit nært samspel med dei ulike aktørane innanfor barnehage-, utdannings- og forskingssektoren. Departementet skal fange opp tilbakemeldingar og spørsmål frå sektoren. God kommunikasjon og open dialog står sentralt i eit slikt arbeid. Dialog med sektoren er ei støtte både i utforminga av politikken og i iverksetjinga.

Kunnskapspolitikken er eit sentralt politikkområde, som har verknader utanfor eigen sektor. Det er derfor også naudsynt med dialog og samspel

med samfunnsaktørar utanfor sektoren. Departementet skal styrkje kommunikasjonen mot relevante samfunnsaktørar.

Både aktørar i sektoren, brukarar og allmenta har bruk for informasjon om kunnskapspolitikken. Departementet skal sørge for at lettfatteleg informasjon er tilgjengeleg både i skriftleg trykt materiale og elektronisk.

Kunnskapsdepartementet skal vere ein interessant, konstruktiv og aktiv deltakar i internasjonale fora. Det same gjeld norsk deltaking i det bilaterale forskingspolitiske samarbeidet.

Budsjettforslag for 2008

Løyvinga på post 01 skal dekkje lønn og driftsutgifter i departementet. Det blir foreslått å overføre 1,5 mill. kroner frå kap. 281 post 01. Midlane skal nyttast til å byggje opp større kompetanse på samfunnsøkonomisk analyse internt i departementet. Kunnskapsdepartementet tek med dette sikte på å bli mindre avhengig av eksterne konsulentar i kvalitetssikring av store prosjekt.

For å sikre ei god oppfølging av Barnehageløftet er det nødvendig å styrke forvaltninga av barnehagepolitikken i departementet. Det er derfor foreslått å auke løyvinga på post 01 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 231 post 21.

Løyvinga på post 21 dekkjer mellom anna utgifter knytte til arbeidet i regjeringa med forskingspolitikken og utgifter knytte til drift av den norske UNESCO-kommisjonen. Det blir foreslått å overføre kr 292 000 til Utdanningsdirektoratet på kap. 220 post 01. Midlane skal dekkje utgifter til oppgaver knytte til Europa i skolen og ASPnet som vart overførte til direktoratet i 2005.

Løyvinga på post 45 gjeld kjøp av datautstyr, programvare og tenester som blir nytta i utviklinga av IKT-systemet i departementet. Løyvinga blir foreslått ført vidare på same nivå som i 2007.

Løyvingane på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3200 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
02	Salsinntekter o.a.	1 893		
05	Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.	3 518	2 982	3 110
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	2 971		
17	Refusjon for lærlingar	88		
18	Refusjon av sjukepengar	2 097		
	Sum kap. 3200	10 567	2 982	3 110

Kap. 204 Foreldreutvalet for grunnskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	6 177	7 192	
	Sum kap. 204	6 177	7 192	

For å samle alle tiltak som gjeld grunnopplæringa under same kategori, blir det foreslått å flytte

løyvingane på kap. 204 og kap. 3204 til nye kap. 221 og 3221 under kategori 07.20.

Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
02	Salsinntekter o.a.	450	253	
	Sum kap. 3204	450	253	

Kap. 206 Samisk utdanningsadministrasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
50	Tilskott til Sametinget	29 423	30 572	
	Sum kap. 206	29 423	30 572	

For å samle alle tiltak som gjeld grunnopplæringa under same kategori, blir det foreslått å flytte

løyvingane på kap. 206 til nytt kap. 223 under kategori 07.20.

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Grunnskolen blir i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane (det vil seie rammetilskott og skatteinntekter), mens den vidaregåande opplæringa i hovudsak blir finansiert gjennom dei frie inntektene til fylkeskommunane. Dei

midlane som blir løyvde over kategori 07.20, går til særskilde tiltak i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa, og kjem i tillegg til overføringane gjennom inntektssystemet til kommunesektoren.

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
220	Utdanningsdirektoratet	202 144	190 327	191 541	0,6
221	Foreldreutvalet for grunnskolen			7 371	
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	140 068	115 056	118 544	3,0
223	Samisk utdanningsadministrasjon			31 887	
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 783 302	1 002 966	1 010 418	0,7
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	940 368	986 441	1 018 133	3,2
227	Tilskott til særskilde skolar	57 234	61 513	64 150	4,3
228	Tilskott til private skolar o.a.	2 050 710	2 191 621	2 530 465	15,5
229	Andre tiltak	11 000	11 418	11 909	4,3
230	Kompetansesenter for spesialundervisning	667 323	623 267	640 013	2,7
	Sum kategori 07.20	5 852 149	5 182 609	5 624 431	8,5

Inntekter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
3220	Utdanningsdirektoratet	23 941	17 079	17 814	4,3
3221	Foreldreutvalet for grunnskolen			264	
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	13 766	6 493	6 771	4,3
3225	Tiltak i grunnopplæringa	19 000	24 120	20 690	-14,2
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning	78 197	53 724	53 522	-0,4
	Sum kategori 07.20	134 904	101 416	99 061	-2,3

Hovudprioriteringar

Regjeringa foreslår å styrkje grunnopplæringa med om lag 790 mill. kroner i 2008 i høve til saldert budsjett 2007. Dette inneber at Regjeringa følgjer opp målsetjinga om auka timetall i grunnskolen, gratis læremiddel i vidaregåande opplæring og utvida rett for vaksne til vidaregåande opplæring, og at ordninga med gratis frukt og grønt til alle grunnskolar med ungdomstrinn, auka ressursar til rådgjeving og forsøk med utvida skoledag blir vidareført. Hovuddelen av midlane blir lagt inn i rammetilskottet til kommunane og fylkeskommunane.

I tillegg blir det foreslått å vidareføre løyvinga til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa med om lag 1 mrd. kroner.

Ressursar i grunnopplæringa

Samanlikna med andre land er ressursituasjonen i grunnopplæringa i Noreg god. Ressursinnsatsen har vore høg og relativt stabil over tid. I del IV blir det gitt ein nærmare omtale av ressursituasjonen i grunnopplæringa.

Auka timetal på barnetrinnet

Regjeringa ønskjer på lengre sikt å utvide timetalet på barnetrinnet (1.–7. trinn) til 21 timar (det vil seie 28 timar à 45 minutt). Faga norsk, matematikk og engelsk skal styrkast, og dessutan skal skoledagen innehalde fysisk aktivitet og leksehjelp. Utvida skoledag skal betre elevane sitt utbytte av opplæringa, medverke til sosial utjamning og redusere behovet for skolefritidsordning. Regjeringa foreslår i budsjettet for 2008 å utvide timetalet på barnetrinnet med til saman fem uketimar à 60 minutt på 1.–4. trinn fordelt på to timar i norsk, to timar i matematikk og ein time i engelsk. I gjennomsnitt får elevane på desse trinna ein auke på noko over ein time i veka, til om lag 18,5 timar. Timetalsauken skal gjelde frå hausten 2008. Det er foreslått ei løyving på 275,7 mill. kroner til dette i 2008. Av dette vil 270 mill. kroner bli lagt inn i rammetilskottet til kommunane, jf. kap. 571 post 60 i budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet. Forslag til endra fag- og timefordeling som følgje av timeutvidinga vil bli sendt på høring.

Rett til vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne som er fødte før 1978 og som ikkje har fullført vidaregåande skole, har rett til vidaregåande opplæring. Ei aukande gruppe vaksne fell utanfor vaksenretten. Det gjeld først og fremst personar som er fødte i 1978 og seinare, og som ikkje har

teke vidaregåande opplæring, eller som har falle frå undervegs. St.meld. nr. 16 (2006–2007) varsla at regjeringa vil komme med framlegg om å endre opplæringslova slik at retten til opplæring skal gjelde alle vaksne over 25 år. Regjeringa tek sikte på å fremme forslaget om ei slik lovendring våren 2008. Det er foreslått løyvd 21 mill. kroner til dette i 2008. Midlane blir lagde inn i rammetilskottet til fylkeskommunane, jf. kap. 572 post 60 på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

Gratis læremiddel i vidaregåande opplæring

Ordninga med gratis læremiddel vart innført for vidaregåande trinn 2 hausten 2007. Opplæringslova slår fast at skoleeigar har ansvar for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel. I tillegg blir det gitt eit ikkje-behovsprøvd stipend gjennom Statens lånekasse for utdanning som skal vere med på å dekkje utgifter som elevane har til andre læremiddel og naudsynt individuelt utstyr.

Hausten 2008 blir ordninga utvida til også å gjelde for vidaregåande trinn 3 (Vg3). Regjeringa foreslår å løyve 223 mill. kroner i kompensasjon til skoleeigar i 2008. Av dette vil 211,5 mill. kroner bli lagt inn i rammetilskottet til fylkeskommunane, jf. kap. 572 post 60 på Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett. Sidan talet på elevar og elevane sine kostnader til lærebøker er noko lågare på Vg3 enn på Vg2, vil kompensasjonen til fylkeskommunane bli redusert med 84,4 mill. kroner frå 2007 til 2008.

NOU 2007: 6 Formål for framtida

Utvalet for gjennomgang av formålet med opplæringa og formål for barnehagen vart oppnemnd ved kongeleg resolusjon 2. juni 2006, og det presenterte utgreiinga si, NOU 2007:6 *Formål for framtida*, 8. juni 2007. I utgreiinga vart det fremma forslag om endra formål for barnehagen og endring av formålet med opplæringa. Utvalet har komme fram til konsensus om forslag til nye formål. Utgreiinga vart sendt på alminneleg høring 19. juni 2007 med høringsfrist 1. november 2007. Kunnskapsdepartementet tek sikte på å fremme forslag om endring av formålsføresegna i opplæringslova våren 2008.

Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om kvalitet i opplæringa og prioriteringar i bruken av statlege verkemiddel. På grunnlag av meldinga og handsaminga av denne tek departe-

mentet òg sikte på å utvikle ein kvalitetsutviklingsstrategi som skal konkretisere ulike verkemiddel og leggje premisser for bruken av utviklingsmiddel frå 2009 og framover.

Mål: Læringsutbyttet for elevar og lærlingar skal bli betre og i størst mogleg grad vere uavhengig av deira sosiale bakgrunn

Læringsutbytte i grunnskolen

Tilstandsvurdering

Internasjonale og nasjonale undersøkingar

Dei siste internasjonale undersøkingane vi har data frå er gjennomførde i 2003. Resultata visar at norske elevar berre presterer gjennomsnittleg i lesing og noko under gjennomsnitt i matematikk og naturfag. Dette er til dømes resultatet i PISA 2003 (*Program for International Student Assessment*). Noreg har òg relativt stor spreieing i elevresultata samanlikna med dei andre nordiske landa, og er det landet i Norden som har størst prosentvis del elevar som presterer på dei to lågaste nivåa i PISA 2003. Samstundes har Noreg ein lågare del elevar som presterer på eit av dei to høgste nivåa i matematikkdugleik i PISA 2003. Samanlikning av karakterstatistikk dei siste åra viser ikkje vesentlege endringar. I 2007 og 2008 vil det kome oppdaterte tal både frå internasjonale undersøkingar og nasjonale prøver som vil vise om det utviklingsarbeidet som har vore gjennomført dei siste åra har ført til positive endringar i elevanes læringsutbytte.

Kartleggingsprøva i lesing for 2. trinn definerer ei kritisk grense for lesedugleiken til elevane. Det har sidan 2000 vore ein markant reduksjon i talet på elevar som oppnår resultat på eller under den kritiske grensa, og prosentdelen med alt rett på prøva er nå høgare enn i 2000. Frå 2005 til 2006 er det berre små endringar i resultata på kartleggingsprøva. Truleg har auka vektlegging av lesing nasjonalt og lokalt medverka til å forbetre lesedugleiken i skolen. Eksempel på dette er skole- og kommunebaserte planar for leseopplæring i kombinasjon med systematisk kartlegging av lesedugleiken til elevane og kompetanseutvikling for lærarar. Forbetringa kan kanskje òg forklarast med at prøvene ikkje lenger har den vanskegraden som trengst for å fange opp dei elevane som treng ekstra hjelp og støtte i leseopplæringa.

Våren 2007 vart gjeldande leseprøve gjennomført for siste gong. Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger har fått i oppdrag å revidere og vidareutvikle leseprøva. Den reviderte leseprøva vil vere obligatorisk for alle skolar frå skoleåret 2007–08 og vil bli gjennomført våren 2008. Elevane på 2. trinn

vil då vere første kull som har følgd dei nye læreplanane i to år.

Universitetet i Oslo ved Institutt for lærarutdanning og skoleutvikling (ILS) har fått oppdraget med å utvikle nye obligatoriske kartleggingsprøver i regning/talforståing på 2. trinn i grunnskolen. Kartleggingsprøva skal vere obligatorisk for alle skolar frå skoleåret 2007–08 og vil bli gjennomført våren 2008.

Det er generelt ein sterk samanheng mellom læringsutbytte og familiebakgrunnen og levekåra til elevane. Dette blir òg stadfesta av karakterstatistikken. Dei sosiale forskjellane målte etter utdanningsnivået til foreldra slår særleg sterkt ut på resultata til norske elevar. Vidare viser både norske og internasjonale undersøkingar at innvandrarelevar som gruppe i gjennomsnitt skårar lågare enn elevar med norsk bakgrunn. Noko av forklaringa ligg i at minoritetsspråklege elevar har lågare utdanna foreldre og kjem frå familiar med færre økonomiske ressursar enn majoritetselevane. Manglande kompetanse og låge forventningar frå lærarar kan òg medverke til langsam progresjon hos ein del minoritetsspråklege elevar.

Det er klare kjønnsforskjellar i karakterar. Jenter får i gjennomsnitt betre standpunktarakterar enn gutar i alle fag bortsett frå kroppsøving. Skilnadane er minst i matematikk.

Språkkunnskapar

God dugleik i norsk er viktig for alle barn for å lykkast i skole og vidare utdanning. Ikkje minst er dette viktig for minoritetsspråklege barn, som ofte har foreldre med lågare utdanning og ulemper knytte til levekår. Rambøll Management AS har i 2006 evaluert praktiseringa av opplæringa etter læreplanen i norsk som andrespråk. Evalueringsrapporten peikar på svært varierende praktisering av dette faget, og at for mange elevar har hatt norsk som andrespråk gjennom heile skoletida. På bakgrunn av denne rapporten vart det frå hausten 2007 teke i bruk ny nivåbasert læreplan for grunnleggjande norsk som erstattar NOA (norsk som andrespråk). Vidare er det utvikla rettleingsmaterieell og etterutdanningskurs for lærarar som skal undervise i grunnleggjande norsk, samt eit standardisert kartleggingsverktøy som skal nyttast for å vurdere om ein elev har tilstrekkeleg dugleik til å følgje ordinær norskundervisning.

Kunnskapsdepartementet fekk våren 2007 utarbeidd ei kunnskapsoversikt over verknaden av tilpassa språkopplæring for minoritetsspråklege elevar. Rapporten frå NOVA syner at det er lite empirisk kunnskap på dette feltet, og at ingen studiar kan dokumentere at morsmålsopplæring

svekkjer dugleiken i norsk. Vidare peikar rapporten på at opplæringsmodellar som legg vekt på tospråklegheit og tokulturbakgrunn, gir best resultat for elevane på lengre sikt.

Departementet har gjennomført ulike tiltak for å styrkje språkopplæringa. Strategien *Språk opnar dører – Strategi for styrking av framandspråk i grunnsopplæringa 2005–2009* vart revidert hausten 2006, og blir vidareført. Blant nye tiltak er utprøving med morsmål som andrespråk og ikkje-europeiske språk som andre framandspråk på ungdomstrinnet. Eit nytt tiltak er også etterutdanning for lærarar i framandspråkdidaktikk, for å realisere intensjonen om at andre framandspråk skal vere eit praktisk fag.

Kunnskapsdepartementet samarbeidar med Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet om tiltak når det gjeld språkutvikling, norskdugleik og sosial kompetanse hos barn. I 2007 blir det nytta 6 mill. kroner til skolar med meir enn 25 pst. minoritetsspråklege elevar og 5 mill. kroner til tiltaket Språkløftet. Ein del av midlane er øyremerkte Groruddalen. Med særleg fokus på minoritetsspråklege er dette tiltak og midlar som skal medverke til å utjamne sosiale ulikskapar i læringsutbytte. Sjå nærmare omtale i vedlegg i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Vurdering og læringsutbytte

Det er dokumentert at det er ein nær samanheng mellom omfang og kvalitet på vurdering og tilbakemelding på den eine sida og læringsutbytte på den andre. Samstundes er det mykje som tyder på at det skortar på relevant og godt grunnleggjande tilbakemelding på elevanes måloppnåing i den norske skolen. Det er òg indikasjonar på at elevar og læringar blir vurderte og samanlikna med kvarandre i staden for å bli vurderte opp mot måla for opplæringa. Ei kartlegging av erfaringar med tidleg oppstart av nytt læreplanverk viser at individvurdering er eitt av dei områda der flest lærarar og skoleleiarar meiner dei treng meir kompetanse om. Dette vart derfor løfta fram som eit nasjonalt prioritert område i arbeidet med kompetanseutvikling i 2007. Hausten 2007 er det sett i gang ei brei utprøving av ulike modellar for felles kjenneteikn for vurdering av måloppnåing.

Leksehjelp og læringsutbytte

Prosjekt leksehjelp 2006–08 er sett i verk for å prøve ut leksehjelp som eit tiltak for sosial utjamning gjennom å betre læringsmiljøet og læringsutbyttet til elevane. Prosjektet prøver ut ulike model-

lar for leksehjelp i regi av kommunar, skolar og frivillige organisasjonar. Som ein del av prosjektet har SINTEF Teknologi og samfunn levert rapporten Kartlegging av utbreiing av leksehjelp i norsk skole (2007). Kartlegginga viser at leksehjelpa i norsk skole har vakse mykje i omfang i dei siste åra, og at vurderinga frå skoleeigarane i hovudsak er positiv.

Samla vurdering

Dersom det framleis er slik at mange norske elevar har svak motivasjon for læring og presterer til dels svakt eller under gjennomsnittet i internasjonal målestokk i matematikk, lesing og naturfag, meiner departementet det gir grunn til uro. Vurdert ut i frå dei resultatene ein har hatt å byggje på til no, er ein del av problemet manglande trening i grunnleggjande dugleikar i mange norske skolar. Innøving av dugleikar slik at dei blir automatiserte er det området norske elevar ifølgje PISA-undersøkinga er svakast på. Forsking viser at det relativt låge prestasjonsnivået truleg har samanheng med at norsk grunnsopplæring i for stor grad er prega av manglande systematikk og samanheng i læringsarbeidet. Forskarar har brukt uttrykket «underbruk av lærings situasjonar» for å beskrive dette. Når opplæringa er prega av uklare læringsmål og diffuse kriterium for vurdering, kan det slå særleg uheldig ut for elevar som har eit svakare grunnlag for å forstå krav til gode prestasjonar, og kva innsats som må leggjast i læringsarbeidet. I tillegg kjem at lærarar, ifølgje forskning, systematisk har lågare forventningar til enkelte elevgrupper, blant andre minoritetsspråklege elevar. Det er grunn til å tru at låge forventningar også kjem til uttrykk i rådgiving til elevane. OECD har peika på at ein skolekultur som er basert på låge forventningar til elevanes faglege framgang truleg er ei viktig forklaring på det relativt svake dugleiksnivået og den sosiale reproduksjonen av ulikskap i det norske utdanningssystemet. PISA 2003 viser at mange andre land har lykkast langt betre enn Noreg med å svekkje den generelt sterke samanhengen mellom sosial bakgrunn og læringsutbytte.

På den andre sida ser departementet det slik at den systematiske satsinga dei siste åra på å styrkje elevanes læringsutbytte, vil gi resultat. Departementet ser positivt på at statlege satsingar er følgde godt opp av målretta utviklingsarbeid hos skoleeigarar og skolar, og at dette etter kvart ser ut til å gi betre læringsresultat i skolen. Lesestrategien er eit godt døme på det.

Fleire nasjonale senter og nasjonale strategiar knytte til grunnsopplæringa skal medverke til å styrkje opplæringa og læringsutbyttet i skolen. Det

nyaste senteret er Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa, som vart etablert 1. januar 2007 ved Høgskolen i Bodø. Dei nasjonale strategi-ane er reviderte i tråd med Kunnskapsløftet og inneheld tiltak for tidleg stimulering og styrking av dei grunnleggjande dugleikane og den faglege utviklinga til elevane, jf. kap 226. Mellom anna skal tiltak i den reviderte strategien Likeverdige opplæring i praksis! 2007–2009 styrkje norskopplæringa og norskkunnskapane til minoritetsspråklege elevane. Det er vidare lagt fram ein ny tiltaksplan knytt til strategien *Et felles løft for realfagene. Strategi for styrking av realfagene 2006–2009*. Ny strategi i 2007 er *Skapende læring – strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007–2010*.

Departementet har òg forventningar til at den systematiske satsinga på opplæring i grunnleggjande dugleikar integrert i arbeidet med fag i Kunnskapsløftet og systematisk satsing på å utvikle vurderingskompetansen i skolen etter kvart skal gi gode resultat. Det same gjeld vektlegging av tidleg innsats og språkstimulering, særleg retta mot minoritetsspråklege. Jf. også målet om systematisk resultatoppfølging.

Strategiar og tiltak

For å styrkje læringsutbyttet til elevane ønskjer Regjeringa på lengre sikt å utvide timetalet på barnetrinnet (1.–7. trinn) til 21 klokke timar. Faga norsk, matematikk og engelsk skal styrkjast. Frå hausten 2008 blir timetalet på barnetrinnet utvida med til saman 5 uketimar (à 60 minutt).

Regjeringa har som mål at barn og unge skal ha gode kostholdsvaner som gir grunnlag for eit godt læringsutbytte i skolen. Ordninga med gratis frukt og grønt for alle skolar med ungdomstrinn blir vidareført i 2008.

Utvida skoledag, med ei god veksling mellom arbeid, måltid og fysisk aktivitet, er eit viktig verkmiddel for god læring og for å utjamne forskjellar i læringsutbytte knytte til sosial bakgrunn. Forsøk med utvida skoledag blir gjennomført skoleåret 2007–08 i elleve forsøkskommunar. Forsøka omfattar mellom anna auka timetal på 1.–4. trinn, leksehjelp, fysisk aktivitet og ulike ordningar med skolemat. Erfaringane frå utprøvinga med utvida skoledag skoleåret 2007–08 vil bli nytta i den vidare gradvise innføringa av eit auka timetal på barnetrinnet.

Ei evaluering av *Prosjekt leksehjelp 2006–2008* vil bli lagd fram i 2008. På bakgrunn av denne evalueringa og forsøk med utvida skoledag vil departementet vurdere korleis ein skal vidareutvikle eit godt læringsmiljø som gir nok tid og kvalitet til læring, fysisk aktivitet, måltid og sosial utvikling.

Regjeringa vil framleis følgje nøye med på korleis læringsutbyttet til elevane og lærlingar utviklar seg, og vil leggje vekt på at læringsresultata i skolen blir vurderte og følgde opp for på den måten å styrkje læringsmotivasjon og læringsutbytte, jf. målet om systematisk resultatoppfølging. Nasjonale kartleggingsprøver, utvalsundersøkingar, karakterstatistikk, prestasjonar i internasjonale komparative undersøkingar og tal på gjennomføring og fråfall i vidaregåande opplæring vil gi viktige indikasjonar på tilstanden.

Regjeringa er òg oppteken av sosial utjamning av læringsutbytte i skolen og vil på bakgrunn av ulike dokumentasjon følgje med på om det skjer endringar i styrken på samanhengen mellom læringsutbytte og sosial bakgrunn.

Kunnskapsløftet og innføring av nye læreplanar i alle fag krev raskare utskifting av læremidla enn normalt. For at elevane skal få eit godt utbytte av opplæringa er det viktig at skolane har oppdaterte læremiddel. Dei 400 mill. kronene som blei løyvd innanfor veksten i dei frie inntektene til kommunane i kompensasjon for meirutgifter i samband med utskifting av læremiddel i grunnskolen i 2006 er vidareført i 2007 og 2008.

OECD har rådd til at det blir sett i gang eit arbeid for å undersøkje korleis ein kan heve ambisjonane for kva elevane i norsk skole skal lære. Etter vurderinga til departementet vil Kunnskapsløftet medverke til dette gjennom den auka vektlegginga av læringsutbyttet til elevane og auka krav til vurderingskompetansen til lærarane. Ei undersøking gjennomført på barnetrinnet tyder på at det er aukande interesse blant lærarar for samanhengen mellom vurdering og læring.

For å heve ambisjonsnivået i heile utdannings-systemet meiner departementet at det er nødvendig å innføre eit betre og heilskapleg system for elevvurdering. Departementet har derfor gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å utvikle eit slikt system. Arbeidet skal vere slutført før skolestart i 2009. Systemet skal omfatte eit klarare regelverk for individvurdering i grunnopplæringa. I opplæringslova og privatskolelova er det så langt teke inn endringar om vurdering undervegs som gjeld frå 1. august 2007. Både på barne- og ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring skal ein gi vurdering utan karakter i form av ei beskrivande vurdering av kompetansen i høve til kompetansemåla i opplæringa. Det skal kunne dokumenterast at slik vurdering blir gitt. Med dei nye forskriftene er det innført eit klart skilje mellom vurdering av faglege mål og elevanes utvikling.

Departementets vidare avgjerder om individvurdering skal blant anna vere basert på utprøving av ulike modellar som gir skoleeigarar, skoleleia-

rar, lærarar, elevar og føresette felles referansar når det gjeld kva som kjenneteiknar god kompetanse i fag. Målet er å komme fram til eit system som skal auke vurderingskompetansen i norsk skole, medverke til å heve ambisjonsnivået og gi ei felles nasjonal retning og ei meir fagleg relevant og rettferdig vurdering av kompetansen til elevane.

Departementet vil òg leggje vekt på å styrkje vurderingskompetansen i grunnopplæringa gjennom *Strategi for kompetanseutvikling 2005–2008*, jf. målet om læring og fornying.

Noreg vil framleis delta i internasjonale undersøkingar som eit ledd i å følgje utviklinga av læringsutbyttet til norske elevar sett i eit internasjonalt perspektiv. Noreg vil delta i OECDs PISA-studie (*Program for International Student Assessment*) og IEA-studiane PIRLS (*Progress in International Reading Literacy Study*), TIMSS (*Trends in Mathematics and Science Study*), TIMSS Advanced og ICCES (*International Civic and Citizenship Education Study*). Undersøkingane dekkjer lesedugleik, matematikk, naturfag og demokratisk kunnskap og dugleik.

PIRLS 2006 og PISA 2006 er gjennomførte, og resultatane vil bli offentleggjorde i november og desember 2007. Resultatane vil seie noko om utviklinga i læringsutbyttet til norske elevar i perioden 2003–06, både når det gjeld læringsmotivasjon og grunnleggjande dugleikar i matematikk, naturfag og lesing. Nye nasjonale prøver skal gjennomførast frå hausten 2007, og desse vil òg gi meir kunnskap om læringsutbyttet til elevane. Departementet vil gå grundig gjennom resultatane frå desse undersøkingane og kartleggingane og vurdere kva for oppfølging som trengst.

Å fange opp eventuelle problem i læringsutviklinga så tidleg som mogleg og tilpasse undervisninga til dei særskilde behova til den enkelte eleven er krevjande for den enkelte lærar. Til støtte for dette arbeidet har staten utvikla ulike verkty. Prøve- og kartleggingsmateriell som er til rådvelde for skolane og som ikkje er obligatorisk, vil bli revidert og vidareutvikla. Dette omfattar mellom anna karakter- og læringsstøttande prøver i fleire fag. Fornyninga er nødvendig for å gjere materiellet nivåmessig og innholdsmessig i tråd med gjeldande læreplanar.

Utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilde behov som var nedsett av Regjeringa i juni 2007, skal gjere ein grundig gjennomgang av plassen til spesialundervisninga i norsk skole. Denne gjennomgangen skal omfatte organisering, ressursbruk og resultat. Utvalet skal innan 1. juli 2009 leggje fram konkrete forslag til betre organi-

sering og effektiv ressursbruk for ei framtidig heilskapleg tiltakskjede for barn, unge og vaksne med behov for spesialpedagogisk hjelp.

Regjeringa vil vidareføre og styrkje satsinga på utviklingsprosjekt ved skolar med fleire enn 25 pst. minoritetsspråklege elevar. Satsinga skal gjere skolane betre i stand til å handtere dei spesielle utfordringane dei har knytt til å betre læringsutbyttet til elevane. *Språkløftet*, som skal fremme norskdugleiken og den sosiale kompetansen til elevane, blir òg vidareført og styrka. Dei to tiltaka skal sjåast i samanheng.

I samband med innføringa av nye læreplanar i grunnleggjande norsk og morsmål og tilhørande kartleggingsverktøy og etterutdanningstilbod vil det bli gjennomført ei følgjeevaluering. Evalueringa er nødvendig for å få kunnskap om korleis læreplanane fungerer i praksis, og for å kunne justere kursen undervegs. Det er særleg viktig å sjå korleis læreplanane fungerer for elevar som nyleg er komne til landet.

Regjeringa legg hausten 2007 fram ei stortingsmelding om språkopplæring i eit fleirkulturelt og livslangt perspektiv. Meldinga tek for seg språkstimulering for barn under skolealder og språkopplæring i grunnopplæringa og for vaksne. Lærarutdanningane er òg inkluderte. Meldinga drøftar opplæringa i grunnleggjande dugleikar i norsk hovudmål og sidemål, samisk, engelsk og norsk- og morsmål-opplæringa for minoritetsspråklege elevar.

Eit område av særskild interesse er situasjonen for det andre framandspråket. Etter innføringa av Kunnskapsløftet er det no mange fleire elevar på ungdomstrinnet som vel eit anna framandspråk. Men utviklinga i vidaregåande opplæring har i fleire år hatt ein negativ tendens, og førebelse tal for elevval for skoleåret 2007–08 syner at den låge interessa for fordjuping i framandspråk vart forsterka etter innføringa av Kunnskapsløftet.

Den urovekkande situasjonen for språkfaga i vidaregåande opplæring står i kontrast til den gledelege utviklinga i grunnskolen, der om lag 20 000 fleire elevar i 2006 valde andre framandspråk samanlikna med i 2005. Denne situasjonen er bekymringsfull fordi den på relativt kort sikt kan føre til ei nedbygging av tilboda i språkfag i dei vidaregåande skolane. Dette kan i sin tur føre til at dei mange Kunnskapsløft-elevane som har vald andre framandspråk på ungdomstrinnet, vil få færre moglegheiter til språkleg fordjuping når dei byrjar i vidaregåande opplæring.

Språkmeldinga vil drøfte moglege tiltak for å motivere fleire elevar til å velje språklege utdanningsprogram i vidaregåande opplæring.

Læringsutbytte og gjennomføring i vidaregåande opplæring

Tilstandsvurdering

Rapport for 2006–07

I 2006 gjekk omtrent 97 pst. av elevane direkte frå grunnskole til vidaregåande opplæring. Talet på elevar med direkte overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring har vore stabilt over tid, og det er liten variasjon mellom ulike delar av landet. Det er systematisk færre minoritetslevar enn majoritetslevar med direkte overgang frå grunnskole til vidaregåande opplæring.

Det er ein sterk samanheng mellom karakterar frå grunnskolen og karakterar i tilsvarende fag i vidaregåande opplæring. Gjennomgåande er det mindre kjønnsforskjellar i karakterar i vidaregåande opplæring enn i grunnskolen. Det gjennomsnittlege karakternivået til elevar med minoritetspråkleg bakgrunn har ikkje betra seg i dei seinare åra. Det kan forklarast med at deltakinga i vidaregåande opplæring blant elevar med innvandrarbakgrunn har auka, og at det derfor er fleire med svakt grunnlag i denne gruppa i vidaregåande opplæring enn tidlegare.

Av 2001 kullet gjennomførte om lag 57 pst. av elevane og lærlingane vidaregåande opplæring på normert tid. Tilsvarende for 2000-kullet var 56 pst. Det er tydelege skilnader i gjennomføringsgrad mellom yrkesfaglege og allmennfaglege studieretningar. Nesten tre av ti elevar på yrkesfaglege studieretningar som starta på grunnkurs første gang i 2001, slutta undervegs. På allmennfaglege studieretningar var det kun 6 pst. som slutta undervegs.

Det er forholdsvis liten variasjon i gjennomføring mellom landsdelane, med unntak av Nord-Noreg, der berre 45 pst. av elevane og lærlingane gjennomførte på normert tid. I hovudsak er dette knytt til gjennomføring i yrkesfag. Mangel på læreplassar kan vere ei forklaring på dette.

Studieprogresjon og gjennomføring av vidaregåande opplæring har samanheng med karakterar frå grunnskolen og familiebakgrunn. Utdanningsnivået til foreldra er den enkeltfaktoren som har mest å seie for gjennomføringsgraden til elevane i vidaregåande opplæring. Elevar med innvandrarbakgrunn har lågare gjennomføringsgrad enn elevar med norsk bakgrunn, noko som igjen heng saman med svakare karaktergrunnlag for grunnskolen, og at desse gjennomgåande har foreldre med låg utdanning.

Progresjonen og gjennomføringsevna til elevane har òg samanheng med tilgangen på læreplassar. Etter fleire år med reduksjon i talet på lærekontraktar har det vore ein auke i talet på lærekontraktar frå 2003.

For å auke tilgangen til læreplassar i fylka gjennomførte Utdanningsdirektoratet i 2006 ein omfattande informasjonskampanje retta mot potensielle lærebedrifter. Tal frå fylkeskommunane per 1. august 2007 viser at det er formidla fleire lærlingar til læreplass på landsbasis samanlikna med same tidspunkt i 2006. Det er store skilnader mellom fylkeskommunane når det gjeld formidling. Det er òg til dels store forskjellar mellom fag.

Å få oppfylt førsteønsket er viktig for progresjonen. Det har i dei siste åra vore ein viss auke i talet på elevar som har fått oppfylt førsteønsket til skole eller kurs. I 2006 fekk rundt 81 pst. av elevane oppfylt førsteønsket sitt til skole eller kurs, mot rundt 75 pst. i 2004 og 2005. Det er relativt liten variasjon mellom ulike delar av landet. Høve til omval er viktig for fleksibiliteten i vidaregåande opplæring, men har samstundes ein kostnad både for individ, skoleeigar og samfunnet. Studiar viser at omfanget av omval er størst i overgangen mellom dei to første åra i vidaregåande opplæring.

Satsing mot frafall i vidaregåande opplæring 2003–2005 vart vidareført i 2006 i alle fylke. I satsinga har det vore gjennomført fleire tiltak der det har vore samarbeidd mellom skole, arbeidsliv og lokale styresmakter for å hindre fråfall og fange opp dei som har falle ut av opplæringa, blant anna bruk av alternative læringsarenaer, bruk av lære-kandidatordninga og fråværsoppfølging. Rådgivingstenesta er styrkt gjennom kompetanseutvikling og erfaringsspreiing blant anna frå utprøvinga med *Partnerskap for karriererettleiing* i fire pilotfylke. Erfaringane frå pilotfylka er spreidde og vidareutvikla.

Det er løyvd 5 mill. kroner til stipend for å styrke tradisjonelle handverksfag. Fleire gamle handverksfag er i ferd med å forsvinne. Dette kan føre til at viktig kompetanse går tapt. Faga er viktig å halde på, både i seg sjølve og som ein del av den norske kulturarven. Bruken av midlane skal innrettast slik at kunnskapen blir formidla til relevante aktørar innanfor fag- og yrkesopplæringa.

Samla vurdering

Tidleg innsats og førebyggjande aktivitet er nødvendig for å betre progresjon og fullføring i vidaregåande opplæring. Departementet vurderer det slik at det er ein samanheng mellom rådgiving i skolen, informerte val, oppfylling av førsteønsket og tilgangen på læreplassar på den eine sida og motivasjon, læringsutbytte, omval og gjennomføringsevne hos elevane på den andre sida. Ut frå dette er det ei positiv utvikling at talet på elevar som får oppfylt førsteønsket sitt, har auka. Dette kan tyde på at det er noko betre samsvar mellom

fylkeskommunal tilbudsstruktur og dimensjonering og etterspørselen frå elevane. Dimensjonering av utdanningstilbod må òg ta omsyn til arbeidsmarknaden. Her kan god rådgiving medverke til betre samsvar mellom tilbod og etterspørsel. Når det gjeld rådgivingstenesta, meiner departementet at denne i større grad må kunne medverke til betre gjennomføring av vidaregåande opplæring. Undersøkingar viser at mange elevar opplever at dei ikkje får tilstrekkeleg og rett rådgiving, jf. St.meld. nr. 16 (2006–2007). Departementet vurderer partnerskapa for karriererettleiing som eit effektivt tiltak mot fråfall i vidaregåande opplæring og noko som er verd å vidareutvikle.

Slik departementet vurderer det, vil god rådgiving kombinert med utnytting av fleksibiliteten i strukturen i Kunnskapsløftet medverke til betre gjennomføring i vidaregåande opplæring. Programfag til val og prosjekt til fordjuping gir høve til opplæring i praktiske kunnskapar og dugleikar tilpassa behova til den enkelte eleven, og gir eleven høve til å få kjennskap til framtidig yrke eller fordjupe seg i spesielle fagfelt. Dette kan gi eit betre grunnlag for vidare val av utdanning og yrke.

Samla sett er det mange positive utviklingstrekk i vidaregåande opplæring. Desse utviklingstrekka kan på lengre sikt betre graden av fullføring av vidaregåande opplæring. Det auka omfanget av lærlingplassar vil venteleg ha same effekt. Men framleis er det nødvendig å vurdere kva som bør gjerast for å vidareutvikle opplæringa, slik at fleire elevar og lærlingar gjennomfører og fullfører vidaregåande opplæring på normert tid.

Strategiar og tiltak

Det er nødvendig å styrkje kvaliteten på rådgivinga i heile grunnopplæringa som eit tiltak for å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring, jf. St.meld. nr. 16 (2006–2007). I Revidert nasjonalbudsjett, jf. Innst. S. nr. 230 (2006–2007), vart det vedteke å auke ressursane til rådgiving i vidaregåande opplæring spesielt retta mot ungdomstrinnet med 11 mill. kroner. Midlane er lagde inn i rammetilskottet til fylkeskommunane. Det vart òg løyvd 4 mill. kroner til å etablere partnerskap for karriererettleiing i alle fylkeskommunane, jf. kap. 226 post 21. I 2008 blir tiltaket vidareført, og Regjeringa foreslår å leggje 27,5 mill. kroner inn i rammetilskottet til fylkeskommunane og å styrkje kap. 226 post 21 med 6 mill. kroner til dette formålet.

Det blir i dag ikkje stilt særskilde kompetansekrav til rådgivarar i skolen. Dette kan gjere at rådgivarar og skoleeigarar ikkje blir motiverte til å nytte dei tilboda om etter- og vidareutdanning som finst, og at rådgivingsfunksjonane ikkje har den

statusen som dei fortener. Departementet vil derfor utarbeide rettleiande kriterium for kompetanse knytt til sosialpedagogisk rådgiving og yrkes- og utdanningsrådgiving. Vidare vil departementet utvide omtalen i regelverket av formålet til og innhaldet i rådgivingstenesta.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 475 (2006–2007) i samband med handsaming av av Dok. nr. 8:55 (2006–2007):

«Stortinget ber Regjeringa vurdere ulike tiltak som kan få unge som har avbrutt skolegangen uten å ha gjennomført, tilbake til et opplærings-system. I den forbindelse bes det vurdert hvordan elevbedrifter kan benyttes.»

Departementet vil vurdere om oppfølgingstenesta kan fungere meir forebyggjande enn i dag, jf. omtale i St.meld. nr. 16 (2006–2007). Målet vil vere å fange opp elevar som står i fare for å avbryte skolegangen, og motivere dei til å fullføre. Satsinga på regionale partnerskap for karriererettleiing vil, saman med oppfølgingstenesta, kunne fange opp elevar som har avbrote skolegangen. Partnerskapa byggjer på eit utstrakt samarbeid mellom blant andre kommune, fylkeskommune og NAV, og vil ha ei brei målgruppe.

Elevbedrifter er eit viktig verkemiddel for å forhindre fråfall, og satsinga på entreprenørskap omfattar også elevbedrifter. Dette arbeidet vil bli vidareført gjennom strategien *Se mulighetene – gjør noe med dem! – Strategi for entreprenørskap i utdanninga 2004–2008*.

Stortinget har vedteke at mandatet til Foreldretutvalet for grunnskolen (FUG) skal utvidast til også å gjelde første trinn i vidaregåande opplæring, dette som eit ledd i innsatsen mot fråfall i vidaregåande opplæring. Det er viktig at alle foreldre, uansett sosial bakgrunn, blir betre i stand til å gi elevane på ungdomstrinnet gode råd om vidare utdanningsval. Det er òg viktig at vidaregåande skole ser på foreldre som ein samarbeidspart som kan medverke til at elevane ikkje fell frå i løpet av det første året i vidaregåande opplæring.

For å betre gjennomføringa og sikre at fleire går ut av vidaregåande opplæring med formell kompetanse, vil departementet vurdere om ein kan gi formell kompetanse i fagopplæring på lågare nivå enn det som gjeld i dag. I samarbeid med partane i arbeidslivet vil det bli konkretisert eksempel på grunnkompetanse som kan vere tilbod i lærebedrifter, og som det kan vere etterspurnad etter i arbeidslivet. Eksempla vil bli prøvde ut i tre fylkeskommunar og tre fag frå hausten 2007. På grunnlag av utprøvinga vil departementet vurdere om

det er aktuelt å innføre slike ordningar meir permanent og i breiare skala.

Tilskottet til skolar med meir enn 25 pst. minoritetsspråklege elevar skal medverke til betre oppfølging av språklege minoritetar som treng særskilt tilrettelagd opplæring. Denne ordninga vil òg vere ein viktig del av den samla satsinga på betre gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Kvaliteten på fag- og yrkesopplæringa er viktig for gjennomføring i vidaregåande opplæring. Når det gjeld den vidare utviklinga av opplæringa, vil departementet vurdere denne mellom anna på grunnlag av utgreiinga frå det regjeringsoppnemnde utvalet som 1. september 2008 skal leggje fram ein analyse av konsekvensane av sentrale samfunnsmessige utviklingstrekk for fag- og yrkesopplæringa.

Departementet vil føre vidare samarbeidet med skoleeigarane om vidaregåande opplæring. Hovudmålet er å utnytte erfaringane frå fylkeskommunalt samarbeid til å betre kvaliteten i opplæringa, med særskilt vekt på reduksjon av fråfall. I 2006 støtta departementet etableringa av eit utviklings- og effektiviseringsnettverk for vidaregåande opplæring i regi av KS. Nettverksarbeidet er ein arena for analysar av eiga verksemd, utveksling av erfaringar og læring. Nettverket er knytt opp mot tre opplæringsregionar: Austlandet, Sør-Vest og Nord. Støtta til nettverket er auka i 2007 og blir ført vidare i 2008. I 2008 vil det bli lagt vekt på å måle resultatutviklinga hos dei deltakande fylka og skoleane.

Mål: Skolar og skoleeigarar skal i gjennomføringa av opplæringa byggje på systematisk resultatoppfølging

Tilstandsvurdering

Rapport 2006–07

I 2003 vedtok Stortinget å etablere eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem for grunnopplæringa. Systemet skal medverke til kvalitetsutvikling på alle nivå i grunnopplæringa. Ein føresetnad for dette er at skolar og skoleeigarar følgjer den plikta dei har til å følgje opp resultatane av lokale og nasjonale vurderingar, jf. § 13-10 i opplæringslova.

Kvalitetsvurderingssystemet inneheld fleire element. Nasjonale prøver, obligatoriske kartleggingsprøver og nettstaden Skoleporten er blant dei viktigaste. Sentral informasjon om læringsutbytte, læringsmiljø, ressursar og rammefaktorar i grunnopplæringa har til no vore samla i Skoleporten. Nettstaden har hatt mykje å seie for kvalitetsutvikling i skolen, men er ikkje teken i bruk fullt ut eller utnytta godt nok i vurderingsarbeidet i skolen. Dette kan ha samanheng med den svake vurde-

ringakulturen i norsk skole, både på dei ulike forvaltningsnivåa, på skolenivå og på individnivå, jf. målet om læringsutbytte.

Problema med bruken av resultatane frå nasjonalt kvalitetsvurderingssystem kan òg delvis ligge i at informasjonsgrunnlaget, mellom anna i Skoleporten, ikkje er godt nok og brukarvenleg tilrettelagt. Departementet har derfor gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å vidareutvikle Skoleporten. Den reviderte Skoleporten skal opnast i desember 2007.

Erfaringane med dei nasjonale prøvene i 2005 viste at dei ikkje var gode nok. Det er derfor utvikla nye nasjonale prøver som skal gjennomførast hausten 2007. Prøvene skal gi informasjon om dei grunnleggjande dugleikane til elevane i rekning og lesing på norsk og engelsk slik dei er integrerte i kompetansemål for fag i Kunnskapsløftet etter 4. og 7. årstrinn. Prøvene blir gjennomførte på 5. og 8. trinn. Resultata frå prøvene skal gi informasjon til elevar, lærarar, skoleleiarar, føresette, skoleeigarar, regionale styresmakter og det nasjonale nivået som grunnlag for forbedrings- og utviklingsarbeid. I tillegg til dei nasjonale prøvene blir det arbeidd med å utvikle prøver i skiving for eit nasjonalt representativt utval av elevar i grunnskolen.

Riksrevisjonen har gjennomført ei undersøking av opplæringa i grunnskolen, omtala i Dokument nr. 3:10 (2005–2006). Rapporten frå Riksrevisjonen er tidlegare handsama i Stortinget på grunnlag av Innst. S. nr. 66 (2006–2007) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen. Rapporten viser at det i mange kommunar er manglar ved oppfølginga av opplæringslova og tilhørande forskrifter. Riksrevisjonen konkluderer med at både staten og kommunane har mangelfull informasjon om i kva grad det er nødvendige ressursar til rådvelde, om undervisningsgruppene er pedagogisk forsvarlege, og om det blir gitt tilpassa opplæring.

Statleg tilsyn er nødvendig for å sikre at opplæringslova og tilhørande forskrifter blir oppfylte. Tilsynet blir utført av fylkesmennene. Det er sett i verk tiltak som kan medverke til å gjere det statlege tilsynet meir målretta og effektivt. Mellom anna er det utvikla ein felles tilsynsmetodikk for grunnopplæringa, og det er gjennomført kompetanseutvikling for fylkesmennene.

Det nasjonale tilsynet som fylkesmennene gjennomførte i 2006 i eit representativt utval kommunar, viser i tråd med undersøkinga til Riksrevisjonen, at mange kommunar ikkje har eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylt slik opplæringslova § 13-10 krev. System for rapportering av avvik er òg mangelfulle, og ansvaret til kommunen for skolebasert vurdering er for dårleg teke i vare. Det

finst heller ikkje gode nok system i kommunane for å følgje opp resultatata frå dei nasjonale kvalitetsvurderingane.

Tilsynet i 2007 viser at talet på kommunar utan eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova er oppfylte, er større enn resultatet frå 2006-tilsynet antyda. Det har dessutan avdekt dei same manglane hos mange av fylkeskommunane.

Som eit tiltak for å auke kunnskapen hos skoleeigarane om kravet til eit forsvarleg, heilskapleg system for vurdering og oppfølging, er det utarbeidd ei rettleiing knytt til dei aktuelle reglane i opplæringslova og privatskolelova. Rettleiinga omtalar innhaldet og krava i lovreglane og gir skoleeigarane den nødvendige rettleiinga om det overordna ansvaret lovreglane ber i seg. Representantar frå landets fylkesmannsembete, KS og privatskolane har vore involverte i arbeidet med utforminga av rettleiinga.

Samla vurdering

Departementet meiner at tilsynsrapportane og Riksrevisjonens undersøking saman med dei svakheitene som er avdekte når det gjeld elev- og lærlingvurdering og den avgrensa bruken av Skoleporten, viser at det er nødvendig å leggje endå meir vekt på at skolen og skoleeigarane skal bruke dei reiskapane dei har til rådvelde for systematisk resultatvurdering og oppfølging. Det er òg nødvendig med vidare forbetring av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet og ei tettare oppfølging frå staten si side når det gjeld krava i § 13-10 i opplæringslova. Resultatet av det systemretta tilsynet med fokus på tilpassa opplæring og spesialundervisning i 2007 er alvorleg. Omfanget av manglar funne ved 2007-tilsynet var stort, og departementet meiner derfor at det er nødvendig med eit målretta og effektivt tilsyn med utgangspunkt i desse sentrale delane av regelverket. Tilsynet er eit nødvendig verkemiddel for å oppnå etterleving av desse grunnleggjande krava i opplæringslova, samt for å auke kunnskapen og medvitnet om desse.

Strategiar og tiltak

For å få det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet til å fungere betre i tråd med intensjonen, og bygge opp under god vurderingspraksis i skolen, vil det bli gjort visse nødvendige justeringar. Mellom anna vil det vere på plass betre rapporteringsfunksjonar i den reviderte Skoleporten når denne kan takast i bruk frå 2008. Departementet vil òg vurdere omfang og kvalitet på nye nasjonale prøver etter at desse er gjennomførte.

Vidare vil departementet følgje nøye med på evalueringa av kvalitetsvurderingssystemet, som skal gå fram til 31. desember 2008, og bruke kunnskapen til å betre systemet undervegs. Evalueringa blir gjennomført av Agderforskning, Arbeidsforskningsinstituttet og Danmarks pædagogiske Universitet, og skal gi kunnskap om systemet som konstruksjon, og om implementeringa, bruken og effektane av systemet.

I St.meld. nr. 16 (2006–2007) vart statleg tilsyn peika ut som innsatsområde. I tråd med det som er gjort kjent gjennom Riksrevisjonens rapport og fylkesmannens tilsynsverksemnd i dei siste åra, vil departementet forsterke arbeidet med å målrette og effektivisere det statlege tilsynet med grunnopplæringa. Tilsyn skal vere hovudoppgåva for fylkesmannen også i 2008. Departementet vil framleis stille aktivitetskrav til fylkesmannen for tilsynet. Tilsynet skal medverke til at grunnopplæringa blir gjennomført i samsvar med opplæringslova og privatskolelova med tilhørande forskrifter. Fylkesmannen skal rette særleg merksemd mot skolar og skoleeigarar der det er grunn til å tru at rettane til elevane ikkje er oppfylte, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Det vil særleg bli lagt vekt på kommunesektorens system for vurdering av eigne skolar.

I tillegg til det generelle tilsynet skal fylkesmannen i 2008, som i 2006 og 2007, gjennomføre nasjonalt tilsyn med felles tema og metodikk (systemrevisjon). Det nasjonale tilsynet i 2008 vil videreføre temaet tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Departementet vil òg halde fram drøftingane med KS om kva som kan gjerast for å styrkje evna til kommunane til å drive grunnskolen på ein god måte.

Mål: Elevar og lærlingar skal ha eit godt læringsmiljø som stimulerer læring og positiv samhandling

Tilstandsvurdering

Rapport 2006–07

Den årlege Elevundersøkinga og Lærlingundersøkinga, som utførast av Utdanningsdirektoratet, er noko av kjeldegrunnlaget for vurdering av læringsmiljøet til elevane. På grunn av låg deltaking i lærlingundersøkinga er det førebels ikkje godt nok grunnlag for å seie noko sikkert om arbeidsmiljøet til lærlingane. Elevundersøkinga og ulik forskning dokumenterer at manglande arbeidsro er eit problem for ein stor majoritet av elevane i skolen, men at det er ein relativt liten del av elevane som skaper problema.

Samstundes viser undersøkinga at det store fleirtalet av elevane trivst på skolen, og at den sosiale trivselen er større enn den faglege (Elevundersøkinga 2006). Når det gjeld motivasjon, er det ingen vesentlege endringar sidan 2005. Om lag 80 pst. av elevane på ungdomstrinnet og i vidaregåande skole svarar at interessa for å lære på skolen er til stades i mange eller dei fleste faga. Det er heller ikkje vesentlege endringar i omfanget av mobbing. 4,5 pst. av elevane svarar at dei blir mobba éin eller fleire gonger i veka. Førebelse tal frå Elevundersøkinga 2007 tyder på at det ikkje har vore ein nedgang i omfanget av mobbing.

Ei særleg side av mobbing ein har blitt meir merksam på i dei siste åra, er såkalla kjønnsrelatert mobbing. Ein kunnskapsstatus om omfanget av kjønnsrelatert mobbing i opplæringa vart lagd fram i mai 2007. Rapporten samlar forskning og undersøkingar både nasjonalt og internasjonalt om dette temaet og viser at konflikthar i skolen ofte handlar om kjønn og seksualitet, eller har eit seksuelt innhald. Eit anna funn er at lærarar manglar kunnskap om korleis dei skal handtere seksuell trakassering.

Når det gjeld elevmedverknad i skolen, svarar halvparten av elevane i Elevundersøkinga 2006 at dei tykkjer dei har relativt liten innverknad på eller medråderett i det faglege arbeidet på skolen.

Elevane er stort sett nøgde med det fysiske arbeidsmiljøet i skolen. Dette gjeld for dei fleste elevane i grunnskolen. Elevane i vidaregåande opplæring er meir nøgde med dei fysiske forholda enn elevane i grunnskolen.

Regjeringa har sett i gang, ført vidare og støtta ei rekkje tiltak for å betre læringsmiljøet i grunnsopplæringa. Arbeidet har vore forankra i *Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet* og *Strategi for læringsmiljøet i grunnsopplæringa (2005–2008)* og *Manifest mot mobbing*. Sjå nærmare omtale i kap. 226.

Departementet samarbeider med fleire andre departement om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar og har mellom anna ført vidare samarbeidet med Helse- og omsorgsdepartementet om prosjektet Fysisk aktivitet og måltid i skolen. Om lag 350 skolar har arbeidd med prosjekt i 2006–2007. HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen leverte ein evalueringssrapport i desember 2006 som viser positive resultat. Eit knapt fleirtal av skolane meinte at elevane vart meir konsentrerte, og at miljøet på skolen hadde vorte betre, samstundes som dei rapporterte at prosjektet ikkje hadde gått ut over undervisninga. Fleire skolar meiner likevel at tid og økonomi er dei viktigaste hindringane for å gjennom-

føre måla om 20 minutt til skolemåltid og 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag.

Departementet har inngått eit samarbeid med Norges Idrettsforbund og Olympiske komité og Helse- og omsorgsdepartementet om å få fram gode modellar for samarbeid mellom lokale idrettslag og skolefritidsordninga (SFO), jf. kap. 226.

Som ein del av tiltaka med å sikre det fysiske arbeidsmiljøet til elevane er den nettbaserte rettledningstenesta for skoleanlegg vidareført og vidareutvikla.

Rentekompensasjonsordninga for investeringar i skoleanlegg som vart innført i 2002 skal stimulere kommunar og fylkeskommunar til å bygge nye skoleanlegg samt rehabilitere og ruste opp eksisterande anlegg. Ordninga blir forvalta av Husbanken, jf. også omtale under kap. 582 post 60 i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kommunal- og regionaldepartementet. Kommunar og fylkeskommunar har vist stor interesse for ordninga etter at ho vart innført i 2002. Til og med første halvår 2007 hadde i alt 414 kommunar og 19 fylke søkt om midlar. Totalt har Husbanken registrert 1 420 prosjekt fordelte på 1 130 skolar. Breiband inngår i 485 prosjekt, og funksjonshemma sine behov er særleg tekne i vare i 734 prosjekt (registrert frå 2003), i medhald av forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar med vidare. Investeringsramma for ordninga med rentekompensasjon til skoleanlegg som vart innført for perioden 2002–09 på i alt 15 mrd. kroner, er oppfylt og fullt fasa inn allereie i 2007. Kommunesektoren har vorte monaleg styrkt dei siste åra. Inntektane til kommunane har vokse meir enn føresett i dei årlege budsjettoplegga. I 2007 legg Regjeringa til grunn at veksten i dei frie inntektane til kommunane vil bli 1,9 mrd. kroner høgre enn anslått i revidert nasjonalbudsjett 2007. Kommunane har derfor no eit godt økonomisk grunnlag for å vedlikehalde skoleanlegg.

Samla vurdering

Departementet er uroa over at omfanget av mobbing i skolen ikkje går ned. Vi har etter kvart ganske mykje dokumentasjon om samanhengar mellom trivsel, tryggleik og læringsmotivasjon og om omfanget av mobbing og uro og korleis dette blir handtert i skolen. Men på dette området er det heile tida særst viktig å ha oppdatert kunnskap for å fange opp endringar og trendar over tid. Det er òg viktig at skoleeigarar og skolar blir informerte om utviklinga på feltet, slik at dei kan ta dei nødvendige åtgjerder. Arbeidet for eit godt læringsmiljø krev vedvarande og systematisk innsats på alle nivå.

Etter vurderinga til departementet er det nødvendig med meir kunnskap om sider ved lærings-

miljøet som ein har vore mindre kjend med, som til dømes omfanget av kjønnsrelatert mobbing. Vi veit òg for lite om korleis lærlingar trivst og vurderer opplæringa.

Kommunane er skoleeigarar, men også eigarar av SFO. Det er viktig at kommunane er oppmerksomme på elevanes behov for eit godt miljø også i SFO, mellom anna med tanke på arbeid mot mobbing, og for meir fysisk aktivitet og eit godt kosthald.

Strategiar og tiltak

Arbeidet for eit godt læringsmiljø er forankra i *Strategi for læringsmiljøet i grunnsopplæringa (2005–2008)* med årlege tiltaksplanar og *Manifest mot mobbing 2006–2008*. For å understreke kor viktig det er at arbeidet mot mobbing er langsiktig, og at engasjementet blir halde oppe, har Regjeringa, KS, Utdanningsforbundet og Foreldreutvalet for grunnskolen skrive under på *Manifest mot mobbing (2006–2008)*. Departementet vil vurdere resultatane av manifestet mot mobbing og vurdere korleis ein skal vidareføre dette samarbeidet. Skolane vil framleis få tilbod om program mot mobbing og modellar for førebygging og meistring av problemåtferd.

Elevundersøkinga og Lærlingundersøkinga vil i kombinasjon med anna kunnskapsgrunnlag bli utnytta i endå større grad for å følgje med på korleis læringsmiljøet til elevane og lærlingane utviklar seg. Det er avsett midlar til ei kvalitetsundersøking av elevrådsarbeid i skolen, og eit samarbeidsprosjekt der ein vil utarbeide eit inspirasjonshefte for elevmedverknad.

Regjeringa ønskjer vidare å få kartlagt omfanget av kjønnsrelatert mobbing i grunnsopplæringa. Spørsmål om kjønnsrelatert mobbing og om mobbing på grunn av seksuell orientering skal derfor inkluderast i ei landsomfattande kartlegging av læringsmiljøet i grunnskolar våren 2008. Vidare blir det no arbeidd med å inkludere svaralternativet «seksuell orientering» i Elevundersøkinga.

Fleire andre tiltak er retta inn mot dette feltet, og handlar om kunnskapsinnhenting, informasjon og rettleiing knytt til kjønnsrelatert mobbing og seksuell trakassering. Arbeidet vil bli følgt opp gjennom *Strategi for læringsmiljøet i grunnsopplæringa (2005–2008)*. Departementet vil leggje fram ein strategi for likestilling i barnehage og grunnsopplæring. Denne vil òg rette søkjelyset på læringsmiljø og mobbing på bakgrunn av kjønn og seksuell orientering.

Arbeid både frå dei sentrale og dei lokale styrsmaktene si side for at barn og unge ikkje skal utsetjast for mobbing og trakassering via digitale

medium som mobiltelefon og Internett, inngår blant tiltaka i *Manifest mot mobbing 2006–08*.

Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet har tatt ei avgjerd om at det skal utarbeidast ei representativ oversikt over om skolar er eller ikkje er godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar. Det skal på denne bakgrunnen gjennomførast ei utvalsundersøking for å kartleggje status i grunn- og vidaregåande skolar i høve til godkjenning etter denne forskriften. Etter planen skal undersøkinga gjennomførast i løpet av 2007. Kunnskapsdepartementet vidarefører samarbeidet med andre departement om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar knytte til eit godt læringsmiljø. Dette omfattar mellom anna områda fysisk og psykisk helse, arbeid mot rus og kriminalitet, kampen mot rasisme, vold i nære relasjonar, kjønnslemlesting og tvangsekteskap.

I samarbeid med Europarådet har Noreg teke på seg å etablere eit ressurscenter for arbeidet med demokrati, menneskerettslege og interkulturelle spørsmål i skolen. Senteret vil bli etablert i Oslo og skal etter planen vere i funksjon frå hausten 2008, jf. kap 226.

På budsjettet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet for 2008 er det sett av 30 mill. kroner til å etablere eit team av minoritetsrådgivarar ved vidaregåande skolar med meir enn 25 pst. minoritetspråklege elevar. Minoritetsrådgivarane skal arbeide med å førebyggje tvangsekteskap og med kompetanseoppbygging knytt til tvangsekteskap.

Departementet viser til fleirtalsmerknad frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006) om auka kvalitet i skolefritidsordninga. Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Målet er å utvide den tida elevane er på skolen, leggje fysisk aktivitet og leksehjelp inn i den utvida tida, og skape ein heilskapleg og fleksibel skoledag for dei yngste elevane. Skolefritidsordninga må sjåast i samanheng med dette, jf. også omtale av timetalsutviding og utvida skoledag under målet om betre læringsutbytte.

Departementet vil vidareføre samarbeidet med Norges Idrettsforbund og Olympiske komité og Helse- og omsorgsdepartementet om modellar for samarbeid mellom lokale idrettslag og SFO.

I revidert nasjonalbudsjett 2007 vart det gjort vedtak om å innføre gratis frukt og grønt for alle elevar på skolar med ungdomstrinn, det vil seie både reine ungdomsskolar (8.–10. trinn) og kombinerte skolar (1.–10. trinn), frå hausten 2007. Regjeringa ønskjer å vidareføre ordninga i 2008. Kun-

skapsdepartementet vil på eit seinare tidspunkt fremme forslag om lovfesting av ordninga

Samarbeid med foreldre og føresette er sentralt i alt som har med læringsmiljøet og læringa og utviklinga til elevane å gjere. Departementet ser det derfor som viktig å styrkje heim–skole-samarbeidet, jf. også kap. 221 (tidlegare kap. 204). Som ledd i dette vil det bli utarbeidd ein rettleiande mal for samarbeidsavtalar mellom heim og skole.

Mål: Skolen skal utvikle seg gjennom læring og fornying

Rapport 2006–07

Tilstandsvurdering

Læraren og instruktøren er den viktigaste ressursen i skolen og lærebedrifta. Studiar viser ein samanheng mellom lærarens faglege og pedagogiske kompetanse og læringsutbyttet til elevane. Kompetanseutvikling av lærarar, instruktørar og skoleleiarar har derfor vore høgt prioritert i dei siste åra. Regjeringa har gjennom *Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008* løyvd til saman meir enn éin milliard kroner til kommunane frå 2005 til 2007 til reformrelatert kompetanseutvikling, jf. omtale i kap. 226.

Ei undersøking frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det store fleirtalet av grunnskolelærarane har formell pedagogisk utdanning. Omfanget av fagleg fordjuping, målt som minst 60 studiepoeng, varierer. Tre av fire som underviser i norsk har fordjuping, noko som reflekterer fagets sterke forankring i allmennlæruddanninga. I dei siste åra har det vore satsa mykje på realfaga. I perioden 1999–2005 har delen av matematikklærarar i grunnskolen med fordjuping i matematikk auka frå 59 pst. til 67 pst. Ein tilsvarende auke finst når det gjeld natur- og miljøfag. Det er minst fordjuping i engelsk og heimkunnskap. Generelt er omfanget av fagleg fordjuping størst på ungdomstrinnet, der om lag tre av fire lærarar har fordjuping i det faget dei underviser i.

I vidaregåande opplæring har det store fleirtalet av lærarane godkjent formell pedagogisk kompetanse. Den faglege kompetansen, målt ved stillingstype, er generelt sett høg. Dei vanlegaste stillingstypene er adjunkt med opprykk og lektor med opprykk, som kvar utgjer omtrent ein tredjedel av totalen. Det er til dels store variasjonar mellom landsdelane. Delen som er lektor med opprykk, er høgst i Oslo/Akershus og i Agder med over 50 pst. Lågast er delen i Nord-Noreg.

Læring og fornying i skolen er også avhengig av god skoleleiing. Det har vore retta stor merksemd mot skoleleiing i Noreg i dei siste åra. Depar-

tementet har hatt mange store satsingar på program for skoleleiarar. Desse har delvis vore obligatoriske, men har ikkje gitt studiepoeng. Det er òg utvikla mange vidareutdanningstilbod for skoleleiing, og det er etablert eit nettverk for skoleleiing. Skoleleiing har òg vore prioritert i den første fasen av kompetanseutviklingsstrategien.

Status er at ein stor del av rektorane (40 pst. i 2005) manglar formell utdanning i leiing. Men satsing på skoleleiing i kompetanseutviklingsstrategien har medført stor deltaking i etter- og vidareutdanning. I 2006 sa kvar fjerde rektor at han/ho deltek i vidareutdanning. Rektorar opplever jobben som krevjande, men dei fleste trivst. Skoleleiarrolla har utvikla seg ulikt i kommunane avhengig av ulik kommunal organisering.

Internasjonal forskning har vist at skoleleiing er svært viktig for god utvikling av skolesektoren. Førebels er det ikkje grunnlag for å vurdere kvaliteten på skoleleiinga i Noreg samanlikna med andre land. Generelt er det framleis lite forskingsbasert kunnskap på området. Men nokre norske studiar som har undersøkt forholdet mellom leiing og utvikling i skolen, viser tendensar i same retning som den internasjonale forskinga. Noreg og 21 andre land er med i OECD-undersøkinga *Improving School Leadership*. Noreg deltek òg i OECD-studien *TALIS 2007–2008 Teaching and Learning International Survey* om undervisning og læring. Studien er retta mot skoleleiarar og lærarar på ungdomssteget. Desse studiane vil kunne styrkje kunnskapsgrunnlaget for vidare utvikling av skoleleiing.

Sjølv om den formelle kompetansen til lærarar og skoleleiarar til dels er tilfredsstillande, viser forskning, internasjonale undersøkingar og Elevundersøkinga at undervisning og arbeidsmåtar i skolen treng fornying. I Elevundersøkinga 2006 seier til dømes over 60 pst. av elevane på ungdomstrinnet og over 80 pst. av elevane på 5.–7. trinnet at IKT/data blir brukt berre i somme fag eller ikkje i det heile teke. Arbeidet med digitale læringsressursar og utbygginga av elektronisk identitetsforvaltning (FEIDE) i grunnopplæringa har halde fram, og har medverka til at omfanget av digitale læremiddel i opplæringa har auka, jf. omtale i kap. 226. Den låge bruken av IKT i opplæringa kan derfor ikkje forklares med kva slags IKT-utstyr som er tilgjengeleg. Maskin- og internettdekninga er betra i både grunnskolen og vidaregåande opplæring. Med nokre unntak har skolane god nok infrastruktur til å ta i bruk IKT og Internett ved nasjonale prøver og eksamenar. Fylkeskommunane tek no større ansvar for innkjøp, drift og administrasjon av IKT-utstyret ved dei vidaregåande skolane. Situasjonen i

vidaregåande opplæring er betre enn i grunnskolen, med omsyn til både drift og utstyrssituasjonen.

Satsinga på digital kompetanse i skolen er ein sentral del av Kunnskapsløftet. Program for digital kompetanse 2004–2008 legg vekt på at IKT skal fremme kvalitet i opplæringa, motivasjon for læring, betre læringsformer og læringsutbytte. Ei midtvegsevaluering viser at det framover må leggjast meir vekt på den strategiske integreringa av IKT i læringsarbeidet. Dette må sjåast i samanheng med lærarkompetansen som framleis ikkje er på tilfredsstillande nivå. Her har team- og nettverksarbeid (*Lærande nettverk*) vist seg å fungere godt som verktøy for kompetanseutvikling.

Søkinga til utviklingsprogrammet *Kunnskapsløftet – fra ord til handling* viser at det er stor interesse blant skolar og skoleeigarar for å utvikle skolen gjennom læring og fornying. Satsinga i 2007 er utvida til å omfatte auka gjennomføring i vidaregåande opplæring og tidleg innsats, jf. omtale i kap. 226. Det er i 2007 løyvd 65 mill. kroner til programmet, og 47 nye utviklingsprosjekt er sette i gang. Prosjekta involverer til saman 130 barnehagar og skolar. Av desse er 96 grunnskolar og 15 vidaregåande skolar. Sju fylkeskommunar er involverte i prosjekt som skal betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Innanfor lærarutdanningane har FoU-verksemnd medverka til å styrkje praksisfeltet og skape ein betre samanheng mellom utdanning og praksis. Departementet har ført vidare satsinga på forskingsprogrammet for *Praksisretta FoU for barnehage, skole og lærarutdanning* gjennom Noregs forskingsråd. Programmet skal medverke til å gi betre kunnskap om samanhengen mellom yrkesutdanning og yrkespraksis i skole og barnehage, jf. kap. 275.

Perioden 2005–14 er FN's tiår for *Utdanning for bærekraftig utvikling*. I samarbeid med blant andre NRK, Miljøverndepartementet og Noregs forskingsråd har det vore gjennomført fleire tiltak for å auke kompetansen i grunnopplæringa knytt til miljøspørsmål og berekraftig utvikling, jf. nærmere omtale i kap. 226.

Samla vurdering

Departementet vurderer utviklinga som positiv når det gjeld kompetanseheving og utviklingsarbeid i grunnopplæringa. Kompetanseutviklingsstrategien og ulike utviklingsprogram, blant anna samarbeidet mellom profesjonsutdanningane og praksisfeltet, har medverka til det. Men det må framleis leggjast vekt på vidare kompetanseutvikling og på å få meir kunnskap som bakgrunn for å vurdere korleis dette kan gjerast på beste måte. Departementet forventar

at blant anna deltakinga i internasjonale studiar om undervisning og lærar- og skoleleiarkompetanse vil gi meir nyttig kunnskap om forholdet mellom kompetanse, læring og fornying i skolen. Departementet legg òg vekt på at lærarane skal involverast i prioriteringane i vidareføringa av kompetanseutviklingsstrategien og at utviklingsarbeidet skal vere klart forankra på lærestaden, jf. kap. 226.

Læring og fornying gjennom integrering av IKT i det pedagogiske arbeidet er ein del av dette, og eit område som stadig krev merksemd. Departementet vurderer det slik at fleirtalet av skolar i grunnopplæringa no har ein tilfredsstillande infrastruktur, og at ein derfor kan forvente ei positiv utvikling når det gjeld den pedagogiske bruken av IKT, og gjennom det betre læring for elevar og læringar.

Tilstanden på IKT-feltet i grunnopplæringa har aktualisert spørsmålet om normer og standardar for maskinpark og nettilknytning. Departementet ser at dette vil ha både føremonar og ulemper. Normer og standardar kan tene til å stimulere skoleeigarar som ikkje har prioritert dette tilstrekkeleg høgt, til å betre situasjonen. På den andre sida kan slike standardar også setje ei grense som skoleeigarar ikkje strekkjer seg etter å passere. Departementet vil derfor ikkje tilrå standardar og normer i første omgang, men vil følgje utviklinga i sektoren nøye framover.

Strategiar og tiltak

Regjeringa legg vekt på å styrkje kompetansen til lærarar, instruktørar og skoleleiarar. *Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008* blir ført vidare i 2008. Departementet vil setje av 375 mill. kroner til kompetanseutvikling i 2008, og midlane skal gå direkte til skoleeigarar.

Område som er særleg prioriterte i 2008, er kompetanseutvikling i individvurdering. I siste del av strategiperioden skal det òg leggjast vekt på kompetanseutvikling for tilsette i fag- og yrkesopplæringa. Fordeling av midlar mellom kommunar og fylkeskommunar er derfor sett til 65 pst. til kommunane og 35 pst. til fylkeskommunane. Skoleeigarane skal sikre at lærarane og instruktørane ved den enkelte lærestaden blir involverte i arbeidet med planlegging og prioritering av kompetanseutviklingstiltaka.

Departementet vil sikre vidare satsing på skoleleiing. Noreg og 21 andre land er med i OECD-studiane *Improving School Leadership* og *Teaching and Learning International Survey* (TALIS) og IEA-studien *Teacher Education and Development Study* (TEDS-M 2008). Departementet vil gjennom desse

internasjonale undersøkingane innhente meir kunnskap om skoleleiing og lærarkompetanse og vurdere kva slags oppfølging som trengst. Oppfølginga av *Improving School Leadership* vil kunne medverke til å klargjere korleis omgrepet «tydeleg leiing» blir forstått, og gi grunnlag for drøfting av skoleleiarkompetanse og kvalifiseringskrav. Utvikling av god lærings- og undervisningspraksis, samt utvikling av modellar for skoleleiing, er sentrale tema i TALIS. I TEDS-M 2008 er samanheng mellom policy for lærarutdanninga i matematikk, praksis i lærarutdanninga og utbyttet til studentane sentrale tema.

På bakgrunn av den kunnskapen ein får gjennom å delta i internasjonale undersøkingar og nasjonal forskning, vil departementet vurdere om det kan vere aktuelt å stille krav til kompetanse for skoleleiarar. Dei ulike studietilboda som høyskolar og universitet har for skoleleiarar, blir også vurderte.

Med Kunnskapsløftet er det auka krav om lese- og skriveopplæring og krav til digital kompetanse og grunnleggjande dugleik i alle fag. Dette stiller også andre og større krav til undervisninga. Departementet vil halde fram med å stimulere til læring, fornying og kvalitetsutvikling i skolen, blant anna gjennom meir systematisk bruk av IKT som pedagogisk verkemiddel i opplæringa.

For å styrkje lærarkompetansen har departementet sendt ut på høring eit forslag om krav til

kompetanse for å bli tilsett for å undervise på 1. trinn. Forslaget inneber at alle førskoleleiarar som skal tilsetjast, må ha minst 60 studiepoeng vidareutdanning. For nytilsetjing på ungdomstrinnet er forslaget at det skal krevjast minst eitt års fordjuping for å undervise i norsk, matematikk og engelsk. Endringar i kompetanseskrifta skal fastsetjast etter årsskiftet og gjerast gjeldande frå og med tilsetjingar for skoleåret 2008–09.

Programmet *Praksisretta FoU i grunnopplæring, barnehage og lærarutdanning* vil bli vidareført i 2008. Programmet har som mål å forbetre praksisfeltet og lærarutdanninga gjennom samarbeid mellom lærarutdanning og skole-/barnehageeigar. I 2008 skal programmet strukturere, samordne og koordinere eksisterande samarbeid og utvikle modellar for samarbeid mellom lærarutdanning og skole-/barnehageeigar innanfor eit breitt felt av ansvarsoppgåver. Dette skal resultere i varige institusjonelt forankra samarbeidsformer. Programmet blir administrert av Noregs forskingsråd. Sjå omtale i kap. 275.

Kunnskapsløftet – fra ord til handling blir vidareført i 2008. Det vil bli lagt vekt på å få fram gode prosjekt knytte til tidleg innsats og gjennomføring i vidaregåande opplæring.

I tråd med FN's tiår *Utdanning for berekraftig utvikling* skal det utarbeidast ein samla nasjonal strategi for utdanning for berekraftig utvikling, jf. kap. 226.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	145 458	146 314	145 187
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	20 405	5 199	5 871
70	Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	36 281	38 814	40 483
	Sum kap. 220	202 144	190 327	191 541

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Utdanningsdirektoratet. Direktoratet har lokale i Oslo, Hamar og Molde, og hadde om lag 250 tilsette i 2006. Hovudoppgåvene for direktoratet er:

- å fremme kvalitetsutvikling i grunnopplæringa
- å fremme kvalitetsvurdering, analyse og dokumentasjon av grunnopplæringa
- å utføre forvaltningsoppgåver knytte til grunnopplæringa

Direktoratet skal gjennom ulike tiltak medverke til å sikre at den nasjonale utdanningspolitikken som er fastsett i lov og forskrift blir oppfylt, slik at barn, ungdom og vaksne i heile landet kan få ei god og forsvarleg grunnopplæring tilpassa føresetnadene og behova til den enkelte. For nærmare omtale av oppgåver, sjå omtalen i innleiinga til programkategorien og kap. 226.

Direktoratet er delegert mynde i forvaltningsaker når det gjeld opplæringslova, privatskolelova

og folkehøgskolelova, samt forvaltning av regelverk, tilsyn, rettferdsvederlag og forsøk etter opplæringslova.

Direktoratet er delegert mynde i forvaltningsaker som gjeld

- det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped), jf. kap. 230
- etatsstyringa av statlege skolar som gir grunnopplæring, jf. kap. 222
- embetsstyringa av fylkesmannsembeta på utdanningsområdet, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet
- tilskott til eksamensforvaltning, privatskolar, folkehøgskolar og andre formål, jf. kap. 225, 227, 228, 229 og 253
- fagleg styring av åtte nasjonale senter, jf. kap. 226
- styringa av *Forsknings- og kompetansenettverket for IT i utdanninga*, jf. kap. 226

Direktoratet har sekretariatsfunksjonen for *Samarbeidsrådet for yrkesopplæring*, som er eit samarbeidsråd for partane i arbeidslivet og utdanningsmyndighetene, og sekretariatsfunksjonen for dei ni yrkesfaglege råda, som har eit overordna ansvar for fag- og yrkesopplæringa. Direktoratet er sentral instans for godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for lærarar frå utlandet.

Rapport for 2006-07

Etter departementet sitt syn har direktoratet gjennomført oppgåvene sine for 2006 på ein tilfredsstillande måte. Gjennomføringa av Kunnskapsløftet har stått sentralt både i 2006 og 2007. Arbeidet med Kunnskapsløftet skjer innanfor heile spekteret av oppgåver som direktoratet har ansvar for, både utviklingsarbeid, oppfølgingsarbeid og arbeid knytt til forvaltning av regelverk og tilsyn.

Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

Det vart utvikla nye læreplanar i norsk og samisk for fag i grunnskolen og innanfor fag- og yrkesopplæringa i tråd med innføringstakten i reforma, jf. kap. 226.

Oppfølging av *Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008* har i 2006 femna om forvaltning av kompetanseutviklingsmidlane, evaluering av strategien, støtte og rettleiingsarbeid knytt til strategien, informasjon om strategien til grunnopplæringa og kontakt med samarbeidspartane, mellom anna universitets- og høgskoleinstitusjonar, jf. kap. 226.

Direktoratet har følgd opp dei nasjonale strategiane, mellom anna ved å gjennomføre tiltak på bakgrunn av evalueringsresultat. På regionale konferansar og samlingar er det lagt vekt på erfaringsutveksling og kompetanseheving. Å leggje til rette for bruk av Internett har vore sentralt for fleire av strategiane. Samarbeid med forskingsmiljø og dei regionale vitensentra har òg vore eit sentralt verkemiddel. For nærmare resultatrapport om både nasjonale strategiar og nasjonale senter, jf. kap. 226.

Kvalitetsvurdering, analyse og dokumentasjon av grunnopplæringa

Direktoratet har i perioden 2006–11 ansvar for å organisere evalueringa av Kunnskapsløftet. I 2006 er fleire oppdrag utlyste og deretter tildelte til ulike forskingsmiljø. Det vil komme årlege delrapportar frå alle devalueringane.

Direktoratet har revidert det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, og det er utvikla nye nasjonale prøver for 5. og 8. trinn og kartleggingsmaterieill for 2. trinn. Direktoratet har òg revidert nettstaden Skoleporten, Elevundersøkinga, Lærarundersøkinga og Foreldreundersøkinga. Revideringa av Lærling- og Instruktørundersøkinga er starta.

Direktoratet har initiert og følgd opp kartleggingar, statistikk, internasjonale studiar og evalueringar innanfor nasjonale satsingsområde. Statistikkgrunnlaget for grunnopplæringa er vidareutvikla.

Kvart år publiserer direktoratet *Utdanningsspeilet*, som mellom anna omtalar statistikk og forskning innanfor grunnopplæringa.

Forvaltningsoppgåver knytte til grunnopplæringa

Direktoratet har utført forvaltningsoppgåver som tilsyn og oppfølging av regelverk, gjennomføring av eksamen og prøver og forvaltning av tilskottsordningar.

Tilsyn har vore eit satsingsområde både i 2006 og 2007. Det første felles nasjonale tilsynet på opplæringsfeltet vart gjennomført av fylkesmannen våren 2006. Formålet var å undersøkje om kommunane oppfylte pliktane sine etter opplæringslova § 13-10 andre ledd, om å ha eit forsvarleg system for vurdering og oppfølging av om krav i lov og forskrift blir følgde. Tilsynet viste at om lag 70 pst. av dei 55 tilsynskommunane ikkje fullt ut oppfyller lovkravet. Direktoratet har følgd opp resultatet overfor kommunane. I tillegg har direktoratet i samarbeid med KS utarbeidd ei rettleiing som omtalar innhaldet og krava i lovreglane, og som gir

skoleeigarane nødvendig rettleiing om det overordna ansvaret. Våren 2007 gjennomførte fylkesmannen det andre nasjonale tilsynet, der temaet var om skoleeigar oppfyller lovkrav om tilpassa opplæring og spesialundervisning, samt om skoleeigar har eit forsvarleg system for å sikre dette. Resultatet viser eitt eller fleire avvik i 17 av 18 fylkeskommunar og i 80 av dei 90 kommunane tilsynet omfatta.

Utdanningsdirektoratet var delegert mynde til å godkjenne friskolar etter den tidlegare friskolelova og private grunnskolar etter opplæringslova. I 2006 godkjende direktoratet fem nye frittstående skolar på grunnskolenivå og om lag 35 endringar for eksisterande skolar.

Utdanningsdirektoratet har gjennom sekretariatsansvaret for SRY og dei faglege råda lagt til rette for trepartssamarbeidet om fag- og yrkesopplæringa i utforminga og gjennomføringa av Kunnskapsløftet. Innhaldet i opplæringa har stått sentralt, mellom anna ulike sider ved tilbudsstrukturen og læreplanane. Vurdering, dokumentasjon og analyse av feltet samt EU-samarbeidet om yrkesopplæring har òg vore viktige område.

Utdanningsdirektoratet har fått delegert ansvaret for fagleg styring av dei åtte nasjonale sentra som departementet har oppretta. Senter for Kunst og kultur i opplæringa ved Høgskolen i Bodø vart oppretta 1. januar 2007.

Direktoratet er delegert mynde til å førebu handsaminga av søknader om rettferdsvederlag som gjeld grunnopplæringa. På grunn av stor pågang av søknader vart det i 2006 sett i verk tiltak for å få redusert sakshandsamingstida.

Mål for 2008

Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

Utdanningsdirektoratet skal mellom anna fastsetje dei siste læreplanane innanfor Kunnskapsløftet, slik at nye læreplanar blir innførte for 3. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2008.

Direktoratet skal følgje opp arbeidet knytt til *Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008*, dei nasjonale strategiplanane og anna utviklingsarbeid.

Kvalitetsvurdering, analyse og dokumentasjon

Direktoratet skal forvalte og vidareføre det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, mellom anna den reviderte nettstaden Skoleporten.

Direktoratet skal følgje opp strategidokumentet *Kunnskap for utvikling* i samband med oppgåver knytte til forskning, analyse og dokumentasjon.

Forvaltningsoppgåver

Oppgåva med å føre tilsyn med grunnopplæringa skal prioriterast opp i 2008, og departementet vil framleis stille aktivitetskrav for tilsynet. Direktoratet skal gjennomføre nasjonalt tilsyn med felles tema og metodikk våren 2008.

Direktoratet skal utføre ordinære forvaltningsoppgåver knytte til lov og regelverk, eksamen og prøver, tilskottsforvaltning, etatsstyring, embetsstyring og fagleg styring av nasjonale senter.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår ei samla løyving på post 01 på 145,2 mill. kroner i 2008. Dette inneber ein reell reduksjon på 5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2007.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70, og post 70 Tilskott til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga på post 21 og 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er grunnlag for kommersiell produksjon. Dette kan omfatte læremiddel for smale fag / små elevgrupper, særskilt tilrettelagde læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar.

Det er gitt tilskott til produksjon av læremiddel for Vg2 og Vg3 (basis-, parallell- og fellesspråklege utgivingar) innanfor yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram. Eit pilotprosjekt knytt til utvikling av eit nettbasert læremiddel innanfor utdanningsprogrammet for design og handverk er ferdig. Læremiddelet har overføringsverdi til læremiddelutvikling generelt, særleg innanfor yrkesfag. Det er gitt støtte til multifunksjonelle læremiddel for grunnskolen, læremiddel for hørselshemma og læremiddel for synshemma. Det er òg gitt tilskott til mellom anna læremiddel i grunnleggjande norsk og morsmål for elevar frå språklege minoritetar. Det er utvikla både trykte og digitale læremiddel innanfor alle områda.

Det nordiske ordbokprosjektet LEXIN-N er ført vidare, med tre illustrerte, tospråklege nettordbøker i MINI-utgåver.

Det er sett i gang arbeid med å lage ein plan for læremiddelarbeid for perioden 2007–10. Direktoratet har initiert nettverksbygging på læremiddelfeltet, og det er nedsett eit rådgivande utval for læremiddelspørsmål og etablert faggrupper knytte til ulike målgrupper og fagområde.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Inntekter frå oppdrag	7 579	5 037	5 254
02	Salsinntekter o.a.	11 557	12 042	12 560
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 365		
18	Refusjon av sjukepengar	3 440		
	Sum kap. 3220	23 941	17 079	17 814

Kap. 221 Foreldreutvalet for grunnskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter			7 371
	Sum kap. 221			7 371

Løyvinga gjeld drift av Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG), tidlegare kap. 204. FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom skole og heim. FUG skal arbeide for godt samarbeid mellom skole og heim, og skal ta i vare interessene til foreldra i skolesamanheng.

Funksjonstida til det noverande utvalet går ut 31. desember 2007. Departementet har starta prosessen med å oppnemne nytt utval med funksjonstid frå 1. januar 2008 til 31. desember 2011.

Rapport for 2006–07

Etter departementet sitt syn har FUG gjennomført dei pålagde oppgåvene sine for 2006 på ein tilfredsstillande måte.

FUG har gjennomført fleire tiltak for å auke kompetansen om samarbeidet mellom heim og skole både hos foreldre og i skolen. Informasjon til foreldre, tilsette i skolen og skoleeigarar er send i ei skolestartpakke til alle skolar. I tillegg har FUG satsa på eit samarbeid med KS som eit ledd i å få skoleeigarar til å sette fokus på heim-skole-samarbeid. Medlemmene i FUG har elles hatt ei omfattande kurs- og foredragsverksemd rundt om i landet, og etterspurnaden har vore stor, mellom anna frå fleire lærarutdanningar. FUG har vidareutvikla informasjonsmateriellet og i auka grad tilpassa det til dei ulike målgruppene. FUG har lagt vekt på å framstå som kunnskapsformidlar og brubyggjar. FUG har prioritert informasjonsarbeid, mellom

anna om Kunnskapsløftet, og på nettstadene fug.no og foreldrenettet.no kan interesserte finne relevant stoff.

FUG har hatt oppgåver knytte til enkelte av dei nasjonale strategiplanane. Strategien for likeverdig opplæring i praksis har omfatta FUG-prosjektet *Minoritetspråklege foreldre – ein ressurs for elevane si opplæring i skolen*. Prosjektet er avslutta og evaluert av Rambøll Management AS, og resultatane tyder på at prosjektet har vore vellykka. I kjølvatnet av prosjektet er det oppretta minoritetspråklege ressursnettverk (MiR) i fire kommunar, og det er også gjennomført kurs i familielæringsmetoden, dette som eit ledd i å involvere foreldregrupper som vanlegvis ikkje blir rekna som ressurssterke.

Ein annan viktig del av FUGs rolle som rådgivande organ har vore deltaking i ulike referanse- og samarbeidsgrupper for oppfølging av skolepolitiske satsingar. FUG har samarbeidd med sentrale aktørar på utdanningsfeltet for på den måten å få ei samla satsing på utviklinga av samarbeidet. Det har vore særskild viktig å formidle at skolane må ha eit ressursfokus, ikkje eit mangelfokus, på foreldra.

FUG har følgd opp målsettinga om skoloring av tillitsvalde foreldre gjennom informasjon og rådgiving. Ved at foreldre frå fleire skolar går saman i kommunale foreldreutval (KFU), kan dei få større grad av medverknad i utforminga av lokale oppveksttiltak. I arbeidet med å få oppretta fleire KFU har FUG valt ut Nord-Trøndelag som prosjektfylke

for ekstra innsats. Der har førebels elleve av 24 kommunar fått KFU.

Mange foreldre tek kontakt med FUG for å få informasjon og råd når det gjeld det fysiske og det psykososiale læringsmiljøet. FUG har delteke i arbeidet til Utdanningsdirektoratet med å lage ei rettleiing for skolemiljøutval. FUG deltek òg i Skolemiljøalliansen, eit forum som er oppteke av å betre det fysiske læringsmiljøet til elevane.

Mål for 2008

Samarbeidet mellom heim og skole skal komme elevane til gode, slik at dei får eit best mogleg utbytte av opplæringa. Eit godt samarbeid kan medverke til å jamne ut sosiale forskjellar mellom elevar.

FUG skal i 2008:

- fortsette å informere skoleverket om den rolla foreldre har for opplæringa til elevane, dette for å auke kompetansen i heim-skole-samarbeid for dei tilsette i skolen
- fortsette å arbeide for at alle foreldre engasjerer seg i opplæringa, uavhengig av sosial bakgrunn, mellom anna ved å spreie kunnskap om samanhengen mellom foreldrestøtte og motivasjonen til elevane
- fortsette å gi informasjon og rettleiing til foreldre, særleg tillitsvalde foreldre

Budsjettforslag for 2008

Løyvinga under kapitlet blir ført vidare på same nivå som i 2007. Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3221 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3221 Foreldreutvalet for grunnskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		
		2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
02	Salsinntekter o.a.			264
	Sum kap. 3221			264

Inntektene på post 02 kjem frå sal av informasjons- og rettleiingsmateriell til mellom anna foreldre og skolar.

Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		
		2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	137 853	110 869	114 252
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 215	4 187	4 292
	Sum kap. 222	140 068	115 056	118 544

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald

Kapitlet omfattar mellom anna:

- drift av skole og internat ved Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal
- undervisnings- og internattenester ved dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv

- drift av Samisk vidaregåande skole i Karasjok og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino
- drift og vedlikehald av Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skolar og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Longyearbyen skole

Longyearbyen skole hadde i 2006 192 elevar om våren og 189 elevar om hausten i grunnskolen. Det er om lag som året før. I vidaregåande avdeling var det i 2006 42 heiltidselevar og fem delkurselevar om våren og 31 heilårselevar og sju deltidselevar om hausten (45 elevar året før). I tillegg til studieretning for allmenne fag gav skolen tilbod i Vg1 mekaniske fag og Vg1 helse- og sosialfag. Skolen hadde 19 framandspråklege elevar. Om lag 50 deltok i skolefritidsordninga, og om lag 100 fekk tilbod frå kulturskolen. I løpet av året deltok om lag 50 vaksne på kurs i norsk med samfunnsfag for framandspråklege. Ved slutten av året hadde skolen 45 tilsette i til saman 39 årsverk. Om lag 75 pst. av dei tilsette var kvinner. Skolen spelar ei aktiv rolle i lokalsamfunnet og har samarbeid med næringslivet, mellom anna om grunnkurs i mekaniske fag.

Longyearbyen skole vart frå 1. januar 2007 overført til Longyearbyen lokalstyre, som tok over styrings- og driftsansvaret for skolen og arbeidsgivaransvaret for dei tilsette. Frå same tid fall det statlege styret for skolen, som var oppnemnt av Kunnskapsdepartementet, bort. Tilhørande løyving på kap. 222 vart rammeoverført til Svalbardbudsjettet kap. 480 post 50.

Grunnskolar for samiske elevar

Sameskolen i Midt-Noreg hadde i skoleåret 2006–07 elleve faste elevar mot tolv året før. Skolen gav fjernundervisningstilbod i sørsamisk til 15 elevar ved ni skolar (25 elevar ved 18 skolar året før). 27 elevar nytta seg av tilbod om integreringsopphald/språkveil ved skolen med internatopphald i seks uker à 30 timar. Skolen har ambulerande lærar som besøker skolar med elevar som skal ha opplæring i sørsamisk og andre samiske emne. Det blir òg gitt rettleiing til foreldre, lærarar og skoleleinga.

Sameskolen i Snåsa hadde i 2006 13 elevar på våren og 18 elevar på hausten. Det vart gitt fjernundervisning i sørsamisk til 15 elevar på våren og 13 på hausten.

Sameskolen i Målselv hadde i 2006 13 elevar på våren og 18 på hausten.

Med grunnlag i erfaringane frå ulike prosjekt om fjernundervisning i samisk vil det bli utarbeidd ein samla plan for fjernundervisning i samisk, mellom anna for å leggje til rette for ordinær drift av fjernundervisning på alle dei tre samiske språka (nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk).

Spørsmål om det framleis vil vere bruk for internatskolane skal i den samanheng vurderast, jf. at målsettinga med sørsameprosjektet (sørsamisk opplæring ved heimeskolen) var å «utvikle alternativer til sørsamisk grunnskole opplæring på internatskole» (St.prp.nr. 1 (1998–99)).

Statlege samiske vidaregåande skolar

I skoleåret 2006–07 hadde Samisk vidaregåande skole i Karasjok 104 elevar fordelt på fire utdanningsprogram (110 elevar i seks studieretningar året før). I tillegg hadde skolen 17 delkurselevar og 19 elevar som fekk fjernundervisning i samisk. 58 personar frå det lokale næringslivet deltok på ulike kurs som skolen arrangerte. Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino hadde 92 elevar i fem utdanningsprogram (90 elevar i fem studieretningar året før). I tillegg hadde skolen ni delkurselevar og 20 privatistar. Begge skolane har lagt til rette ei vertsfamilieordning for elevar som må bu borte frå foreldreheimen mens dei går på skolen. Ordninga er primært for 16- og 17-åringar. Dette er eit positivt tiltak som fører til mindre fråvær og mindre fråfall. Skolane dekkjer ei godtgjeing til vertsfamiliane, medan elevane sjølv betaler for hybel og kost. Alle elevane som søkte, fekk tilbod om plass ved den skolen dei ønskte.

Dei samiske vidaregåande skolane i Karasjok og Kautokeino er for samiske elevar frå heile landet. For å sikre eit godt butilbod for tilreisande elevar må ordninga med vertsfamiliar halde fram. For elevar som vel å ta vidaregåande opplæring i heimfylket, må skolane vidareutvikle tilbod til heimeskolen/heimfylket om fjernundervisning i samisk. Skolane må samarbeide om Kunnskapsløftet med nye læreplanar, og om kompetanseutvikling for lærarane. Dei kan òg nytte tilboda som Finnmark fylkeskommune legg til rette i fylket. Skolane skal framleis utvikle og tilby vaksenopplæringskurs og relevante kurs for næringslivet.

Framtidig forvaltningsansvar for dei to statlege samiske vidaregåande skolane vart i 2002 utgreidd av Kvalvikutvalet, som foreslo at ansvaret burde leggjast til Sametinget. På grunnlag av høringsfråsegner og nye kontaktar med partane nedsette departementet i 2006 ei arbeidsgruppe med representantar frå Sametinget, Utdanningsdirektoratet og departementet til å vurdere saka. Gruppa tilrår at det blir ført forhandlingar om overføring av skolane til fylkeskommunen. Rapporten frå arbeidsgruppa er send Sametinget til uttale. Vidare arbeid vil skje i samråd med Sametinget, og departementet vil komme tilbake til saka overfor Stortinget.

Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar

Skolen hadde i 2006 29 elevar frå ni fylke på heiltidstilbod for blomsterdekoratørar og 14 som tok komprimert kurs. Det var elleve deltakarar på den modulbaserte gartnarutdanninga. I tillegg kjem deltakarar på ulike korte kurs. Fleire elevar har vidaregåande opplæring før dei tek utdanning på Veia. Skolen har mange vaksne elevar. I samsvar med omstillingsprosjektet frå 2002 er den vidaregåande opplæringa redusert noko i dei siste åra.

NOKUT godkjende våren 2006 fagskoleutdanning i *Botanisk design* og *Grøn fagskole*. Våren 2007 vart fagskoleutdanninga *Park- og hagedrift* godkjend. I skoleåret 2006–07 hadde skolen 22 fagskolestudentar. Kompetanseutviklingsprogrammet for personalet heldt fram, og skolen hadde framleis ei aktiv rolle i internasjonalt samarbeidsprogram for blomsterdekoratørutdanning, mellom anna vart skolen vald som hovudsenter for eit internasjonalt nettverk for skolar i ei rekkje land. Frå 1. juni 2007 vart namnet på skolen endra til *Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar*.

Fagskoletilboda skal vidareutviklast, og det skal leggjast til rette fleksible studietilbod for å nå ulike målgrupper som ønskjer fagskoleutdanning. Elevar som er i gang med vidaregåande opplæring, skal få fullføre ho ved Veia, dersom det er elevgrunnlag. Skolen skal framleis gi vidaregåande tilbod for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3222 post 61.

Kompetanseutviklingsprogrammet for dei tilsette, som starta hausten 2005 med sikte på omlegginga til fagskoleutdanninga, skal halde fram. Det same gjeld det faglege samarbeidet med andre relevante fagmiljø og det internasjonale arbeidet.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 som følgje av auka timetall i barneskolen, frukt og grønt og innføring av gratis læremiddel i Vg3. Løyvinga på kap. 222 post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3222 postane 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Løyvinga på post 45 kan overførast.

Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		
		2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
02	Salsinntekter o.a.	7 161	5 116	5 336
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	195		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	641		
17	Refusjon lærlingar	4		
18	Refusjon av sjukepengar	3 231		
61	Refusjon frå fylkeskommunar	2 534	1 377	1 435
	Sum kap. 3222	13 766	6 493	6 771

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine og hybelutleige, og betaling frå heimeskolane for fjernundervis-

ning. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar.

Kap. 223 Samisk utdanningsadministrasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		
		2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
50	Tilskott til Sametinget			31 887
	Sum kap. 223			31 887

Tal for rekneskap og saldert budsjett er å finne under kap. 206.

Kapitlet omfattar:

- tilskott til drift av Sametingets avdeling for opplæring, språk og kulturproduksjon og utvikling av læremiddel for samiske elevar, medrekna spesialpedagogiske læremiddel
- læreplanarbeid og -utvikling
- råd og rettleiing til lærarar som gir opplæring til samiske elevar i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring

Utvikling av læreplanar etter *Kunnskapsløftet* har vore ei hovudoppgåve. Samisk innhald i nasjonale læreplanar etter *Kunnskapsløftet* er fastsett av Sametinget i dialog med Utdanningsdirektoratet. Gjennom samarbeid med skoleeigar og skolestyresmakter har Sametinget arbeidd for at informasjon om retten til samisk opplæring i høve til opplæringslova når fram til brukarane.

Arbeidet med *Kunnskapsløftet – Samisk* har vore svært omfattande. Dette er den største reforma innanfor opplæring som Sametinget har utvikla i samarbeid med Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet. Utvikling og drøfting av Sametingets rolle og ansvar i skolereforma har vore utfordrande for Sametinget og sentrale styresmakter. Arbeidet har i stor grad vore konsentrert om høringsforslag og endeleg fastsetjing av ulike delar av læreplanverket. Generell del av læreplanverket utdjuar det verdigrunlaget og menneskesynet som skal ligge til grunn for opplæringa. Den generelle delen frå L97/L97S er vidareført i *Kunnskapsløftet* og i *Kunnskapsløftet – Samisk*.

Sametinget har, som ein del av *Læreplanverket for Kunnskapsløftet – Samisk*, vedtatt *Prinsipp og rammer for opplæringa i samisk skole og lærebedrift*. Prinsippa tydeleggjer det ansvaret skoleeigar har for heilskapleg opplæring i samsvar med regelver-

ket, og dei er tilpassa lokale og individuelle føresetnader og behov. Ein eigen samisk læringsplakat inngår i prinsippa og er ei oppsummering av dei grunnleggjande pliktene til den enkelte skolen og lærestaden. Læringsplakaten slår mellom anna fast følgjande:

«Den samiske skolen og lærebedrifta skal leggje til rette for at elevane/lærlingane får ei kvalitetsmessig god opplæring med basis i samisk språk, kultur og samfunnsliv.»

Sametinget har initiert ei ekstern evaluering av tilskotet til samiske læremiddel og strategiplanen for samiske læremiddel. Evalueringa syner at tilskotsordninga ikkje har fungert tilfredsstillande. Departementet vil følgje opp evalueringa.

Departementet legg vekt på god kommunikasjon med Sametinget i saker som gjeld opplæring generelt og opplæring i høve til det samiske folket spesielt. Sametinget har ansvar for å ta i vare alle dei tre samiske språka og har rådgivingsoppgåver overfor kommunar og fylkeskommunar om samisk opplæring. Sametinget har eit særskilt ansvar for å følgje opp grunnopplæringa i kommunar som blir innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk. Departementet føreset at Sametinget i 2008 tek del i arbeidet med vidareutvikling av opplæringa på det samiske området, mellom anna gjennom oppfølging av *Kunnskapsløftet* og ved informasjon, rettleiing, kompetanseutvikling, utvikling av samiske læremiddel og anna utviklingsarbeid. Departementet ventar at Sametinget tek del i arbeidet med å få til eit fastare driftsopplegg for fjernundervisning i dei samiske språka og i arbeidet med endra forvaltningsordning for dei statlege samiske skolane, jf. kap. 222.

Departementet foreslår at løyvinga under kapitlet blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	124 386	119 596	122 738
60	Tilskott til landslinjer	144 841	150 055	156 405
63	Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	43 060	47 775	51 196
64	Tilskott til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak	850 541	66 905	60 867
65	Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring	28 839	29 880	31 135
66	Tilskott til leirskoleopplæring	30 797	35 782	37 285

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
67	Tilskott til opplæring i finsk	8 726	9 507	10 566
68	Tilskott til opplæring i kriminalomsorga	142 349	160 860	175 611
69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	326 080	344 287	324 032
70	Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar med særskilde behov	6 117	7 988	8 331
71	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	8 070	8 377	8 737
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram	47 878	4 260	3 810
73	Tilskott til studieopphald i utlandet	8 101	8 398	8 759
74	Tilskott til organisasjonar	10 556	9 296	10 946
75	Stiftelsen Arkivet	2 961		
	Sum kap. 225	1 783 302	1 002 966	1 010 418

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld avgangsprøva i grunnskolen, sentralt gitt skriftleg eksamen i vidaregåande opplæring og den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøva innanfor yrkesfaga.

Rapport for 2006–07

Løyvinga dekte arbeid knytt til utarbeiding og gjennomføring av alle sentralt gitte avgangsprøver i grunnskolen og eksamensoppgåver i vidaregåande opplæring. Arbeidet omfatta også utarbeiding av vurderingsrettleiingar, skolering av fagnemnder, gjennomføring av førehandssensur og sentral sensur, klagehandsaming og skolering av sensorar.

Våren 2007 var om lag 67 000 elevar oppe til avgangsprøva i grunnskolen. I vidaregåande opplæring var det om lag 175 000 avlagde eksamenar. Utdanningsdirektoratet organiserte og administrerte om lag 330 fagnemnder med til saman over 800 medlemmer. Det var utarbeidd totalt 471 oppgavesett våren 2007, og om lag 2 700 sensorar deltok i vurderingsarbeidet.

Løyvinga har også dekt utviklingsarbeid knytt til eksamen i Kunnskapsløftet. Eksamen i engelsk for Vg1 på studieførebuande utdanningsprogram var den første eksamenen i Kunnskapsløftet, og han vart gjennomført våren 2007. I tillegg har direktoratet laga eksempeloppgåver som skolane har kunna nytte, til dømes til heildagsprøver.

Delar av løyvinga har vore nytta til anna utviklingsarbeid på vurderingsfeltet, mellom anna forsøk med digital eksamen.

Mål for 2008

Utdanningsdirektoratet skal sørge for utarbeiding og gjennomføring av eksamen i grunnskolen våren 2008 etter læreplanane i Kunnskapsløftet, sentralt gitt skriftleg eksamen i vidaregåande opplæring både etter læreplanar i Reform 94 og Kunnskapsløftet samt den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøva innanfor yrkesfaga. Det skal også gjennomførast andre oppgåver knytte til eksamen, mellom anna sentral sensur, klagehandsaming og skolering av sensorar, i regi av fylkesmannen.

Utdanningsdirektoratet skal utarbeide eksempeloppgåver for eksamen i Kunnskapsløftet som skal gjennomførast våren 2008, slik at elevar og lærarar kan gjere seg kjende med dei eksamensformene som vil bli gjennomførte i Kunnskapsløftet. Direktoratet skal også utarbeide vurderingsrettleiingar og gjennomføre skolering av prøvenemndene.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Departementet foreslår å føre vidare prøveavgifta for privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag- og/eller sveineprøve etter opplæringslova §3-5 på same nivå som i 2007, jf. forslag til vedtak IV nr. 1.

Post 60 Landslinjer

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å gi elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring.

Regjeringa ønskjer å sikre landslinjene stabil og langsiktig statleg finansiering.

I skoleåret 2006–07 var kapasiteten 1 340 heilårselevplassar, og våren 2007 var det 1 175 elevar ved landslinjene. Av desse kom 636 elevar frå vertsfylkeskommunen og 539 elevar frå andre fylkeskommunar.

Kapasitetsutnyttinga samla for alle landslinjene var på om lag 88 pst.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 62 Tilskott til digitale læremiddel i vidaregåande opplæring, kan overførast

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2006 vart det løyvd 50 mill. kroner til utvikling og innkjøp av digitale læremiddel i vidaregåande opplæring, jf. Innst. S. nr. 205 (2005–2006) og St.prp. nr. 66 (2005–2006). Departementet har i 2007 tildelt midlar til tre prosjekt etter ei utlysing til fylkeskommunane. Midlane vart tildelte til Oslo kommune (real-fag), Nord-Trøndelag fylkeskommune (sosial- og helsefag), og til ein fellessøknad frå 18 fylkeskommunar kalla Nasjonal digital læringsarena (norsk og naturfag). Dei digitale læremidla skal gjerast tilgjengelege gjennom utdanningsportalen *Utdanning.no*

Post 63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det to tilskottsordningar, ei for grunnskolen og ei for den vidaregåande opplæringa.

Grunnskolen

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i samisk for samiske elevar i grunnskolen i samsvar med rettane slik dei går fram av § 6-2 i opplæringslova. Tilskottet går òg til å styrkje kompetansen til lærarane i samisk. I skoleåret 2006–07 fekk om lag 2 672 elevar i grunnskolen opplæring i samisk. Dette er ein nedgang på om lag 12 pst. frå skoleåret 2005–06. Talet på studieheimlar har vore på om lag same nivå i dei siste åra.

Vidaregåande opplæring

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i samisk for samiske elevar/lærlingar i vidaregåande opplæring i samsvar med rettane slik dei går fram av § 6-3 i opplæringslova.

Våren 2007 fekk totalt 285 elevar/lærlingar opplæring i samisk i vidaregåande opplæring, mot 310 elevar våren 2006. Av desse fekk 283 elevar/lærlingar opplæring i fylkeskommunale skolar og to elevar/lærlingar opplæring i frittstående skolar.

Prognosen for 2008 viser at elevtalet, både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, vil auke. Departementet foreslår derfor at løyvinga blir auka i 2008.

Post 64 Tilskott til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak

I 2006 var det to tilskottsordningar under denne posten.

Særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring

Målet med tilskottsordninga har vore å medverke med finansiering av særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring i grunnskolen.

Tilskottet til særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring for barn med anna morsmål enn norsk og samisk vart innlemma i rammetilskottet til kommunane med 842 mill. kroner i 2007, fordelte etter rekneskapstal for 2004. Rekneskapstall for 2006 er nå tilgjengelege og det vil derfor bli gjennomført ein omfordeling av midlane i tråd med desse.

Tilskott til grunnskoleopplæring av barn og unge i statlege asylmottak

Målet for tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at barn og unge i statlege asylmottak får grunnskoleopplæring så snart som mogleg etter at dei har komme til landet.

Talet på barn og unge i statlege asylmottak varierer mykje. Løyvinga på posten er vanskeleg å rekne ut på førehand fordi ho avheng av internasjonale tilhøve som varierer frå år til år. Det er forventat at om lag 5 500 personar treng opplæring i 2008.

Departementet foreslår at løyvinga blir redusert i 2008, dette på grunn av lågare forventa belegg på asylmottaka.

Post 65 Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at det blir gitt ekstra språkopplæring for elevar og lærlingar med språkleg minoritetsbakgrunn i vidaregåande opplæring.

Våren 2007 vart det utbetalt tilskott for 6 171 minoritetsspråklege elevar og lærlingar, mot 6 535 våren 2006.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 66 Tilskott til leirskoleopplæring

Målet med tilskottsordninga er å stimulere kommunane til å gi alle elevar eit leirskoleopphald i løpet av skoletida.

Tal frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) per 1. oktober 2006 viste at 64 969 elevar planla å reise på leirskole i skoleåret 2006–07. Dette utgjer om lag 10 pst. av alle elevar i grunnskolen, noko som skulle tyde på at dei aller fleste elevane i grunnskolen får tilbod om leirskoleopphald i løpet av grunnskolen.

Det vart i 2006 gjennomført ei evaluering av ordninga for skoleåret 2005–06. Evalueringa viser at 9,5 pst. av elevane reiste på leirskole, og at gjennomsnittslengda på leirskoleopphalda var fire overnattingar. Om lag 70 pst. av kostnadene blir dekte av rammeoverføringa til kommunane og av kommunane sjølve, 21 pst. blir dekte av det øyremerkte tilskottet og om lag 9 pst. blir dekte av gåver, dugnad osv. Evalueringa syner vidare at i overkant av 90 pst. av gruppene reiste på såkalla bemanna leirskolar, resten på ekskursjonar og turar av anna slag.

Det vart òg undersøkt korleis elevane og lærarane opplevde leirskoleopphalda. 4 pst. meinte opphaldet var for langt, 44 pst. at det var passe langt, og 52 pst. at det var for kort. Når det gjeld innhaldet i opplæringa, meinte 18 pst. at det var for omfattande, 78 pst. at det var passe, og 4 pst. at det var for lite. Det inntrykket elevane hadde av opphaldet fordelte seg slik: 82 pst. hadde eit godt inntrykk, 16 pst. eit middels godt inntrykk og 2 pst. eit dårleg inntrykk.

Lærarane vurderte det faglege læringsutbyttet for elevane slik: større forståing for miljøansvaret og samspillet med naturen, naturopplevingar, verdsetjing av naturen, betre kunnskapar om førstehjelp, forståing for at ein må kle seg etter forholda, fysisk aktivitet, lokalthistorisk kunnskap, forståing for at ein bør ta omsyn til andre, verdien av samarbeid, ta ansvar, meistring og samspel med andre.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 67 Tilskott til opplæring i finsk

Under denne posten er det to tilskottsordningar, ei for grunnskolen og ei for den vidaregåande opplæringa.

Målet med tilskottet til grunnopplæringa er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i finsk i samsvar med dei rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Tilskottet skal også medverke til å styrkje kompetansen til lærarane i finsk. I skoleåret 2006–07 fekk 894 elevar i grunnskolen opplæring i finsk, ein nedgang på om lag 10 pst. i høve til skoleåret 2005–06.

Målet med tilskottet til vidaregåande opplæring er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i finsk i vidaregåande opplæring for elevar og lærlingar med finsk bakgrunn. Våren 2007 fekk 24 elevar og lærlingar opplæring i finsk. Talet for 2006 var 26.

Prognosen for 2008 viser at elevtalet, både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, vil auke. Departementet foreslår derfor at løyvinga blir auka i 2008.

Post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring på grunnskolenivå til innsette eller frisette som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette eller frisette som har rett til og ønskjer det.

Fordi mange har kort soningstid, eller sit i varetekt, er ofte formalkompetansegivande kurs i høve til læreplanar ikkje eit reelt tilbod. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike fangegrupper skal ha eit opplæringstilbod, er det også ei målsetjing at det blir gitt kurs som ikkje er formelt kompetansegivande.

Frå 2005 til 2006 har talet på opplæringsplassar auka frå 964 til 1 068. Dette har samanheng med at det har vorte etablert opplæring i fire fengsel, og at soningskapasiteten har vorte utvida ved fleire fengsel og dermed har gitt ein auke i talet på elevplassar. Det blir gitt opplæring i 36 av 52 anstaltar i Noreg, og det er etablert oppfølgingsklassar ti stader i landet. Om lag 4 800 personar (4 356 i fengsel og 445 i oppfølgingsklassar) tok del i ei eller anna form for opplæring i løpet av 2006. Hovudtyngda av elevane (68 pst.) var i alderen 23–40 år. Fleire enn før tok ei eller anna form for eksamen, 688 i 2006 mot 644 i 2005. Det var også ein auke i talet på elevar som tok ikkje-kompetansegivande kurs, frå 1 344 i 2005 til 1 548 i 2006. Det var også ein auke i talet på personar som tok fagprøve.

Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen i Hordaland la i 2006 fram ein plan for oppfølging av St.meld. nr. 27 (2004–2005) *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen. Enda en vår*. Det blir sett i gang fleire prosjekt for å utvikle og forbetre opplæringa. Etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland har Vox ansvaret for eit nasjonalt prosjekt om realkompetansevurdering.

Digital kompetanse er ein av dei fem basisdugleikane i dei nye læreplanane, og det er viktig å få til ei fullgod opplæring på dette området i kriminalomsorga. Fylkesmannen i Hordaland vil derfor i samarbeid med andre aktørar setje i gang eit prosjekt om fjernundervisning / nettstøtta læring. Det omfattande Grundtvig 1-prosjektet, der målsetjinga er å utprøve ulike sider av IKT i europeisk fengselsundervisning, blir avslutta i 2007.

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring er i gang med eit prosjekt som går på tiltak for å betre norskopplæringa for språklege minoritetar i norske fengsel. Universitetet i Bergen har gjennomført fleire undersøkingar om utdanningsbakgrunn, utdanningsbehov, utdanningsønske og motiv for utdanning hos dei innsette. Undersøkingane viser mellom anna at dess yngre dei innsette er, dess dårlegare utdanningsbakgrunn har dei. Mellom anna har 84 pst. av dei innsette i alderen 18–25 år ikkje fullført vidaregåande opplæring.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 402 (2004–2005) i samband med handsaminga av St.meld. nr. 27 (2004–2005), jf. Innst. S. nr. 196 (2004–2005):

«Stortinget ber Regjeringa legge frem sak om statlig finansiering av opplæring innenfor kriminalomsorgen.»

Frå 2005 til 2007 har budsjettet for opplæring innanfor kriminalomsorga auka frå 107,3 mill. kroner til 160,9 mill. kroner. Styrkinga av budsjettet har ført til at det er starta opplæringstilbod ved 15 nye fengsel i denne perioden, og fleire fengsel har utvida skoletilbodet som følgje av auka soningskapasitet i dei seinare åra.

I samband med at Regjeringa foreslår å opprette 77 nye fengselsplassar, og i samband med at det blir sett i gang opplæring ved tre anstaltar som ikkje har slik opplæring frå før, foreslår departementet at løyvinga blir auka med 7,4 mill. kroner i 2008

Post 69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma

Tilskottet skal kompensere for meirutgifter kommunane hadde til investeringar i skolebygg i sam-

band med skolestart for seksåringane. Den samla investeringsramma er fastsett til 5 182,9 mill. kroner.

Investeringskompensasjonen er basert på den effektive renta på 9 månaders statskassevekslar per 1. juli kvart år tillagd ein margin på 0,5 prosentpoeng.

Departementet foreslår at løyvinga blir redusert i 2008 sammenlignet med saldert budsjett 2007, dette fordi delen lån som gjeld investeringar i inventar, er nedbetalt ved utgangen av 2007.

Post 70 Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar med særskilde behov

Tilskottsordninga skal stimulere lærebedrifter til å ta inn lærlingar med behov for særskilt tilrettelagd opplæring. Hensikta er å medverke til å styrkje dei moglegheitene ungdom med særskilt behov for tilrettelagd opplæring har til å ta fagutdanning eller delar av ei fagutdanning som lærling i ei bedrift, og dermed auke sjansane deira til å få arbeid i det ordinære arbeidslivet. I Innst. S. nr. 230 (2006–2007) er tilskottsordninga utvida til òg å gjelde lære kandidat og kandidat som er omfatta av forsøksordninga med praksisbrev.

I 2006 vart det gitt tilskott til 108 lærlingar fordelte på 18 fylke.

Det vart i 2007 gjennomført evaluering av ordninga. I høve til undersøkingar i åra 2002 til 2006 oppnår om lag 60–80 pst. av lærlingane fagbrev. Statistikk frå same periode viser at om lag 50 ulike fagretningar har motteke tilskottet i dei siste tre åra. Det tyder på at ordninga er spreidd på mange fagretningar og bransjar.

Bedrifter som vart kontakta, understrekar at dei merka stor framgang i korleis lærlingen meistra arbeidsoppgåvene, etter at det vart sett i verk særskild tilrettelegging. Alle bedriftene svara positivt på spørsmål om dei kunne tenkje seg å gjere seg nytte av ordninga, sjølv om ikkje alle kostnadene vert dekte.

Svar frå tidligare lærlingar tyder på at størstedelen av dei som oppnådde fagbrev, er i jobb som handverkar fleire år etterpå. Evalueringa viser at det er lite behov for ekstra oppfølging av desse lærlingane etter at dei er i ordinært arbeid.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 71 Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane ved å stimulere til aktivitet og utvikling av

gode modellar for innhald, organisering og samarbeid lokalt.

I 2006 vart det gitt tilskott til store regionale nettverksprosjekt som *Kreativt oppvekstmiljø* (KOM!) og *Kulturskolefokus*. Midlane har òg gått til andre prosjekt, mellom anna fagkoordinatorar innanfor kunstfaga, kulturskoledagane 2006, IKT-utviklings- og informasjonsarbeid, Norsk kulturskoleorkester, Ungdommens musikkmeisterskap og lokale utviklingsprosjekt.

Det vart i 2006 gjennomført evaluering av tilskottsordninga. Resultatet av evalueringa tyder på at tilskottsordninga fører til økt aktivitet rundt om i kommunane.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram

Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i alle EU-programma på området utdanning og opplæring. Midlane på denne posten har til og med 2006 dekt deltaking i utdanningsprogrammet Leonardo da Vinci, Noregs medverknad til Europass, Cedefop og Det europeiske ungdomsparlamentet, og lønn til nasjonale ekspertar.

Hovudformålet for samarbeidsaktivitetane er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssystema i deltakarlanda. Tilskottsposten dekkjer i 2007 midlar til Cedefop-samarbeidet, inkludert ReferNet og studiebesøksprogrammet samt Det europeiske ungdomsparlamentet.

Den norske deltakinga i Leonardo da Vinci-programmet stimulerer til internasjonal aktivitet mellom eit breitt spekter av yrkesopplæringsmiljø, og til forsterka kjennskap til framandspråk. I 2006 fekk fem større pilotprosjekt med norsk koordinator tilsegn om 14,5 mill. kroner i støtte under Leonardo da Vinci-programmet. Noreg tok òg del i prosjekta til andre land. I 2006 fekk 88 mobilitetsprosjekt tilsegn om over 13 mill. kroner frå Leonardo da Vinci-programmet. I skoleåret 2005–06 vart det meldt om 722 personar som reiste ut gjennom mobilitetsprosjekta. I skoleåret 2006–07 var talet 791 personar. Leonardo da Vinci-programmet er frå og med januar 2007 ein integrert del av det nye EU-programmet for livslang læring. Administreringa av Leonardo da Vinci vart flytta til Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) i januar 2007, jf. kap. 281 post 51.

Det nye Europasset vart lansert november 2005, og ansvaret vart lagt til Utdanningsdirektoratet, medan Teknologisk Institutt fekk ansvaret for

ein av dei fem delane, Europass mobilitet. I 2006–07 vart det delt ut 519 nye Europass mobilitetsdokument. Av desse er 87 pst. knytte til eit Leonardo da Vinci-opphald. 1. januar 2007 tok SIU, jf. kap. 281 post 51, over ansvaret for Europass, inkludert Europass mobilitet.

Administrering av studiebesøksprogrammet til Cedefop blir overført til SIU og kap. 281 post 51. Deler av arbeidet med det nye ReferNet er overført er overført Utdanningsdirektoratet og kap. 220 post 01. Departementet foreslår følgjeleg at løyvinga blir redusert med kr 450 000 i 2008. Tilskottet skal i 2008 dekkje utgifter til Cedefop-samarbeidet og Det europeiske ungdomsparlamentet.

Post 73 Tilskott til studieopphald i utlandet

Målet med tilskottsordninga er å leggje til rette for at norsk ungdom kan få skolegang og studieopphald i utlandet. Dette skal gi dei betre kunnskap om kultur og språk i andre land, og auka forståing for deira eigen og andres identitet. I tillegg skal ordninga gi norske fransklærarar høve til fagleg og kulturell oppdatering.

Franske lycé

Det er høve til å ta treårig vidaregåande utdanning (lycé) og fransk baccalauréat i Rouen, Bayeux og Lyon. I tillegg er det mogleg å ta eittårig utdanning tilsvarende Vg1 utdanningsprogram for studiespesialisering og toårig utdanning innanfor faga kokk, servitør og akvakultur. Hausten 2006 gjekk det 41 jenter og 21 gutar på dei treårige franske lycéa. Det kom inn 50 nye søknader for hausten 2006, og 14 jenter og åtte gutar fekk plass. Noreg har kvart år moglegheit til å sende 22 elevar til dei tre skolane.

Tyske stipend

Kvart år tilbyr tyske myndigheiter ein del stipend til å delta på kurs i Tyskland. I 2006 vart det gitt tyske stipend til elleve jenter og seks gutar.

United World Colleges (UWC)

Norske ungdommar kan få plass ved ein av ti skolar der utdanninga tilsvarende dei to siste åra på vidaregåande skole. Elevane får Internasjonal Baccalauréat (IB) etter ferdig skolegang. Hausten 2006 gjekk 53 jenter og 21 gutar på UWC fordelte på årskull. Det kom inn 70 nye søknader for hausten 2006, og 27 jenter og elleve gutar fekk plass. Noreg hadde i 2006 moglegheit til å sende 38 elevar til desse skolane.

Trollstipend

Stipenda skal brukast til studieopphald i Frankrike og skal gå til norske fransklærarar, elevar i grunnskolen og elevar i den vidaregåande skolen. I 2006 vart individuelle Trollstipend gitt til 30 lærarar, og 484 elevar frå grunnskolen og vidaregåande skolar reiste saman med 56 lærarar på studietur med støtte frå Trollmidlar.

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 74 Tilskott til organisasjonar

Målet med tilskottsordninga er å stimulere offentlege og frivillige organisasjonar til å setje i verk tiltak som på ulike måtar medverkar til kvalitetsutvikling og betre læringsmiljø i grunnopplæringa.

Hittil i 2007 er det gitt tilskott til Norsk Kulturskoleråd, Det norske Hageselskap, Landslaget for nærmiljøskolen, Noregs Mållag, Rådet for folke-musikk og folkedans, Kristent pedagogisk forbund, Dissimilis kultur- og kompetansesenter, Norsk Handverksutvikling, International Baccalaureate Organization, Elevorganisasjonen, Landslaget for Norskundervisning og Friluftsrådets Landsforbund.

Midlane til Foreningen Norden blir overførde frå kap. 288 post 21 til denne posten. Løyvinga er derfor auka i 2008.

Post 75 Stiftelsen Arkivet

Ordninga vart i 2007 overført til kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssenter. For nærmare omtale, sjå kap. 255 post 72.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	19 000	24 120	20 690
	Sum kap. 3225	19 000	24 120	20 690

Visse innanlandske utgifter til flyktingar kan i høve til statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Ein del av løyvinga

på kap. 225 post 64 blir rapportert som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp blir foreslått løyvd på kap. 3225 post 04.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert bud- sjett 2007	Forslag 2008
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	937 158	983 109	1 014 658
70	IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	3 210	3 332	3 475
	Sum kap. 226	940 368	986 441	1 018 133

Utvikling av læreplanar til Kunnskapsløftet

Rapport for 2006-07

Nye læreplanar for fag vart tekne i bruk av 1.–9. trinn i grunnskolen og 1. trinn i vidaregåande opplæring ved skolestart i hausten 2006. Frå hausten 2007 har alle trinna i grunnskolen og dei to første trinna i vidaregåande opplæring nye læreplanar etter Kunnskapsløftet.

Mellombels utgåve av *Læreplanverket for Kunnskapsløftet* vart send ut til skolane ved skolestart i august 2006. Endeleg utgåve vil vere klar når nye reglar om elev- og lærlingvurdering er klare. Læreplanverket omfattar generell del, Prinsipp for opplæringa, læreplanar for fag og fag- og timefordeling. Fag- og timefordelinga beskriv også tilbudsstrukturen i vidaregåande opplæring (F-12/2006 N). Læreplandatabasen *Grep* skal innehalde det

komplette læreplanverket, og vil bli supplert i takt med at nye læreplanar blir fastsette.

Det er utvikla eit eige Læreplanverk for *Kunnskapsløftet – Samisk*. Læreplanar på samisk for vidaregåande opplæring vart fastsette sommaren 2007.

Læreplanen i elevrådsarbeid vart fastsett hausten 2006. Nye læreplanar i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar og morsmål for språklege minoritetar vart fastsette våren 2007.

Mål for 2008

I 2008 skal dei siste læreplanane i Kunnskapsløftet fastsetjast. Nye læreplanar for fag i yrkesfaglege utdanningsprogram skal fastsetjast og takast i bruk på Vg3 hausten 2008. Når desse læreplanane er fastsette, er heile læreplanverket under Kunnskapsløftet utvikla, og læreplanarbeidet går inn i ei ny fase, der hovudoppgåva blir å følgje iverksetjinga av Kunnskapsløftet.

Databasen *Grep* skal vidareutviklast som hjelpemiddel for å lette arbeidet med å ta i bruk dei nye læreplanane. Databasen skal innehalde alle læreplanar og knytast til læringsressursar i dei enkelte faga. Digitale læremiddel som er utvikla gjennom løyvinga frå staten til fylkeskommunane, skal vere tilgjengelege gjennom *Grep*.

Departementet vil følgje innføringa av dei nye læreplanane og vurdere tiltak der ein ser at innføringa ikkje er etter intensjonane med læreplanane.

Forslag til endra fag- og timestfordeling som følgje av at timetalet på 1.–4. trinn blir foreslått auka med fem uketimar frå hausten 2008, vil bli sendt på høyring.

Dokumentasjon og analyse som grunnlag for kvalitetsutvikling

Rapport for 2006–07

Prioriteringane i strategien *Kunnskap for utvikling – Strategi for forskning, dokumentasjon og analyse 2005–2008* er følgde opp i 2007. Det er gjennomført forskingsbaserte evalueringar av Kunnskapsløftet, kompetanseutviklingsstrategien, det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet og dei nasjonale strategiane, som til dømes *Gi rom for lesing!* og *Realfag, naturlegvis*. Arbeidet med å systematisere og formidle kunnskapen på ein god måte til dei ulike nivåa i utdanningssystemet held fram. Den forskingsbaserte evalueringa av Kunnskapsløftet vil halde fram (2007–11). Evalueringa skal undersøkje og dokumentere i kva grad utfordringane for grunnopplæringa og intensjonane med reforma blir følgde opp og gir dei ønskede resultat.

Det er gjennomført obligatorisk kartlegging av lesedugleik for 2. klassetrinn, og alle skolar som

ønskte det, fekk ta i bruk prøver i rekning på same trinn. Nye kartleggingsprøver i lesing og i rekning/talforståing som er tilpassa dei nye læreplanane, er testa ut og skal brukast av alle på 2. trinn frå skoleåret 2007–08. Nasjonale prøver i rekning, og lesing på norsk og engelsk er gjennomførde på 5. og 8. trinn i grunnopplæringa. Eit nytt elektronisk prøveadministrasjonssystem for registreringa av resultatane frå prøvene er utvikla. I samband med gjennomføringa av dei nasjonale prøvene hausten 2007 er det òg utvikla og distribuert informasjons- og rettleingsmateriell om prøvene.

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å prøve ut og utvikle felles kjenneteikn for måloppnåing i fag. Utprøvingane starta hausten 2007 og omfattar både barnetrinnet, ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring. I samband med utprøvinga skal det òg utviklast ulike verktøy for vurdering og rettleingsmateriell for skolane. Utprøvinga skal organiserast med følgjeevaluering for å sikre dokumentert kunnskap og eit godt grunnlag for avgjerder på nasjonalt nivå. Nye ordningar og nye verktøy for vurdering skal gradvis kunne takast i bruk av skolane frå og med skoleåret 2009–2010.

Elevundersøkinga, Lærarundersøkinga og Foreldreundersøkinga vart reviderte i samband med innføringa av Kunnskapsløftet. Samstundes vart bestillingsportalen og rapportportalen for brukarundersøkingane forbetra. Revidering av Lærling- og instruktørundersøkinga vart påbyrja.

Vidare utvikling av Skoleporten som nettbasert verktøy for kvalitetsvurdering er i gang, og det nye verktøyet vil bli lansert i desember 2007. Skoleporten vil få ein open og ein pålogga del og skal gi informasjon om mellom anna resultat frå nasjonale prøver, elevundersøkinga og karakterstatistikk. På den pålogga delen vil skoleeigar og skolane få informasjon om resultatane frå den enkelte skolen. I 2007 vart IKT-modulen i utdanningsforskningsprogrammet *Kunnskap, utdanning og læring* ført vidare på same nivå som før.

For å vidareføre arbeidet med å styrkje kunnskapsgrunnlaget om IKT og læring er det utvikla ein plan for kunnskapsdanning og læring innanfor *Program for digital kompetanse*.

Den årlege rapporten Utdanningsspeilet, som Utdanningsdirektoratet publiserer, omtalar statistikk og forskning på områda ressursar, læringsutbytte, læringsmiljø, gjennomføring i vidaregåande opplæring og kvalitetsutvikling. Utdanningsspeilet blir sendt til alle skolar, skoleeigarar, universitet og høgskeolar og andre interesserte.

Noregs deltaking i internasjonale komparative studiar i regi av OECD og IEA held fram. Noreg deltek i OECD-studiane PISA (*Program for Inter-*

national Student Assessment), TALIS 2007–2008 (*Teaching and Learning International Survey*) og *Digital Learning Resources as Systemic Innovation* og i IEA-studiane PIRLS (*Progress in International Reading Study*), SITES (*Second Information Technology in Education Study*), TIMSS (*Trends in International Mathematics and Science Study*), TIMSS Advanced, TEDS-M (*Teacher Education Study in Mathematics*) og ICCES (*International Civic and Citizenship Education Study*). Dei internasjonale studiane gir viktig informasjon om tilstanden når det gjeld læringsutbyttet og arbeidsmåtene til elevane.

Noreg deltek òg i OECD-prosjekta *Improving School Leadership* og *The development of value-added models in education systems*. Arbeidet i OECD-prosjektet SENDDD (*The Study on Statistics and Indicators on the Educational Provision for Students with Disabilities, Learning Difficulties and Disadvantages*) om likeverd i utdanninga legg vekt på innsamling av samanliknbar statistikk for dei ulike landa som deltek. Per i dag ligg statistikken ikkje til rette for levering av data frå Noreg, men arbeidet med utviklinga av eit godt statistikkgrunnlag for elevar med særskilde behov held fram.

Det er utvikla ein sentralbase for statistikk frå fylka: VIGO sentralbase. Opprettinga av basen skal gi betre flyt av data og datakvalitet mellom dei ulike administrative systema i fylka og på skolane. Sentralbasen er operativ, men er framleis under utvikling.

Mål for 2008

Arbeidet med dokumentasjon og analyse skal følgje prioriteringane i strategien *Kunnskap for utvikling – Strategi for forskning, dokumentasjon og analyse 2005–2008*. Deltakinga i internasjonale undersøkingar skal halde fram. Kunnskapen som kjem fram gjennom desse og ulike prosjekt og forskning, skal systematiserast og formidlast til dei ulike aktørane i sektoren. Dette arbeidet må trekkjast inn og sjåast i samheng med den planlagde heilskapelege strategien for norsk utdanningsforskning. Strategien vil femne om kunnskapsproduksjon innanfor fleire fagdisiplinar og ta for seg forskings- og utviklingsarbeid som er relevant for barnehage og alle nivåa i utdanningssystemet, jf. programkategori 07.50.

Dei nasjonale prøvene som blir gjennomførde i 2007, skal evaluerast, og det vil bli vurdert om det skal lagast prøver for fleire av dei grunnleggjande dugleikane og for fleire klassetrinn.

Kvaliteten på dei obligatoriske kartleggingsprøvene i lesing og rekning på 2. trinn våren 2008 vil òg bli vurdert. Vidare skal det utviklast nye

kartleggingsprøver og karakterstøttande prøver som ikkje er obligatoriske og som skal stillast gratis til disposisjon for skolane. Materialet skal medverke til å auke vurderingskompetansen til lærarane og skoleeigarane og medverke til å lette og systematisere vurderingsarbeidet.

Tenestene på den nye Skoleporten skal vidareutviklast, og det skal arbeidast for å gjere nettstaden meir brukarvennleg for hovudmålgruppa, som er skolar og skoleeigarar.

Departementet vil satse på utdanningsforskning og opprettar eit nytt forskingsprogram i Noregs forskingsråd i 2008. Departementet vil òg vidareføre løyvinga frå programmet *Kunnskap, utdanning og læring*, jf. nærmare omtale i kategori 07.50. Programmet skal mellom anna leggje til rette for meir robuste fagmiljø på utdanningsfeltet.

Kompetanseutvikling og utviklingsarbeid

Rapport for 2006–07

Kompetanseutvikling av lærarar, instruktørar og skoleleiarar har vore høgt prioritert i dei siste åra. I tråd med målsetjinga i *Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling 2005–2008* er det løyvd til saman meir enn ein milliard kroner til kommunane frå 2005 til 2007 til reformrelatert kompetanseutvikling. Skoleleiing, tilpassa opplæring, læreplanforståing og læringsmiljø har vore sentrale tema. I tråd med intensjonen har omfanget av vidareutdanning i fag vore avgrensa, med unntak av skoleleiaropplæring, som har vore prioritert både i strategien og av eit fleirtal av skoleeigarane. Av midlane er delen til vidaregåande opplæring styrkt i 2007, slik at fylkeskommunane kan prioritere kompetanseutvikling innanfor yrkesfaga. Det er sett av særskilde midlar til vidareutdanning i framandspråk og naturfag.

Kompetanseutviklingsstrategien blir evaluert av Forskingsstiftinga Fafo. Evalueringa dokumenterer stor aktivitet lokalt, men at det framleis er ei utfordring å involvere lærarane nok i prioriteringane. I 2006 gjekk departementet i dialog med partane i strategien for å sikre betre forankring av prioriteringane hos lærarane. I informasjonsbrev til fylkesmennene for 2007 framgår det at ein føresetnad for å få midlar er at skoleeigar har sikra lokal deltaking og forankring på den enkelte lærestaden.

Skoleeigarane har auka sin del av midlane til kompetanseutvikling i perioden, men det er store lokale variasjonar mellom kommunane i bruken av midlar, frå kr 3 200 per årsverk til kr 27 450 per årsverk.

Det er i 2007 teke ut to nye demonstrasjonskulturskolar. Ordninga med demonstrasjonskulturskolar har hatt ein svært positiv effekt i kultursko-

lekrinsar, og i vesentleg grad medverka til inspirasjon og idear for å utvikle kulturskolane til ressurscenter for grunnskolar og lokalmiljø. Det er òg utlyst midlar til inntil seks nye demonstrasjonskolar og inntil fire nye demonstrasjonsbedrifter for perioden 2007–09.

Tiltaket *Veiledning av nyutdannede lærere* har halde fram og i 2006 vart det tildelt midlar til tiltak i alle fylka og til i alt 24 universitet og høyskolar. Førre skoleår var det samla over 800 nyutdanna lærarar som fekk rettleiing gjennom tilbodet. I 2007 er det tildelt nye midlar til tiltaket.

Kunnskapsløftet – fra ord til handling er ei oppfølging av *Program for skoleutvikling (2005–2008)*. Utdanningsdirektoratet administrerer programmet, som vart utvida til 65 mill. kroner i 2007. Hovudsatsingane i programmet er innføring av Kunnskapsløftet, auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, tidleg innsats for livslang læring og skolen som lærande organisasjon. Gjennom programmet er det utvikla verktøy for skolevurdering som no er godt etablerte i sektoren. Det er òg gjennomført ei rekkje samlingar regionalt for å gi informasjon og rettleiing til skolane og for å spreie erfaringar og kompetanse frå prosjekta. Deltakarane er delte inn i ein open og ein rettleidd runde. Utdanningsavdelingane hos fylkesmennene har i samarbeid med skoleeigarane rekruttert skolar til å delta i den rettleidd runden. 18 av dei 47 prosjekta som har fått støtte i 2007, deltek i den rettleidd runden.

Dei nye teknologiane kan blant anna auke interessa for å lære. Dette krev at lærarane får betre kompetanse i å nytte IKT som eit pedagogisk verktøy. I vidaregåande opplæring har det vore ein auke i elevanes bruk av IKT i alle former for læringsarbeid, til dømes individuelle oppgåver, samarbeidsoppgåver og presentasjonar. Auka bruk av IKT i læringsarbeidet set òg krav til vurderinga. Det er utarbeidd eksempeloppgåver til gjennomføring av avgangsprøva i grunnskolen, som også prøver digitale kunnskapar i norsk, engelsk og matematikk samt i sentralt gitt eksamen i Vg2 våren 2008.

Prosjektet *Lærande nettverk* vart etablert i 2004, og har medverka til auka fokus på IKT i deltakarskolane. Skoleåret 2006–07 har 28 nettverk teke del i *Lærande nettverk*.

Arbeidet med å etablere ei elektronisk identitetsforvaltning (FEIDE) i grunnopplæringa held fram etter planane. Om lag ni fylkeskommunar vil ha implementert FEIDE i løpet av 2007, medan ytterlegare fem–seks vil vere i gang med implementering. Fleire mindre kommunar er òg i gang, og det er etablert kontakt med fleire av dei større kommunane.

Utdanningsportalen Utdanning.no har prioritert arbeid med å gjere læringsressursar tilgjengelege, og har arbeidd vidare med utvikling og implementering av ein spesifisering for studiedata som gjer det enklare for utdanningssøklarar å finne og velje studium.

Samordningsgruppen for nettsteder i utdanningssektoren (SANU) har i 2006–07 sett i gang prosjekt for samordning av digitale læremiddel for naturfag og matematikk og for å gjere desse meir tilgjengelege. Vidare er det lagt vekt på å fremme universell utforming av nettstader.

Det er oppretta eit nasjonalt kompetansesenter for fri programvare med støtte frå mellom anna Kunnskapsdepartementet. Senteret skal fremme utvikling og spreiding av fri programvare.

Dei nasjonale strategiane skal rette innsats mot spesielle tema i grunnopplæringa. Strategiane legg føringar for bruk av midlar og inneheld ulike tiltak retta mot sektoren.

Gi rom for lesing! – Strategi for stimulering av leselyst og lesedugleik 2003–2007 er avslutta. I gjennomføringa av strategien er det lagt vekt på å sikre lokal forankring og god samanheng med Kunnskapsløftet. Strategien er evaluert av SINTEF Teknologi og samfunn. Publikasjonen *Gi rom for lesing – veien videre* viser korleis kommunane, skolane og fylkesmennene har gjennomført lesetiltak, og korleis ein kan halde fram med det systematiske arbeidet med lesing etter at planen er avslutta. Publikasjonen er send til alle skolane.

Ei landsdekkjande undersøking av skolebiblioteka viser at det er behov for tiltak til å betre tilbodet til elevane. Det gjeld særleg systematisk planarbeid i kommunar og skolar og samarbeid med lærarane. Eit program for skolebibliotekutvikling er nemnt som eit av tiltaka i strategiplanen *Skapende læring – strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007–2010*. Gjennom denne planen blir òg nasjonale tiltak for lesestimulering ført vidare.

Når det gjeld *Et felles løft for realfagene – Strategi for styrking av realfaga 2006–2009* er arbeidet i 2007 i samsvar med alle dei 57 tiltaka i tiltaksplanen. *Nasjonalt forum for realfag*, som er ein møteplass mellom regjeringa, utdanningssektoren og arbeidslivet, har hatt fleire møte der fokus mellom anna har vore rekruttering og rådgiving. Dei nasjonale sentra for matematikk i opplæringa og naturfag i opplæringa har medverka til å gjennomføre tiltaka. Dei nasjonale vitensentra har auka frå seks til sju. Rådgivingstenesta og bruken av digitale hjelpemiddel er intensivert med nettstader og pedagogiske verktøy. Kompetanseheving i matematikk, naturfag og teknologi og design er styrkt. Rambøll Management AS evaluerer strategien *Realfag*

naturligvis – Strategi for styrking av realfagene 2002–2007.

Strategiplanen *Likeverdig opplæring i praksis! Strategi for betre læring og større deltaking av språklege minoritetar i barnehage, skole og utdanning 2007–2009*, vart revidert i februar 2007. Strategien har eit heilskapleg perspektiv på opplæringa av minoritetsspråklege i alle aldrar og tiltak som skal gi alle like moglegheiter til læring, utdanning, og deltaking i arbeidsliv og samfunnet. Fastsetjinga av nye læreplanar i grunnleggjande norsk og morsmål har si forankring i strategien. Andre sentrale tiltak i strategien er *Språkløftet*, som gir oppfølging av barn på grunnlag av språkkartlegging på helsestasjonen.

Se mulighetene og gjør noe med dem – Strategi for entreprenørskap i utdanninga 2004–2008 er utvikla i samarbeid mellom Utdanningsdirektoratet, Nærings- og handelsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Kunnskapsdepartementet. Strategien vart revidert hausten 2006. Tiltaka er nasjonale og regionale konferansar og møte, midlar til etter- og vidareutdanning og FoU, og kompetanseheving i nettverk.

Språk opnar dører – Strategi for styrking av framandspråk i grunnopplæringa 2005–2009 vart revidert i januar 2007. Den nye utgåva er også gitt ut på engelsk. Strategien har vore følgd opp mellom anna med å utvikle eit nasjonalt etterutdanningstilbod i framandspråkdidaktikk for lærarar, og det er starta ei utprøving med ikkje-europeiske språk som framandspråk og integrering av framandspråk i andre fag i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Skapende læring. Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007–2010 vart ferdigstilt og distribuert i juni 2007. Tiltaka i strategien er retta mot barnehagar, grunnopplæringa, kulturskolar, lærarutdanning og kunstutdanning.

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa vart etablert frå og med 1. januar 2007 ved Høgskolen i Bodø. Mandat og grunnlag for arbeidet ved senteret er innarbeidd i strategien for kunst og kultur i opplæringa.

I 2006 vart det utarbeidd eit nytt og meir omfattande GSI-grunnlag som gir eit meir nyansert bilete av kulturskoleverksemda, ventelister og prisar. Det er òg utarbeidd ein rapport om verksemda.

Samarbeidet med kultursektoren når det gjeld utvikling og forvaltning av satsinga på *Den kulturelle skolesekken*, er vidareført. Kultur- og kyrkjedepartementet har sekretariatsansvaret, medan det nasjonale senteret ved Høgskolen i Bodø vidarefører arbeidet med å integrere kunst og kultur i verksemda på skolen. *Satsing mot fråfall i vidaregåande*

opplæring er evaluert, erfaringane er spreidde, og det er utvikla rettleiingsmateriell. Tiltaket *Betre oppfølging av språklege minoritetar som treng særskilt tilrettelagd opplæring* er ført vidare slik at det inngår i den samla satsinga for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Arbeidet med yrkes- og studierettleiing for ulike grupper held fram gjennom ei vidareføring av *Partnerskap for karriererettleiing*, spreining av god praksiserfaring og tiltak for kvalitetsutvikling av rådgivingstenesta i grunnopplæringa. I revidert nasjonalbudsjett for 2007 vart det løyvd 4 mill. kroner slik at alle fylka får støtte til drift av partnerskap.

Utviklingsprosjekt for urfolk og nasjonale minoritetar omfattar Romaniprojektet, fjernundervisning i samisk, IKT-baserte læremiddel i finsk og læremiddel og kompetanseutvikling i kvensk. Romaniprojektet blir leitt av høgskolen Dronning Mauds Minne og Høgskolen i Sør-Trøndelag. Dei andre tiltaka er førde vidare i samarbeid med fylkesmannen i dei tre nordlegaste fylka. Tenesta med fjernundervisning er framstilt i ein rapport om samisk fjernundervisning.

Perioden 2005–14 er *FNs tiår for Utdanning for berekraftig utvikling*. Utdanningsdirektoratet har laga ein nasjonal strategi for tiltak på området. Direktoratet har samarbeidd med NRK og Miljøverndepartementet om temaet vær og klima, og hausten 2007 er det sett av ei uke til arbeid med dette temaet på skolane og i NRK. Det har vore eit samarbeid med Noregs forskingsråd om forskingskampanjen 2007. Noreg deltek i arbeidet med å implementere strategien om utdanning for berekraftig utvikling som er laga i UNECE (United Nations Economic Commission for Europe). Departementet følgjer òg opp den baltisk-nordiske strategien, Baltic 21E. Noreg deltek i det internasjonale nettverket Environment and School Initiatives, ENSI.

Mål for 2008

Departementet vil nytte 375 mill. kroner til kompetanseutvikling i 2008. Midlane skal brukast til å følgje opp prioriteringane i tråd med *Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008*. Midlane skal gå til skoleeigar. I 2008 skal kompetanse knytt til individvurdering i skolen prioriterast. Det skal òg leggjast vekt på kompetanseutvikling for tilsette i fag- og yrkesopplæringa. Fordeling av midlar mellom kommunar og fylkeskommunar er derfor sett til 65 pst. til kommunane og 35 pst. til fylkeskommunane. Det skal leggjast vekt på at lærarane og instruktørane ved den enkelte lærestaden skal involverast i arbei-

det med planlegging og prioritering av kompetanseutviklingstiltaka.

Kunnskapsløftet – fra ord til handling skal vidareførast i 2008, og det skal leggjast vekt på å få fram gode prosjekt knytt til tidleg innsats og gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Det skal vidare stimulerast til læring, fornying og kvalitetsutvikling i skolen, blant anna gjennom meir systematisk bruk av IKT som pedagogisk verkemiddel i opplæringa.

Kunnskapsgrunnlaget om skoleleiing, blant anna gjennom deltaking i internasjonale studiar, skal brukast til å vurdere eventuelle nye tiltak.

Utprøving med utvida skoledag skal vidareførast i 2008. Erfaringane frå utprøvinga i skoleåret 2007–08 skal vurderast med sikte på den vidare gradvise innføringa av eit auka timetal på barnetrinnet.

Utviklinga av eit betre og heilskapleg system for elevvurdering skal halde fram. I perioden 2007–09 skal det utarbeidast eit klarare regelverk for individvurdering i grunnopplæringa.

Tidleg innsats i læringsutvikling og satsing mot fråfall i vidaregåande opplæring skal framleis prioriterast. Dette er knytt til bruken av kompetanseutviklingsmidlane, men òg til *Partnarskap for karrierettleiing*, som skal vidareførast slik at alle fylka får midlar til partnarskap. Det skal òg gjennomførast spreing av god praksiserfaring og tiltak for kvalitetsutvikling av rådgivingstenesta i grunnopplæringa.

Satsinga på utviklingsprosjekt ved skolar med fleire enn 25 pst. minoritetsspråklege elevar og *Språkløftet* skal styrkast som tiltak innanfor tidleg innsats og satsing mot fråfall i vidaregåande opplæring.

Arbeidet med utviklingsprosjekt for urfolk og nasjonale minoritetar vil bli ført vidare i 2008.

Dei nasjonale strategiane skal vidareførast. Resultata av dei undervegsrapportane som ligg føre, skal brukast i arbeidet med strategiane. Det skal leggjast vekt på å involvere skoleeigarane i å setje i verk strategiane. Det skal leggjast fram ein ny strategi for likestilling i barnehage og grunnopplæring. Det er eit mål at dei nasjonale sentra skal brukast betre i gjennomføringa av strategiane.

Program for digital kompetanse skal følgjast opp. Arbeidet skal vere nivåovergripande, med barnehage, grunnopplæringa, høgre utdanning og læringa til dei vaksne som nedslagsfelt.

I samarbeid med Norsk rikskringkasting er det eit mål å opprette ei teneste som skal gjere pedagogisk tilrettelagde klipp frå NRKs digitale arkiv tilgjengelege for norske skolar.

I samarbeid med ABM-utvikling (Statens senter for arkiv, bibliotek og museum) vil programmet

for skolebibliotekutvikling bli følgt opp. Dette er eit program som vil bli oppretta frå 1. januar 2008. Programmet skal byggje på erfaringar frå *Gi rom for lesing!*, *Bibliotekreform 2014*, bibliotekutgreiinga frå ABM-utvikling og kartlegginga av norske skolebibliotek som Møreforskning har gjennomført.

Prosjektet *Lærande nettverk* blir vidareført som ei plattform for kunnskapsdeling og fellesskapsbygging. I tråd med St.meld. nr. 16 (2006–2007) vil departementet i 2008 setje i verk tiltak for å styrkje skoleleirars digitale kompetanse og for auka satsing på skolar i *Lærande nettverk*.

I 2008 skal det utarbeidast arkitektur for identitetsforvaltning som omfattar standardar og rettleiingar. Dette skal gi skoleeigarar eit nødvendig bestillingsgrunnlag for anskaffing av ressursar og tenester som også støttar opp under innføringa av FEIDE. Innan 2008 skal hovuddelen av dei vidaregåande skolane ha teke i bruk FEIDE, og fleire av dei største kommunane skal vere i gang med innføring av FEIDE.

Arbeidet med å gjere digitale læremiddel tilgjengelege vil bli vidareført i 2008. Dette gjeld også læremiddel for nivå og utdanningar utover grunnskole og vidaregåande skole. Integreringa av offentleg informasjon i læringsressursar og studieinformasjon skal aukast. I 2008 skal ein slutføre arbeidet med innhenting av studiedata frå universitets- og høgskolesektoren, starte arbeidet med ein spesifisering for yrkes- og karriereinformasjon og arbeide for auka internasjonalt samarbeid om studieinformasjon.

Samordning av innhald på nettstader i utdanningssektoren samt arbeidet for større grad av universell utforming av nettstader vil òg bli vidareført i 2008.

I tråd med FN's tiår for *Utdanning for berekraftig utvikling* skal det utarbeidast ein samla nasjonal strategi for utdanning for berekraftig utvikling som femner barnehageområdet og høgre utdanning.

Lærings- og oppvekstmiljø

Rapport for 2006–07

Regjeringa har sett i gang, ført vidare og støtta ei rekkje tiltak for å betre læringsmiljøet i grunnopplæringa. Arbeidet har vore forankra i *Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet* og *Strategi for læringsmiljøet i grunnopplæringa 2005–2008* og Manifest mot mobbing. Mellom anna er det gitt støtte til implementering av skoleomfattande program for eit godt læringsmiljø og program mot mobbing.

Prosjekt leksehjelp har gjennomført ei nasjonal omfangsmåling av leksehjelptiltak og evalueringar av dei. I skoleåra 2006–07 og 2007–08 skjer det utprøving av ulike modellar for leksehjelp i regi av

33 aktører: kommunar, skolar og frivillige organisasjonar.

Det er utvikla opplærings- og rettleiingsmateriell for arbeidet i skolemiljøutval.

Forskarrapporten *Forebyggende innsatser i skolen* (Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet 2006), ein kunnskapsstatus om skoleprogram for rusførebygging, åtferdsproblematikk, sosial kompetanse, klasseleiing og implementeringsstrategiar, er send til alle skoleeigarane, skolane og fagmiljøa. Det er òg utarbeidd ein kunnskapsstatus om kjønnsrelatert mobbing.

Noreg har bygd opp og koordinert OECD-nettverket International Network on School Bullying and Violence. Det er etablert ein eigen nettstad for kommunikasjon og spreining av erfaringar. 22 land deltek i nettverket. Frå 5. mars 2007 har Slovakia ansvaret for koordineringa av nettverket.

Som ein del av tiltaka med å sikre det fysiske arbeidsmiljøet til elevane er den nettbaserte rettleiingstenesta for skoleanlegg vidareført og vidareutvikla.

Departementet samarbeider med fleire andre departement om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar, til dømes på områda psykisk helse, rus og tobakk.

Arbeidet mot rasisme og diskriminering og for menneskerettar og toleranse er vidareført, og Benjaminprisen er delt ut til Mandal vidaregåande skole. Det er utarbeidd ei kartlegging av forskning kring haldningar og kunnskap knytte til rasisme, holocaust og menneskerettar hos norske skoleelevar. På bakgrunn av kartlegginga blir det ikkje sett i gang ei stor ny undersøking no, men det kan vere aktuelt å knytte spørsmål om dette til ulike undersøkingar som allereie er i gang.

Departementet har ført vidare samarbeidet med Helse- og omsorgsdepartementet om prosjektet *Fysisk aktivitet og måltid i skolen*. Om lag 350 skolar har arbeidd med ulike prosjekt i 2006–07. HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen leverte ein evalueringsrapport i desember 2006. Fylkesmennene har hatt spreingskonferansar og har valt to modellskolar i kvart fylke. Det er gjennomført ein nasjonal erfaringskonferanse, og det er utvikla rettleiingsmateriell og video som er sende til alle skolane.

Det er samla og systematisert rettleiingsmateriell om handsaming av kriser, som er lagt ut på Skolenettet.

I samarbeid med prosjektet *Skal–skal ikke* er det arbeidd for å finne dei gode modellane frå verdiprojekta *Verdier i skolehverdagen* og *Skal–skal ikke*, og dette er spreitt til alle skolar.

Dronning Sonjas skolepris for likeverdige og inkluderande opplæring vart delt ut for første gong

i 2006 til Aspervika skole i Sandnes kommune. Prisutdelinga blir vidareført i 2007.

Det er gjennomført samarbeid med Elevorganisasjonen om Internasjonal Uke og Operasjon Dagsverk, og om kåring av den beste internasjonale veka.

Det er gitt støtte til Elevorganisasjonen for å skolere elevar i elevrådsarbeid, og for å auke innsatsen til elevane når det gjeld medbestemming i skolen. Det er òg gitt støtte til skolering av elevar for å kunne delta i og ta ansvar for skolemiljøutval. Vidare har Elevorganisasjonen fått støtte til eit inspirasjonshefte for elevmedverknad og til å gjennomføre ei undersøking der ein skal sjå på kvaliteten i elevrådsarbeidet i skolen.

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) arbeider på ulike vis med å styrkje rolla til foreldra i skolen, mellom anna ved å sende ut informasjonsmateriell til arbeidsutvalet i foreldreråda og til kommunale foreldreutval. Prosjektet *Minoritetsspråklige foreldre – en ressurs for barnas læring* er vidareført og utvida til fire nye kommunar. Saman med andre arbeider FUG for eit godt læringsmiljø i skolen gjennom *Manifest mot mobbing*. FUG deltek òg i prosjektet *Leksehjelp*, og har sett i gang eit arbeid med kampanjen *Skap dialog* for å auke og betre samarbeidet mellom heim og skole. Det er i samheng med kampanjen sendt rettleiingsmateriell til alle foreldre med barn på 1. årstrinn ved skolestart i 2007.

Departementet har inngått eit samarbeid med Norges Idrettsforbund og Olympiske komité (NIF) og Helse- og omsorgsdepartementet om å få fram gode modellar for samarbeid mellom lokale idrettslag og skolefritidsordninga SFO. Tiltaket vil både rette seg mot idrett i SFO og idrett som ein del av ein framtidig heildagsskole, og NIF vil ha ansvaret for oppfølginga av tiltaket. Tiltaket skal sjåast i eit folkehelseperspektiv og vil ha som mål å medverke til å utjamne sosiale ulikskapar. Vidare skal det sjåast i samheng med St.meld. nr. 39 (2006–2007) *Frivillighet for alle*, der eit av tiltaka er tilskott til lokale idrettslag som samarbeider med skole og/eller kommunale styresmakter om fysisk aktivitet i skolen.

Mål for 2008

Strategi for læringsmiljø i grunnsopplæringa 2005–2008 og *Manifest mot mobbing* blir ført vidare. Skolane skal framleis få tilbod om skoleomfattande program for eit godt læringsmiljø og program mot mobbing.

Arbeidet med læringsmiljø skal også byggje på resultatane frå rapporten *Forebyggende innsatser i sko-*

len. Tiltaka som får støtte, skal vere kunnskapsbaserte.

Dei nasjonale strategiane skal rette innsats mot spesielle tema i grunnopplæringa. Strategiane legg føringar for bruk av midlar og inneheld ulike tiltak retta mot sektoren. Kunnskapsdepartementet vidarefører samarbeidet med andre departement om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar knytte til eit godt læringsmiljø. Dette omfattar mellom anna området fysisk og psykisk helse, rasisme, vold i nære relasjonar, kjønnslemlesting, tvangsekteskap og likestilling.

Prosjekt leksehjelp blir avslutta i 2008, og det vil bli publisert ein evalueringsrapport i 2008. Det vil bli informert om resultatane frå prosjektet, og det vil bli laga kunnskapsbasert materiell til bruk i skolorne. Leksehjelp i realfag vil bli vidareført i samarbeid med NTNU og UiO.

Forsøk med utvida skoledag blir avslutta i 2008. På bakgrunn av utprøvinga og evalueringa vil gode modellar med overføringsverdi bli spreidde til alle skolar.

Materiell med tema samliv og seksualitet vil bli revidert, og rådgivingstenesta for skoleanlegg blir ført vidare. For å kartleggje omfanget av diskriminering i forbindelse med seksuell orientering skal spørsmål om dette leggast inn i Elevundersøkinga. Det vil vidare bli samarbeida med Senter for adferdsforskning om å leggje inn spørsmål i deira landsomfattande undersøking om skolemiljø. Utdeling av Benjaminprisen og Dronning Sonjas skolepris blir førde vidare. I oktober 2007 opnar ny revidert læringundersøking. Det vil bli utarbeidd analysar på bakgrunn av denne i 2008.

I samarbeid med Europarådet har Noreg teke på seg å etablere eit ressurscenter for arbeidet med demokrati-, menneskerettslege og interkulturelle spørsmål i skolen. Alle medlemslanda i Europarådet skal kunne dra nytte av senteret, som skal målbera rådets politikk innan områda demokratiarbeid, interkulturell opplæring og menneskerettsarbeid. Arbeid med etterutdanning av lærarar vil vere sentralt for senterets arbeid. Senteret vil bli starta opp i 2008.

Samarbeidet med Norges Idrettsforbund og Olympiske komité om lokalt samarbeid om idrett og SFO vil halde fram i 2008.

Internasjonalt samarbeid

Rapport for 2006–07

Noreg deltek i EUs program for livslang læring (*Lifelong Learning Programme*) LLP som starta i 2007. SIU (Senter for internasjonalisering av høgere utdanning) er operatør for programmet i

Noreg. Programmet består av ein tverrgående del og fire delprogram, blant desse *Comenius-programmet*, som i hovudsak skal støtte skolesamarbeid frå førskolen til og med den vidaregåande skolen, og utveksling av lærarar og elevar.

EU-samarbeidet om yrkesopplæring er ført vidare. Etter Københavnprosessen og Maastrichtkommunikeet har det vore arbeid med å utvikle verkemidla Europass, ECVET (*European Credit Transfer System*), EQF (*European Qualifications System*) og CQAF (*Common Quality Assurance Framework*). Ei målsetjing med dette arbeidet er å heve statusen til yrkesopplæringa gjennom å auke kvaliteten på opplæringa og betre dokumentasjonen av innhaldet og forståinga av dei nasjonale systema på tvers av land. Noreg tek òg del i det europeiske nettverket for kvalitet i yrkesopplæringa.

Noreg tok del i EUs eLæringsprogram (*eLearning Programme 2004–2006*), som vart avslutta i 2006. Samarbeid på IKT-området blir vidareført innanfor ramma av det livslange læringsprogrammet. Programmet har ein tverrgående nøkkelaktivitet for samarbeid om IKT i utdanninga.

Utdanningsdirektoratet deltek i samarbeidet om Det europeiske skolenettet, der 28 europeiske land er med. Dette har gitt innsikt i og erfaringsutveksling om IKT i utdanninga i europeisk samanheng, og har synleggjort den norske satsinga på området. Så vel eTwinning som Det europeiske skolenettet har gitt norske skolar høve til å samarbeide med skolar i andre land.

Grensensamarbeid i nord inneheld tiltaka *Samarbeid med Nordvest-Russland* og *Grenselaust i Nord*. Hensikta har vore å auke samarbeidet innanfor opplæring på tvers av landegrensene. Fem skolar i Finnmark deltok i tiltaka hausten 2006.

Mål for 2008

Deltakinga i EUs program for livslang læring skal halde fram. Departementet vil, i samarbeid med *Senter for internasjonalisering av høgere utdanning* (SIU) som er operatør for programmet, arbeide aktivt for at norske fagmiljø skal ta aktivt del i programmet. eTwinning, som inngår i Program for livslang læring, skal førast vidare.

Samarbeidet med EU om fag- og yrkesopplæringa knytt til Københavnprosessen og Maastrichtkommunikeet vil òg halde fram. Det same gjeld deltakinga i arbeidet innanfor *Det europeiske skolenettet*.

Arbeidet med prosjekta *Grenselaust i Nord* og *Samarbeid med Nordvest-Russland* vil bli vidareført i 2008.

I samarbeid med OECD vil det bli utført tre studiar i Noreg, mellom anna ein om fag- og yrkes-

opplæring, der sentrale spørsmål vil vere status og kvalitet på opplæringa. Vidare vil det bli gjennomført ein studie om språk og minoritetsspråklege og ein om utdanningsspørsmål knytte til minoritetselevar. Studien knytt til minoritetsspråklege vil ta for seg forskning på feltet og sjå på god praksis i utdanningssystema.

Andre oppgåver

Arbeidet med kvalitetsutvikling i grunnopplæringa krev særskild kompetanse på prioriterte område. Løyvinga skal derfor òg nyttast til lønn.

Budsjettforslag for 2008

Løyvinga blir ført vidare på same høge nivå som i 2007. Mellom anna vil partnerskap for karriererettleiing i alle fylka og forsøk med utvida skoledag, skolemat, leksehjelp og fysisk aktivitet bli førde vidare. Departementet vil framleis prioritere kompetanseutvikling høgt og fordele 375 mill. kroner til skoleeigar.

Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
60	Tilskott til Moskvaskolen	1 142	1 183	1 233
61	Tilskott til Nordland kunst- og filmskole	2 359	2 444	2 547
62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	4 345	4 501	4 690
70	Tilskott til den franske og den tyske skolen i Oslo	6 343	6 584	6 867
71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole	18 568	19 274	20 103
72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	23 419	24 309	25 354
73	Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia	1 058	3 218	3 356
	Sum kap. 227	57 234	61 513	64 150

Post 60 Tilskott til Moskvaskolen

Målet med tilskottsordninga er å gi norske elevar med kompetanse i russisk høve til å ta vidaregåande trinn 3 på Moskvaskolen. Kriteriet for måloppnåing er at skolen skal halde oppe eit tilbod for inntil 15 norske elevar med kompetanse i russisk til å ta vidaregåande trinn 3. I skoleåret 2006–07 var det åtte norske elevar som fullførte skoleåret ved den norsk-russiske skolen i Moskva.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 61 Tilskott til Nordland kunst- og filmskole

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at det blir gitt tilbod om kunst- og filmutdanning i Nord-Noreg ved tilskott til drifta av Nordland kunst- og filmskole. Skolen hadde 42 heilårselevar ved skolestart hausten 2006, derav 26 elevar på kunstlinjene og 16 elevar på filmlinja. Ved elevrapportering våren 2007 var det 42 elevar som full-

førte i skoleåret 2006–07, totalt 27 elevar på kunstlinjene og 15 elevar på filmlinja.

Det vart i 2006 gjennomført evaluering av ordninga. Skolen er toårig, og hovudmålet er å kvalifisere elevane til opptak ved høgre utdanning innanfor kunst og film. Undervisninga er i hovudsak modulbasert, og kvart kurs er på frå ei til åtte uker. Det første semesteret er felles for alle med vekt på basiskunnskap i to- og tredimensjonale uttrykksformer. Frå det andre semesteret er undervisninga i større grad retta mot dei to fagavdelingane film og kunst.

Evalueringa gir ikkje grunnlag for å foreslå endringar i tilskottsordninga.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 62 Tilskott til Fjellheimen leirskole

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller med lærevanskar kan få eit opphald ved Fjellheimen leirskole. Elevtalet ved leirskolen var i

2006 på 912 elevar, og talet på elever har vore stabilt i dei siste åra.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 70 Tilskott til den franske og den tyske skolen i Oslo

Målet med tilskottsordninga er å styrkje samarbeidet med Frankrike og Tyskland, og å styrkje stillinga til det franske og det tyske språket i Noreg. I skoleåret 2006–07 hadde den franske skolen i Oslo 250 elevar på barnesteget, 129 elevar på ungdomsteget og 61 elevar i vidaregåande opplæring. I skoleåret 2006–07 hadde den tyske skolen i Oslo 137 elevar på barnesteget og 34 elevar på ungdomsteget.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 71 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole

Målet med tilskottsordninga er å medverke til drifta av internatet ved Krokeide yrkesskole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skolen. I 2006 var det totalt 284 elevar ved internatet, 139 elevar om våren og 145 elevar om hausten. Våren

2007 var det totalt 141 elevar ved internatet, ein auke på to elevar i høve til våren 2006.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 72 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College

Målet med tilskottsordninga er å medverke til drifta av Røde Kors Nordisk United World College. I skoleåret 2006–07 var det 201 elevar frå 87 land ved skolen. 27 pst. av elevane kom frå nordiske land, 2 pst. frå Balkan, 28 pst. frå andre europeiske land og Midtausten, 15 pst. frå Amerika, 19 pst. frå Asia og 9 pst. frå Afrika. Dei andre nordiske landa finansierte i 2006 rundt 20 pst. av drifta ved skolen.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 73 Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at norske misjonærbarn i Kenya og Etiopia kan få god undervisning lokalt i staden for å måtte bu på skoleinternat langt frå foreldra. Misjonærskolane er eigde av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Private skolar med rett til statstilskott, <i>overslagsløyving</i>	2 050 171	2 191 062	2 528 382
71	Tilskott til privatskoleorganisasjonar	539	559	583
72	Tilskott til elevutveksling utland			1 500
	Sum kap. 228	2 050 710	2 191 621	2 530 465

Post 70 Private skolar med rett statstilskott, overslagsløyving

Om ordninga

Private skolar som er godkjende etter privatskolelova, har rett til tilskott og til å drive verksemd etter lova. Skolane må drive i tråd med privatskolelova, jf. §§ 2-1 og 6A-1. I tillegg blir det gitt tilskott til kompletterande undervisning, jf. privatskolelova §6-4.

Våren 2007 vedtok Stortinget fleire endringar i lov om frittstående skolar (friskolelova), mellom

anna er tittelen på lova endra til lov om private skolar med rett til statstilskott (privatskolelova). Lova er endra slik at det blir stilt krav om at skolane må drive verksemda si på eit særskilt grunnlag for å kunne bli godkjende etter lova. Dette inneber at skolane, i tillegg til å gi elevane jamgod opplæring, må dokumentere at dei skal ha og har eit særskilt grunnlag. Et slikt grunnlag kan mellom anna vere religiøst eller anerkjend pedagogisk retning. Etter endringane ligg det ikkje lenger føre ein rett til godkjenning etter lova, men departementet kan

etter skjønn godkjenne nye skolar og driftsendringer ved allereie godkjende skolar.

Rapport for 2006–07

Tabellen under viser korleis talet på elevar og private skolar har endra seg frå skoleåret 2004–05 til skoleåret 2006–07.

Tabell 4.1 Private skolar, tal på skolar og elevar (gjennomsnitt haust og vår)

Skoletype	Skolar			Elevar		
	2004–05	2005–06	2006–07	2004–05	2005–06	2006–07
Skolar for funksjonshemma	10	10	10	455	460	469
Vidaregåande skolar utan parallellar i offentlege skolar	55	51	48	3 327	2 693	2 525
Vidaregåande skolar med parallellar i offentlege skolar	63	78	79	8 793	9 616	10 575
Grunnskolar i Noreg	131	144	145	12 577	13 249	13 406
Grunnskolar i utlandet	16	17	16	708	695	666
Vidaregåande skolar i utlandet	6	6	5	241	212	213
Sum	281	308	305	26 101	26 997	27 927

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Hausten 2006 gjekk om lag 2,2 pst. av grunnskoleelevane i private skolar, mot 2,1 pst. hausten 2005. Hausten 2006 gjekk om lag 6 pst. av elevane i private vidaregåande skolar med parallellar i offentlege skolar mot 5,4 pst. hausten 2005.

Tilskottssatsar

Satsane for tilskott til private skolar byggjer på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skolen, jf. privatskolelova § 6-1. Satsane for 2008 blir rekna ut på grunnlag av kommunal ressursbruk til skole i 2006, rapportert gjennom KOSTRA. Grunnlaget er korrigert for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av tilskottet fordi desse utgiftene blir påførte kommunesektoren og ikkje dei private skolane.

Satsane blir justerte for ein venta pris- og lønnsauke frå 2007 til 2008. Satsane er tilpassa St.prp. nr. 39 (2006–2007) *Om endringer på statsbudsjettet for 2007 under Kunnskapsdepartementet*. Dette medfører at utgifter til drift og vedlikehald av skolebygg i kommunar som har oppretta selskap som erstattar kommunal tenesteproduksjon, inngår i utrekninga av satsane for de private skolane. Nærmare informasjon om utrekningsmåten ligg på nettsida til Utdanningsdirektoratet, www.utdanningsdirektoratet.no.

Private grunnskolar

Tilskottssatsen blir utrekna særskilt for barnetrinnet og ungdomstrinnet. Små skolar får eit høgre tilskott per elev enn store skolar. Tilskott blir gitt med 85 pst. av normalsatsen. Private grunnskolar skal, etter privatskolelova, ha dekt 100 pst. av dei gjennomsnittlege utgiftene til pensjonsinnskott i offentlege skolar.

Tilskottssatsen for barnetrinnet er justert for utvida timetal frå hausten 2007. Vidare er tilskottet justert som følgje av innføring av frukt og grønt for skolar med ungdomstrinn, men dette blir betalt ut særskilt og er ikkje lagt på satsen.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 545 i samband med handsaminga av Ot.prp. nr. 37 (2006–2007), jf. Innst. O. nr. 88 (2006–2007):

«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om tilskuddsordningene når gjennomgangen av utregningsmodellen for skolene er gjennomført.»

Departementet har gått gjennom tilskottsmodellen for private grunnskolar som varsla i St.prp. nr. 39 (2006–2007) og i Ot.prp. nr. 37 (2007–2008).

Ordninga med kommunekorreksjonsfaktor er teknisk komplisert, og skaper usikre rammevilkår for dei private grunnskolorne. Departementet foreslår derfor å fase ut ordninga over ein treårsperiode frå 1. januar 2008.

Departementet har gjort ein foreløpig gjennomgang av modellen som bereknar tilskottet til dei private grunnskolane. Foreløpige anslag tyder på at ei endring i modellen slik at den betre tek omsyn til kostnadsstrukturen i offentlege skolar vil kunne føre til ei omfordeling av midlar mellom dei private grunnskolane. Departementet vil vurdere dette nærmare i samråd med privatskoleorganisasjonane.

Private grunnskolar i utlandet

Skolane får tilskott etter same grunnlag som private grunnskolar i Noreg, men satsen blir høgare sidan dei ikkje får eigen kompensasjon for meirverdiavgift.

Private skolar for funksjonshemma elevar

For grunnskolar og vidaregåande skolar for funksjonshemma elevar blir driftsutgifter dekte 100 pst. ved statstilskott etter ein normalsats per elev, jf. privatskolelova § 6-1 fjerde ledd. I Ot.prp. nr. 37 (2006–2007) punkt 8.2.8 blei det vist til at det er ei rekkje forhold rundt dei særskilde skolane for funksjonshemma som må vurderast nærmare. Departementet vil på denne bakgrunn komme tilbake med ei eiga sak for Stortinget om desse skolane våren 2009.

Private vidaregåande skolar med parallellar i den offentlege skolen

Kunnskapsløftet og innføringa av ny struktur i vidaregåande opplæring fører til endra praksis i innrapporteringa på «funksjon» i KOSTRA frå skoleåret 2006–07. KOSTRA-tal for offentlege vidaregåande skolar som har innført ny struktur, ligg føre berre for hausten 2006. SSB har i KOSTRA-tala for 2006 omrekna til «heilårstal» per heilårskvivalentar på grunnlag av rapporteringa for hausten 2006. Dette ligg til grunn for berekninga av tilskottssatsane for alle elevar, både dei som følgjer ny og dei som følgjer gamal struktur. Grunnlaget er vidare korrigert for salsinntekter, avskrivningar av bygg og for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av tilskottet fordi desse utgiftene blir påførte fylkeskommunane, ikkje dei private skolane. Dei private skolane får 85 pst. av normalsatsen. Tilskottet er justert for gratis læremiddel i Vg3 i 2008, men dette blir betalt ut særskilt og er ikkje lagt på satsen.

Særskilte tilskott

I tillegg til det tilskottet Kongshaug Musikkgyminas får etter privatskolelova, vil skolen i 2008 få 2,8 mill. kroner i særskilt tilskott. Skolane til Wang og Noregs Toppidrettsgymnas vil, i tillegg til tilskottet etter privatskolelova, få om lag kr 17 000 i særskilt toppidrettstilskott per elev. Tilskottet blir gitt for maksimalt 810 elevar.

Private vidaregåande skolar i utlandet

Norske private vidaregåande skolar i utlandet får statstilskott med 85 pst. av same grunnlag som for elevar i private vidaregåande skolar i Noreg, men satsen blir høgare sidan dei ikkje får kompensasjon for meirverdiavgift. Tilskottet er justert for gratis læremiddel i Vg3 i 2008.

Private vidaregåande skolar utan parallellar i den offentlege skolen

Satsane til vidaregåande skolar med yrkesretta opplæring, utanom det offentlege skoleverket, er knytte til tre av satsane for vidaregåande skolar med parallellar i offentlege skolar. Unntak frå dette er Norsk yrkesdykkerskole. Dei tre satsane er knytte til linjene for allmenne, økonomiske og administrative fag, idrettsfag og musikk, dans og drama. Vidaregåande skolar utan parallellar i det offentlege skoleverket får 75 pst. av tilskottssatsane. For å få statstilskott må skolane ha minst sju elevar i snitt per skoleår på dei to teljetidspunkta.

Andre private skolar

Norges Byggskole, Sørlandets Maritime Sjøaspirantskole og Rogaland Maritime vidaregåande skole får tilskott tilsvarande 85 pst. av eit godkjent budsjett. Departementet vil arbeide vidare med å vurdere tilskottsordninga, jf. Ot.prp. nr. 37 (2006–2007).

Kompletterande undervisning

Formålet med ordninga er at norske grunnskoleelevar som anten bur i utlandet eller går på ein internasjonal skole i Noreg, skal få undervisning i norsk, samfunnsfag og kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL). Ordninga kan også omfatte barn av EØS-borgarar som har arbeid og bustad i Noreg. Statstilskottet blir gitt med 85 pst. av fastsett sats per time, men kan variere ut frå størrelsen på undervisningsgruppa. For skoleåret 2006–07 var satsen kr 456, og tilskottet utgjorde

dermed kr 388 per time. Det vart behandla 707 søknader, og 621 fekk innvilga tilskott.

Fagskolar

Hald Internasjonale Senter og Menighetsbibel-skolen, som tidlegare fekk tilskott som frittstående vidaregåande skolar utan parallellar, vart frå hausten 2005 godkjende etter fagskolelova. Tilskott til desse skolane blir i 2008 utbetalt frå kap. 276 post 70.

Budsjettforslag for 2008

I høve til 2007 er det gjort følgjande tekniske endringar:

- Post 70 er redusert med 24,625 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 2410 post 71, dette fordi tilskott til delvis dekning av skolepengar er flytta til budsjettkapitlet som gjeld utdanningsstøtte.
- Post 70 er redusert med 6,678 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 276 post 70, dette fordi tilskott til to private skolar som har fått fagskolegodkjenning, er flytta til budsjettkapitlet som gjeld fagskolar.

Departementet foreslår å auke løyvinga som følgje av auka timetal i barneskolen og gratis frukt og grønt for alle elevar på skolar med ungdomstrinn. Posten blir redusert grunna lågare kostnader for gratis læremiddel i Vg3 enn for Vg2 i 2007.

Det er forventa ein auke i talet på elevar i private skolar på om lag 2 600 elevar i 2008. Auken kjem i hovudsak i vidaregåande skolar med parallellar i offentlege skolar, men det er òg forventa ein viss auke i talet på elevar i private grunnskolar og i vidaregåande skolar utan parallellar i offentlege skolar. Vidare tek berekninga av satsar til private skolar utgangspunkt i ny definisjon av korrigererte brutto driftsutgifter som inkluderer utgifter til kommunar som har oppretta selskap som erstattar kommunal tenesteproduksjon. Dette fører til at tilskottsgrunnlaget for berekninga av satsane til pri-

vate skolar aukar. Som følgje av dette aukar løyvinga på posten.

Regjeringa foreslår å fase ut ordninga med kommunekorreksjonsfaktor over ein treårsperiode frå 1. januar 2008 og foreslår å auke løyvinga med om lag 5 mill. kroner.

Post 71 Tilskott til privatskoleorganisasjonar

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at privatskoleorganisasjonane kan drive samordningsoppgåver for medlemsskolane sine. Tilskott blir gitt til privatskoleorganisasjonar med medlemsskolar som er godkjende etter privatskolelova. I 2006 fekk fem organisasjonar tildelt tilskott ut frå at dei til saman hadde 231 godkjende medlemsskolar. I 2007 var det 234 godkjende medlemsskolar for dei same organisasjonane.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 72 Tilskott til elevutveksling – utland

Statstilskott etter privatskolelova kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Departementet foreslår derfor i tråd med Innst. O. nr. 88 (2006–2007) *Om lov om endringar i friskolelova* å opprette ei ny tilskottsordning for utveksling til utlandet for elevar i private vidaregåande skolar med rett til statstilskott. Skolane skal kunne søkje om støtte til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Tilskottet kan bli gitt til godkjende samarbeidsprosjekt mellom norske private vidaregåande skolar med rett til statstilskott og utanlandske skolar. Samarbeidsprosjektet må vere godkjend av Kunnskapsdepartementet. I skoleåret 2007–08 har følgjande private vidaregåande skolar med rett til statstilskott slik godkjenning: Daniel- sen videregående skoler i Bergen, Heltberg Private Gymnas i Oslo og Drottningborg videregående skole i Grimstad.

Departementet foreslår å løyve 1,5 mill. kroner til formålet i 2008.

Kap. 229 Andre tiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		
		2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Tilskott til tryggleiksopplæring for fiskarar	11 000	11 418	11 909
	Sum kap. 229	11 000	11 418	11 909

Post 70 Tilskott til tryggleiksoplæring for fiskarar

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å finansiere tryggleiksoplæring for fiskarar. I 2006 gjennomførte 1 046 deltakarar denne opplæringa, ein reduksjon på 187 frå året før. Kursfartøyet hadde 955 deltakarar på sine grunn- og repetisjons-

kurs. På dei stasjonære tryggleikssentra var det 91 deltakarar på dei same kursa. På grunnkurs vart 55,8 pst. av kapasiteten nytta, og på repetisjonskurs 77,2 pst. Frå 1. juni 2006 er tryggleiksoplæring for fiskarar berre arrangert på kursfartøyet.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Kap. 230 Kompetansesenter for spesialundervisning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	
		2006	budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	604 765	570 532	585 136
21	Særskilde driftsutgifter	56 099	45 736	47 703
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 459	6 999	7 174
	Sum kap. 230	667 323	623 267	640 013

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald

Kapitlet omfattar mellom anna:

- Statleg spesialpedagogisk støttesystem (Statped) med 13 statlege kompetansesenter og avtalar om kjøp av tenester frå tre private institusjonar
- ulike utviklingsoppgåver, mellom anna utvikling, produksjon og distribusjon av spesialpedagogiske læremiddel
- nasjonalt opplæringsprogram i teiknspråk for foreldre
- prosjektrretta støtte til organisasjonar for funksjonshemma
- nasjonal koordinator for European Agency for Development in Special Needs Education, internasjonalt samarbeid m.m.
- ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtallige

Kommunar og fylkeskommunar er ansvarlege for å gi alle elevar tilpassa opplæring, og spesialundervisning til dei som har behov for det, jf. § 5 i opplæringslova. Statped skal gi rettleiing og støtte til dei opplæringsansvarlege instansane lokalt. Målet er at barnehage- og skoleeigarar og tilsette i barnehagar og skolar skal få betre føresetnader til sjølve å ta hand om barn, unge og vaksne som treng spesialpedagogisk hjelp. Det er etablert samarbeidsorgan som sikrar god brukarmedverknad, både ved dei einsskilde verksemdene og på nasjonalt plan. Statped skal utvikle kompetanse og dokumentere,

formidle og implementere praksis- og forskingsbasert kunnskap.

Hovudmåla for Statped er:

- å yte spesialpedagogiske tenester på individ- og systemnivå som fremmer tilpassa, likeverdig og inkluderande opplæring
- å vidareutvikle spesialpedagogisk kompetanse som skal komme elevar med særskilde behov, føresette, lærarar og andre fagfolk i skoleverket til nytte
- å spreie spesialpedagogisk kunnskap og kompetanse til brukarar, fagfolk og samfunnet
- ved behov sikre skole- og miljøtilbod for hørselshemma elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring, etter avtale med oppdragsgivar

Rapport for 2006

Frå 1. august 2006 vart dei tre kompetansesentra i Vest-Noreg, Eikelund, Søreide og Vestlandet, slåtte saman til kompetansesenteret Statped Vest.

Dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra har også i 2006 prioritert støtte til brukarar med store og samansette vanskar der det ikkje var nødvendig kompetanse lokalt, og gitt råd og rettleiing til barnehagar og skolar og barnehage- og skoleeigarar når det var behov for dette. Det var også samarbeid med helse- og sosialsektoren og på tvers av fagområde, både generelt for systemretta arbeid og i samband med utarbeiding av planar for brukarar som trong langvarige og omfattande tenester frå fleire instansar.

Det individretta arbeidet til sentra skjedde på det aktuelle senteret eller lokalt i kommunen eller fylkeskommunen. Utgreiingsarbeidet kunne gjelde både den enkelte og miljøet på heimstaden, det lokale nettverket og det lokale hjelpeapparatet. Rådgivinga var oftast tiltaksretta mot fagfolk, men kunne òg omfatte brukaren sjølv og foreldre/føresette.

Ressursinnsatsen frå Statped på dei ulike vanskeområda speglar langt på veg behovet i kommunesektoren for spesialisert hjelp og støtte, som er størst for dei lågfrekvente gruppene.

I 2005 og 2006 fordelte ressursane seg slik:

Tabell 4.2 Ressursinnsatsen frå Statped på dei ulike vanskeområda 2005 og 2006 (i pst.)

Sektor	2005	2006
Syn	16,2	16,2
Hørsel (inkludert skoledrift/internat for hørselshemma og døvblinde)	44,6	42,1
Språk- og talevanskar	11,0	11,0
Samansette lærevanskar og åtferdsvanskar	14,7	16,1
Sosiale og medisinske institusjonar	5,5	5,9
Spesialpedagogiske tenester i Nord-Noreg (inkludert samisk spesialpedagogisk støtte)	7,0	8,0
Fellestiltak / andre tiltak	1,0	0,7
Sum	100	100

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Tenesteproduksjonen i Statped hadde med små variasjonar om lag same profil og innretning i 2006 som året før. Om lag 64 pst. av dei samla ressursane gjekk til tenesteyting og 36 pst. til kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing.

Teiknspråkopplæring for foreldre til sterkt tunghørte og døve barn heldt fram i samsvar med programmet på dette området. Det var òg kurs for brukarar ved kompetansesentra, anten individuelt tilrettelagde eller i grupper, og for foreldre og føresette til brukarar som inngår i målgruppene til sentra.

Fleire av sentra hadde samarbeid med universitet og høgskolar og andre forskingsmiljø om ulike kompetansehevingstiltak og FoU-arbeid. Dette samarbeidet med universitets- og høgskolesektoren er avtalebasert og praksisretta. Kompetansesentra var òg medverksytarar i samband med internasjonalt bistandsarbeid. Ytingane, som var i tråd med norsk bistandspolitikk, vart koordinerte av Utdanningsdirektoratet.

Samla sett arbeidde Statleg spesialpedagogisk støttesystem også i 2006 i tråd med dei sentrale føringane frå departementet og Utdanningsdirektoratet. I samsvar med måla har det skjedd utvikling på fleire område. Kompetansesentra har mellom anna delteke med kompetansehevingstiltak til Kunnskapsløftet.

Statped Vest har starta eit samarbeid med Bergen kommune om å flytte skoleavdelinga, Hun-

stad skole, til Nattland skole. Skolen ved Nedre Gausen kompetansesenter samarbeider med Gausetangen skole i Holmestrand. Nokre av elevane ved Nedre Gausen går frå skoleåret 2006–07 i klasse med dei hørande elevane.

Skolane ved dei sosiale og medisinske institusjonane vart frå 1. januar 2007 overførte til den fylkeskommunen der skolen/institusjonen ligg, på lik linje med anna sjukehusundervisning. Det gjeld Berg Gård skole, Geilomo skole, Solberg skole, Voksentoppen skole og skolen ved Sunnaas sjukehus, som endra namn til Sunnaas spesialpedagogiske kompetansesenter.

Våren 2007 godkjende departementet at Statped Nord kunne nyttast som samla namn på tenesteopplegget i dei tre nordlegaste fylka, og at tenestene i kvart fylke skulle samordnast. Ved ei slik samordning vil ein få ei meir rasjonell og effektiv utnytting av kompetanse og ressursar. Målet er mellom anna å redusere ressursbruken til administrative oppgåver til fordel for tenesteyting overfor brukarane.

Mål for 2008

I statsråd 29. juni 2007 vart det oppnemnt eit utval som skal gjennomgå tiltakskjeda for barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov generelt, og statleg spesialpedagogisk støttesystem spesielt. Dette er oppfølging av tiltak omtalte i St.meld.

nr. 16 (2006–2007), jf. Innst. S. nr. 164 (2006–2007), jf. også Kunnskapsdepartementets svar i St.prp. nr. 1 (2005–2006) på Stortingets oppmodningsvedtak nr. 152 og nr. 539. Utvalet skal leggje fram innstillinga si innan 1. juli 2009.

Til dess innstillinga frå utvalet er handsama av departement, regjering og storting, vil grunnlaget for arbeidet i Statped framleis vere St.meld. nr. 23 (1997–98) *Om opplæring av barn, unge og vaksne med særskilde behov*, jf. Innst. S. nr. 228 (1997–98), og det svaret som i St.prp. nr. 1 (2005–2006) vart gitt på Stortingets oppmodningsvedtak nr. 152 av 13. desember 2004 og nr. 539 av 16. juni 2005. I svaret vart sentrale utviklingstrekk i det statlege spesialpedagogiske støttesystemet oppsummert, og det vart gjort greie for mål, hovudtiltak, organisering og ressursbruk. I samsvar med dei føringane som der vart gitt, skal noverande mål og fagprofil for støttesystemet vidareførast, og tenestetilbodet justerast etter brukarbehov og fagutvikling.

Fagprofilen for støttesystemet skal framleis vere forankra i hovudområda tenesteyting og fagutvikling og formidling, med høg og spesialisert kompetanse i høve til ulike grupper med særskilde opplæringsbehov. Statped skal prioritere hjelp til brukarar med dei største og mest samansette vanskanane, og område/bukarar der ein ikkje kan vente at kommunane har kompetanse. Det skal vere mest mogleg lik tilgang på tenester i alle landsdelar.

Statped skal prioritere ressursbruk og innsats for å hjelpe kommunar og fylkeskommunar til på eit tidleg tidspunkt å gi tilpassa opplæring og spesialundervisning med god kvalitet etter behovet til elevane og ønsket til foreldra, slik at elevane kan få størst mogleg fagleg og sosialt utbytte av opplæringa.

Statped skal vidareføre kompetanseutvikling, kunnskapsformidling, læremiddelutvikling og læremiddelproduksjon, brukarmedverknad, samarbeidsrelasjonar og internasjonalt arbeid. Vidare skal Statped framleis delta i oppfølginga av nasjonale satsingar knytte til *Strategi for læringsmiljøet i grunnsopplæringa (2005–2008)*. I samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet skal Statped delta i oppfølging av rapport (april 2006) frå Utdanningsdirektoratet om barn og unge med ADHD og liknande åtferdsvanskar.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 230 postane 01, 21 og 45 blir ført vidare på tilsvarende nivå som i 2007.

Post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3230 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, kap. 3230 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Løyvinga på post 45 kan overførast.

Kap. 3230 Kompetansesenter for spesialundervisning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	
		2006	budsjett 2007	Forslag 2008
01	Inntekter frå oppdrag	55 730	48 145	47 703
02	Salsinntekter o.a.	3 548	5 579	5 819
11	Kursavgift ved vaksenopplæring og etterutdanning	4 154		
15	Refusjon av arbeidsmarknadstiltak	471		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	3 482		
18	Refusjon av sjukepengar	10 812		
	Sum kap. 3230	78 197	53 724	53 522

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som kompetansesentra utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskolar, universitet m.m. Utdanningsdirektoratet reknar med redusert oppdragsomfang i 2008 ved kompetansesentra Skådalen, Nedre Gausen, Møller og Statped Vest på mellom 2,5 og 3 mill. kroner. Departementet foreslår derfor å redusere inntektskravet på kap. 3230 post 01 med

2,5 mill. kroner. Med det blir tidlegare ubalanse mellom kap. 230 post 21 og kap. 230 post 01 varig korrigerert.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale, inntekter frå hjelpemiddeltilpassing og inntekter frå kurs (kursmateriell, deltakarbetaling og opphaldsutgifter i samband med kurs).

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
231	Barnehagar	15 593 637	18 023 293	21 584 258	19,8
	Sum kategori 07.30	15 593 637	18 023 293	21 584 258	19,8

Kap. 231 Barnehagar

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttast under post 51</i>	67 039	71 301	77 367	
50	Tilskott til samiske barnehage tilbud	11 435	11 870	12 380	
51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	6 250	6 488	6 767	
60	Driftstilskott til barnehagar, <i>overslagsløyving</i>	12 110 297	13 692 105	16 209 680	
61	Investeringstilskott, <i>overslagsløyving</i>	253 301	255 000	207 500	
62	Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage	736 173	762 675	794 707	
63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	98 871	102 523	106 829	
64	Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>		40 000	10 000	
65	Skjønnsmidlar til barnehagar	2 310 271	3 081 331	4 159 028	
	Sum kap. 231	15 593 637	18 023 293	21 584 258	

Barnehageløftet står sentralt i regjeringas politikk for å skape gode og trygge oppvekst- og opplæringsvilkår for barn og unge. Regjeringas mål er full barnehagedekning, høg kvalitet og låg pris. Barnehagar er eit godt pedagogisk tilbod og eit trygt omsorgstilbod for barn, og er viktig for å gi moglegheit til yrkesdeltaking for småbarnsforeldre. Regjeringa vil i det kommande året fortsette å prioritere arbeidet med full barnehagedekning. Eit stort fleirtal av kommunane i landet har nådd målet om full barnehagedekning og tilbyr eit godt utbygd barnehage tilbud. Målet for 2008 er at full barnehagedekning blir halden oppe i desse kommunane, og at full barnehagedekning blir nådd i

kommunar som enno ikkje har etablert tilstrekkeleg med barnehageplassar.

Mål: Full barnehagedekning

Tilstandsvurdering

Full barnehagedekning har vore ei førande målsetjing i barnehagepolitikken til regjeringa. I statsbudsjettet for 2006 vart det lagt til rette for ei svært høg utbygging av nye barnehageplassar, med mål om å auke utbyggingstakta og kapasiteten i barnehagesektoren for å få høgare dekningsgrad. Tal frå KOSTRA syner at målalet for 2006 vart nådd med god margin. Medan målet var å etablere 13 500 nye

heiltidsplassar, noko som skulle gi plass til 10 500 nye barn, syner tala at det vart oppretta heile 16 000 nye heiltidsplassar. Dette gav om lag 11 500 nye barn plass i barnehage og er den største kapasitetsauken nokosinne.

Ved utgangen av 2006 gjekk nær 235 000 barn i ein ordinær barnehage eller familiebarnehage. Det gir ei barnehagedekning på 80,4 pst. for barn i alderen eitt–fem år. Tilsvarande tal for 2005 var 223 500 barn og ein dekningsgrad på 76,2 pst. Barnehagedekninga har dermed auka med 4,2 prosentpoeng frå 2005 til 2006. I tillegg gjekk nær 7 500 barn i open barnehage.

Eit klart fleirtal av dei nye barnehagebarna i 2006 var under tre år. Nær 9 400, eller 82 pst., av dei nye barna var småbarn. Barn under tre år utgjer no om lag 31 pst. av alle barn i barnehage, mot 29 pst. i 2005.

Sjølv om talet på nye barn i barnehage er det høgste sidan rekordåra tidleg i 1990-åra, er det framleis slik at ein god del av kapasitetsveksten i barnehagesektoren går med til å auke opphaldstida til barn som allereie har plass i barnehage. I 2006 vart det etablert 1,4 heiltidsplassar for kvart nytt barn som kom inn i barnehage. I 2005 var dette talet 1,3. Overgangen frå deltid til heiltid var

dermed større i 2006 enn i 2005. Det er hos dei eldste barna at endringa frå del- til heiltid er størst. For barn over tre år vart det i 2006 oppretta om lag tre nye plassar for kvart nytt barn som byrja i barnehage, medan for barn under tre år vart det oppretta om lag ein plass for kvart barn som byrja i barnehage.

Barn med heiltidsplass har auka med over 21 600 i 2006. I 2006 hadde 75 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen, mot 70 pst. i 2005. Gjennomsnittleg avtalt opphaldstid har i same periode auka frå 40,0 til 41,1 timar per uke.

Som i dei føregåande åra, fekk dei fleste av dei nye barna tilbod om plass i ein privat barnehage også i 2006. Tendensen er likevel ikkje så sterk som før. I 2006 byrja 58 pst. av dei nye barna i ein privat barnehage, mot 80 pst. i 2005. Tala syner at kommunane no står for ein større del av veksten enn tidligare. Om lag 4 800 av plassane til nye barn kom i 2006 i offentlege barnehagar. Tala syner vidare at 54 pst. av barna hadde plass i ein offentlig barnehage, medan 46 pst. hadde tilbod i ein privat barnehage i 2006. Ved utgangen av 2006 var det i overkant av 6 400 barnehagar i Noreg. 55 pst. av desse var private.

Tabell 4.3 Tal på barn i ordinære barnehagar og familiebarnehagar etter alder og opphaldstid

Opphaldstid	Barn null–to år		Barn tre–seks år		I alt		Sum
	Offentl.	Privat	Offentl.	Privat	Offentl.	Privat	
0–8 timar	82	52	84	8	166	60	226
9–16 timar	321	292	544	434	865	726	1 591
17–24 timar	2 909	2 063	4 557	2 703	7 466	4 766	12 232
25–32 timar	4 354	3 874	10 685	7 742	15 039	11 616	26 655
33–40 timar	2 355	1 882	7 936	4 907	10 291	6 789	17 080
41 timar eller meir	27 307	28 086	66 118	55 653	93 425	83 739	177 164
Sum	37 328	36 249	89 924	71 447	127 252	107 696	234 948

Kjelde: Statistisk sentralbyrå per 15. desember 2006

Barnehagedekninga har auka for alle aldersgrupper frå 2005 til 2006. Mest har dekningsgraden auka for barn i alderen eitt–to år, der auken er på heile 8 prosentpoeng. Dekningsgraden for barn under tre år i 2006 var 62 pst., mot 54 pst. i 2005. For barn over tre år var han 93 pst., mot 91 pst. i 2005.

Rapportar frå kommunane over tal på barn i barnehage og på venteliste per 20. september 2006 syner at barnehagedekninga er ulik kommunane imellom. Medan mange kommunar har bygd ut eit

tilstrekkeleg tal barnehageplassar og nådd full barnehagedekning, har andre kommunar mange barn på venteliste for ein barnehageplass. Dette gjeld i særleg grad for storbyar og storbynære kommunar.

Rapporteringa syner at eit fleirtal av kommunane allereie har nådd full barnehagedekning. 51 pst. av kommunane opplyste at dei per 20. september 2006 hadde full barnehagedekning, medan 78 pst. av dei kommunane som ikkje hadde full bar-

nehagedekning, opplyste at dei venta å få det i løpet av 2006 eller 2007.

Kommunane har slutta opp om Barnehageløftet. Etablering av fleire barnehageplassar og tilrettelegging for full barnehagedekning har vore ei prioritert oppgåve for dei fleste. Regjeringa har i 2006 hatt eit nært samarbeid og dialog med kommunane om utfordringar på vegen mot målet om full barnehagedekning. Regjeringa har teke kommunane med på råd, lagt til rette for erfaringsutveksling og fått viktige tilbakemeldingar på kva slags utfordringar kommunane møter. Viktige arenaer har vore besøk og dialogmøte med kommunar og fylkesmenn, storbymøte mellom regjeringa og ni av dei største byane i landet samt ein nasjonal utbyggingskonferanse i samarbeid med KS. Regjeringa har også hatt nær kontakt med andre sentrale aktørar i barnehagesektoren, og desse har gitt innspel til regjeringas arbeid med barnehageutbygging.

Det vart i 2006 sett i verk fleire informasjonstiltak, mellom anna gjennom ulike nettstader og avisa *Barnehageløftet*, der gode døme på barnehageutbygging vart presenterte.

Fylkesmennene har i 2006 hatt eit særskilt fokus på å følgje opp kommunar som møter utfordringar i barnehageutbygginga. Fylkesmennene rapporterer om fleire tiltak som er sette i verk for å medverke til full barnehagedekning. Gjennom rettleiing, tilsyn, besøk og oppfølging av kommunane har fylkesmennene gitt råd om alt frå konkrete utbyggingsprosjekt og tomteval til spørsmål om finansierings- og tilskottsordningar. Dei har også arrangert nettverks- og saksbehandlingssamlingar for kommunane der barnehageutbygging har vore tema.

Regjeringa har definert målet om full barnehagedekning i løpet av 2007 nærmare:

«Alle som søker barnehageplass innan fristen for hovudopptaket våren 2007, skal få tilbod om plass innan utgangen av 2007.»

Definisjonen er ingen permanent definisjon, verken for stat eller kommunar, men eit måleverktøy for regjeringa. Departementet vil kartleggje etterspurnaden etter og tilbodet om barnehageplassar i løpet av 2007 og måle kor mange av dei som søkte plass ved hovudopptaket til barnehagar, som får tilbod om plass i løpet av året. Utviklinga vil bli dokumentert via det elektroniske barnehagekartet som vart lansert i juni 2007. Barnehagekartet er basert på kommunanes frivillige innrapportering. Kartet vil bli oppdatert jamleg og gi både publikum, presse og myndigheiter høve til å følgje utviklinga i barnehagedekninga.

Mange kommunar møter utfordringar med å etablere tilstrekkeleg tal med barnehageplassar. Press i arbeids- og byggjemarknaden og mangel på tomter som er eigna for barnehageformål, sinkar utbyggingstakta fleire stader. Dette er bakgrunnen for at eit nytt statleg tilskott til faste barnehageplassar i mellombelse lokale vart innført i 2007, jf. Budsjett-innst. S. nr. 2 (2006–2007). Formålet med tilskottet er å forsere barnehageutbygginga, slik at ein kan nå målet om full barnehagedekning.

Finansieringsordninga for barnehagar vart i februar 2005 klaga inn for overvåkingsorganet til EFTA, ESA. Klaga, som var frå Private Barnehagers Landsforbund (PBL), inneheldt påstand om at tilskottet til kommunale barnehagar er ulovleg konkurransevridande etter reglane i EØS-avtalen. ESA fatta vedtak i februar 2007 som konkluderte med at finansieringssystemet for kommunale barnehagar ikkje er i strid med reglane i EØS-avtalen om ulovleg konkurransevridande støtte. PBL har i april 2007 teke ut stemning for EFTA-domstolen med påstand om at ESAs vedtak må annullerast. ESA har gitt tilsvaret til EFTA-domstolen i juni 2007. Noreg støttar tilsvaret. Eit tilsvarende søksmål for norske domstolar har ikkje ført fram.

Strategiar og tiltak

Målet for regjeringa er at alle som ønskjer barnehageplass, skal få tilbod om det. Eit stort fleirtal av kommunane har nådd målet om full barnehagedekning og kan tilby eit godt utbygd barnehagetilbod til innbyggjarane sine. Målsetjinga for 2008 er at full barnehagedekning blir oppretthalden i desse kommunane, og at full barnehagedekning blir nådd i dei kommunane som enno ikkje har etablert tilstrekkeleg med barnehageplassar.

I statsbudsjettet for 2007 er det gitt løyvingar til etablering av 22 700 barnehageplassar, noko som er anslått å gi plass til 16 200 fleire barn. Regjeringa vil stimulere til vidare utbygging og utvikling av barnehagetilbodet også i 2008. ECON har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet undersøkt kva som vil vere full barnehagedekning i 2008. I rapporten *Hva er full dekning av barnehageplasser?* anslår ECON at etterspurnaden etter barnehageplassar i 2008, med dagens maksimalpris, vil svare til 86 pst. av barna i alderen eitt til fem år. Med utgangspunkt i måлтаlet for 2007 og ein prognose for forventta etterspurnad, anslår departementet at det vil vere behov for å etablere barnehageplassar til 3 900 fleire barn i 2008.

Departementet anslår at det framleis vil vere ein stor overgang frå deltid til heiltid, og at det derfor må etablerast 7 700 heiltidsplassar for å gi rom for 3 900 fleire barn i barnehage. Ved fastsetjinga

av dette måltalet er det lagt til grunn ein forventa effekt på etterspurnaden etter barnehageplassar som følgje av prisreducerande tiltak. Med denne veksten i nye barn i barnehage vil det samla vere lagt til rette for at om lag 255 000 barn har eit barnehage tilbud ved utgangen av 2008. Anslaget er svært usikkert, noko som kjem av at det er vanskeleg å anslå etterspurnaden etter barnehageplassar. Anslaget for kor mange barn som står på venteliste ved inngangen til 2008, vil liggje føre i midten av oktober. Dette vil gi eit betre grunnlag for å estimere behovet for barnehageplassar i 2008.

Regjeringa foreslår å leggje til rette for etablering av om lag 5 400 nye barnehageplassar i permanente lokale i 2008. Desse skal gi plass til om lag 2 700 fleire barn i barnehage. I tillegg foreslår regjeringa å vidareføre tilskottsordninga til faste plassar i mellombelse barnehagelokale for å sikre fortgang og fleksibilitet i barnehageutbygginga. Regjeringa foreslår å leggje til rette for etablering av om lag 2 300 faste plassar i mellombelse barnehagelokale, noko som vil gi plass til om lag 1 200 fleire barn.

Løyvingsforslaget vil samla leggje til rette for at alle barn som er forventa å ønskje barnehageplass i 2008, skal få plass. Departementet vil følgje utviklinga i sektoren nøye, og vil komme tilbake med eventuelle oppdaterte anslag og løyvingsbehov for utbygging av barnehageplassar i 2008.

Regjeringa varsler i Soria Moria-erklæringa at ho vil innføre ein lovfesta rett til barnehageplass når full barnehagedekning er nådd. Rett til barnehageplass er eit viktig verkemiddel for å sikre ei rekkje overordna mål på ulike samfunnsområde, til dømes gode oppvekstvilkår, yrkesdeltaking og utjamning av sosiale forskjellar. Regjeringa tek òg sikte på å innlemme tilskott til drift av barnehagar i rammetilskottet til kommunane. Det er ønskeleg at myndigheitsansvaret blir følgd av eit fullstendig økonomisk ansvar for sektoren. Regjeringa meiner derfor det er viktig å sjå desse endringane i nær samanheng.

Det er viktig at kommunane førebur seg på dei endringane som ein lovfesta rett til barnehageplass og rammefinansiering vil føre med seg. Kommunane har i dag etter barnehagelova plikt til å sørge for at det finst eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar for barn under opplæringspliktig alder. Med ein individuell rett til barnehageplass må kommunane dimensjonere barnehage tilbudet sitt slik at dei er i stand til å oppfylle denne retten.

Regjeringa vil med dette løyvingsforslaget medverke til at barnehageutbygging framleis blir ståande høgt på dagsordenen i kommunane. Departementet vil halde fram med tett dialog og rådføring med kommunar, private eigarar og andre sentrale

aktørar i sektoren. Barnehageløftet er eit felles tverrpolitisk løft mellom stat og kommunar. Ein samla innsats og godt samarbeid med alle partar i sektoren er avgjerande for å lykkast med å gi eit godt barnehage tilbud til alle som ønskjer og treng det.

Mål: Høg kvalitet

Tilstandsvurdering

Departementet har lagt vekt på kompetanse- og kvalitetsutvikling i barnehage tilbudet. I 2006 vart det sett i verk fleire tiltak for å intensivere kvalitetsarbeidet i barnehagane. Dette har mellom anna ført til auka forskingsinnsats og utviklingsarbeid.

Noreg har saman med 19 andre land teke del i OECDs Thematic Review of Early Childhood Education and Care Policy. Den siste rapporten frå prosjektet, *Starting Strong II* (OECD 2006), vart lagt fram hausten 2006. Rapporten syner at Noreg utmerker seg ved at det offentlege gir store økonomiske bidrag til barnehageområdet, at Noreg har ein heilskapleg tilnærming til læring og omsorg og eit tilbod med god kvalitet for barn i alle aldersgrupper. Det er lagt merke til at Noreg har lovfesta barn sin rett til medverknad i barnehagen, og at den nye rammeplanen både har eit barneperspektiv og eit breiare læringsperspektiv enn ordinære læreplanar. Vidare er det trekt fram at Noreg arbeider for å få fleire menn og etniske minoritetar blant personalet i barnehagane. OECD-rapporten peika òg på område der Noreg har eit forbedringspotensial, særleg knytt til langsiktig forskning og låg pedagogdel i norske barnehagar. Etter at prosjektet vart avslutta, har OECD etablert eit nettverk for medlemslanda på barnehageområdet. Noreg er med i dette nettverket.

Fylkesmennene har i 2006 gjennomført ei rekkje tiltak for å fremme kvaliteten i barnehagane. Implementering av ny rammeplan for barnehagen har vore ei prioritert satsing. Vidare har det mellom anna vorte arrangert fagsamlingar, dialogmøte og nettverk for kommunane for å gi informasjon og leggje til rette for kvalitetsutvikling og samarbeid. Å finne gode system og reiskapar for å sikre og vidareutvikle kvaliteten i barnehagane er eit kontinuerleg arbeid i kommunane.

Løyvingane til barnehageforskning har vorte styrkt. I 2006 vart det fordelt om lag 19 mill. kroner til barnehageforskning. Midlane blir forvalta av Noregs forskingsråd gjennom *Program for velferdsforskning 2004–2008* og *Praksisrettet FoU for barnehage, grunnopplæring og lærerutdanning 2006–2010* (PRAKSISFOU), jf. post 51. Program for velferdsforskning har som mål å bringe fram eit fagleg solid kunnskapsgrunnlag som er relevant både for

politiske avgjerder og for den offentlege debatten. Forskingsprogrammet PRAKSISFOU skal fremme forskings- og utviklingsarbeid i lærarutdanningane, betre samanhengen mellom yrkesutdanning og yrkesutøving, gi kunnskap om barnehagens innhald og kvalitet og medverke til at forskingsbasert kunnskap blir teken i bruk.

Lov om barnehagar, som tok til å gjelde 1. januar 2006, gir fylkesmannen kompetanse til å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyn-

digheit. Tilsynet skal sikre at krava i barnehage-lova blir oppfylte og medverke til å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet. Departementet har sett i verk tiltak for å styrkje tilsynsarbeidet. Det er mellom anna gitt meir konkrete føringar for tilsynsarbeidet i styringsdokumenta til fylkesmennene. Vidare er det utarbeidd ein rettleiar for det tilsynet fylkesmannen skal ha med kommunen som barnehagemyndigheit. Tilsyn er òg eit sentralt tema i styringsdialogen med fylkesmannsembeta.

Personale og kompetanse i barnehagen

Tabell 4.4 Personalet i barnehagane

	2004	2005	2006
Tal på tilsette	60 470	64 728	69 655
Tal på årsverk	46 540	50 331	54 896
Tal på barn per årsverk	4,6	4,4	4,3
– offentlege barnehagar	4,4	4,3	4,2
– private barnehagar	4,8	4,6	4,4
Tal på styrarar og pedagogiske leiarar	19 064	20 649	22 334
– i pst. av dei tilsette	31,5	31,9	32,1
Tilsette med godkjend førskolelærarutdanning	20 277	21 803	22 893
– i pst. av dei tilsette	33,5	33,7	32,9
Anna pedagogisk personale	5 363	5 639	5 620
– i pst. av dei tilsette	8,9	8,7	8,1
Styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend førskolelærarutdanning	2 036	2 244	2 932
– i pst. av styrarar og pedagogiske leiarar	10,7	10,9	13,1

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2006 var det om lag 69 700 tilsette som utførte nær 54 900 årsverk i barnehagane. Det er ein auke på om lag 4 500 årsverk frå året før. I overkant av 22 300 av dei tilsette var styrarar og pedagogiske leiarar. I tillegg var vel 5 600 i kategorien anna pedagogisk personale, som til dømes allmennlærar, faglærar, spesialpedagog og barnevernspedagog. Sidan 2004 har talet på tilsette i sektoren auka med om lag 9 200 personar.

Delen av tilsette med førskolelærarutdanning ser ut til å halde seg stabilt på om lag 33 pst. på landsbasis. Talet på barn per årsverk viser ein svak nedgang frå 2004 til 2006. Det har vore ein sterk auke i talet på barnehageplassar for barn under tre år i denne perioden, noko som kan forklare denne nedgangen. Dette fordi det etter forskriftene til

barnehagelova skal vere ein pedagogisk leiar per sju–ni barn når barna er under tre år og per 14–18 barn når barna er over tre år.

Talet på tilsette i barnehagane som arbeider som styrar eller pedagogisk leiar utan godkjend førskolelærarutdanning, er 13,1 pst. på landsbasis og har auka med om lag to prosentpoeng frå 2005 til 2006. I nokre fylke er det ei utfordring å rekruttere nok førskolelærarar, medan barnehagar i andre fylke ikkje har den same utfordringa. Oslo og Akershus har dei største vanskaner. Her har delen styrarar eller pedagogiske leiarar utan godkjend utdanning auka frå 18,0 pst. og 17,0 pst. i 2005 til høvesvis 21,8 pst. og 22,1 pst. i 2006. I fylke som Sogn og Fjordane, Hedmark og Nord-Trøndelag er det motsett tendens, der denne delen minkar.

Tabell 4.5 Utdanning av førskolelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet

	2004	2005	2006
Opptak til førskolelærerutdanning	1 943	2 091	2 361
– av dette menn	250	316	335
– del menn (i pst.)	12,9	15,1	14,2
Uteksaminerte førskolelærarar	1 289	1 331	1 272
– av dette menn	74	99	106
– del menn (i pst.)	5,7	7,4	8,3

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)

Talet på studentar som er tekne opp til førskolelærerutdanninga, har auka frå 1 943 i 2004 til 2 361 i 2006. Talet på uteksaminerte førskolelærarar har vore stabilt i same periode, med om lag 1 300 kandidatar kvart år. Tal frå Samordna opptak viser at talet på søkjarar som hadde førskolelærerutdanning som første val, auka med om lag 32 pst. frå 2005 til 2006 og med 6,8 pst. i 2007. Opptaket av studentar auka med 270 personar frå 2005 til 2006, og det vart totalt teke opp 126 fleire studentar enn utlyste studieplassar. På lengre sikt vil dette medverke til å auke talet på uteksaminerte førskolelærarar.

I rapporten *Full dekning, også av førskolelærere?* frå NOVA (2007) er data frå Statistisk sentralbyrå (SSB) om alle som har fullført utdanning som førskolelærar frå 1971 kobla saman. Dette er nytta til å vurdere yrkesstabiliteten til denne gruppa i barnehagane. Rapporten syner at det i 2005 var vel 37 000 personar i yrkesaktiv alder som var utdanna som førskolelærarar. Av desse arbeider om lag 18 700 i barnehage. Størparten av førskolelærarane som ikkje arbeider i barnehagen, er tilsette i undervisning, helsetenester og sosial- og omsorgstenester eller i administrasjon av slik tenesteyting. Om lag 7 200 førskolelærarar arbeider i grunnskolen. Veksten i talet på førskolelærarar i perioden 2000 til 2005 har i stor grad vore kanalisert inn i barnehagane. Nesten 70 pst. av dei nyutdanna førskolelærarane byrja å jobbe i barnehage, medan berre sju pst. har byrja å jobbe i grunnskolen i same periode.

Tidlegare utgreiingar har peika på at førskolelærarar i barnehagane er ei svært ung arbeidstargruppe. Framleis er denne gruppa relativt ung. Om lag to av tre førskolelærarar som jobba i barnehagen i 2005 var under 40 år, medan berre ein av ti var over 50 år. Fråfall på grunn av pensjonsavgang er derfor ikkje ei utfordring i barnehagesektoren dei nærmaste ti åra.

SSB har på oppdrag frå departementet gjort ei ny framskriving av tilbod og etterspurnad i

arbeidsmarknaden for førskolelærarar fram mot år 2020. SSB skisserer tre alternativ. Framskrivinga gir ikkje eit eintydig bilete av om utdanningskapasiteten er tilstrekkeleg høg til å gi eit overskott av førskolelærarar innan få år, sjølv om to av alternativa indikerer at det vil vere balanse etter nokre år og overskott i slutten av framskrivingsperioden. Eit viktig moment som modellen ikkje tek omsyn til, er immobilitet i arbeidsstyrken. Sjølv om det tilsynelatande er nok førskolelærarar til å dekkje etterspurnaden om fem år, betyr ikkje det nødvendigvis at førskolelærarane ønskjer å flytte til dei stadene der behovet er størst.

Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011) skal medverke til at mangelen på førskolelærarar blir redusert, at det blir lettare å rekruttere førskolelærarar til og halde på førskolelærarar i barnehagane. Departementet lanserte strategien i 2007. Det må setjast inn både kortsiktige og langsiktige tiltak for å rekruttere førskolelærarar til barnehagane. Departementet vil utarbeide årlege tiltaksplanar i strategiperioden. Hovudsatsinga i 2007 er arbeidsplassrelatert førskolelærerutdanning for assistentar i barnehagen. I tillegg til statleg innsats må det også setjast inn sterkare lokal innsats for å rekruttere førskolelærarar.

Frå 2006 sette regjeringa i gang ei auka satsing på kompetanseutvikling i barnehagesektoren. Om lag 60 mill. kroner vart i 2006 nytta til kompetanseutvikling, sjå nærmare rapport under postane 21, 51 og 63. Midlane vart førde vidare i 2007 og vart auka med 4 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett 2007 i samband med *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011)*, jf. Innst. S. nr. 230 (2006–2007) og St.prp. nr. 69 (2006–2007).

I 2007 la departementet fram *Kompetanse i barnehagen - Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007–2010)*. Departementet ønskjer gjennom denne strategien å vidareutvikle barnehagen som ein lærande organisasjon med eit aktivt forhold til kompetanseutvikling. Kompetansen til

dei tilsette er heilt sentral for å styrkje barnehagen som pedagogisk institusjon og yrkesstatusen til dei tilsette. Strategien skal også stimulere til kompetanseutvikling for kommunane som barnehagemyndigheit, barnehageeigarar, høgre utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø. Dei sentrale områda er pedagogisk leiing, barn sin medverknad, språkmiljø og språkstimulering og samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole. Fylkesmennene har ei sentral rolle i gjennomføringa av strategien. Departementet vil arrangere årlege nasjonale konferansar for å formidle lokale erfaringar og kunnskap om kompetanseutvikling.

Barnehagen har ei viktig samfunnsoppgåve i tidleg førebygging av diskriminering og mobbing. Regjeringa har i samarbeid med KS, Foreldretvalet for grunnskolen og Utdanningsforbundet skrivne under på *Manifest mot mobbing (2006–2008)* for å understreke at det er viktig å arbeide for eit godt omsorgs- og læringsmiljø.

Likestilling

Hausten 2004 sette daverande Barne- og familiedepartementet i verk ein handlingsplan for likestilling i barnehagane, *Den gode barnehagen er en likestilt barnehage*, for perioden 2004–07. Handlingsplanen har to mål:

- at delen menn i barnehagane skal aukast til 20 pst. innan utgangen av 2007
- at likestilling og likeverd skal liggje til grunn for all verksemd og pedagogikk i barnehagen.

I planperioden har talet på menn i barnehagane auka betydeleg, frå 4 845 i 2004 til 6 202 i 2006. Som følgje av at barnehagesektoren er i vekst, gjer det ikkje så store utslag i prosentdelen. Ved utgangen av 2006 var 8,9 pst. av dei tilsette menn, ein svak auke frå 2004. Vidare har talet på menn i førskolelærerutdanninga og blant ferdige kandidatar vore aukande i perioden. I 2004 var det 250 menn under utdanning, og i 2006 auka det til 335. I 2004 finn vi 74 menn blant dei ferdige førskolelærarane, mens i 2006 var 106 av kandidatane menn. Dei utgjer vel 8 pst. av dei nye førskolelærarane.

Tabell 4.6 Menn i barnehagane 2004–06

	2004	2005	2006
Menn i alt	4 845	5 715	6 202
– i pst. av tilsette	8,0	8,8	8,9
Styrarar og pedagogiske leiarar	1 112	1 263	1 350
Assistentar ¹	1 896	2 387	2 780
Andre stillingsgrupper	1 837	2 065	2 072

¹ Inkludert tospråklege assistentar

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Handlingsplanen medverkar til at likestillingsarbeidet blir følgt opp i fleire barnehagar enn før. Fylkesmenn i fem regionar forvaltar midlar til informasjonstiltak, rettleiing, samarbeid med høgskolar og støtte til lokale prosjekt. Departementet har støtta ni forskings- og utviklingstiltak, der dei fleste har som formål å gi barnehagane verktøy i arbeidet for likestilling. Departementet støtta drift av nettsida mibnett.no og ein årleg landskonferanse for barnehagesektoren. Vidare har departementet gitt ut eitt temahefte om menn i barnehagen og eitt om likestilling i det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Handlingsplanen for likestilling blir avslutta i 2007, og det vil bli utarbeidd ein slutt-rapport.

Barn med nedsett funksjonsevne

Barn med nedsett funksjonsevne kan trenge ekstra bistand og merksemd i barnehagen som støtte for utvikling og fellesskap med andre barn. Regjeringa vil sjå til at barn som har særleg behov for barnehageplass, får det, jf. post 62.

Det er stort behov for forskning om barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen. I *Praksisrettet FoU for barnehage, grunnopplæring og lærerutdanning* for perioden 2006–10 er det av den årlege løyvinga på 15,5 mill. kroner sett av 2,5 mill. kroner til forskning om barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen, sjå post 51. FoU-prosjekt kan gi kunnskap om korleis barnehagen legg til rette for at alle barn får eit godt omsorgs- og læringsmiljø.

Minoritetsspråklege barn

Minoritetsspråklege barn kan ha særskilte språkutfordringar fordi dei må lære seg både morsmålet sitt og norsk. Barnehagen er ein viktig integrerings- og språkopplæringsarena for minoritetsspråklege barn i førskolealder, jf. St.meld. nr. 16 (2006–2007) ... og ingen sto igjen. *Tidlig innsats for livslang læring.*

Talet på minoritetsspråklege barn (det vil seie barn med ein annan språk- og kulturbakgrunn enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk) i barnehage har auka frå i underkant av 14 000 i 2005 til om lag 15 700 i 2006. I 2006 var om lag 57 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen eitt–fem år i barnehage. Det er ein auke frå 54 pst. i 2005. Deltakinga i barnehagane aukar med alderen. I 2006 gjekk 87 pst. av alle minoritetsspråklege femåringer i barnehage, mot 95 pst. av alle femåringer i befolkninga elles.

Ved utgangen av 2006 var det 788 førskolelærarar med innvandrarbakgrunn med jobb i barnehage, mot 676 i 2005. I 2006 utgjorde dette 3,4 pst. av alle førskolelærarar som arbeidde i norske barnehagar. Hausten 2006 hadde 5,5 pst. av studentane i førskolelærarutdanninga innvandrarbakgrunn. Det er på same nivå som i 2005. Ein viser òg til vedlegget *Mål for inkludering av innvandrerbefolkningen* i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Strategiar og tiltak

Eit overordna mål for barnehagepolitikken til regjeringa i 2008 er at barnehagen skal gi barn eit pedagogisk tilbod av god kvalitet. Rammeplan om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen er eit viktig styrings- og kvalitetsverktøy. Rammeplanen skal vere med å sikre barn eit likeverdig tilbod av god kvalitet.

Ei viktig målsetjing for 2008 er at talet på pedagogar i barnehagen skal aukast. I dei siste åra har det vore ein stor auke i talet på barnehageplassar. I denne utbyggingsfasen er det ei utfordring å skaffe nok førskolelærarar til barnehagane. På bakgrunn av dette lanserte Kunnskapsdepartementet i 2007 *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011)*. Tiltak som vart sette i gang i 2007, vil bli vidareførde i 2008. Departementet foreslår at det i 2008 blir oppretta 125 nye studie-plassar i førskolelærarutdanninga, jf. omtale under kategori 07.60.

Kompetansen til personalet er den viktigaste faktoren for å kunne gi eit barnehagetilbod med høg kvalitet. Målsetjinga for 2008 er at barnehagesektoren gjennomfører kompetansetiltak i høve til

Kompetanse i barnehagen - Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007–2010). Midlane til kvalitetsutvikling vil i 2008 bli vidareførde på same nivå som i 2007. Det foreslås å nytte 66 mill. kroner til kvalitetsutvikling i 2008. Dette omfattar 55 mill. kroner på post 21 og delar av midlane på postane 51 og 63. I tillegg til lokale kompetanseutviklingstiltak og utviklingsarbeid vil departementet finansiere nokre sentrale tiltak. Kunnskapsdepartementet medverkar med midlar til eit landsdekkjande vidareutdanningstilbod i pedagogisk utviklingsarbeid for førskolelærarar som arbeider i barnehagen (PUB-studiet). Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) har fått midlar til å vidareføre kompetanseutvikling i språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk for tilsette i barnehagar, jf. post 63.

Departementet vil leggje fram ein ny strategi for likestilling i barnehage og grunnopplæring. Strategien skal medverke til å styrkje og samordne likestillingsarbeidet i barnehagar og skolar. Han byggjer vidare på *Den gode barnehagen er en likestilt barnehage (2004–2007)* og tidlegare likestillingsarbeid i skolen, og rettar seg i hovudsak mot tilsette i barnehagar og skolar, eigarar, myndigheter og lærarutdanningane. Sjå nærmare omtale under Del V kap. 8.

Regjeringa ser på barnehagen som ein viktig arena for læring for barn i førskolealder. Barnehagen skal leggje grunnlaget for livslang læring og aktiv deltaking for barn i eit demokratisk samfunn. Det er viktig å styrkje samarbeidet mellom barnehage og skole, for å gjere læringsløpet mest mogleg samanhengande. Ei utfordring i dette arbeidet vil vere å skape gode modellar for samarbeid slik at banda mellom barnehage og skole blir styrkte, samtidig som partane held på eigenartane sine. Departementet vil derfor utarbeide ein rettleiar om samarbeid og samheng mellom barnehage og skole.

Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for utvikling av språk. Hausten 2007 vil regjeringa leggje fram ei stortingsmelding om språkopplæring. Stortingsmeldinga vil omfatte språkopplæring i eit fleirkulturelt og livslangt perspektiv og handle om både språkopplæring og språkstimulering i førskolealder, grunnskole, vidaregåande opplæring og lærarutdanning. Departementet tar sikte på i denne meldinga å utrede innføring av kommunal plikt til språkstimulering av alle barn i førskolealder som har eit behov for dette, uavhengig av om dei går i barnehage eller ikkje, jf. St.meld. nr. 16 (2006–2007).

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 396 (2006–2007) i samband med handsaminga av

St.meld. nr. 16 (2006–2007), jf. Innst. S. nr. 164 (2006–2007):

«Regjeringen bes igangsette et forskningsprosjekt der man følger en representativ barnegruppe over lang tid. Forskningen bør søke å avdekke ulikheter i utvikling knyttet opp mot valg av omsorgsløsning, sosial bakgrunn og etnisk opprinnelse.»

Departementet vil følge opp dette vedtaket og komme tilbake til Stortinget med resultatene fra forskinga.

Departementet vil føre vidare satsinga på barnehageforskning både gjennom *Program for velferdsforskning 2004–2008* og *Praksisrettet FoU for barnehage, grunnopplæring og lærerutdanning 2006–2010* (PRAKSISFOU), begge i regi av Forskingsrådet, jf. post 51.

Eit viktig mål er å leggje vekt på kvalitet ved lærings- og omsorgsmiljøet i barnehagen. I tiltaksplanen *Manifest mot mobbing (2006–2008)* er det særleg lagt vekt på implementering av rammeplan for barnehagen og barns rett til medverknad. Rammeplanen for barnehagen stadfestar at barnehagen har ei samfunnsoppgåve i tidleg førebygging av diskriminering og mobbing.

Mål: Låg pris

Tilstandsvurdering

Maksimalgrensa for foreldrebetalinga vart 1. januar 2006 redusert frå kr 2 750 per måned til kr 2 250 per måned. Ei undersøking gjennomført av SSB i august 2006 syner at den gjennomsnittlege betalingssatsen på landsbasis, både i private og kommunale barnehagar, var lågare enn maksimalgrensa. For hushald med ei bruttoinntekt på kr 250 000, kr 375 000 og kr 500 000 var satsane for ein heiltidsplass høvesvis kr 1 888, kr 2 169 og kr 2 225 i gjennomsnitt per måned. For private barnehagar var den gjennomsnittlege betalingssatsen per august 2006 på landsbasis kr 2 241. Maksimalgrensa for foreldrebetalinga vart 1. januar 2007 justert i tråd med anslaget for forventade pris- og kostnadsauke i kommunesektoren frå 2006 til 2007. I 2007 er maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod kr 2 330 per måned og kr 25 630 på årsbasis.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet finansierer i dag eit tilbod om gratis kjernetid for fire- og femåringer i område med høg del minoritetsspråklege barn i Oslo. Formålet med tiltaket er, gjennom auka deltaking i barnehage, å betre integreringa av minoritetsspråklege barn i samfunnet og betre norsk kunnskapane til barna før dei begynner på

skolen. Tiltaket må sjåast i samanheng med kommunanes tilbod om norskundervisning for foreldre og i særleg grad mødrer gjennom eigne motivasjons- og arbeidstiltak. Det er foreslått å vidareføre ordninga med gratis kjernetid i 2008. Sjå nærmare omtale i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet, kap. 651 post 62.

Konsulentfirmaet Fürst og Høverstad har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet gjennomført ei utvalsundersøking av kostnadene i barnehagane i 2006. Analyser syner at kostnadsnivået ved drift i ordinære private barnehagar utgjør om lag 85 pst. av kostnadene i kommunale barnehagar. Dette er ein svak nedgang frå 2005 da kostnadene i dei private barnehagane utgjorde om lag 87 pst. av dei kommunale kostnadene. Medan dei kommunale barnehagane hadde ein nominell auke i kostnadene til ordinær drift på 5,9 pst. frå 2005 til 2006, hadde dei private barnehagane samstundes ein nominell kostnadsauke på 4,1 pst.

Strategiar og tiltak

Målet til regjeringa er at prisen skal vere så låg at alle som ønskjer det, har råd til å betale for ein barnehageplass av god kvalitet. Regjeringa foreslår derfor å føre vidare maksimalprisen på same nominelle nivå som i 2007. Dette inneber at maksimalgrensa for foreldrebetalinga for eit ordinært heiltidstilbod i 2008 vil utgjere kr 2 330 per måned og kr 25 630 på årsbasis. Dette vil gi ein realnedgang i maksimalprisen for foreldrebetalinga for ein heiltidsplass på om lag 100 kroner per måned samanlikna med ein vidareføring av foreldrebetalinga basert på forventade pris- og kostnadsauke i kommunesektoren.

Regjeringa foreslår å auke foreldrefrådraget for pass og stell av barn frå kr 5 000 til kr 15 000 for kvart barn ut over det første. Dette vil medverke til å redusere utgiftene til barnepass for foreldre med fleire barn mellom anna i barnehage og/eller skolefritidsordning. Sjå nærmare omtale i St.prp. nr. 1 (2007–2008) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 51

Midlane blir nytta til forskning, utviklingsarbeid, kartleggingar, utgreiingar, kompetansetiltak og informasjons- og erfaringsspreiing. Midlane blir mellom anna nytta til kompetanseheving i barnehagesektoren.

Om lag 50 mill. kroner vart nytta til kompetanseutvikling over post 21 i 2006. I tillegg vart det nytta midlar over post 51 og post 63. Samla vart det fordelt om lag 60 mill. kroner til kompetanseutvik-

ling i 2006. Av desse midlane vart om lag 29 mill. kroner tildelte fylkesmennene for fordeling til kompetanseutvikling i barnehagesektoren. Om lag 15,5 mill. kroner vart tildelte Noregs forskingsråd til praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehagane. Midlane vart òg nytta til kompetanseheving og utviklingsarbeid for å betre språkforståinga blant minoritetspråklege barn, jf. post 63, og til å betre tilbodet til barn med nedsett funksjonsevne eller andre særskilde behov, jf. post 51. Vidare vart det sett av 3 mill. kroner til oppfølging av *Den gode barnehagen er en likestilt barnehage (2004–2007)*. For å støtte barnehagane i arbeidet med innføring av ny rammeplan er det brukt kompetansmidlar til temahefte om sentrale delar av rammeplanen og til nasjonale konferansar. Hefta handlar om IKT, natur og miljø, dei minste barna, barns medverknad, språkleg og kulturelt mangfald, samisk kultur og likestilling. Satsinga på kompetanseutvikling i barnehagesektoren vart ført vidare i 2007.

Fylkesmennene fekk tildelt 11 mill. kroner i 2006 for å løyse særskilde oppgåver på barnehagefeltet. Desse midlane kjem i tillegg til dei ordinære midlane til fylkesmannsembeta, løyvde over budsjettet til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Midlane er mellom anna nytta til informasjon, utviklingstiltak, nettverkssamlingar, konferansar, rettleiing, iverksetjing og oppfølging av Barnehageløftet. Ein del av fylkesmennene brukar nokre av midlane til eit samarbeid med høgskolane om kompetanseheving i sektoren. Fylkesmennene har vidare ei sentral rolle i arbeidet med å auke barnehageutbygginga i kommunane.

Departementet foreslår å løyve om lag 77 mill. kroner på posten i 2008. Av den totale løyvinga på posten skal om lag 55 mill. kroner gå til vidare satsing på kvalitetsutvikling i barnehagesektoren. Løyvinga på posten vart i revidert nasjonalbudsjett 2007 auka med 4 mill. kroner for å styrkje arbeidet med å rekruttere kvalifisert pedagogisk personale til barnehagane. Departementet foreslår at desse midlane blir førde vidare i 2008. For å styrkje forvaltninga av barnehagepolitikken i departementet er det foreslått å redusere løyvinga på posten med 1 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 200 post 01, jf. omtale under kap. 200. Departementet foreslår totalt å auke løyvinga med 3 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2007.

Post 50 Tilskott til samiske barnehagestilbod

Formålet med tilskottet er å leggje til rette for at samiske barn skal få utvikle samisk språk og kultur i barnehagen. Sametinget forvaltar midlar til til-

skott til samiske barnehagar, tilskott til språktiltak i norske barnehagar med samiske barn og midlar til informasjons- og utviklingsarbeid og rettleiing.

Sametinget har i 2006 fordelt særskilde tilskottsmidlar til 43 samiske barnehagar. 23 norske barnehagar med samiske barn har fått tilskott til samisk språkopplæring. Sametinget har vidare tildelt midlar til utviklingsarbeid og pedagogisk materiell til bruk i barnehagar. Saman med fylkesmennene har Sametinget arrangert ein nasjonal barnehagekonferanse for tilsette i den samiske barnehagesektoren. Det er òg sett i verk ulike nettverk for styrarar i samiske barnehagar.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 51 Forsking, kan nyttast under post 21

Midlane blir nytta til forskning i og om barnehagar. Løyvinga blir forvalta av Noregs forskingsråd gjennom *Program for velferdsforskning 2004–2008* og *Program for praksisrettet FoU for barnehage, grunnopplæring og lærerutdanning 2006–2010* (PRAKSISFOU). *Program for velferdsforskning* har som mål å frambringe eit fagleg solid kunnskapsgrunnlag som er relevant både for politiske avgjerder og for den offentlege debatten. Midlane har i hovudsak gått til prosjektet *Det moderne barn og det fleksible arbeidsmarkedet: Institusjonalisering og individualisering av barn i lys av endringer i velferdsstaten*, som blir leidd av Norsk senter for barneforskning (NOSEB) og til prosjektet *Barns omsorgskarrierer: Barnehagen som ledd i en omsorgskjede for barn opp til 3 års alder*, som er et samarbeid mellom Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og Høgskolen i Oslo. Forskningsprogrammet PRAKSISFOU skal fremme forskings- og utviklingsarbeid i lærarutdanningane, betre samanhengen mellom yrkesutdanning og yrkesutøving og medverke til at forskningsbasert kunnskap blir teken i bruk. I 2006 vart Program for praksisretta FoU i grunnopplæringa og lærarutdanninga utvida til også å gjelde barnehagesektoren.

Posten vart oppretta i 2006, og i 2006 var løyvinga på om lag 6,3 mill. kroner. Løyvinga på posten må sjåast i samanheng med løyvinga til kompetanseutvikling på post 21. Over post 21 vart det i 2006 sett av om lag 13 mill. kroner til praksisretta forskning og utviklingsarbeid i barnehagen (FoU). I tillegg vart 2,5 mill. kroner over post 51 øyremerkte forskning om barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 60 Driftstilskott til barnehagar, overslagsløyving

Under denne løyvinga er det fire tilskottsordningar: eit ordinært driftstilskott, eit tilskott til drift av barnehagar på Svalbard, eit tilskott til tiltak for barn av nykomne flyktingar og eit tilskott som gjeld lønstillegg for førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms.

Ordinært driftstilskott til barnehagar

Det ordinære driftstilskottet skal nyttast til å nå måla om full barnehagedekning, lågare foreldrebetaling og høg kvalitet i barnehagane.

Tilskottet er øyremerkt og blir gitt til alle godkjende barnehagar. Tilskottet blir utbetalt etter gjeldande satsar, avhengig av alderen til barnet og avtalt opphaldstid per uke. Satsane for driftstilskottet er differensierte mellom private og offentlege barnehagar. Det er egne satsar for barn med tilbod i open barnehage.

Satsane for driftstilskottet vart i 2006 auka for å finansiere nedgangen i maksimalpris frå kr 2 750 til kr 2 250 per måned. Tilskottet har, saman med dei andre tilskotta til drift og etablering av barnehageplassar, òg vore viktig som eit insentiv til auka utbygging av barnehageplassar.

I 2006 vart det over kap. 231 post 60 utbetalt om lag 12,1 mrd. kroner i tilskott til barnehagar. I hovudsak gjekk desse midlane til å utbetale ordinært driftstilskott for barn i barnehage. Ved utgan-

gen av 2006 omfatta det 242 400 barn, inkludert barn med tilbod i open barnehage.

Departementet foreslår å løyve om lag 16,2 mrd. kroner på posten i 2008. Det er foreslått å auke løyvinga med om lag 575 mill. kroner som følgje av at driftstilskottet er justert opp med ein faktor for forventta pris- og kostnadsvekst i kommunal sektor. Løyvingsbehovet for driftstilskott til nye plassar i permanente lokale i 2008 er anslått til 102,5 mill. kroner. Ved utrekning av løyvingsbehovet på posten knytt til kapasitetsvekst i 2008 er det gått ut frå at 82 pst. av barna som får plass i barnehage er under tre år, og at 37 pst. av dei nye barna startar i ein kommunal barnehage. I utrekninga av løyvingsbehovet knytt til kapasitetsvekst i permanente lokale i 2008 er det lagt til grunn ein auke på om lag 5 400 heiltidsplassar, og det er anslått at dette vil gi plass til om lag 2 700 fleire barn i barnehage. Vidare er det lagt til grunn at det blir etablert om lag 2 300 faste plassar i mellombelse lokale, og at det vil gi rom for om lag 1 200 fleire barn i barnehage. Departementet foreslår å løyve 44 mill. kroner i driftstilskott til nye plassar i mellombelse lokale i 2008. Løyvinga på posten er vidare foreslått auka med 1 531 mill. kroner for å dekkje heilårseffekten på driftstilskottet av barnehageplassar som er etablerte i 2006 og 2007. Departementet foreslår vidare at løyvinga blir auka med 265 mill. kroner for å kompensere barnehagane for mindreinntektene frå foreldrebetalinga ved vidareføring av maksimalprisen på same nominelle nivå som i 2007. Totalt foreslår departementet å auke løyvinga med om lag 2 518 mill. kroner nominelt i 2008.

Tabell 4.7 Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2008. Offentlege barnehagar. Kroner per år

Ukentleg opphaldstid for barna	Barn fødde 2004 og tidlegare	Barn fødde 2005 og seinare
0–8 timar	8 565	16 345
9–16 timar	17 290	32 910
17–24 timar	26 235	49 575
25–32 timar	35 105	66 280
33–40 timar	37 620	70 775
41 timar eller meir	47 340	85 500

Tabell 4.8 Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2008. Private barnehagar. Kroner per år

Ukentleg opphaldstid for barna	Barn fødte 2004 og tidlegare	Barn fødte 2005 og seinare
0–8 timar	9 475	18 225
9–16 timar	19 145	36 650
17–24 timar	28 960	55 210
25–32 timar	38 775	73 770
33–40 timar	41 425	78 670
41 timar eller meir	52 170	94 990

Tabell 4.9 Statleg driftstilskott til open barnehage i 2008. Kroner per år

Ukentleg opphaldstid for barna	Tilskottssats
6–15 timar	7 680
16 timar eller meir	14 065

Tilskott til drift av barnehagar på Svalbard

Tilskottet skal medverke til at barnehageeigarar på Svalbard kan gi eit kvalitativt godt tilbod med låg foreldrebetaling til dei som ønskjer barnehageplass.

Ved utgangen av 2006 var det to godkjende barnehagar i den norske busetnaden på Svalbard, og totalt hadde 106 barn eit tilbod om plass i ordinær barnehage. Foreldrebetalinga for eit heiltidstilbod i barnehagane på Svalbard svara i 2006 til maksimalgrensa fastsett av Stortinget. Det vart i 2006 utbetalt om lag 6,8 mill. kroner i driftstilskott til barnehagane på Svalbard.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2007.

Tilskott til tiltak for barn av nykomne flyktningar

Målet med tilskottet er å gjere kommunar og private barnehageeigarar i stand til å gi barn av nykomne flyktningar eit barnehagetilbod når familien skal etablere seg i busetjingskommunen etter opphald i mottak. Ordninga gjeld også for barn av personar som har fått opphald på humanitært grunnlag. Barn av asylsøkjjarar er ikkje omfatta av ordninga. Tilskottet omfattar eit barnehagetilbod på 15 timar per uke i åtte månader.

Det vart i 2006 gitt tilskott til 374 barn. Dette er ein reduksjon med om lag 75 barn frå 2005.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2007.

Lønnstillegg til førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms

Formålet med tilskottet er å betre tilgangen på førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms. Løyvinga dekkjer lønnstillegg til førskolelærarar tilsette som styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagar og barnehageadministrasjonar i alle kommunane i Finnmark og sju i Nord-Troms. Det blir gitt tilskott dersom meir enn 30 pst. av dei aktuelle stillingane er opptekne av personar utan godkjend førskolelærarutdanning.

Om lag 16 pst. av styrarar og pedagogiske leiarar i Finnmark var utan førskolelærarutdanning ved utgangen av 2006. Det er ein svak auke i høve til 2005. I Troms auka delen styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend førskolelærarutdanning frå 12,8 pst. i 2005 til 16,6 pst. i 2006. Landsgjennomsnittet ved utgangen av 2006 var 13,1 pst. I 2006 vart det utbetalt om lag kr 220 000 i lønnstillegg til førskolelærarar i kommunane Gamvik, Lebesby og Vardø i Finnmark.

Lønnstillegget utgjer kr 20 000 per år i full stilling. Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2007.

Post 61 Investeringstilskott, overslagsløyving

Tilskottsordninga er eit viktig verkemiddel for å nå målet om full barnehagedekning. Investeringstilskottet er eit eingongstilskott til etablering av nye barnehageplassar. Tilskottet skal dekkje delar av anleggskostnadene (tomte- og byggjekostnader) ved nybygg, tilbygg eller ombygging slik at inves-

teringstilskottet reduserer finansieringsbehovet (lånebehovet eller behovet for egenkapital) ved etablering av nye plassar.

Investeringsstilskottet medverka til at det vart oppretta om lag 16 000 nye barnehageplassar i 2006. Til saman vart det utbetalt 253 mill. kroner i investeringsstilskott i 2006.

Departementet foreslår at satsane for investeringstilskottet blir førde vidare på same nominelle nivå som i 2007. Departementet foreslår å løyve 63 mill. kroner til investeringsstilskott til nye barnehageplassar i 2008. Ved utrekning av løyvingsbehovet knytt til nye barnehageplassar er det lagt til grunn at om lag 3 900 fleire barn får plass i barnehage. Vidare legg departementet til grunn at det i 2008 vil vere eit etterslep av uhandsama søknader om investeringsstilskott knytt til etableringa av barnehageplassar i 2007. Det er på denne bakgrunnen foreslått å løyve 90 mill. kroner til investeringsstilskott til plassar oppretta i 2007. Departementet anslår i tillegg at halvparten av barna som fekk fast plass i mellombelse lokale i 2007, vil bli flytta over i permanente lokale i 2008, noko som vil utløyse investeringsstilskott. Løyvingsbehovet knytt til dette er anslått til 54,5 mill. kroner. Departementet foreslår samla å løyve 207,5 mill. kroner på posten i 2008.

Post 62 Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage

Tilskottsordninga skal medverke til at barn med nedsett funksjonsevne skal kunne dra nytte av opphald i barnehagen. I høve til barnehageleva § 13 første ledd skal barn med nedsett funksjonsevne ha prioritet ved opptak til barnehage. Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage. Barn med nedsett funksjonsevne kan trenge særskild tilrettelegging av fysiske og personalmessige forhold. Ei slik tilrettelegging vil ofte føre med seg ekstra kostnader for barnehageeigaren. Det blir derfor gitt eit ekstra tilskott frå staten til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen. Kommunen må i tillegg yte det som er nødvendig av egne midlar for å gi desse barna eit godt og forsvarleg tilbod i barnehagen. Tilskottet er fordelt til kommunane etter talet på barn i alderen eitt til fem år i kommunen. Tilskottet blir handsama av kommunane.

I 2006 vart det tildelt om lag 736 mill. kroner i tilskott til kommunane. Tilskottet har i 2006 medverka til at om lag 5 200 barn med nedsett funksjonsevne har fått ekstra ressursar i barnehagen.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder

Tilskottet skal medverke til at kommunane kan utforme tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder. Barnehagen er ein god arena for integrering og språkopplæring. Eit delmål med ordninga er å medverke til at minoritetsspråklege barn går i barnehage. Eit anna delmål er å medverke til at kommunane utarbeider heilskaplege tiltak på tvers av tenestetilboda.

Tilskottet blir delt ut til kommunane ut frå talet på minoritetsspråklege barn som går i ordinær barnehage. Tilskottet følgjer ikkje barnet. Kommunane kan nytte tilskottet fleksibelt ut frå lokale variasjonar og behov, under føresetnad av at målsetjinga med tilskottet ligg til grunn for utforminga av tiltak.

Rapport for 2006–07

KOSTRA-tal for 2006 viser at over 7 000 minoritetsspråklege barn i barnehage fekk tilbod om særskild språkstimulering utover det ordinære arbeidet med språkutvikling i barnehagen, jf. rammeplan for barnehagen.

Hausten 2005 vart det sett i gang eit utviklingsprosjekt i fire bydelar i Oslo kommune for å gi særskild språkstimulering til fire- og femåringar som ikkje har barnehageplass. Prosjektet er vidareført i 2006 og fram til sommaren 2007 med midlar frå departementet til to ambulerande pedagogar. Evalueringa syner at dei barna som har delteke i prosjektet, har hatt språkleg utbyte av tilbodet, og for mange familiar har dette vore eit godt tilpassa tilbod ut frå deira livssituasjon. Resultata er baserte på intervju av foreldre og tilsette. Dei fleste som deltok i prosjektet, går ikkje i barnehage på grunn av økonomiske årsaker og geografisk avstand til barnehagane, men fleire barn har byrja i barnehage som følgje av deltaking i dette språkstimuleringsiltaket.

I 2006 er det nytta 5,8 mill. kroner til Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) for å initiere kompetanseutviklingsprogram og utviklingsprosjekt i eit utval fylke og barnehagar og til fylkesmennene til opplæring og lokalt utviklingsarbeid, jf. post 21. Prosjekta er førde vidare i 2007.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 64 Tilskott til mellombelse barnehagelokale, overslagsløyving

Tilskottet til faste barnehageplassar i mellombelse lokale er eit verkemiddel for å auke kapasiteten i barnehagesektoren og skal medverke til at ein når målet om full barnehagedekning. Ordninga vart etablert 1. januar 2007.

Tilskottet blir gitt ved nyetablering av plassar i både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Tilskottsordninga er ei mellombels ordning som skal stimulere barnehageeigarar til å leggje til rette lokale som gir barn fast plass i ein barnehage før den permanente barnehagen er ferdig. Det er berre ordinære barnehagar som kan få tilskottet.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare i 2008 for å stimulere til auka utbygging av barnehageplassar. Departementet foreslår at satsane for tilskottet blir haldne oppe på same nominelle nivå som i 2007. Det er foreslått å løyve 10 mill. kroner på posten i 2008. Løyvinga legg til rette for at om lag 1 200 fleire barn kan få ein fast barnehageplass i mellombelse lokale. Auken i kapasiteten i sektoren som følgje av etablering av barnehageplassar i mellombelse lokale, gir i tillegg eit løyvingsbehov for driftstilskott og skjønnsmidlar, jf. post 60 og post 65.

Post 65 Skjønnsmidlar til barnehagar

Målet med skjønnsmidlane er å kompensere for dei auka netto meirutgiftene til kommunane som følgje av maksimalpris, kommunal plikt til likeverdig handsaming og drift av nye barnehageplassar. Skjønnsmidlane er statlege midlar som blir overførde til kommunane og er øyremerkte barnehagedrift.

Rapport for 2006–07

Departementet har i 2007 kontrollert om kommunane har oppfylt føresetnadene for tildeling av skjønnsmidlar i 2005. Det er gjennomført ein stikkprøvekontroll i 25 kommunar. Kontrollen syner at 18 av dei 25 kommunane har brote føresetnadene

for tildelinga, og departementet har på denne bakgrunnen trekt tilbake 11,5 mill. kroner i skjønnsmidlar frå desse kommunane.

KOSTRA-tala for 2006 syner at netto driftsutgifter til barnehagar i kommunane nominelt vart auka med 2,2 pst. eller om lag 74 mill. kroner frå 2003 til 2006. Nokre kommunar har auka eigenfinansieringa, medan ei rekkje kommunar har redusert eigenfinansieringa. Reduksjon i eigenfinansieringa er i strid med føresetnadene i barnehageforliket og rundskrivet om tildeling av skjønnsmidlar for 2006. Departementet vil derfor fortsette å følgje opp dette overfor kommunane.

Skjønnsmidlane medverka til at det vart oppretta om lag 16 000 nye barnehageplassar i 2006. Til saman vart det utbetalt om lag 2 310 mill. kroner i skjønnsmidlar i 2006.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår å løyve om lag 4 159 mill. kroner i skjønnsmidlar til kommunane i 2008. Løyvingsbehovet knytt til etablering av nye plassar i permanente lokale er anslått til 106,5 mill. kroner i 2008. Løyvinga er vidare foreslått auka med 46 mill. kroner for å dekkje meirutgiftene til kommunane ved nye plassar oppretta i mellombelse lokale. Departementet foreslår i tillegg å auke løyvinga med 811,5 mill. kroner for å kompensere kommunane for meirutgiftene som følgje av plassar oppretta i 2006 og 2007. Den foreslåtte auken i driftstilskottet som følgje av nominell vidareføring av maksimalprisen på 2007-nivå, tek ikkje omsyn til at mange foreldre i dag har redusert foreldrebetaling på grunn av søskenmoderasjonar, inntektsgradering og friplassar. Dette inneber at den foreslåtte auken i satsane for driftstilskottet overkompenserer barnehagane for kostnadene knytt til redusert foreldrebetaling. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 16 mill. kroner. Det er vidare foreslått å auke løyvinga med om lag 130 mill. kroner som følgje av prisjustering. Totalt foreslår departementet å auke løyvinga på posten med om lag 1 078 mill. kroner nominelt i høve til 2007.

Programkategori 07.50 Tiltak for å fremme kompetanseutvikling

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
252	EUs handlingsprogram for livslang læring		141 652	186 646	31,8
253	Folkehøgskolar	552 627	572 374	592 986	3,6
254	Tilskott til vaksenopplæring	158 228	189 496	192 722	1,7
255	Tilskott til freds- og menneskerettsentra o.a.		39 021	42 100	7,9
256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	54 366	52 300	53 734	2,7
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	24 540	35 421	36 944	4,3
258	Analyse og utviklingsarbeid	34 251	37 083	37 160	0,2
	Sum kategori 07.50	824 012	1 067 347	1 142 292	7,0

Inntekter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
3256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	7 764	9 446	9 852	4,3
	Sum kategori 07.50	7 764	9 446	9 852	4,3

Regjeringa legg eit breitt syn på kunnskap til grunn for arbeidet sitt med å vidareutvikle kompetansepolitikken. Gjennom kompetansepolitikken arbeider regjeringa for at arbeidslivet skal få tilført kompetent arbeidskraft, at arbeidslivet blir meir læringsorientert, og at den einskilde får styrkt omstillingskompetansen sin og har høve til stadig å skaffe seg ny fagkompetanse.

Regjeringa vil leggje til rette for livslang læring og utvikling av arbeidslivsretta kompetanse, men

og for utvikling av kulturell og demokratisk kompetanse, slik at den einskilde aktivt kan ta del i samfunns- og arbeidsliv.

Regjeringa ønskjer ein lærande utdannings- og opplæringssektor der kunnskap av høg kvalitet skal medverke til å fornye politikk og praksis, slik at tenestene i barnehage, skole, opplærings- og utdanningsinstitusjonar held høg kvalitet.

Mål: Å styrkje kunnskapen om kompetansebehov i arbeidslivet

Noreg står overfor ei rekkje kompetanseutfordringar i åra som kjem. Kompetent arbeidskraft kan bli ein knapp ressurs, mellom anna som følgje av eldrebølga og forholdsviss små ungdomskull. Dei yrkesaktive vil utgjere ein stadig mindre del av befolkninga. Samstundes vil vi sjå auka behov for kompetent arbeidskraft mellom anna innanfor utdannings- og forskingssektoren, helse- og omsorgssektoren og innanfor kunnskapsintensive næringar der Noreg har fortrinn. Import av kompetent arbeidskraft og mobilisering av dei som i dag er utanfor arbeidsmarknaden, kan løyse nokre, men truleg ikkje alle kompetansebehova. Det er naudsynt at arbeidslivet blir meir læringsorientert, og at offentleg sektor fornyar seg og utviklar betre og meir brukarretta tenester.

Departementet vil auke kunnskapen om korleis arbeidslivet kan bli meir læringsorientert, og om kva rolle utdanningssystemet skal ha i møte med utfordringar knytte til framtidige kompetansebehov. Vidare ønskjer departementet å styrkje og skape kontinuitet i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget på desse områda, og vurdere korleis ein kan få betre innspel og koordinering av arbeidet med vidareutviklinga av Noreg som kunnskapsnasjon.

Mål: Alle vaksne som har behov for det, skal få opplæring i grunnleggjande dugleikar

Regjeringa ønskjer å skape eit inkluderande kunnskapssamfunn og eit arbeidsliv med rom for alle. Ingen skal bli støyt ut av eit stadig meir kunnskapsbasert arbeids- og samfunnsliv grunna manglande grunnleggjande dugleikar innanfor lesing, skrivning, rekning og bruk av IKT. Alle må ha høve til å tileigne seg slike grunnleggjande dugleikar.

Resultata frå OECD-undersøkinga Adult Literacy and Lifeskill Survey (ALL), som vart lagde fram våren 2005, viste at over 400 000 personar i den vaksne befolkninga i Noreg har så svake lese-dugleikar eller så dårleg forståing av tal at dei har vanskar med å møte krava i eit moderne samfunns- og arbeidsliv. Samstundes viser forskning at dei med svake dugleikar i langt større omfang enn andre er uføretrygda eller på annan måte står utanfor arbeidslivet. Mangel på grunnleggjande dugleikar er såleis eit problem både for den einskilde og for samfunnet.

Regjeringa vil halde fram med satsinga si på *Program for basiskompetanse i arbeidslivet*, som vart oppretta i 2006. Programmet er retta mot dei gruppene som manglar den grunnleggjande kompetansen dei treng for å fungere godt i arbeids- og samfunnslivet (sjå nærmare omtale i kap. 257).

Kommunane har ansvaret for opplæring på grunnskolenivå, men driv i liten grad med tilpassa opplæring i grunnleggjande dugleikar for vaksne. Departementet vil derfor i 2008 arbeide for å styrkje det offentlege opplæringstilbodet i grunnleggjande dugleikar og sikre eit kvalitativt godt tilbod for vaksne, jf. kap. 257.

Mål: Alle vaksne skal ha høve til å gjere informerte val

Det er eit mål at alle skal ha tilgang til kvalifisert og tilpassa rettleiing om utdanning og karriere gjennom heile livet. Individet står overfor stadig meir komplekse val når det gjeld utdanning og karriere. Val ein tek på dette området, vil vere avgjerande for trivsel, velferd og inntekt. Å gjere gode val vil seie at dei passar med personlege føresetnader og ambisjonar, og med realitetar i utdanningssektoren og i arbeidslivet. At den einskilde gjere gode og informerte val, betyr òg mykje for at utdanningssektoren og arbeidsmarknaden skal fungere optimalt, både kvar for seg og saman. Feilval kan føre til fråfall i utdanning, arbeidsløyse eller svekt motivasjon for utdanning og arbeid. I tillegg til kostnader for den einskilde fører desse problema med seg store samfunnsøkonomiske kostnader.

Karriererettleiing er blant dei viktigaste offentlege tiltaka som kan medverke til å gi den einskilde høve til å gjere informerte utdannings- og karriereval. Gjennom arbeid med informasjon, refleksjon og motivasjon søkjer karriererettleiinga å medverke til livslang læring, sysselsetjing og verdiskaping. I tillegg er inkludering og likestilling viktige målsetjingar for tilboda.

I Noreg har vi offentlege rettleiingstilbod i grunnskolen, i vidaregåande skolar, på universitet og høgskolar og i NAV. Stortinget har slutta seg til ei satsing for å styrkje, profesjonalisere og koordinere desse tilboda, jf. St.meld. nr. 16 (2006–2007)... *og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring*. Departementet vil i 2008 arbeide for å følgje opp dette (kap. 256, kap. 258 og kap. 226).

Mål: Alternative læringsarenaer og -former skal gi alle vaksne som ønskjer det, høve til å delta i læring og til å utvikle evnene sine

For at kvar einskild skal kunne utvikle seg gjennom heile livet, er det naudsynt med opplæringstilbod som er tilpassa den einskilde sine behov og føresetnader for læring. Dette er særskilt viktig for vaksne ettersom dei ofte må kombinere læring med andre oppgåver og plikter. Det er særleg når utdanningstilboda synest relevante og ein praktisk

kan foreine dei med jobb og familieliv, at den ein-skilde har høve og er motivert til å delta.

Arbeidslivet er den viktigaste læringsarenaen for vaksne arbeidstakarar. Departementet vil derfor skaffe seg kunnskap om incentivordningar som kan styrkje arbeidsplassen som læringsarena for alle (sjå kap. 257 og 258).

Departementet legg vidare stor vekt på å forbetre systemet for realkompetansevurdering slik at fleire kan få opplæring som er tilpassa dei reelle opplæringsbehova dei har.

Øg på høgre nivå har vaksne som tek etter- og vidareutdanning eit stort behov for fleksibilitet, for å kunne kombinere opplæring med arbeid eller andre plikter. Det er derfor positivt at fjernundervisningstilbodet ved universitet og høgskolar har auka i takt med utviklinga av IKT-støtta læring.

Læring for vaksne skjer ofte også i frivillig sektor, og mange vaksne nyttar seg av dei alternative undervisningstilboda som studieforbunda og fjernundervisningsinstitusjonane gir. Livslang læring handlar òg om menneskeleg utvikling og utvikling av kulturell og demokratisk kompetanse. Regjeringa støttar derfor opp om opplæringstilbod slik som folkehøgskolar, studieforbund og fjernundervisning, som eit supplement og alternativ til den læringa som finn stad gjennom det ordinære utdanningssystemet og i arbeidslivet, jf. kap. 253 og 254.

Mål: Ein lærande utdannings- og opplæringssektor

Ein lærande utdannings- og opplæringssektor krev eit godt samspel mellom forskning, politikk og praksis. Det er eit mål at førskolelærarar, lærarar og andre som underviser, utfører skoleleing og myndigheiter på ulike nivå skal ha tilgang til, sjå relevansen av og gjere seg nytte av kunnskap av høg kvalitet. Samstundes er det viktig at forskarar og andre kunnskapsprodusentar òg får kjennskap til erfaringar og utfordringar frå praksisfeltet. Eit betre samspel vil leggje til rette for fornying og sikre kvaliteten i barnehage, skole, opplæring og utdanning. Dette perspektivet vil liggje til grunn for kommande dokument frå regjeringa, mellom anna stortingsmeldingane om evaluering av Kvalitetsreforma og om kvalitet i grunnopplæringa.

Styring, leing og pedagogisk praksis bør i størst mogleg grad vere baserte på oppdatert kunnskap om forhold knytte til læring, utvikling og undervisning, inkludert kva for tiltak som har effekt på læringa til barn, unge og vaksne. Dette er særskilt viktig for å nå målet om sosial utjamning. Det er barn, unge og vaksne med lite læringsstøtande omgivnader som taper mest dersom praksis

og utdanningspolitikk ikkje er baserte på solid kunnskap. Desse er i større grad enn andre avhengige av ressursane og kvaliteten i det offentlege utdanningssystemet.

Forskning og utviklingsarbeid skaffar til vege viktige delar av kunnskapsgrunnlaget for politikkutforming og praksis. Omfanget av forskning om utdanning er lite samanlikna med andre kunnskap-intensive sektorar. Kunnskapsproduksjonen er òg svak i den forstand at vi manglar eit tilstrekkeleg mangfald av fagdisiplinar, teoritradisjonar og forskingsmetodar på feltet. Samstundes blir kunnskapen i for liten grad systematisert og formidla til dei ulike aktørane på ein slik måte at han legg grunnlag for endringar i politikkutforming og praksis.

Departementet ønskjer no å ta tak i desse utfordringane og vil utarbeide ein heilskapleg strategi for norsk utdanningsforskning. Strategien vil famne om kunnskapsproduksjon innanfor fleire fagdisiplinar og ta for seg forskings- og utviklingsarbeid som er relevant for barnehage, grunnopplæring, høgre utdanning, utdanning for vaksne og læring i arbeidslivet. Strategien blir lagd fram våren 2008.

Som eit ledd i arbeidet med strategien vil departementet opprette eit Nasjonalt forum for utdanningsforskning. Forumet skal vere ein sentral samarbeidsarena mellom forskingsmiljø, praksisfelt, forvaltning og politikk. Forumet skal halde seg informert om kunnskapsutviklinga som er relevant for utdannings- og opplæringssektoren, og komme med forslag til strategiske prioriteringar og betre samordning av den nasjonale forskingsinnsatsen. Forumet skal setjast saman på ein slik måte at det representerer dei ulike forskingsmiljøa, departementet, Noregs forskingsråd, kommunar og fylkeskommunar, fagforeiningar samt brukarar frå praksisfeltet. Kunnskapsdepartementet vil vere sekretariat for forumet. Departementet vil òg setje i gang ei intern utgreiing av korleis kunnskapssystematisering og formidling kan betrast og organisatorisk forankrast i utdannings- og opplæringssektoren.

Regjeringa si satsing på utdanningsforskning omfattar opprettinga av eit nytt forskingsprogram i forskingsrådet, jf. kap. 226. Regjeringa vil òg vidareføre løyvingane frå programmet *Kunnskap, utdanning og læring* (KUL-programmet 2003–2007). Programma skal leggje til rette for større og meir robuste fagmiljø på utdanningsfeltet og medverke til å byggje utdanningsforskning som eit fleir-fagleg kunnskapsfelt tufta på eit mangfald av vitenskaplege teoritradisjonar og metodar, jf. kap. 226, 258 og 281. I tillegg til desse to forskingsprogramma vil departementet vidareføre programmet *Praksisretta FoU for barnehage, grunnopplæring og lærarutdanning* og den forskingsbaserte evalu-

ringa av Kunnskapsløftet, jf. kap. 226 og 274. Departementet vil òg vidareføre satsinga på skoleutvikling gjennom programmet *Kunnskapsløftet - fra ord til handling*, jf. kap. 226. Også ei igang-

setjing av eit forskingsprogram om forskning og innovasjon (FORFI) vil vere eit viktig tiltak for å auke kunnskapen på dei områda som departementet har ansvaret for.

Kap. 252 EUs handlingsprogram for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		
		2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Tilskott		141 652	186 646
	Sum kap. 252		141 652	186 646

Noreg deltek i EUs program for livslang læring, Lifelong Learning Programme 2007–2013 (LLP), jf. Innst. S. nr. 130 (2006–2007) og St.prp. nr. 36 (2006–2007).

LLP er eit nytt program og fører vidare og utvidar dei tidligare programma på utdanningsområdet. Det består av fire sektoraktivitetar:

- førskole, grunnskole og vidaregåande opplæring (Comenius)
- høgre utdanning (Erasmus)
- yrkes- og fagopplæring (Leonardo da Vinci)
- vaksenopplæring og alternative utdanningsvegar (Grundtvig)

Programmet skal òg støtte felt som politikktutvikling på utdanningsområdet, statistikkinnsamling, framandspråkopplæring og IKT.

Gjennom norsk deltaking i LLP får norske aktørar anledning til samarbeid med elevar, studentar, instruktørar, lærlingar, lærarar og utdanningsinstitusjonar frå alle medlemslanda i EU, EFTA-landa og kandidatlanda samt potensielle kandidatland til medlemskap i EU. Hovudformålet med programmet er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssystema i deltakarlanda.

Internasjonalisering er ein viktig del av norsk utdanningspolitikk for å stimulere til den faglege utviklinga til institusjonane, elevane og studentane. Kompetanse i språk og kunnskap om kultur er svært viktig for at det norske samfunnet, og spesielt næringslivet, skal kunne fungere i ein open verdsøkonomi, og for at nyutdanna skal vere kvalifiserte for eit stadig meir internasjonalt samfunns- og næringsliv. Regjeringa legg vekt på at Noreg skal føre ein aktiv Europa-politikk. Mellom anna skal det vere mogleg for alle studentar som tek ein universitetsgrad i Noreg, å ta delar av utdanninga i utlandet. Deltaking i EUs nye utdanningsprogram er eit viktig verkemiddel for å få til dette.

Noreg har to medlemmer i den europeiske programkomiteen for LLP. Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) er nasjonalkontor for programmet.

For rapport om dei gamle utdanningsprogramma, sjå omtale under kap. 281 post 73 for Sokrates og Erasmus Mundus og under kap. 225 post 72 for Leonardo da Vinci.

Departementet foreslår å auke posten med om lag 45 mill. kroner som følgje av auka kontingent i 2008.

Kap. 253 Folkehøgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		
		2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Tilskott til folkehøgskolar	547 708	568 516	588 962
71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	4 300	3 215	3 353
72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	619	643	671
	Sum kap. 253	552 627	572 374	592 986

Post 70 Tilskott til folkehøgskolar

Under denne posten er det to tilskottsordningar: tilskott til folkehøgskolar og tilskott til folkehøgskolar med stor del av funksjonshemma elevar. Målet med tilskott til folkehøgskolar er å medverke til at det kan bli etablert og drive folkehøgskolar. Målet med tilskott til folkehøgskolar med stor del av funksjonshemma elevar er å medverke

til å dekkje meirutgifter skolane har til desse elevane. Nordnorsk Pensjonistskole og Norsk senter for seniorutvikling er godkjende som folkehøgskoleleiknande tiltak, og får tilskott etter folkehøgskolelova. Det er fastsett eit normtal for elevtalet ved den einskilde skolen. Elevtalet på langkurs har halde seg på om lag same nivå frå 2005 til 2006. Talet på deltakarar på kortkursa viser ein nedgang frå 2005 til 2006.

Tabell 4.10 Elevtal i folkehøgskolane 2002–06

År	2002	2003	2004	2005	2006
Elevar langkurs (vår og haust) (16,5–33 uker)	11 878	12 662	12 924	12 478	12 582
Elevar kortkurs (3 dagar–16 uker)	20 727	20 709	20 715	20 785	19 079
Sum elevar	32 605	33 371	33 639	33 263	31 661
Årselevar langkurs	6 260	6 331	6 358	6 422	6 407
Årselevar kortkurs	1 049	1 045	1 037	986	834
Sum årselevar	7 309	7 376	7 395	7 408	7 241
Sum godkjende årselevar/fastsett elevtal	7 112	7 245	7 339	7 345	7 215
Tilskottselevar	7 280	7 172	7 001	7 074	7 212

Kjelde: SSB og Folkehøgskolerådet.

Departementet har vedteke ei ny forskrift til folkehøgskolelova gjeldande frå 1. januar 2007.

Kvås folkehøgskole vart lagd ned 31. desember 2006. Løyvinga er derfor redusert i 2008.

Post 71 Tilskott til Folkehøgskolerådet

Tilskottet skal medverke til at Folkehøgskolerådet kan ivareta fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Vidare er det eit mål å medverke til at Folkehøgskolerådet kan fremme kunnskap om og utvikling innanfor skoleslaget. Rådet har i tråd med oppdrag i tilskottsbrevet gitt innstilling til fordeling av husleigetilskott, og har dessutan avlasta departe-

mentet og Utdanningsdirektoratet ved å gi råd og rettleiing til skolane.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar

Målet med ordninga er å medverke til at det kan drivast nordisk folkehøgskoleverksemd.

Tilskottet går til dekning av utgifter til norske lærarressursar ved Nordiska folkehögskolan i Kungälv og til norsk deltaking på kursa ved Den Nordiske Folkehøgskolen i Genève.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Tilskott til studieforbund	128 770	159 638	166 502
71	Tilskott til fjernundervisning	10 604	11 483	11 977
72	Tilskott til Studiesenteret Finnsnes	8 916	8 059	3 483
73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	9 938	10 316	10 760
	Sum kap. 254	158 228	189 496	192 722

Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet har på vegne av Kunnskapsdepartementet forvaltningsansvaret for tilskotta under kap. 254.

Post 70 Tilskott til studieforbund

Tilskott til studieforbund skal medverke til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby fleksibel og brukartilpassa opplæring for vaksne.

Det blir gitt eit særskilt tilskott til opplæring for vaksne som av ulike ikkje-økonomiske årsaker møter hindringar når det gjeld å ta del i opplæringstilbod, og som dermed treng særleg tilrettelagd opplæring. Prioriterte målgrupper er funksjonshemma, vaksne innvandrarakar, personar med særleg svak førstegongsutdanning og personar med særlege omsorgsplikter.

I september 2007 la Tronutvalet fram ei offentlig utgreiing, *NOU 2007:11 Studieforbund – læring for livet*. Utvalet har mellom anna vurdert den rolla studieforbunda har for den einskilde, for arbeidsliv og for samfunnsliv i eit breitt perspektiv knytt til kultur, folkeopplysning, likeverd, integrering, inkludering, deltaking og demokrati. Innstillinga frå utvalet vil bli sendt på brei høring. Departementet vil vurdere tiltak etter høringa.

Studieforbunda gjennomførte om lag 39 100 kurs i 2006, med til saman over 500 000 deltakarakar. Talet på kurs har minka i dei siste åra, og det var om lag 3 700 færre kurs i 2006 enn i 2005. Også talet på deltakarakar og talet på kurstimar har minka. I 2006 var det om lag 88 500 færre deltakarakar og om lag 74 000 færre kurstimar enn i 2005. Reduksjonen i kurstillbodet har vore ein trend gjennom fleire år. Regjeringa ønskjer å medverke til å stoppe utviklinga med redusert tilbod i regi av studieforbunda, og auka derfor løyvinga til studieforbund i 2007 med 58 mill. kroner nominelt samanlikna med saldert budsjett for 2006.

Departementet foreslår at løyvinga for 2008 blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 71 Tilskott til fjernundervisning

Tilskottsordninga skal medverke til at frittstående fjernundervisningsinstitusjonar kan gi eit variert og landsomfattande tilbod.

Talet på kursfullføringar auka med 2 pst., frå 20 160 i 2005 til 20 658 i 2006. Godkjende frittstående fjernundervisningsinstitusjonar produserte i alt 3 057 000 kurstimar i 2006. Dette var ein nedgang på 3 pst. frå året før.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 72 Tilskott til Studiesenteret Finnsnes

Tilskottet har medverka til drift av Kvinneuniversitetet på Hamar (tidlegare på Løten), Kvinneuniversitetet Nord og Studiesenteret Finnsnes, slik at desse institusjonane kan tilby kurs og andre vaksenopplæringstiltak som alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar.

Kvinneuniversiteta har i 2006 gjennomført kurs og seminar på ulike nivå og utanfor det formelle opplæringssystemet. Ved Kvinneuniversitetet på Hamar har 112 personar teke del i generell studiekompetanse, forkurs realfag og høgskolekurs. I tillegg har det vore om lag 400 deltakarakar på ulike seminar, kurs og foredrag.

Ved Kvinneuniversitetet Nord har opplæringa i 2006 hovudsakleg skjedd utanfor det formelle skolesystemet. Dette er kompetansebygging innanfor mellom anna etablering, nettverksbygging, rettleiing på likestilling og vaksenpedagogikk. Begge kvinneuniversiteta har delteke i prosjekt- og utviklingsarbeid som er relevante for likestilling og kvinner sin situasjon.

Studiesenteret Finnsnes har i 2006 gjennomført fleire studietilbod i samarbeid med høgskolane i Troms og Finnmark, mellom anna sjukepleiarutdanning og lærarutdanning.

Departementet foreslår at tilskottet til drifta av dei to kvinneuniversiteta blir overført til Barne- og likestillingsdepartementet, kap. 846 post 73. Ei slik overføring vil betre sørge for at verksemda til kvinneuniversiteta blir innpassa i likestillingspolitikken til regjeringa.

Departementet foreslår at løyvinga til Studiesenteret Finnsnes blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar

Tilskottet skal vere med på å sikre drifta av fellesorganane for studieforbunda og fjernundervisningsinstitusjonane, Vaksenopplæringsforbundet og Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning. Organisasjonane skal utføre fellesoppgåver for medlemsorganisasjonane og overfor departementet, og fremme kunnskap om og utvikling av fagområda. Vidare skal tilskottet medverke til drifta av det internasjonale fellesorganet International Council for Open and Distance Education (ICDE). ICDE skal byggje ut kontakten med norske fjernundervisningsmiljø og myndigheiter for å gi desse tilgang til ICDEs ekspertise og nettverk i internasjonal fjernundervisning.

Vaksenopplæringsforbundet og Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning har

fungert som kommunikasjonskanalar mellom medlemsorganisasjonane og Vox. Voksenopplæringsforbundet har hatt hovudansvaret for læringsdagane, og har stått for fordeling av reisestipend til lærarar på vaksenopplæringsfeltet.

ICDE har hovudsakleg eit internasjonalt fokus, og har i 2006 mellom anna delteke i utdanningsprosjekt i regi av FN. Departementet ser med bekym-

ring på at eigenkapitalen til ICDE er negativ. Departementet legg til grunn at ICDE styrkjar eigenfinansieringa og gjennom dette legg grunnlaget for vidare drift. Departementet vil vurdere innrettinga og nivået på tilskottet til ICDE i statsbudsjettet for 2009.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2008
		2006	budsjett 2007	
70	Holocaustsenteret		20 646	21 534
71	Falstadsenteret		13 105	13 669
72	Stiftelsen Arkivet		3 574	5 128
73	Norsk Fredssenter		677	706
74	Nord-Norsk Fredssenter, Narvik		1 019	1 063
	Sum kap. 255		39 021	42 100

Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet har på vegne av Kunnskapsdepartementet forvaltningsansvaret for tilskotta under kap. 255.

Løyvingane til Nord-Norsk Fredssenter i Narvik, Norsk Fredssenter på Lillehammer, Stiftelsen Arkivet i Kristiansand, Falstadsenteret i Levanger i Nord-Trøndelag og Holocaustsenteret i Oslo vart frå og med budsjettåret 2007 samla på nytt kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.

Utdanningsdirektoratet er kontakt for sentra i felles spørsmål som er aktuelle for grunnopplæringa. Det er etablert møteplass for desse. Det vart sist arrangert eit møte på Falstadsenteret i 2007 som ei vidareføring av kontakten som er etablert.

Post 70 Holocaustsenteret

Senter for studiar av Holocaust og livssynsminoritetar (Holocaustsenteret) driv verksemd knytt til forskning, undervisning og formidling på områda holocaust, folkemord, menneskerettar og minoritetsspørsmål. Holocaustsenteret skal også drifte utstillinga i Villa Grande på Bygdøy. I tillegg til allmenta og utdanningsinstitusjonar er barn og unge ei særskild målgruppe for formidlingsverksemda ved senteret. Den permanente utstillinga er ferdigstilt og vart saman med senteret offisielt opna den 23. august 2006. Dokumentasjonsavdelinga har primært arbeid med å ferdigstille utstillinga. Etter opninga har avdelinga arbeid med å skape best

mogleg miljø for læring for dei tilsette og eksterne brukarar. Forskingsavdelinga har sett i gang og avslutta fleire forskingsprosjekt i 2006, og fleire doktorgradsstipendiatar som fekk skriveplass på senteret, er blitt integrerte i verksemda til forskingsavdelinga.

I samarbeid med Europarådet har Noreg teke på seg å etablere eit ressurscenter for arbeidet med demokrati-, menneskerettslege og interkulturelle spørsmål i skolen. Det er foreslått at dette senteret skal lokaliserast saman med Holocaustsenteret. Det vil bli sett av 6,5 mill. kroner på kap. 226 post 21 til etableringa av senteret, som skal vere i funksjon frå 2008, sjå omtale under kap. 226.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 71 Falstadsenteret

Stiftinga Falstadsenteret driv eit opplærings- og dokumentasjonssenter for fangehistoria frå andre verdskrigen, samt for humanitær folkerett og menneskerettar. Tilskottet til Falstadsenteret vart i 2006 gitt over kap. 275 post 50. Aktiviteten har vore konsentrert om arbeidet med å skaffe fram materiale til ny museumsutstilling. I 2006 er det lagt ned eit stort arbeid med å oppspore sovjetiske, polske og jugoslaviske fangar. Verksemdsområdet museumsdrift og formidling har vore prega av arbeidet med å få utstillinga *Ansikt til Ansikt* ferdig. Trans-

kriberinga av minnemateriale til Falstadsenteret vart avslutta i 2006. Materialet er unikt og vil ha ein viktig plass i forskings- og formidlingsaktiviteten til Falstadsenteret i åra som kjem.

I 2006 har 1 557 personar delteke på 18 ulike kurs- og undervisningsopplegg. Senteret har òg inngått avtale med Trondheim kommune og Levanger kommune om eit undervisningsopplegg for 9. klasse.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 72 Stiftelsen Arkivet

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Stiftelsen Arkivet skjøttar rolla si som opplærings- og dokumentasjonssenter om krigshistoria, folkerett og menneskerettar og rolla som senter for fredsskapande arbeid.

Tilskottet til Stiftelsen Arkivet vart i 2006 gitt over kap. 225 post 75. Over 12 000 personar har delteke på ulike aktivitetar i 2006. Nærmare 6 500 personar har fått omvisning på Arkivet, omkring 5 000 av desse var skoleelevar. Det er utarbeidd nye undervisningsopplegg, bøker, filmar, teater, rapportar og artiklar om temaet krigshistorie. Institusjonar som Røde Kors, FN-sambandet Sør, Amnesty International, Redd Barna, Fredskorpset m.m. har saman med Stiftelsen Arkivet vore ansvarlege for meir enn 500 undervisningstimar.

Det er utarbeidd fleire forskingsrapportar om tema fred, forsoning, demokrati og menneskeverd, og fleire artiklar om dei same tema er skrivne for fagblad og aviser. I 2006 starta Stiftelsen Arkivet og Robben Island Museum i Sør-Afrika ei utveksling av omvisarar. Same år vart det underskrive ein samarbeidsavtale med Tuol Sleng Genocide Museum i Kambodsja.

Departementet foreslår ei løyving på 5,1 mill. kroner for 2008, som inneber ei styrking på 1,4 mill. kroner i høve til 2007.

Post 73 Norsk Fredssenter

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Norsk Fredssenter kan tilby kurs og opplæring for å fremme arbeidet for fred og menneskerettar. Tilskottet til Norsk Fredssenter vart i 2006 gitt over kap. 254 post 72. Prioritert målgruppe for Norsk Fredssenter var i 2006 unge flyktningar. Ein av hovudaktivitetane har vore prosjektet Afghanistan – håp om ei framtid. Hovudaktivitetane i prosjektet er sommarskole for afghanske unge. Norsk Fredssenter har òg i samarbeid med vaksenopplæringa i Lillehammer utført eit pedagogisk utviklingsarbeid. I prosjektet Dialog – verktøy til inkludering vart pedagogiske metodar som blir nytta av Nansen Dialog og Norsk Fredssenter, tilpassa ei gruppe flyktningar og innvandrarar ved vaksenopplæringa i Lillehammer.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 74 Nord-Norsk Fredssenter, Narvik

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Nord-Norsk Fredssenter kan utføre dokumentasjon, formidling og kontaktskapande arbeid med utgangspunkt i den historiske konteksten Narvik står i, innanfor tema fredsbygging, mellomfolkeleg forståing og internasjonalt samarbeid.

Nord-Norsk Fredssenter har i 2006 vedteke å samarbeide med krigsminnemuseet om å opprette eit nasjonalt informasjons- og dokumentasjonssenter som skal formidle og forske vidare på russarfangar frå andre verdskrigen. Vidare har senteret arbeidd med å sikre finansieringa av stiftelsens hittil største enkeltprosjekt, Minnepark Beisfjord. Nord-Norsk Fredssenter har også arbeidd med EUs ungdomsprogram, European Volunteer Service.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Kap. 256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag 2008
		2006	budsjett 2007	
01	Driftsutgifter	44 602	39 365	40 243
21	Særskilde driftsutgifter	9 764	12 935	13 491
	Sum kap. 256	54 366	52 300	53 734

Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet skal arbeide for auka deltaking i samfunns- og arbeidsliv ved å styrkje og synleggjere kompetansen hos vaksne med særleg vekt på grunnleggjande dugleikar og realkompetanse. Vox skal utvikle, analysere og formidle kunnskap om læring hos vaksne for å tilfredsstillere kompetansebehov i arbeidslivet og for kvar enkelt. Vox skal forvalte Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), jf. kap. 257, og tilskottsordningane til vaksenopplæring og freds- og menneskerettssentra, jf. kap. 254 og kap. 255.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Rapport for 2006–07

Som eit ledd i arbeidet med å styrkje kunnskapen om vaksne sin læring gjennomfører Vox utvalsundersøkingar (Vox-barometeret) to gonger i året. Våren 2006 var det vaksne si haldning og erfaringar knytt til eigne grunnleggjande dugleikar som vart undersøkt. Undersøkinga viser at det er sterke motivasjonsfaktorar for opplæring knytt til forhold utanfor arbeidet, til dømes ønskje om å følgje opp skolegangen til barna. Dette er kunnskap som vil vere nyttig i det vidare arbeidet med å få fleire vaksne til å delta i opplæring i grunnleggjande dugleikar, mellom anna i vidareutviklinga av Program for basiskompetanse i arbeidslivet, jf. kap. 257.

Vox har kartlagt at det generelt er behov for ei betre forståing av formålet med realkompetansevurdering og tilrettelagd opplæring i utdannings-systemet, ei betre og meir synleg organisering av vurderingsarbeidet og ein meir strukturert dokumentasjon frå både arbeidslivet og tredje sektor. For å følgje opp resultatane er det sett i gang eit prosjekt saman med fire fylke der målet er å prøve ut ulike metodiske og organisatoriske modellar som tek omsyn til behovet for tilpassa opplæring. Prosjektet skal vere avslutta i løpet av 2007 og rapport skriven tidleg i 2008.

Eit godt kunnskapsgrunnlag er naudsynt for å kunne følgje opp effekten av vaksne sin rett til vidaregåande opplæring. Statistikken over vaksne i vidaregåande opplæring er svak, og statistikkarbeid har derfor vore eit prioritert område. Saman med Statistisk sentralbyrå (SSB) og Utdanningsdirektoratet vil Vox arbeide for å betre rapporteringa.

Hausten 2007 vil eit rammeverk for opplæring i grunnleggjande dugleikar for vaksne på ulike nivå bli lagt fram for Kunnskapsdepartementet. For å hente idear og drøfte korleis ein kan leggje til rette for slik opplæring har Vox etablert samarbeid med mellom anna England og Danmark, som har nasjonale program for opplæring i grunnleggjande dug-

leikar. Ein del av arbeidet skjer i samband med Program for basiskompetanse i arbeidslivet.

Vox har også i 2007 utgitt *Basis!*. Rapporten gir status på arbeidsområda til Vox og peikar på viktige utfordringar som har komme opp i løpet av året. I 2007 blir det sett søkjelys på områda grunnleggjande dugleikar, Program for basiskompetanse i arbeidslivet, opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak og vaksne sin rett til grunnopplæring og realkompetansevurdering.

Frå 1. januar 2007 tok Arbeids- og inkluderingsdepartementet over det overordna ansvaret for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak. Vox har ansvar for den faglege og den pedagogiske utviklinga av denne opplæringa, jf. kap. 651 post 61 i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Mål for 2008

Som statleg fagorgan skal Vox ta initiativ til og koordinere tiltak som gjeld vaksne sin læring og læring i arbeidslivet. Vox skal saman med Utdanningsdirektoratet og SSB styrkje statistikk- og kunnskapsgrunnlaget om vaksne sin læring, drive kunnskapsutveksling og kunnskapspreiing nasjonalt og internasjonalt. Vox skal gjennom kunnskapsutveksling, påverknad og samarbeid med aktørane som har myndigheit, arbeide for å utvikle opplæringstilbod som er tilpassa vaksne.

Eit viktig mål er at fleire vaksne som har behov for det, skal ta del i opplæring i grunnleggjande dugleikar. Vox skal arbeide for å få ei oversikt over tilboda, og for at det blir utvikla fleire og meir varierte opplæringstilbod for vaksne i grunnleggjande dugleikar. Mellom anna skal Vox setje i verk forsøk med utvikling av tilpassa opplæringstilbod for vaksne som ikkje kan nåast gjennom tiltak retta mot arbeidsplassane.

Opplæringa skal vere av høg kvalitet og vere tilpassa behova til dei vaksne. Vox skal arbeide for at rammeverket for grunnleggjande dugleikar for vaksne blir teke i bruk, og for at lærarak som underviser vaksne, har relevant kompetanse.

Vox skal gjennom informasjon og motivasjonstiltak arbeide for at fleire vaksne som manglar grunnleggjande dugleikar, blir motiverte til å ta del i opplæring, og styrkje samarbeidet mellom relevante aktørar slik at vaksne får oppfylt retten sin til slik opplæring.

Vox skal arbeide for at systemet for vurdering av realkompetanse blir forbetra og bygd ut. Målet er at det skal vere ein felles praksis i fylkeskommunane, at fleire arbeidssøkjarak får vurdert realkompetansen sin, og at fleire får dokumentert kompetansen sin frå arbeidslivet og tredje sektor.

Å få fleire vaksne som har behov for det til å delta i opplæring, krev at den enkelte har høve til å gjere informerte val. Vox skal arbeide for at det blir utvikla betre tenester for karriererettleiing for vaksne.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007. Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3256 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	
		2006	budsjett 2007	Forslag 2008
01	Inntekter frå oppdrag	5 560	8 377	8 737
02	Salsinntekter o.a.	805	1 069	1 115
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	11		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	387		
18	Refusjon av sjukepengar	1 001		
	Sum kap. 3256	7 764	9 446	9 852

Inntektene på post 01 kjem frå oppdragsverksemd ved Vox. Inntektene på post 02 kjem frå sal av læremateriell.

Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	
		2006	budsjett 2007	Forslag 2008
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	24 540	35 421	36 944
	Sum kap. 257	24 540	35 421	36 944

Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) skal sørge for at fleire vaksne skaffar seg dei dugleikane i lesing, skriving, rekning og IKT som dei treng for å meistre krav og utfordringar i arbeids- og samfunnsliv. Det langsiktige målet, som programmet skal medverke til saman med andre tiltak, er at ingen vaksne skal bli støytte ut av arbeidslivet på grunn av manglande basiskompetanse. Programmet er retta mot å stimulere til opplæring i kombinasjon med arbeid både for arbeidstakarar og arbeidssøklarar. Erfaringane skal nyttast i vidare vurderingar av tilbod til vaksne og av korleis det offentlege kan leggje betre til rette for å nå personar med svake kvalifikasjonar. Programmet blir forvalta av Vox, jf. kap. 256.

Rapport for 2006–07

Program for basiskompetanse i arbeidslivet vart oppretta i 2006 og vart ført vidare i 2007. Rundt 1 500 tilsette har teke del i prosjekta i 2006. Av desse var 800 mellom 40 og 59 år, og om lag 72 pst. var kvinner. 68 pst. hadde vidaregåande opplæring i yrkesfag eller grunnskole som høgste utdanning. Det tyder på at programmet har nådd ei viktig målgruppe. Det er flest deltakarar frå helse- og sosialsektoren og i offentleg forvaltning, men dei fleste bransjar er representerte.

Programmet blir evaluert av analyseselskapet ECON. Første del av evalueringa peikar på at verksemdene generelt er nøgde med programmet, men ECON kjem likevel med nokre anbefalingar knytte til innrettinga av programmet. Vox og Kunnskapsdepartementa er i gang med å følgje opp desse anbefalingane. Mellom anna peikar ECON på den store interessa for opplæring i grunnleggjande

digitale dugleikar. 945 deltakarar fekk slik opplæring. Søknadene frå verksemdene tyder på at interessa for IKT-opplæring er meir etterspurd enn rein lese- og skriveopplæring. Tala kan tyde på at mange verksemder har vanskar med å motivere og rekruttere dei tilsette til å ta del i lese- og skriveopplæring, medan det er mindre problem å rekruttere til IKT-opplæring. Sluttrapporten frå evalueringa skal vere ferdig i 2008.

I 2007 vart det tildelt 4 mill. kroner til prosjekt som har inngått fagleg utviklingsarbeid saman med Vox. Vidare vart det tildelt 4 mill. kroner til prosjekt retta mot arbeidslause. Arbeids- og velferdsetaten er involvert i arbeidet. I to forsøksfylke, Hedmark og Rogaland, er det sett i verk opplæring for personar som søker arbeid.

Vox har gjennomført testar for å måle læringsutbyttet innanfor nokre av opplæringstiltaka. Rapporten skal vere ferdig hausten 2007.

Både kommunale tilbydarar, studieforbund og andre private aktørar er vorte nytta i opplæringa. Vox vil halde fram med å skaffe oversyn og styrkje kontakten med tilbydarane. Hausten 2007 blir det oppretta ei referansegruppe med tilbydarar av opplæring i grunnleggjande dugleikar. Gruppa skal gi innspel og tilbakemeldingar på Vox sitt arbeid med å styrkje innslaget av offentlege opplæringstilbydarar i BKA.

Våren 2007 kom det inn 208 søknader til BKA, dei fleste frå nye søkjarar og frå alle delar av landet. I første tildelinga i 2007 fekk 69 verksemder tildelt 20 mill. kroner. Eit fleirtal av søknadene gjaldt opplæringstiltak som kombinerer opplæring i IKT med styrking av dugleikane i lesing og skriving. Dei fleste tildelingane gjekk til kommunar og industriforetak.

Vox har hatt informasjonsmøte for interesserte søkjarar i heile landet og har vidare gitt faglege råd til verksemder og opplæringstilbydarar som har fått støtte, om korleis opplæringa bør drivast. Det har vore viktig å synleggjere og bevisstgjere lokale offentlege tilbydarar.

Kompetanseutviklingsprogrammet

Dei resterande midlane frå kap. 259 Kompetanseutviklingsprogrammet vart i 2006 overførte til kap. 257. Programmet er no avslutta og evaluert, og det ligg føre ein sluttrapport. Erfaringane frå programmet blir nytta i utviklinga av BKA og anna utviklingsarbeid knytt til læring i arbeidslivet.

Evalueringa syner at resultatane frå programmet i hovudsak er i samsvar med intensjonane, og at midlane har nådd langt. Tilskotta frå programmet

har vore avgjerande for å få utvikla utdannings- og opplæringstilbod som er tilpassa behova i arbeidslivet. Meir enn 80 000 tilsette har fått opplæring gjennom dei tiltaka som fekk støtte. Mange utdanningsinstitusjonar har fått erfaring med å utvikle og gjennomføre tilbod som er betre tilpassa behova, og fleirtalet av tiltaka er førde vidare etter at støtta frå programmet tok slutt. Programmet har medverka til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for kompetansepolitikken. Evalueringa konkluderer mellom anna med at programmet i mindre grad har nådd fram til dei med lågast utdanning. Evalueringa peikar òg på at tid, motivasjon og ressursar er dei viktigaste barrierane for deltaking, og at desse særleg rammar arbeidstakarar med lite utdanning. Samstundes er det dei med lågast utdanning som har hatt størst utbytte av opplæringa.

Mål for 2008

På grunnlag av både den eksterne evalueringa og eige analysearbeid knytt til BKA skal Vox systematisere kunnskapen om læring i arbeidslivet og vidareutvikle programmet i tråd med behova til dei vaksne og organisering i eit moderne arbeidsliv.

Ei viktig utfordring for programmet er å motivere arbeidstakarar til å ta del i opplæringa. Eit prioritert mål for 2008 er at fleire skal delta, særskilt i lese- og skriveopplæring.

Det er eit mål at fleire bransjar er representerte i programmet, særleg dei som sysselset arbeidskraft med låg utdanning. Som ei forsøksordning vil det i 2008 vere mogleg for fagforeiningar og arbeidstakarorganisasjonar å søkje om støtte til opplæringstiltak.

Gjennom programmet skal fleire arbeidssøklarar få opplæring i grunnleggjande dugleikar. På bakgrunn av røyntslene frå pilotprosjekta skal Vox utvikle ein modell for korleis NAV, fylkeskommunar og verksemder kan samarbeide slik at fleire arbeidssøklarar kan få slik opplæring.

Tilbodssida skal styrkjast, og målet er å få fleire offentlege tilbydarar. Opplæringa i lesing, skriving, rekning og grunnleggjande bruk av IKT skal halde høg kvalitet og vere tilpassa behova til dei vaksne. Tilboda som blir gitte gjennom BKA, skal byggje på rammeverk for grunnleggjande dugleikar.

Vox skal halde fram med arbeidet med å utvikle læringsressursar som høver for denne typen opplæring.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Kap. 258 Analyse og utviklingsarbeid

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2008
		2006	Saldert budsjett 2007	
01	Driftsutgifter	3 288	3 437	3 514
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	30 963	33 646	33 646
	Sum kap. 258	34 251	37 083	37 160

Kapitlet omfattar midlar til analysar og utviklingsarbeid innanfor utdannings-, forskings- og kompetansepolitikken.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 01

Rapport for 2006–07

Løyvinga blir nytta til utgreingar, analysar og FoU på ansvarsområdet til departementet. I 2007 utgjorde resultatane frå dette arbeidet eit viktig kunnskapsgrunnlag for St.meld. nr. 16 (2006–2007).

For å styrkje det kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for utarbeidinga av kompetansepolitikken, finansierer departementet fleire forskingsoppdrag, mellom anna Lærevilkårsmonitoren, som blir utført av Fafo. Undersøkinga la i 2006 særskild vekt på finansiering av kompetanseutvikling.

Departementet har vidare prioritert samanliknande studium med andre land. Mellom anna har Noreg teke del i dei to EU-undersøkingane Third Continuing Vocational Training Study og Adult Education Survey.

Departementet har utarbeidd ein tilstandsrapport for livslang læring som beskriv status og utfordringar på området. Rapporten peikar særskild på fem utfordringar som vil krevje auka merksemd i åra framover for å realisere målet om livslang læring:

- For mange har for svake grunnleggjande dugleikar.
- Mange manglar dokumentasjon på den kompetansen dei har, noko som hindrar deltaking i vidare læring.
- Det er vanskeleg å orientere seg i val av utdanning og yrke – og mange vel feil.
- Det er vanskeleg for mange å kombinere læring med andre plikter.
- Delar av norsk arbeidsliv er for lite læringsorientert.

Dette er område departementet og Vox har arbeidd med og vil setje søkjelyset på i 2008.

Vox har i perioden utvikla trykte og digitale læremiddel for vaksne som treng opplæring i

grunnleggjande dugleikar. Med utgangspunkt i rammeverket for opplæring i grunnleggjande dugleikar for vaksne (sjå kap. 256) vil mykje av arbeidet med opplæringstilbod, testar, kartleggingsverktøy og rettleiing for kurstilbydarar bli ferdigstilt i løpet av 2007. Eit opplegg for vidareutdanning for lærarar som skal undervise i grunnleggjande dugleikar, er under arbeid.

Vox har arbeidd for å styrkje systemet for realkompetansevurdering. Mellom anna gjennomfører Vox, i samarbeid med NAV, prosjektet *Økt bruk av realkompetansevurdering for arbeidssøkere*. Eit av innsatsområda var å auke bruken av fylkeskommunanes realkompetansevurdering i NAV. Tre fylke er i gang med pilotprosjekt for å kartleggje, samordne og gjere framlegg om betre rutinar for realkompetansevurdering av arbeidssøkjjarar. Erfaringa så langt viser at prosjektet har ført til auka samhandling mellom NAV og fylkeskommunane.

Vox leier òg eit prosjekt som ser på korleis ein kan kartleggje og vurdere realkompetansen til innsette og domfelte som grunnlag for å utarbeide samanhengande og tilrettelagd opplæring. Prosjektet blir avslutta i 2009.

Hausten 2006 tok Vox, i samarbeid med NIFU STEP, del i arbeidet med ein tematisk gjennomgang av verdsetjing av realkompetanse i regi av OECD, *Recognition of non-formal and informal learning*. I tillegg til å medverke til landrapporten var Vox sentral i planlegginga og gjennomføringa av besøk frå ei ekspertgruppe som såg nærmare på korleis ulike opplæringsinstitusjonar vurderer og verdset realkompetanse. Rapporten vil vere ferdigstilt hausten 2007.

Kunnskapsdepartementet har samarbeidd med Arbeids- og inkluderingsdepartementet om å utarbeide ein samarbeidsavtale mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS for ei betre samordning av utdannings- og arbeidsmarknadspolitikken og for å styrkje arbeidet med felles målgrupper. Denne avtalen vil liggje til grunn for fylkesvise samarbeidsavtalar mellom Arbeids- og velferdsetaten og fylkeskommunar/kommunar.

Vox har gjennomført ei undersøking i fylkeskommunane for å kartleggje omfanget av regionalt

oppretta partnarsskap for karriererettleiing og i kor stor grad vaksne er inkluderte i fylkeskommunens satsing på feltet. Undersøkinga viser mellom anna at det er store variasjonar med omsyn til kva fylkeskommunane oppfattar med yrkes- og utdanningsretteleiing, kva tilbodet skal innehalde, og kven som skal vere målgruppa.

Mål for 2008

Departementet vil nytte løyvingane til å få fram analysar, forskning og dokumentasjon som kan medverke til ein kunnskapsbasert politikktutvikling på heile ansvarsområdet til departementet.

Departementet vil halde fram med å auke kunnskapen om korleis ein kan få til ein velfungerande kompetansemarknad, og korleis ein kan styrkje sjansane for den einskilde til å ta del i livslang læring. Aktuelle aktørar vil bli inkluderte i arbeidet med å få fram kunnskap om kva for kompetanse den einskilde, arbeidslivet og samfunnet vil ha behov for i framtida. Departementet vil halde fram med å styrkje samarbeidet mellom utdanning og arbeidsliv på alle nivå slik at ein får fram etterspurd kompetanse.

Departementet vil i 2008 leggje vekt på å styrkje samarbeidet med andre departement om kompetansepolitiske utfordringar og medverke aktivt i relevante prosessar som er sette i gang av andre departement.

Det er eit mål for 2008 å auke kunnskapen om læring i arbeidslivet som grunnlag for politikktutvikling på området. I eit internasjonalt perspektiv kjem Noreg relativt godt ut når det gjeld læring i arbeidslivet. Men som i dei andre OECD-landa er det ei utfordring at dei med låg utdanning deltek mindre enn dei med høg utdanning.

For å få fleire vaksne til å ta del i opplæring må ein ha kunnskap om kven som tek del i opplæring,

behova hos den einskilde, kunnskap om kva som finst av opplæringstilbod, kva for opplæringsopplegg som fungerer godt for dei einskilde målgruppene, og kva som er hindringane. Det er eit mål å vidareutvikle kunnskap og verktøy på dette området. Vox skal i samarbeid med SSB og andre relevante aktørar vidareutvikle og oppdatere statistikken over tilbydarar og deltakarar innanfor offentleg og privat vaksenopplæring, og identifisere område der det er behov for å styrkje innsatsen.

Departementet vil halde fram med arbeidet for å identifisere svake og sterke sider ved systemet for vurdering av realkompetanse. Vox skal arbeide for at ordninga med dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse blir teken i bruk meir systematisk som grunnlag for opplæring. Dette gjeld både kunnskap og dugleikar frå deltaking på kurs, gjennom frivillig arbeid og frå arbeidslivet.

Vox skal undersøkje læringsutbyttet i ulike opplæringsopplegg i grunnleggjande dugleikar og arbeide for at det blir utvikla læringsressursar. Vox skal gi tilrådingar til tilbydarar og styresmakter om kva slags opplegg som bør nyttast for dei ulike målgruppene.

Departementet skal arbeide for å forbetre utdannings- og yrkesretteleiinga og gjere ho meir tilgjengeleg for fleire brukargrupper. Departementet skal vurdere tiltak som gjeld koordinering av tilboda i ulike sektorar, og ein samla innsats for auka profesjonalisering av heile fagfeltet. Det skal òg utviklast metodar for rapportering på bruken av tilboda.

Forslingsprogrammet *Kunnskap, utdanning og læring* (KUL) blir avslutta i 2007, og blir følgt opp av eit nytt forskingsprogram i Noregs forskingsråd, jf. programkategori 07.50.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på om lag same nivå som i 2007.

Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
270	Studium i utlandet og sosiale formål for studentar	157 727	181 126	223 714	23,5
271	Universitet	10 231 193	10 557 653	11 992 902	13,6
272	Vitskapelege høgskolar	873 983	908 902	967 089	6,4
275	Høgskolar	7 900 521	8 241 528	7 944 588	-3,6
276	Fagskoleutdanning	274 705	285 144	304 083	6,6
281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	895 154	763 621	823 854	7,9
	Sum kategori 07.60	20 333 283	20 937 974	22 256 230	6,3

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	2 529	10	10	0,0
	Sum kategori 07.60	2 529	10	10	0,0

Innleing

Regjeringa har som mål at Noreg skal bli eit av dei mest nyskapande og kunnskapsbaserte landa i verda. Dette krev langsiktig og målretta satsing på utdanning og forskning, og at Noreg tek aktiv del i internasjonalt utdannings- og forskingssamarbeid.

Utdanning er eit sentralt velferdsgode for den einskilde og for samfunnet. Eit breitt utdanningstilbod som spenner over ulike kunnskapsfelt og som fangar opp ulike sosiale grupper, er avgjerande for sosial utjamning og rettferd. Prinsippet om gratis utdanning og støtteordningane til Lånekassa sikrar at det er mogleg for alle å ta høgre utdanning, uavhengig av sosial bakgrunn. Samstundes er høgre utdanning og forskning naudsynt for å byggje opp menneskeleg kapital og utvikle kompetansesamfunnet. Høg kvalitet og breidd i forskinga er føre-

setnader for nyskaping og innovasjon. Eit godt utbygd og veldrive utdanningssystem medverkar til utviklinga av eit innovativt og kunnskapsbasert næringsliv. Høgre utdanning og forskning av høg kvalitet er derfor naudsynt for berekraftig økonomisk utvikling.

For at Noreg skal bli eit av dei mest nyskapande og kunnskapsbaserte landa i verda må universiteta og høgskolane gjere strategiske prioriteringar som støttar opp om ambisjonen. Fagskolane må lykkast med å tilby utdanningar som arbeidsmarknaden har bruk for.

Institusjonane i universitets- og høgskolesektoren har på fleire område betydeleg autonomi. Dei har mellom anna ein lovfesta akademisk fridom, organisatorisk fridom, fullmakt til å opprette eller ha eigarinteresser i aksjeselskap, og dei får net-

toløyving over statsbudsjettet. Den institusjonelle autonomien er ein naudsynt føresetnad for å kunne sikre uavhengig forskning og samstundes gi institusjonane fridom til å tilpasse seg nye krav til kvalitet, relevans og auka konkurranse både nasjonalt og internasjonalt.

Regjeringas ambisjonar og målsetjingar med høgre utdanning blir synleggjorte i St.prp. nr. 1. Desse må ein sjå i samheng med mål- og resultatstyringsmodellen som Kunnskapsdepartementet har utforma for universitet og høgskolar. Målstrukturen er utforma på eit overordna nivå for å samsvare med fridomen til institusjonane. Det er ikkje føremålstenleg for departementet å fastsetje detaljerte mål for den einskilde institusjon, med mindre særskilde forhold krevjer det. Dei konkrete måla for dei ulike institusjonskategoriane blir presenterte i tildelingsbrev. Institusjonane utarbeider eigne mål og styringsparameter, som er tilpassa institusjonen sin storleik og eigenart, innanfor den overordna målstrukturen. Rapporteringa er knytt både til dei måla departementet har sett, og dei måla institusjonane sjølve har fastsett. Departementet hentar òg inn informasjon og statistikk på andre område som er viktige å følgje over tid. Departementet sin overordna målstruktur er gjort gjeldande òg for dei private høgre utdanningsinstitusjonane som er omfatta av universitets- og høgskolelova. Målstrukturen er tilpassa at dei private institusjonane er sjølvstendige rettssubjekt og ikkje underlagt departementet si allminnelege styrings- og kontrollmyndigheit.

Finansieringa av universitet og høgskolar er delvis resultatstyrt, og finansieringssystemet er utforma for å støtte opp under dei overordna måla for sektoren. Innføringa av systemet gav eit tydelegare skilje mellom finansiering av undervisning og forskning og auka fleksibilitet til å satse strategisk. Systemet er utforma slik at det skal medverke til å auke kvaliteten, fullføringsgraden og gjennomstrømminga.

Kunnskapsdepartementet har sett følgjande mål for verksemda ved universitet og høgskolar:

- Universitet og høgskolar skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet.
- Universitet og høgskolar skal nå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og i fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.
- Universitet og høgskolar skal møte behova i samfunnet og skal spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.
- Statlege universitet og høgskolar skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.

For fagskoleutdanningar er det sett følgjande mål:

- Godkjend fagskoleutdanning skal gi studentane kvalitetssikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod som byggjer på avslutta vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse.

Som det øvste styringsorganet ved institusjonen har styret ansvar for at måla blir følgde opp ved institusjonane. Styret skal syte for ei god strategisk utvikling, at den faglege aktiviteten held høg kvalitet, og at det blir sikra nok faglege ressursar til utdanning og forskning. Alle avgjerder i organisasjonen skjer formelt på vegner av styret, og styret skal fastsetje instruks og føre tilsyn med den daglege drifta. Styret er òg ansvarleg for rapportering og handtering av risiko. Det blir stilt krav til dei statlege institusjonane om utarbeiding av internt planverk og system med målstruktur, styringsparametrar og system for risikostyring. Dette skal vere ein integrert del av både den faglege og den administrative mål- og resultatstyringa. Institusjonane skal ha gjennomført vurderingar av risiko og vesentlege forhold i verksemda ved utarbeidinga av planar for 2008.

Universitet- og høgskolelova gir institusjonane større fridom til å avgjere eiga organisering. Tre av universiteta og dei vitskaplege høgskolane med unntak av Noregs musikkhøgskole fekk nye styre frå 1. august 2005. Universitetet i Oslo og Noregs musikkhøgskole fekk nye styre frå 1. januar 2006. Etter ein overgangsperiode har Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger, dei statlege høgskolane og kunsthøgskolane no fastsett styringsordning og vald nye styre frå 1. august 2007. Dei fleste institusjonane følgjer hovudmodellen med vald rektor. Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), Arkitekt- og designhøgskolen og høgskolane i Akershus, Buskerud, Bodø, Nesna, Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag har valt ordning med tilsett rektor og ekstern styreleiar. Ved kongeleg resolusjon 10. august 2007, vart det avgjort å gi Høgskolen i Agder status som universitet med verknad frå 1. september 2007. Avgjerda byggjer på vedtak i NOKUT om akkreditering av høgskolen som universitet.

Kategoriomtalen for programkategori 07.60 omhandlar sentrale tema i høve til 2007 og budsjettet for 2008 under kvart av måla for universitet og høgskolar.

Budsjettprioriteringar

Budsjettforslaget for kategori 07.60 er på om lag 22,3 mrd. kroner. Dette er ein auke på om lag 1,3 mrd. kroner i høve til saldert budsjett 2007, til-

svarande om lag 6,3 pst. auke nominelt. Det er kompensert for pris- og lønnsvekst med 4,3 pst. frå 2007 til 2008. Forslaget inneber ein realauke i høve til 2007.

Den resultatbaserte undervisningskomponenten i finansieringssystemet for universitet og høgskolar blir årleg justert for endringar i avlagde studiepoeng og talet på utvekslingsstudentar. På denne bakgrunn aukar undervisningskomponenten med 42,4 mill. kroner frå 2007 til 2008.

Regjeringa vil auke forskingskapasiteten og kvaliteten i forskinga og foreslår å løyve om lag 112 mill. kroner til 350 nye stipendiatstillingar frå hausten 2008.

For å betre utstyrssituasjonen ved høgskolane foreslår Regjeringa å løyve om lag 38 mill. kroner til utstyr i statsbudsjettet for 2008.

Regjeringa ønskjer vidare å opprette eit løp for å utdanne kandidatar som både blir spesialistar og har doktorgrad i odontologi (dobbeltkompetanse). Det blir derfor foreslått å løyve 1,3 mill. kroner til utdanninga over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Helse- og omsorgsdepartementet har sett av 6 mill. kroner som mellom anna skal dekkje lønn i spesialistutdanninga.

For å betre kvaliteten på og gjennomføringa av forskarutdanninga i Noreg foreslår Regjeringa å løyve midlar til nasjonale forskarskolar over budsjettet til Noregs forskingsråd, sjå programkategori 07.70.

Samlingane ved universitetsmusea representerer ei organisert kunnskapsoppbygging, og er ofte den eldste og mange gonger òg den einaste dokumentasjonen på eit bestemt område. Eit offentleg utval la våren 2006 fram ei innstilling som tilrådde å styrkje formidlinga, forskinga og arbeidet med bevaring, sikring og digitalt tilgjenge i universitetsmusea. Regjeringa foreslår å løyve om lag 40 mill. kroner til dette arbeidet i 2008.

For å følgje opp Regjeringas rekrutteringsplan innanfor *Barnehageløftet* foreslår Regjeringa å auke kapasiteten innanfor førskolelærerutdanninga med 125 studieplassar i 2008.

Som ledd i Regjeringas maritime strategi foreslår Regjeringa å løyve 100 mill. kroner til maritim næringsverksemd. 17 mill. kroner av desse er foreslått fordelte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet til ulike kompetanseutviklingstiltak i maritim sektor.

Vidareutvikling av samarbeid med høgre lære- stader i Nord-Amerika er særskilt prioritert dei neste åra. Regjeringa foreslår å løyve 5 mill. kroner til Nord-Amerika-samarbeid i 2008. Som ledd i Regjeringas Nordområdestrategi foreslår Regjeringa å løyve 3 mill. kroner til EnergiCampus Nord (ECN). ECN er eit samarbeidsprosjekt mellom

NTNU, universiteta i Tromsø og Stavanger og høgskolane i Finnmark, Tromsø og Narvik.

I 2007 nyttar departementet om lag 40 mill. kroner til å styrkje lærarutdanninga gjennom ulike utviklingsprosjekt som starta i 2006 og 2007. Nokre av tiltaka er direkte oppfølging av NOKUT si evaluering av allmennlærerutdanninga.

Departementet foreslår å auke løyvinga til bygging av studentbustader med om lag 40 mill. kroner nominelt i høve til statsbudsjettet for 2007. Dette gir om lag 670 nye hybeleiningar avhengig av kor i landet dei blir bygde.

Oppfølging av evalueringa av Kvalitetsreforma

Kunnskapsdepartementet fekk overlevert den siste rapporten i evalueringa av Kvalitetsreforma i januar 2007. Evalueringa gir ein statusrapport for implementeringa av reforma. Evalueringa omfattar mellom anna gradsstruktur, undervisnings- og vurderingsformer, kvalitetssikringssystem, internasjonalisering, forskingsvilkår, finansieringssystem, styring, organisering og leing.

Departementet vil i ei stortingsmelding hausten 2007 presentere og drøfte hovudutfordringane som kjem fram i evalueringa.

Mål: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet

Studieportefølje

Ny organisering av studiestrukturen som følgje av Kvalitetsreforma har ført til ein auke i talet på nye studietilbod innanfor ramma av bachelorprogram i dei siste åra. Høgskolane har flest studietilbod på bachelornivå.

På høgre nivå er dei tidlegare profesjonsstudia og hovudfaga i dei fleste høve no organiserte som masterstudium. Universiteta og dei vitskapelege høgskolane har oppretta få heilt nye masterstudium. Dei statlege høgskolane har auka talet på masterstudium, men det er store variasjonar mellom institusjonane. Dei fleste høgskolane har få slike studium, slik at eit mindretal av høgskolane står for ein stor del av auken. Tendensen er at høgskolane opprettar masterstudium på område der dei òg satsar på forskings- og utviklingsarbeid. Dei fleste høgskolane satsar på praksisretta FoU i profesjonsfaga.

Det var rekna med at innføringa av ny studiestruktur ved høgskolane ville føre til fagleg ekspansjon på høgre nivå ved desse institusjonane. Utviklinga av nye studieprogram kan ha vore svar på etterspurnaden frå studentane og samfunnet. Institusjonane må likevel sjå utviklinga av master-

studium i samanheng med det ansvaret dei har for grunnutdanningane.

Dei nye studia blir etablerte innanfor dei økonomiske rammene institusjonane har fått tildelt. Institusjonane må nøye vurdere behovet for fleire nye studietilbod, og om dei har økonomiske og faglege ressursar til å oppretthalde dei. Dei må òg ta omsyn til behovet for breidd framfor smale og sterkt spesialiserte studieprogram, og om planlagde nye studium inngår i den faglege profilen institusjonen har.

Læringsmål og læringsutbytte

I tida framover vil ein fokusere på det faktiske læringsutbyttet av studia, dvs. dei kunnskapane, dugleikane og den generelle kompetansen ein kandidat har ved avslutta utdanning. Dette inneber at institusjonane må fastsette læringsmål i studieplanane og i emne- og programplanane sine.

Alle land i Bologna-prosessen har bunde seg til å utarbeide nasjonale kvalifikasjonsrammeverk for høgre utdanning som er i samsvar med det overordna kvalifikasjonsrammeverket i Det europeiske området for høgre utdanning. Målet er å gjere det lettare å få godkjend kvalifikasjonane over landegrensene. Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Kunnskapsdepartementet, universitets- og høgskolesektoren og andre sentrale partar har utvikla forslag til eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk innanfor høgre utdanning. Målet er å gjere kvalifikasjonane frå dei tre nivåa i høgre utdanning tydelegare, og å vise moglege vegar gjennom utdanningssystemet. Rapporten frå arbeidsgruppa vart overlevert til departementet i januar, og er send på brei høring i sektoren og til andre interesserte partar, med frist 1. november 2007.

Kvalitet i utdanninga og læringsmiljø

I løpet av 2008 skal NOKUT ha evaluert kvalitetssikringssystemet ved alle dei akkrediterte høgre utdanningsinstitusjonane i landet. Alle evaluerte institusjonar har etter kvart fått kvalitetssikringssystema godkjende, med unntak av Kunsthøgskolen i Oslo. Dei godkjende institusjonane har nokre område dei må forbetre og vidareutvikle. Den sakkunnige komitéen har gitt konkrete råd om kva Kunsthøgskolen i Oslo må gjere for å utvikle eit godt system og forankre kvalitetssikring i alle ledd i organisasjonen. Kunnskapsdepartementet forventar at høgskolen følgjer opp tilrådingane til NOKUT. Alle institusjonane må bruke kvalitetssikringssystema strategisk i arbeidet med å auke kvaliteten i utdanninga.

For å følgje opp NOKUT-evalueringa av allmennlærerutdanningane har Kunnskapsdepartementet gitt alle dei aktuelle institusjonane pålegg om å lage ein plan for korleis utdanningane kan rettast opp. Planane vil vere eit viktig verktøy i arbeidet med å gjere kvaliteten i allmennlærerutdanningane betre. Institusjonsleiinga har ansvar for at evalueringa blir følgt godt opp. Kunnskapsdepartementet vil i 2008 vurdere framtidig organisering av allmennlærerutdanninga og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte. Sjå elles omtalen av tiltak innanfor lærarutdanninga under kap. 281.

NOKUT sette hausten 2004 i gang revidering av akkreditering av alle bachelorgradsstudium og mastergradsstudium i sjukepleie. Av bachelorutdanningane fekk i utgangspunktet alle utanom ein institusjon pålegg om å rette opp manglar i fagplan og krav til kompetanse til dei som underviser. Styret til NOKUT vil gjere vedtak som gjeld fagplanane mot slutten av 2007, og kompetansekrava til dei som underviser i juni 2008.

Ansvaret for læringsmiljøet til studentane er lagt til lærestaden, jf. universitets- og høgskolelova. Dette gjeld òg for funksjonshemma studentar. Etter § 4-3 i lova skal læringsmiljøet så langt det er mogleg og rimeleg, ha ei universell utforming. Med dette som utgangspunkt skal lærestadene utvikle eit godt og inkluderande læringsmiljø med god studiekvalitet. Institusjonane skal utarbeide handlingsplanar for godt læringsmiljø for funksjonshemma studentar. Desse planane skal mellom anna ha tiltak som er knytte til universell utforming.

Internasjonalt utdanningssamarbeid

Internasjonalisering er både eit mål i seg sjølv og eit middel for å sikre kvalitet i høgre utdanning. Høgre utdanning er prega av aukande samhandling over landegrensene.

Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om internasjonalisering hausten 2008 med ei samla vurdering av internasjonaliseringsarbeidet i utdanningssektoren.

Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) skal vere til hjelp for lærestadene i arbeidet med internasjonalt utdanningssamarbeid. Det blir gjort godt arbeid i sektoren med fornying av strategi, planar og avtalar.

Det er eit omfattande samarbeid gjennom verksemda i Nordisk Ministerråd og rådgevingsgruppa for høgre utdanning. Kjerneaktivitetar er knytte til Nordplus-programmet, arbeidet for gjensidig godkjenning av høgre utdanning og avtale om tilgjenge til høgre utdanning.

Universitet og høgsckolar spelar ei nøkkelrolle for å nå måla i Regjeringas Nordområdestrategi. Prioriterte aktivitetar er å støtte samarbeid om mastergradsutdanning i tilknytning til Snøkvitbygginga, opprette eit Nordområdestipendprogram og opprette felles utdanningsprogram på masternivå mellom norske og russiske lærestader.

Gjennom EØS-avtalen tek Noreg del i EU-programma på utdannings- og forskingsområdet. Dette er dei største internasjonale samarbeidsarenaene norske universitet og høgsckolar kan delta i, og det er viktig å nytte dei best mogleg. For omtale av livslang læringsprogrammet, sjå kap. 252.

Bologna-prosessen har som mål å skape eit felles europeisk område for høgere utdanning innan 2010 og omfattar 46 europeiske land. På det femte ministermøtet i prosessen i London i mai 2007 vedtok ministrane ein strategi for europeisk samhandling med resten av verda. Noreg leia gruppa som har utarbeidd denne strategien. Til det neste ministermøtet i 2009 skal ein leggje fram konkrete forslag til korleis ein ser for seg Bologna-prosessen etter 2010.

Kunnskapsdepartementet legg vekt på å gi institusjonane høve til å samarbeide med utviklingsland. Kunnskapssektoren samarbeider nært med Utanriksdepartementet og Norad om utvikling og bruk av Norads program for masterstudium (NOMA). Andre viktige tiltak er Nasjonalt program for forskning og utdanning (NUFU-programmet) og Kvoteordninga.

Kunnskapsdepartementet ønskjer å stimulere til auka samarbeid mellom lærestader i Noreg og Nord-Amerika, og kunnskapsministeren vil hausten 2007 lansere ein Nord-Amerikastrategi for perioden 2008–11.

For å følgje opp Soria Moria-erklæringa sette Regjeringa i 2006 ned eit utval for å vurdere godkjenning og godskriving av utanlandsk høgere utdanning (Brautasetutvalet). Utvalet leverte innstillinga si i januar 2007. Utvalet foreslår fleire tiltak for å få eit betre system for godkjenning, mellom anna opprette eit eige informasjonssenter for godkjenning av utanlandsk utdanning. Innstillinga var på høring våren 2007. Kunnskapsdepartementet vil følgje ho opp, delvis i samband med ein gjennomgang av universitets- og høgsckolelova hausten/vinteren 2007–2008, og delvis ved å setje i verk dei ulike tiltaka utvalet foreslo for å få betre informasjon om godkjenning av utanlandsk høgere utdanning i løpet av 2008, jf. forslag om 3 mill. kroner på kap. 281.

Mål: Universitet og høgsckolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og i fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid

Forskning av høg kvalitet og framifrå forskingsmiljø

Grunnforskning er avgjerande for den langsiktige innovasjonsevna og for evna til å nytte ny kunnskap. Grunnforskning er òg viktig for innovasjon på nye område der næringsliv eller teknologi ikkje er godt utvikla. Etableringa av *Senter for framifrå forskning* (SFF), *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI) og verkemiddelet *Yngre framifrå forskarar* (YFF) er viktige prioriteringar for å utvikle framifrå forskingsmiljø og forskning av internasjonalt format. Satsinga på elitmiljøa er òg med på å motivere dei andre forskingsmiljøa til betre forskning. Satsingane har vore vellykka, og Regjeringa vil prioritere dette vidare. For nærmare omtale av SFF, SFI og YFF, sjå programkategori 07.70 Forskning.

Noreg skal satse på grunnforskning der vi har kompetansefortrinn og naturgitte fortrinn. Regjeringa legg mellom anna opp til satsing på energi, klima og miljø, mat, hav, helse og teknologi. Noregs forskingsråd har saman med fagmiljøa utvikla ein strategi for matematikk, naturfag og teknologi som Regjeringa vil følgje opp. I fordelinga av nye stipendiatstillingar er matematiske, naturvitskapleg og teknologiske fag prioriterte.

Universiteta har hovudansvaret for og utfører det meste av grunnforskninga i Noreg. Dei sikrar prioriterte satsingar og breidd i forskninga. Dette er viktig for å sikre kvaliteten i utdanningane, og for at undervisninga skal vere tilstrekkeleg forskingsbasert. Noregs forskingsråd har gjennomført fagevalueringar som alle peikar på utfordringar med mange små og fragmenterte forskingsmiljø, svak fagleg leiing og manglande langsiktig planlegging. Mange av institusjonane nyttar evalueringane i arbeidet med strategiutviklinga. Forskningsrådet og fagmiljøa nyttar tilrådingane i evalueringane i arbeidet med fagplanar. Kunnskapsdepartementet vil gå gjennom erfaringane med fagevalueringar og sjå korleis ein kan bruke dei til å utforme prioriteringar på nasjonalt nivå, slik at vi får ei formålstenleg arbeidsdeling og eit godt samarbeid mellom institusjonane.

Universiteta og dei vitskaplege høgsckolane må utvikle forskingsmiljø av høg kvalitet. Universiteta må samstundes sikre breidd i forskninga. Universiteta, dei vitskaplege høgsckolane og høgsckolane står framfor ei utfordring med å samarbeide i større prosjekt og forskarnettverk, både innanfor eigen institusjon og mellom institusjonane. Samstundes må universiteta utvikle forskingsgrupper

av høg internasjonal kvalitet på prioriterte strategiske område.

FoU ved høgskolane

Gjennom forskingsbasert undervisning skal dei statlege høgskolane sikre at Noreg får høgt kompetent personell mellom anna innanfor ingeniør-, helse-, sosial- og læraryrke. Kunsthøgskolane har ei tilsvarende rolle i høve til dei kunstnarlege profesjonane. Dei har ansvar for kunstnarleg utøving, kunstnarleg utviklingsarbeid og forskning. Tilsette med høg vitenskapleg kompetanse er avgjerande for å drive forskning og FoU-arbeid. Mange av dei statlege høgskolane har låg kompetanseprofil. Høgskolane arbeider målretta med å heve kompetansen til dei tilsette, og mange av høgskolane har sett av store ressursar til formålet.

Det er eit mål at dei statlege høgskolane skal vere sentrale aktørar i regional utvikling og innovasjon og støtte næringsliv og offentleg verksemd. Fleire rapportar peikar på at høgskolane står framfor ei utfordring med å vere pådrivarar i det regionale utviklingsarbeidet og samarbeide på tvers av institusjonar for å skape meir robuste forskingsmiljø og prosjektsamarbeid. Høgskolane må òg styrkje det praksisretta FoU-arbeidet og forskinga i samanheng med profesjonsutdanningane. Gjennom å kvalifisere personalet sitt kan høgskolane i større grad enn i dag utnytte ressursane sine til FoU og sikre utdanning av høg kvalitet. Høgskolane står framfor ei utfordring med å betre resultat i FoU-verksemda. Faglege prioriteringar er viktige for å styrkje kvalitet, og redusere ei fragmentert og spreidd satsing.

Kunnskapsdepartementet har prioritert å utvikle nasjonale verkemiddel gjennom Noregs forskingsråd som skal støtte FoU, kompetanseutvikling og samarbeid i høgskolesektoren. Dette er til dømes strategiske høgskoleprosjekt (SHP) og forskingsprogrammet *Praksisretta FoU for barnehage-sektoren, grunnopplæring og lærarutdanning. Verkemiddel for regional FoU og Innovasjon* (VRI) er viktig for å styrkje det regionale samarbeidet og blir vidareført og vidareutvikla i 2008.

Auka kapasitet gjennom rekruttering og gode forskingsvilkår

Fleire stipendiatstillingar og betre forskingsvilkår er verkemiddel for å auke forskingskapasiteten og kvaliteten i forskinga.

Regjeringa foreslår å opprette 350 nye stipendiatstillingar i 2008 for å sikre at målet i opptrap-

pingsplanen, jf. St. meld. nr. 35 (2001–2002) *Om rekruttering til undervisnings- og forskerstillinger i universitets- og høyskolesektoren*, om 1100 disputatar årleg kan bli nådd. Stipendiatstillingane blir fordelte på grunnlag av forskingsomfang, -kvalitet og -resultat. To tredjedelar av stillingane som blir fordelte til universiteta, vil bli retta inn mot matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske fag. Stillingar som blir fordelte til høgskolesektoren skal særleg styrkje regional utvikling og støtte opp om praksisretta FoU i profesjonsutdanningane. Samstundes vil Noregs forskingsråd få i oppgåve å setje i verk ei nasjonal ordning med forskarskolar, jf. omtale under kategori 07.70.

Tal frå *Database for statistikk om høgre utdanning* (DBH) syner at institusjonane står framfor utfordringar med å redusere fråfallet i doktorgradsutdanningane og medverke til at fleire gjennomfører doktorgradsutdanninga på normert tid. Regjeringa tek i 2008 sikte på å leggje fram ei stortingsmelding for å drøfte behova for fornya satsing i rekrutteringa til forskning.

Oppdatert vitenskapleg utstyr og annan infrastruktur er ein føresetnad for å auke kvaliteten i forskinga, og for å fremje norsk forskning som attraktiv i internasjonal samanheng. Det er i dag eit udekt behov for utstyr i universitets- og høgskolesektoren. Regjeringa foreslår å løyve 38 mill. kroner i 2008 til utstyr ved høgskolar.

Internasjonalt forskingssamarbeid

Universiteta og høgskolane har omfattande samarbeid med internasjonale organisasjonar, gjennom internasjonale fellessatsingar og program, og gjennom bilaterale avtalar. I dei siste åra har publikasjonar med forfattaradresse i andre land i tillegg til nasjonal forfattar auka regelmessig. I 2005 utgjorde dei meir enn halvparten av publikasjonane, og dei auka ytterlegare i 2006. Utanlandske statsborgarar står for om lag 20 pst. av doktorgradane i Noreg.

Regjeringa har som mål å auke internasjonaliseringa av forskinga. Ei sentral utfordring er å få norske forskingsinstitusjonar til å delta i europeiske forskingssamarbeid. Institusjonane, særleg universiteta og dei vitenskaplege høgskolane, står framfor ei utfordring med å få meir forskingsmidlar frå EU. For perioden 2007–13 blir budsjetta til EUs rammeprogram for forskning og utvikling dobla. For omtale av forskingssamarbeid og EUs sjuande rammeprogram, sjå programkategori 7.70.

Mål: Universitet og høgskeolar skal møte behova i samfunnet og skal spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid

Universitetsmusea

Universitetsmusea er viktige forskingsmiljø. I tillegg til å lage utstillingar for publikum, skal universitetsmusea byggje opp, drive og vedlikehalde vitenskaplege samlingar. Samlingane representerer ei organisert kunnskapsoppbygging, og er ofte den eldste og mange gonger òg den einaste dokumentasjonen på eit gitt område. Etter at Riksrevisjonen i ein rapport til Stortinget hausten 2003 peika på at samlingane ikkje vart oppbevarte under gode nok tilhøve, har Kunnskapsdepartementet tildelt om lag 80 mill. kroner i ekstraordinære tildelingar til universitetsmusea. Midlane er nytta til å betre magasintilhøva og til sikring, konservering og digitalisering. Eit offentleg utval la våren 2006 fram ei innstilling som tilrådde å styrkje formidlinga, forskinga og arbeidet med bevaring, sikring og digitalt tilgjenge. Regjeringa forslår å løyve om lag 40 mill. kroner til dette arbeidet i 2008. Kunnskapsdepartementet vil leggje fram ei melding for Stortinget våren 2008 som vil drøfte spørsmåla NOU 2006: 8 *Kunnskap for fellesskapet* tek opp.

Innovasjon og entreprenørskap

Samspel mellom institusjonane og næringslivet og kommersialisering av forskingsresultat er viktig for å nå ambisjonen til Regjeringa om at Noreg skal vere eit av dei mest nyskapande landa i verda. Dei mest sentrale verkemidla på området er FORNY-programmet i Noregs forskingsråd, etableringa av teknologioverføringsverksemder (TTOar), VRI, Skattefunn og strategiske prosjekt mot enkeltsektorar.

Regjeringa har som mål å auke talet på kvinnelige entreprenørar. Universitet og høgskeolar er viktige aktørar i arbeidet med å nå målet, og skal medverke til dette gjennom mellom anna satsingar på entreprenørskap i utdanninga, realfagsstrategien og likestilling i akademia.

Aksjeinteressene til institusjonane

Institusjonane fekk gjennom Kvalitetsreforma større fridom og høve til å medverke til innovasjon og verdiskaping ved å engasjere seg i selskap i av fagleg interesse.

Institusjonane har nytta fullmaktene sine til å opprette einingar for oppdragsforskning og selskap som skal medverke til kommersialisering av forskingsresultat. Talet på aksjeselskap som Kunn-

skapsdepartementet og institusjonane under departementet forvaltar aukar. Institusjonane og departementet hadde eigarinteresser i om lag 90 selskap 1. januar 2007 med eit samla kapitalinnskott på 184 mill. kroner, og er eineigar eller dominerande eigar i 28 selskap. Kunnskapsdepartementet er i ferd med å revidere reglementet for verksemd finansiert med midlar frå bidrag og oppdrag og vil hausten 2007 sende revidert reglement på høring til institusjonane. Departementet tek sikte på å innføre nytt reglement frå 1. januar 2008. Sjå forslag til vedtak IV nr. 2. Forslaget inneber ei utviding av fullmakter til å selje aksjer.

Nærings- og handelsdepartementet har utarbeidd prinsipp for godt statleg eigarskap og felles retningslinjer for lønn og andre ytingar til leiande tilsette i alle selskap med direkte statleg eigardel, sjå St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Nærings- og handelsdepartementet. Retningslinjene gjeld frå 2007 for selskap som institusjonane har eigarinteresser i. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at institusjonane følgjer desse prinsippa og retningslinjene og syter for god eigarstyring av selskap der dei forvaltar staten sine eigarinteresser. Sjå omtale om kommersialisering av forskningsresultat under kategori 07.70.

Høgre utdanningsinstitusjonar som regionale aktørar

Stortinget handsama våren 2007 St.meld. nr. 12 (2006–2007) *Om regionale fortrinn – regional framtid*, jf. Innst. S. nr. 166 (2006–2007). Regionnivået er tiltenkt hovudansvaret for regional planlegging og utvikling. Høgskeolane skal i kraft av kunnskaps- og forskingsmiljøa sine vere regionale utviklingsaktørar.

Kunnskapsdepartementet legg til grunn at forpliktande konsultasjonsordningar mellom dei statlege høgskeolane og regionane blir avtalefesta, og at institusjonane legg vekt på rolla si som regionale utviklingsaktørar på alle relevante område.

Desentralisert utdanning

Eit av verkemidla for å auke kompetansen i regionane er desentralisert og fleksibel utdanning, jf. St.meld. nr. 16 (2006–2007) ... *og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring*. Det skal vere mogleg, for alle som er kvalifiserte og som ønskjer det, å ta høgre utdanning.

For å stimulere til utvikling og levering av fleksible studieopplegg finst det i hovudsak to tiltak retta direkte mot universitets- og høgskeoleinstitusjonane: støtte til å dekkje meirkostnader til levering av desentraliserte utdanningstilbod og støtte

til utvikling av fleksible studieopplegg. I 2007 vart det løyvd 16,7 mill. kroner til desentraliserte utdanningstilbod. Frå før er det lagt inn 7,8 mill. kroner i budsjetttramma til statlege høgskolar i Nord-Noreg til å dekkje meirkostnader knytte til desentraliserte studietilbod. Midlar til utvikling av fleksibel høgre utdanning blir gitt gjennom Noregsuniversitetet (NUV), eit nasjonalt organ under Kunnskapsdepartementet, sjå kap. 281. Departementet foreslår å vidareføre midlane til desentralisert utdanning i 2008.

Studiesenteret.no er eit nettverk av studiesenter med 40 kommunar som eigarar. Fleire høgskolar er òg med i dette nettverket. Kvar kommune har etablert eit lokalt studiesenter der undervisninga skjer som ei blanding av direkte sende forelesingar, gruppearbeid og eigne studium. Departementet legg til grunn at dei norske utdanningsinstitusjonane har ansvaret både for finansiering innanfor eigne rammer og for tilstrekkeleg kvalitet på utdanningane. Den einskilde utdanningsinstitusjonen, i samarbeid med lokale aktørar som næringsliv, kommunar og fylkeskommunar, skal vurdere kva behov den einskilde region har. Kunnskapsdepartementet ønskjer at desentraliserte studietilbod skal vere ein *integrert* del av verksemda ved universiteta og høgskolane. Departementet tilrår derfor ikkje eigne løyvingar til Studiesenteret.no eller liknande struktur. Institusjonane kan velje å samarbeide med lokale studiesenter ved gjennomføringa av tilbodet.

Mål: Statlege universitet og høgskolar skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane

Personal- og økonomiforvaltning

Universiteta og høgskolane har eit omfattande samfunnsansvar og skal forvalte humankapital og økonomiske ressursar til beste for samfunnet. Styret og leiinga ved institusjonane er ansvarlege for at måla ved institusjonane blir følgde opp. Styret må derfor identifisere kva faktorar som er kritiske for måloppnåinga og vurdere kva kontrolltiltak ein bør etablere for å sikre god risikostyring. Styret skal vidare syte for sterk strategisk fagleg leiing for å ta i vare dei små forskingsmiljøa i sektoren. Det er òg viktig å syte for likevekt mellom det faglege og det administrative ressursbehovet, slik at den administrative sida har nok ressursar til å skjøtte oppgåvene sine. Styret har ansvaret for både fagleg og administrativ verksemd ved institusjonane og må sørge for å redusere risikoen knytt til dei administrative støttesystema. Styra må difor sette fokus på gode administrative og økonomiske

system med gode rutiner for kvalitetssikring og internkontroll for å støtte opp under undervisning og forskning.

Universitet og høgskolar har utarbeidd handlingsplanar for likestilling mellom anna for å betre arbeidsvilkår og har auka talet på kvinner i høgre akademiske stillingar.

Kunnskapsdepartementet har, i dialogane med institusjonane i sektoren, understreka at styret har ansvar for å gjennomføre budsjettet i samsvar med føresetnaden for løyvingane. Auken i avsetningane i sektoren har stoppa opp. Dei utgjorde 2,2 mrd. kroner per 31. desember 2006 mot 2,3 mrd. kroner per 31. desember 2005. Departementet har auka krava til spesifisering og grunngjeving for avsetningane i dei årlege rekneskapa.

Kunnskapsdepartementet har innført nye standardar for føring av rekneskap ved universiteta og høgskolane frå 1. januar 2007 for å betre kvaliteten og standardisere rekneskapane.

Riksrevisjonen gjennomførte i 2007 ei tverrdepartemental kartlegging av etiske retningslinjer, der eit utval av institusjonar i universitets- og høgskolesektoren var med. Institusjonane må følgje opp dei etiske retningslinjene for statstjenesta og vurdere behovet for etiske retningslinjer tilpassa storleiken og eigenarten til institusjonane.

Med innføring av ny forskrift for offentlege innkjøp frå 1. januar 2007 vart innkjøpsrutinane i institusjonane endra. Kunnskapsdepartementet legg opp til at sektoren skal innføre elektronisk innkjøpsstøttesystem frå januar 2008 for å møte dei nye krava.

Bygg og lokale

Løyvingar til byggjeprojekt i universitets- og høgskolesektoren blir gitt over budsjettet til Fornyings- og administrasjonsdepartementet, jf. kap. 1580 og kap. 2445.

Nybygg på Evenstad for Høgskolen i Hedmark og nybygg for Noregs musikkhøgskole er ferdigstilte og offisielt opna i 2007. Vidare har Høgskolen i Buskerud teke i bruk nye lokale i Papirbredden – Drammen Kunnskapspark. Tannlege- og tannpleiarutdanningane i Tromsø har fått nye lokale ved universitetsområdet i Breivika i 2007, der Troms fylkeskommune har reist eit bygg for mellom anna klinikkdelen av utdanningane. Nytt studentsenter i Bergen står ferdig hausten 2007. Feltstasjonen for nordlysobservasjon/optisk feltstasjon ved Longyearbyen på Svalbard er òg ferdig hausten 2007.

Statsbygg har vurdert vedlikehaldssituasjonen ved Noregs idrettshøgskole. Kunnskapsdepartementet har etter dette bede Statsbygg om å pro-

sjektere rehabilitering av nokre av bygningane ved høgsolen.

Statsbygg har starta arbeidet med å prosjektere eit nybygg for Noregs handelshøgskole til erstatning for eksisterande leigeavtale. Prosjektet vil bli finansiert som eit kurantprosjekt.

Kunnskapsdepartementet har gitt Statsbygg i oppdrag å utarbeide ein landsverneplan for dei kulturhistoriske eigedommane under ansvarsområdet til departementet. Ein forprosjektrapport er ferdig og sendt til aktuelle mottakarar. Statsbygg arbeider vidare med hovudprosjektet.

Det er framleis eit etterslep i realisering av nybygg og oppgradering og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse i universitets- og høgskolesektoren. Samstundes utgjer bygningar og lokale ein stor utgiftspost for universitet og høgskolar. Det er derfor viktig at alle institusjonar i sektoren går nøye gjennom arealbehovet sitt, med sikte på størst mogleg kostnadseffektivitet på dette feltet.

Kunnskapsdepartementet har sett i gang eit arbeid med å aktivere bygningsmassen ved institusjonane i universitets- og høgskolesektoren. Dette gjeld institusjonar som forvaltar eigen bygningsmasse, med unntak av Universitetet i Oslo. Bygningane skal vere aktivert i den interne rekneskapen til verksemdene med balanseføring etter periodiseringsprinsippet frå 1. januar 2007, og frå 1. januar 2009 ved Universitetet i Oslo. Dette vil gi eit betre oversyn og informasjonsgrunnlag for det framtidige investeringsbehovet. Rekneskapane vil seinare vise om verksemdene held oppe verdiane dei rår over.

Regjeringa foreslår i budsjettet for 2008 følgjande løyvingar til avslutning og vidareføring av byggjeprojekt: Universitetet i Bergen / Studententeret 9,6 mill. kroner, Universitetet i Oslo / Institutt for informatikk 330 mill. kroner, Universitetet for miljø og biovitenskap / Sørhellingabygget 82 mill. kroner, Høgskolen i Vestfold 70 mill. kroner og bygg for Samisk høgskole med fleire 84 mill. kroner. Sjå kap. 1580 og kap. 2445 i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Regjeringa foreslår i budsjettet for 2008 løyvingar til utstyr og inventar for byggjeprojekt som er under oppføring. For nærmare omtale, sjå kap. 271 post 50 og kap. 275 post 50.

NTNU og Høgskolen i Sør-Trøndelag har sett i gang utgreiingar om framtidig lokalisering for universitetet og høgsolen saman med Trondheim kommune og Studentsamskipnaden i Trondheim. Kunnskapsdepartementet, i samarbeid med institusjonane, er i ferd med å utarbeide dokumenta som skal danne grunnlag for ekstern kvalitetssikring av konseptvalet – KS1.

I St.prp. nr. 69 (2006–2007) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2007* gjorde departementet greie for status i saka om framtidig lokalisering og organisering av Noregs veterinærhøgskole. Regjeringa vil leggje fram ei eiga sak om dette hausten 2007.

Statsbygg har sett i gang arbeid med å prosjektere rehabilitering av sentrumsbygningane ved Universitetet i Oslo. Dette gjeld Domus Media Vestfløya og Aulaen, samt Professorboligen. Regjeringa kjem attende til prosjektet i revidert nasjonalbudsjett for 2008. Siktemålet er å ferdigstille arbeidet til universitetet sitt 200-årsjubileum i 2011.

Tabellane 2.14 og 2.15 i vedlegg 2 gir oversyn over prosjekt som krev vedtak i Stortinget om startløyving etter at kostnadsramma er fastsett. For høgskolar innanfor husleigeordninga er det for desse prosjekta behov for midlar til auka husleige.

Det er godkjend kostnadsramme for byggjeprojektet for Høgskolen i Bergen, odontologiutdanninga ved Universitetet i Bergen, prosjektet for ombygging og rehabilitering av Patologibygget i Pilestredet Park for sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Oslo, sjå tabell 2.15 i vedlegg 2. Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring av alle byggjeprojekta.

Kunnskapsdepartementet har gjort avtale med Brødrene Jensen AS/Sameiet Jensen Eiendom om byggjetrinn II på Seilduksfabrikken, med atterhald om Stortingets samtykke, jf. forslag til vedtak IV nr. 6. Byggjetrinnet er på 24 000 m² brutto til årleg leige per 1. juli 2007 på 47,2 mill. kroner. Bygget vil romme lokale for Fakultetet for design og Fakultetet for visuell kunst og stå ferdig første halvår 2010. Med dette vil heile Kunsthøgskolen i Oslo vere samla på ein stad.

Utbygging av ny universitetsklinikk i Trondheim er omtalt under kap. 281 post 79.

Mål: Godkjend fagskoleutdanning skal gi studentane kvalitetssikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod som byggjer på avslutta vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse

Stortinget vedtok i juni 2007 lov om endringar i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning, jf. Innst. O. nr. 89 (2006–2007) og Ot.prp. nr. 39 (2006–2007). Den nye lova trådde i kraft 1. juli 2007.

Lovendringane opnar mellom anna for at godkjeningsprosessen for større fagskoletilbydarar skal bli lettare. Hovudregelen vil framleis vere at den enkelte fagskoleutdanninga blir godkjend av NOKUT, men tilbydarar skal under visse vilkår kunne få godkjenning, og med det få rett til å opprette tilbod. Samtidig blir koplinga mellom fagsko-

leutdanning og yrkeslivet presisert. Omgrepa «fagskole» og «fagskoleutdanning» blir beskytta og skal berre gjelde godkjende tilbydarar.

Lov om endringar i friskolelova (ny privatskolelov) vart handsama samstundes med fagskolelova, jf. Innst. O. nr. 88 (2006–2007). Ny lov trådte i kraft 1. august 2007. Med lovendringane i privatskolelova er det venta at enkelte vidaregåande skolar som tilbyr yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved offentlege vidaregåande skolar (6A-skolar), vil søkje om godkjenning etter fagskolelova. Dette gjeld skolar som ligg over vidaregåande opplæringsnivå. 6A-skolar som blir godkjende etter fagskolelova vil behalde rammevilkåra ved overgangen til ny lov.

Ansvar for fagskolane vil bli overført til regionane, jf. St.meld. nr. 12 (2006–2007). Regionane har gode føresetnader for å kunne prioritere og tilpasse yrkesretta utdanning til regionalt arbeidsliv og kan sjå dette i samanheng med utdanningsprogramma i vidaregåande skole. Med slik overføring av ansvar til regionane er det naudsynt å gjere endringar i fagskolelova. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at fagskolelova framleis skal regulere rettane til studentane, kvalitetssikring og lovbestemt styringsform. Dette gjeld både dei offentlege og dei private fagskolane. Forslag til endringar i fagskolelova knytte til oppgåveoverføringa til regionane blir sende på høring i løpet av hausten 2007.

Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for studentar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		
		2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
71	Tilrettelegging av studium i utlandet	5 016	5 207	5 431
74	Tilskott til velferdsarbeid	67 645	62 493	65 180
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	85 066	113 426	153 103
	Sum kap. 270	157 727	181 126	223 714

Post 71 Tilrettelegging av studium i utlandet

Løyvinga gjeld tilskott til Fulbright-programmet. Dette er eit stipendprogram som støttar særleg kvalifiserte søkjarar i studium på master- og doktorgradsnivå i USA, og tilsvarende studentar frå USA som vil studere i Noreg. I tillegg blir det gitt stipend til forskarar frå Noreg og USA. I 2007 vart det utbetalt 5,2 mill. kroner til Fulbright-programmet. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga på om lag 5,4 mill. kroner i 2008.

Post 74 Tilskott til velferdsarbeid

Posten omfattar tilskott til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene, inkludert studentbarnehagar, samt tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Målet med tilskottsordninga er å leggje grunnlag for studentvelferda ved utdanningsinstitusjonane, og fremme interessene til studentane. Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal supplere det generelle velferdstilbudet elles i samfunnet og vere ein integrert del av det heilskaplege læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane. Tilskottet til studentorganisasjonane skal

leggje grunnlaget for arbeidet for interessene til studentar.

Tilskottet til samskipnadene blir gitt som grunntilskott, tilskott per student og tilskott per år per studentbarnehageplass. Samla vart det utbetalt om lag 67,6 mill. kroner i 2006. Av desse vart det utbetalt om lag 62,9 mill. kroner til 26 studentsamskipnader (inkludert ANSA) med om lag 200 000 medlemmer. I tillegg vart det utbetalt om lag 3,2 mill. kroner til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Vidare vart det utbetalt om lag 1,5 mill. kroner til undersøkinga av levekåra til studentar.

Departementet la fram Ot.prp. nr. 71 (2006–2007) *Om lov om studentsamskipnader* i juni 2007. Forslag til ny lov inneber ei vidareføring av ordninga med studentsamskipnader. Departementet foreslår å føre vidare dei viktigaste kjenneteikna ved ordninga, som prinsippet om brukarstyring og samskipnadene som sjølvstendige rettssubjekt. Med den nye lova vil departementet mellom anna gi klarare og meir utfyllande reglar om kva slags verksemd studentsamskipnadene kan drive, og om forholdet mellom departementet og studentsamskipnadene.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på post 74 med 65,2 mill. kroner i 2008.

Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast

Tilskottsordninga skal sikre bygging av studentbustader, samt medverke til å sikre ein rimeleg bustadsituasjon for studentar. Studentbustadane skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden.

Rapport for 2006–07

Ved utgangen av 2006 disponerte studentsamskipnadene totalt 29 446 hybeleiningar. Det er ein auke på 448 hybeleiningar i høve til 2005. 850 hybeleiningar er lagde til rette for funksjonshemma studentar. Dette svarar til om lag 2,9 pst. av studentbustadene, og er i høve til 2005 ein auke på 97 hybeleiningar. Departementet har som føresetnad at husleiga på bustader for funksjonshemma studentar ikkje skal vere høgare enn det andre studentar betaler for ei hybeleining tilpassa ein person.

I 2007 gav departementet tilsegn om støtte til 396 nye hybeleiningar fordelte på følgjande stader: Bergen, Stavanger, Oppland, Trondheim, Ås, Buskerud og Vestfold. I tillegg vart det løyvd midlar til svarande 19 hybeleiningar til rehabilitering til studentsamskipnaden i Bodø. Samla gav departementet tilsegn om støtte til 415 hybeleiningar i 2007.

Samskipnadene skal, innan fire år frå tilsegnene er gitte, ha sett i gang bygginga av studentbustadene. Urealiserte tilsegner vil etter fire år bli omfordelte til andre samskipnader som kan setje i gang bygginga av studentbustader.

Husbanken har gjennomgått tilsegner gitte i perioden 1996–2005, sjå nærmare omtale i St.prp.

nr. 1 (2006–2007). Gjennomgangen syner at det var fleire urealiserte tilsegner frå perioden som det ikkje er knytte konkrete prosjekt til. Husbanken har vore i kontakt med dei samskipnadene som har urealiserte tilsegner, og nokre av dei eldre tilsegnene vil ikkje bli nytta til prosjekta dei var gitte til. Departementet har derfor omfordelt 87 urealiserte tilsegner. Dei nyare tilsegnene som ikkje er realiserte, er under prosjektering og vil bli sette i gang i 2007. Departementet har bede samskipnadene om å rapportere om alle urealiserte tilsegner som det ikkje er knytte konkrete prosjekt til.

Forvaltninga av tilskottsordninga til bygging av studentbustader vart overført til Husbanken 1. januar 2004. Ei evaluering av organiseringa av tilskottsordninga er under arbeid.

Departementet finn det lite tenleg å stå som eigar av eigedomen Schultz' gate 7 i Oslo som vart nytta til studentbustader, jf. mellom anna St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Kunnskapsdepartementet. I tråd med tidlegare føresetnader har departementet vurdert ulike løysingar for vidare drift av eigedomen. Departementet foreslår å overdra Schultz' gate 7 til Studentsamskipnaden i Oslo (SiO) utan vederlag, jf. forslag til vedtak IV nr. 4. Det vil vere ein føresetnad at eigedomen framleis blir nytta til studentbustader. Departementet meiner det vil vere best å forvalte eigedomen innanfor dei rammene for studentvelferd som er etablerte gjennom studentsamskipnadene. Ein legg opp til at dei som i dag bur i Schultz' gate 7 kan halde fram å bu der ut normert studietid. Departementet vil ha ein dialog med SiO for å finne tenlege løysingar slik at dei som i dag bur på eigedomen, blir tekne omsyn til når ein skal tilpasse forvaltninga av systemet til samskipnaden. Departementet vil starte arbeidet med overføring under føresetnad om godkjenning frå Stortinget, og tek sikte på å inngå i kontrakt i starten av 2008.

Budsjettforslag for 2008

Tabell 4.11 Løyving og tilsegnfullmakter for studentbustader i 2007–08¹ (i 1 000 kr)

Tilsegnfullmakt per 31. desember 2007	115 000
Ramme for nye tilsegnfullmakter 2008	153 103
Løyving	153 103
Tilsegnfullmakt per 31. desember 2008	115 000

¹ Tabellen over gir ei oversikt over løyving og tilsegnfullmakter for studentbustader i perioden 2007–08. Midlar til studentbustader blir normalt utbetalte over tre år. Tilsegnfullmakta per 31. desember 2007 fortel kor store økonomiske forpliktingar Kunnskapsdepartementet har knytt til tilsegn som er gitte fram til og med 2007.

Departementet foreslår å endre finansieringsmodellen for studentbustadbygging. Endringa gjeld nye tilsegn frå 2008. Den øvre kostnads-

ramma i pressområda Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger er endra frå kr 500 000 til kr 600 000 per hybeleining. Husbanken har på oppdrag frå

departementet gjort overslag som viser at Tromsø er å rekne som eit pressområde. Studentsamskipnaden i Tromsø vil derfor få ei øvre kostnadsramme på kr 600 000 per hybeleining, der kr 250 000 er fast statstilskott. Dette gjeld for eventuelle nye tilsegner frå 2008. Den øvre kostnadsramma i landet elles er endra frå kr 400 000 til kr 500 000 per hybeleining. Storleiken på tilskottet frå departementet blir ikkje endra.

Departementet foreslår å auke løyvinga til bygging av studentbustader nominelt med om lag 40

mill. kroner i høve til statsbudsjettet for 2007. Dette svarar til ei løyving på om lag 153,1 mill. kroner til bygging av studentbustader i 2008. Dette gir om lag 670 nye hybeleiningar avhengig av kor i landet dei blir bygde. Departementet understrekar at det er viktig at kvar studentsamskipnad har eit tilfredsstillande tilbod til funksjonshemma studentar. Løyvinga på post 75 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3270 post 49, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 271 Universitet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
50	Basisfinansiering statlege universitet	5 768 787	5 796 978	6 675 671
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege universitet	2 111 575	2 263 044	2 593 711
52	Forskningsfinansiering statlege universitet	2 350 831	2 497 631	2 723 520
	Sum kap. 271	10 231 193	10 557 653	11 992 902

Frå og med budsjettet for 2008 er rapportering og budsjett for universiteta samla under kap. 271, med unntak for Universitetet i Agder (UiA). UiA fekk status som universitet frå 1. september 2007. Rapportering for UiA for 2007 er derfor på kap. 275 medan budsjettet for 2008 blir omtalt under dette kapitlet.

Universiteta forvaltar Noregs kultur- og kunnskapsarv, samstundes som dei inngår i eit verdsomspennande læringsfellesskap. Dei byggjer internasjonal spisskompetanse på fagområde som er avgjerande for samfunnsutviklinga i landet vårt, samstundes som dei medverkar til den globale kunnskapsutviklinga.

Universiteta har ei særleg plikt til å halde ved like og utvikle høg fagleg kompetanse til beste for samfunnet. Det moderne samfunnet blir meir avhengig av forskning og vitskap, og dette inneber at universiteta ber eit stadig større samfunnsansvar.

Gjennom fagleg overføring, kunnskapsutvikling og formidling har universiteta ansvar for å vidareutvikle Noreg som ein demokratisk og moderne kultur- og kunnskapsnasjon. Universiteta driv formidling til allmenta og gir såleis viktige bidrag til offentleg debatt. Dei samarbeider breitt med samfunns- og arbeidsliv, offentleg forvaltning og internasjonale institusjonar og organisasjonar.

Med generelt større krav frå samfunnet om nytte og resultat endrar universiteta seg. Dei har

meir kontakt med samfunnet, noko som òg pregar arbeidet med studieprogram og fagportefølje. Dei byggjer ut lærarutdanninga og andre profesjonsutdanningar, og tilbyr etter- og vidareutdanning innfor eit breitt spekter av fag og tema. Tradisjonelt har universiteta fagleg breidd og er forskingsbaserte høgere utdanningsinstitusjonar med nasjonalt ansvar for å utvikle og halde i hevd breidda i natur-, kultur- og samfunnsfag. Med tre nye universitet sidan 2005 har Noreg fått universitet som er meir fagleg spissa, med større vekt på spesialisert eller profesjonsretta kompetanse, og med sterkare regional forankring. Dette er i tråd med utviklinga internasjonalt, der ein finn ulike typar universitet. Universiteta har til saman over 88 000 registrerte studentar, inkludert UiA. Det utgjer om lag halvparten av statleg høgere utdanning i Noreg. Når ein institusjon er akkreditert som universitet, har han fullmakt til å opprette studietilbod på alle nivå.

Rapport for 2006–07

Utdanning

Søkninga til universiteta er framleis høg. I 2006 vart om lag 19 000 studieplassar ved universiteta lyste ut gjennom Samordna opptak. Om lag 41 500 søkjarar hadde prioritert studium ved eit universitet. Det utgjer 41,7 pst. av det totale talet på søkjarar til høgere utdanning.

Universiteta har gjennomgåande lågare gjennomstrøyming enn dei andre institusjonskategori-ane, men avlagde studiepoeng steig markert i tida etter innføringa av Kvalitetsreforma. Frå 2005 til 2006 har talet på studiepoeng per student vore stabilt.

Det er viktig at universiteta har fokus på det kvalitetsforbetrande arbeidet ved utdanningane. I løpet av 2007 har NOKUT evaluert kvalitetssikringssystema til alle universiteta. Det står framleis att arbeid med å betre systema på bakgrunn av tilrådingane frå NOKUT. Det er viktig at universiteta brukar systemet aktivt til å utvikle kvaliteten på innhaldet i utdanninga, og at dei arbeider vidare med å forankre kvalitetsarbeidet blant dei fagleg tilsette.

Kunnskapsdepartementet tildelte utdanningskvalitetsprisen for 2007 til realfagsfakulteta ved universiteta i Oslo, Bergen og Tromsø, samt fakulteta for informasjonsteknologi, matematikk og elektroteknikk ved NTNU. Senter for entreprenørskap ved Universitetet i Oslo fekk i tillegg delt andrepris for studieemnet Gründerskolen. Ein uavhengig komité nedsett av NOKUT avgjer kven som får prisen.

Universiteta må framover særleg arbeide aktivt med studentgjennomstrøyming i utdanningane, og fortsette med å undersøkje korleis kvalitetsarbeidet ved institusjonane betrar den faktiske kvaliteten i utdanninga. Dei nye universiteta må ta i vare ansvaret sitt for profesjonsutdanningane, samstundes som dei utviklar forskingsinnsatsen.

Forskningsprofil

I 2006 stod universiteta for om lag 80 pst. av vitenskapleg publisering i Noreg, og dei utdannar 94 pst. av doktorane. Universiteta hadde i 2006 ei samla ekstern finansiering på om lag 2,8 mrd. kroner, inklusive midlar frå Noregs forskingsråd. Universiteta er òg viktige samarbeidspartnarar for offentlege institusjonar som helseverksemdene og for næringslivet.

Universiteta arbeider målretta med å styrkje forskinga si. Dei vektlegg sterkare konsentrasjon og prioritering gjennom å utvikle fleire forskingsgrupper av høg internasjonal kvalitet, fleire strategiske satsingar og større prosjekt. Universiteta har etter innføringa av Kvalitetsreforma hatt fokus på å sikre tid til forskning og god forskingsbasert undervisning gjennom å ta i vare breidda i forskingsverksemda.

Universiteta må fortsette arbeidet med å konsentrere forskingsinnsatsen og utvikle forskingsmiljøa.

FoU-verksemd

Talet på årsverk fordelte på stillingskategoriar ved universiteta viser at om lag 45 pst. av undervisnings-, forskings- og rekrutteringsstillingane er professorat og førstestillingar i 2006. Om lag 18 pst. av dei tilsette i professorstillingane var kvinner. Rekrutteringsstillingane, dvs. stipendiat- og postdoktorstillingar, utgjer om lag 40 pst. av årsverka. Den sterkaste veksten i både absolutte og relative tal finn vi blant stipendiatstillingane.

Det har vore jamn stigning i talet på avlagde doktorgradar ved universiteta i dei siste åra. I 2006 vart det i følge Doktorgradsregisteret ved NIFU STEP avlagt 837 doktorgradar ved norske universitet – noko som er rekord. Veksten frå 2005 til 2006 skriv seg i første rekkje frå NTNU. Både NTNU og Universitetet i Bergen sette rekord i avlagde doktorgradar i 2006. Universitetet i Tromsø hadde nullvekst, og ved Universitetet i Oslo var det ein nedgang frå toppåret 2005. Universiteta står òg på dette nivået framfor ei utfordring med å redusere fråfallet og medverke til at fleire gjennomfører utdanninga på normert tid.

Bortsett frå Island, har Noreg hatt ein sterkare årleg vekst i talet på publiseringar enn dei andre nordiske landa i perioden 2000 til 2004. Det er framleis vekst i publikasjonspoeng frå 2005 til 2006. Sjølv om universiteta har den største vitenskaplege produksjonen, har dei svekt sin relative del frå 2005 til 2006 i høve til høgskolane.

Tildeling av ressursar til forskning frå Noregs forskingsråd (NFR) er ein indikator på korleis universiteta når opp i konkurransen om deltaking i forskingsprosjekt. Ved universiteta utgjer delen av NFR-midlane mellom 15 og 20 pst. av statstilskottet. For Universitetet i Stavanger er delen av NFR-midlar 2,8 pst. av statstilskottet i 2006.

Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv

Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv er ei viktig oppgåve for universitet og høgskolar. Universiteta forvaltar Noregs kulturarv og har internasjonal spisskompetanse på område som er avgjerande for samfunnsutviklinga og for Noreg som kultur- og kunnskapsnasjon. Universiteta har eit stort samfunnsansvar både når det gjeld fagleg overføring, kunnskapsutvikling og formidling.

Omfanget av verksemd finansiert gjennom bidrag og oppdrag er ein indikasjon på om universiteta og høgskolane samarbeider med omkringliggjande arbeidsliv. Delen av dei samla driftsinntektene ved universiteta som kjem frå bidrag og oppdrag har vore på om lag same nivå i perioden 2002–06.

Etter- og vidareutdanning er ein viktig del av samarbeidet. Omfanget av denne verksemda låg i 2006 på om lag same nivå som året før. Det er viktig at universiteta har god dialog med arbeidslivet med sikte på å utvikle utdanningstilbod i eit omfang og med eit innhald som sikrar arbeidslivet oppdatert og relevant kompetanse.

Når det gjeld innovasjon og nyskaping, rapporterer institusjonane om i alt 193 mottekne forretningsidear, to til fem lisensar og 15 oppstartsføretak i 2006. Dette varierer frå institusjon til institusjon. Til dømes har NTNU rapportert 99 forretningsidear, medan Universitetet for miljø- og biovitenskap har meldt inn 17. Alle universiteta har etablert eige teknologioverføringssenter (TTO – Technology Transfer Office) og arbeider med å utvikle ein strategi for immaterielle rettar. Universiteta tek aktivt del i samfunnsretta formidling, til dømes gjennom deltaking i den offentlege debatten, gjennom tilbod innanfor etter- og vidareutdanning og ikkje minst gjennom formidlinga ved universitetsmusea.

Internasjonalisering

Universiteta har lagt stor vekt på arbeidet med internasjonalisering. Institusjonane har omfattande forskingssamarbeid med internasjonale organisasjonar, og dei tek del i større internasjonale forskingsprogram. I dei siste åra har publikasjonar med forfattaradresser i andre land i tillegg til nasjonale forfattarar auka. Tilsette ved universiteta står for den største delen av publiseringa. EU-midlar til forskning er ein indikator på om universiteta har nådd opp i konkurransen om deltaking i internasjonale forskingsprosjekt. I universitetssektoren utgjorde EU-midlane i overkant av ein pst. av stats-tilskottet både i 2005 og 2006. Samla sett hadde universiteta i 2006 ein reduksjon i EU-midlar samanlikna med 2005. Universiteta står såleis framfor ei utfordring med å sikre seg forskingsmidlar frå EU.

Etter innføringa av Kvalitetsreforma har talet på studentutvekslingar (på tre månader eller meir) hatt ein sterk auke ved universiteta. I 2006 vart det registrert totalt 4 453 studentutvekslingar eksklusive individbaserte avtalar (mot 2 615 i 2003). Av desse var det 2 445 som kom inn til landet medan 2 008 drog ut. Med unntak av Universitetet i Stavanger og Universitetet i Oslo, er det fleire som kjem inn enn som dreg ut.

Det er ei utfordring for universiteta å utarbeide tydelege strategiar for internasjonaliseringa av utdanninga, og sørge for at alle studentar, også på bachelornivå, kan få kvalitetssikra utvekslingsopphald.

Rosenborgsaka

I desember 2006 sette Regjeringa ned eit granskingsutval som skulle sjå på det offentlege si handsaming av helseskadelege tilhøve ved dei tidlegare Rosenborglaboratoria i Trondheim. Utvalet var leia av fylkeslege i Troms, Gerd Ersdal. Medlemmer i utvalet var direktør i Statens strålevern, Ole Harbitz, sorenskrivar i Nordhordland tingrett, Mette Cecilie Greve, HMS-direktør i Posten Norge AS; Geir Riise og professor ved Klinisk Epidemiologisk Afdeling, Århus Universitet; Henrik Toft Sørensen. Med oppnemning av utvalet ønskte Regjeringa å få ein full gjennomgang av alle sider av saka og av det offentlege si handsaming. På same tid sette Kunnskapsdepartementet ned ei rådgivande medisinsk ekspertgruppe. Ekspertgruppa vart oppretta for å hjelpe departementet i oppfølginga av dei sidene av saka som gjaldt helseforhold. Gruppa er leia av professor og divisjonsdirektør i Folkehelseinstituttet, Erik Dybing. I tillegg er gruppa sett saman av nordisk ekspertise innanfor arbeidsmedisin og epidemiologi.

16. august 2007 la Granskingsutvalet fram sin rapport NOU 2007:9 *Rosenborgsaken. Det offentleges håndtering av kreft hos ansatte og studenter ved Norges lærerhøgskole i Trondheim/Den allmennvitenskapelige høgskolen*. Utvalet har levert ein omfattande rapport som kastar lys over dei ulike sidene av sakskomplekset.

Utvalet kjem med kritikk av korleis NTNU har handsama saka. Institusjonen fekk kritikk for ikkje å ha undersøkt saka godt nok då ho tok til i 1997. NTNU fekk òg kritikk for ikkje å ha følgd opp på ein god nok måte. Utvalet kjem òg med kritikk av departementet si handsaming av saka. Utvalet finn mellom anna at departementet skulle ha gjort meir for å granske om det var årsakssamanheng mellom skade og tilhøva på laboratoria. Dette er kritikk som departementet tek svært alvorleg.

Utvalet meiner at årsakssamanhengen mellom kreftsjukdom og arbeid i Rosenborglaboratoria ikkje er tilstrekkeleg klarlagt, og utvalet tilrår at dette spørsmålet blir nærmare utgreia. Departementet har bede den medisinske ekspertgruppa om å gjere ei nærmare vurdering av spørsmålet om årsakssamanheng og gje departementet råd om korleis tilrådingane til granskingsutvalet kan følgjast opp på best mogleg måte. Departementet har òg bede ekspertgruppa vurdere om det kan ha vore svikt i det fysiske arbeidsmiljøet ved andre statlege universitet og høgskolar, og vurdere dei medisinske risikofaktorane ved denne typen undervisnings- og forskingsverksemd. Ekspertgruppa har teke initiativ overfor Krefregisteret til å få oppdatert tidlegare datamateriale om kreftdø-

delighet i norske biomedisinske forskningslaboratorium.

Ein rapport frå ekspertgruppa er venta innan utgangen av 2007.

Kunnskapsdepartementet har vurdert det slik at ein må differensiere eventuelle nye krav om erstatning i høve til sjukdom og tilknytninga til laboratorium. Departementet vurderer det òg slik at krav på erstatning som er knytt til andre laboratorium enn Rosenborglaboratoria, eller som gjeld andre krefttypar enn hematologisk kreft, skal bli handsama på vanleg måte etter reglane om yrkesskade.

Kunnskapsdepartementet vil følgje opp vurderinga frå Granskingsutvalet, slik at eventuelle nye erstatningskrav som har samanheng med Rosenborglaboratoria og som gjeld hematologisk kreft, ikkje vil bli handsama før spørsmålet om årsaks-samanheng er nærmare utgreidd. Vurderinga av om ein skal gjere ein ny gjennomgang av forlik som allereie er inngått, vil òg vente til dette spørsmålet er avklara.

I tråd med tilrådingane i rapporten frå Granskingsutvalet, tek Kunnskapsdepartementet sikte på å slutføre forliksforhandlingane i to saker der forhandlingar hadde tatt til før granskingsutvalet vart nedsett.

Kunnskapsdepartementet vil komme tilbake til Stortinget med ein heilskapleg presentasjon av saka i løpet av 2008.

Post 50 Basisfinansiering statlege universitet

Posten inneheld midlar til basisfinansiering av universiteta. Basisfinansieringa skal, saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskningsfinansieringa, setje institusjonane i stand til å utføre oppgåvene sine og sikre stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansieringa omfattar løyvingar til undervisning, forskning og formidling.

Budsjettforslag for 2008

Undervisning

Det vart i 2006 tildelt 12,5 mill. kroner til 500 nye studieplassar innanfor allmennlærer-, førskolelærer-, faglærer-, yrkesfaglærer- og praktisk-pedagogisk utdanning. I samband med dette er det lagt inn 7 mill. kroner i heilårsverknad og vidareføring av studieplassane ved universiteta i 2008.

NTNU administrerer ordninga med kjøp av studieplassar i medisin i utlandet. I samband med avviklinga av ordninga er det auka opptaket på ordinære studieplassar i medisin på 15 studieplassar ved Universitetet i Tromsø og 20 studieplassar

ved NTNU ført vidare. Budsjettramma ved den ein-skilde institusjonen er justert i tråd med dette.

I statsbudsjettet for 2004 vart det løyvd midlar til oppstart av ei ny odontologiutdanning ved Universitetet i Tromsø. Opptaket til utdanninga har gradvis auka til 40 studentar frå 2007. Helse- og omsorgsdepartementet gir tilskott til utvikling, etablering og drift av det odontologiske kompetansesenteret i Tromsø. Senteret er eit viktig element i oppbygginga av den nye utdanningsstaden for tannlegar. I samband med ny odontologiutdanning foreslår Regjeringa å auke løyvinga til Universitetet i Tromsø med 16,8 mill. kroner i 2008.

I samband med utvidinga av siviløkonomutdanninga til fem år, foreslår Regjeringa å auke løyvinga til Universitetet i Agder med kr 465 000 i 2008.

For å følgje opp Regjeringas rekrutteringsplan innanfor *Barnehageløftet* foreslår Regjeringa å auke kapasiteten innanfor førskolelærerutdanninga med 125 studieplassar. Regjeringa foreslår at universiteta i Agder og Stavanger, samt høgskolane i Oslo, Vestfold, Hedmark, Telemark, Bergen og Tromsø, omdisponerer til saman 100 studieplassar innanfor eigne budsjettrammer.

Høgskolen i Agder har vorte akkreditert som universitet, med verknad frå 1. september 2007. Regjeringa foreslår derfor å styrkje løyvinga på kap. 271 post 50 med 480,3 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 275 post 50.

Forsking

Helse- og omsorgsdepartementet la fram ny lov om medisinsk og helsefagleg forskning våren 2007, jf. Ot.prp. nr. 74 (2006–2007). Lova skal medverke til å effektivisere forvaltninga og redusere forskningsadministrasjonen ved at dei regionale forskningsetiske komitéane (REK) blir koordinerande ledd og får nye, sjølvstendige forvaltningsoppgåver. For 2008 foreslår Regjeringa å løyve 5 mill. kroner til dei regionale forskningsetiske komitéane til å førebu iverksetjing av helseforskningslova. Frå 2009 blir det lagt til grunn ei årleg utgift på 15 mill. kroner, som også skal dekkje utgifter til oppgåver som i dag blir utført av Sosial- og helsedirektoratet. Dei auka kostnadene for 2008 er likt fordelt mellom Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Helse- og omsorgsdepartementet. Regjeringa foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga til universiteta med 5 mill. kroner i 2008.

Kunnskapsdepartementet, NTNU og Kavli Foundation vart i august 2007 samde om å opprette eit Kavli-institutt for nevrovitenskap ved NTNU. Det nye instituttet vil sikre gode vilkår for vidareutvikling av eit sterkt fagmiljø ved NTNU. Kunnskaps-

departementet, NTNU og Kavli Foundation skal alle medverke til finansieringa av instituttet. Regjeringa foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga til NTNU med 2,29 mill. kroner i 2008.

I samband med statsbudsjettet for 2007 vart det innført avgift på utslepp av NOx. Universitetet i Tromsø og NTNU får auka kostnader knytte til drift av fartøya «FF Jan Mayen» og «FF Gunnerus». Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til NTNU og Universitetet i Tromsø med til saman 1,35 mill. kroner i kompensasjon for NOx-avgift på forskingsfartøy i 2008.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 40 mill. kroner til dei universiteta som har ansvar for universitetsmuseum, til bevaring og sikring av samlingane ved universitetsmusea. Det blir foreslått å fordele løyvinga med om lag 18 mill. kroner til Universitetet i Oslo, om lag 8 mill. kroner til Universitetet i Bergen, om lag 8 mill. kroner til NTNU og om lag 6 mill. kroner til Universitetet i Tromsø.

Bygg og lokale

I samband med at universitetsfunksjonen ved Akershus Universitetssjuekehus (AHUS) er gjenopprett, foreslår Regjeringa å løyve dei resterande 33,2 mill. kroner i utstyrsmidlar i 2008.

Regjeringa foreslår å løyve 56 mill. kroner til utstyr til ny universitetsklinikk i Trondheim for byggjefase 2 i 2008. Departementet legg til grunn ei samla utstyrsramme for byggjefase 2 på 227 mill. kroner, og foreslår ei fordeling over tre år med 56 mill. kroner i 2008, 113 mill. kroner i 2009 og 58 mill. kroner i 2010. Regjeringa foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga for NTNU til utstyr for den andre byggjefasen av den nye universitetsklinikken med 56 mill. kroner i 2008, jf. også omtale av utbygginga av universitetsklinikken på kap. 281 post 79.

I statsbudsjettet for 2006 vart det gitt startløyving til rehabilitering av Sørhellingabygget ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Departementet har lagt til grunn ei utstyrsramme på 30,7 mill. kroner fordelt over to år. I 2007 vart det løyvd 15,4 mill. kroner til utstyr. Regjeringa foreslår ei løyving på 15,3 mill. kroner til utstyr for Sørhellingabygget i 2008.

I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2005 fekk bygg for informatikk (IFI 2) ved Universitetet i Oslo startløyving. Departementet har lagt til grunn ei utstyrsramme på 170,4 mill. kroner fordelt over tre år med 28,2 mill. kroner i 2007, 100 mill. kroner i 2008 og 42,2 mill. kroner i 2009. Regjeringa foreslår på denne bakgrunnen å auke utstyrsløyvinga til IFI 2 med 71,8 mill. kroner i 2008 i høve til 2007.

Post 51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege universitet

Posten omfattar resultatbaserte midlar til undervisning ved universiteta. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod.

Gjennomsnittleg avlagde studiepoeng per student ved universiteta heldt seg på om lag same nivå i 2006 som i 2005.

Det var ein liten auke i talet på utvekslingsstudentar ved universiteta frå 2005 til 2006.

Høgskolen i Agder er akkreditert som universitet med verknad frå 1. september 2007. Regjeringa foreslår derfor å styrkje løyvinga på kap. 271 post 51 med 202,4 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 275 post 51.

Resultatbasert undervisningsfinansiering for universiteta aukar med 33,7 mill. kroner i statsbudsjettet for 2008.

Post 52 Forskingsfinansiering statlege universitet

Posten inneheld midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneheld midlar til finansiering av stipendiatstillingar, særskilde midlar til vitskapleg utstyr og andre løyvingar.

Det er ulik grad av resultatoppnåing på dei ulike indikatorane mellom institusjonane, og blant universiteta er det særleg Universitetet i Oslo og Universitetet for miljø og biovitenskap som har gode resultat i omfordelinga. Endringar som følgjer av den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar, gjer at løyvinga på post 52 er redusert med 3,3 mill. kroner i 2008.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 271 post 52 med 86,4 mill. kroner til 270 stipendiatstillingar ved universiteta frå hausten 2008. To tredelar av stipendiatstillingane skal nyttast til satsingar og strategiar innanfor MNT-faga.

Høgskolen i Agder vart akkreditert som universitet, med verknad frå 1. september 2007. Regjeringa foreslår derfor å styrkje løyvinga på kap. 271 post 52 med 46,6 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 275 post 52.

Oversikt over løyvingforslaget

Tabell 2.19 i vedlegg 2 viser fordeling av forslag til løyving på institusjonar.

Kap. 272 Vitskaplege høgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
50	Basisfinansiering statlege vitskaplege høgskolar	501 158	522 782	552 239
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar	185 556	196 140	204 257
52	Forskningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar	141 616	138 096	154 610
70	Basisfinansiering private vitskaplege høgskolar	17 396	16 714	17 433
71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private vitskaplege høgskolar	17 418	20 794	23 752
72	Forskningsfinansiering private vitskaplege høgskolar	10 839	14 376	14 798
	Sum kap. 272	873 983	908 902	967 089

Kapitlet inneheld mål og budsjettforslag for dei vitskaplege høgskolane.

Dei vitskaplege høgskolane er fagleg smale og spesialiserte institusjonar. Dei oppfyller funksjonen sin ved å vere forskningsbaserte og profesjonsorienterte. Desse utdanningsinstitusjonane har eit særskilt ansvar innanfor fagporteføljen sin, og tilbyr i hovudsak integrerte studieløp til masternivået og doktorgradsprogram innanfor forsknings- og fagområda sine. Vitskaplege høgskolar kan utan akkreditering frå NOKUT opprette studietilbod innanfor sitt eige spesialområde. Ved å kombinere teoretisk fundert kunnskapsutvikling, profesjonsnær fagutvikling og forskning har dei vitskaplege høgskolane ei viktig nasjonal rolle for kunnskapsoppbygging og samfunnsutvikling. Gjennom kunstnarleg eller forskningsbasert fagleg utvikling har fleire av dei vitskaplege høgskolane fått eit godt internasjonalt omdømme.

Rapport for 2006–07**Utdanning**

På dei fleste områda har kvalitetssikringssystema ved dei vitskaplege høgskolane no komme i ein driftsfase. Framleis står det att arbeid med å forankre kvalitetssikringssystemet betre i arbeidet til dei fagleg tilsette. Det er òg viktig at institusjonane er opptekne av det kvalitetsforbeholdande arbeidet ved utdanningane, og at dei undersøker korleis kvalitetsarbeidet ved institusjonane verkar på den faktiske kvaliteten i utdanninga. I løpet av 2007 har NOKUT evaluert kvalitetssikringssystema ved alle dei vitskaplege høgskolane. Departementet forventar at institusjonane gjer forbetringar av desse

systema på bakgrunn av tilrådingane frå sakkuningskomité.

Søkninga til dei vitskaplege høgskolane er framleis høg. I 2006 vart om lag 950 studieplassar ved dei vitskaplege høgskolane lyste ut gjennom Samordna opptak. Om lag 4 100 søkjarar hadde prioritert studium ved ein vitskapleg høgskole. Det utgjer om lag fire pst. av det totale talet på søkjarar. Det totale opptaket ved desse institusjonane var på 2 551 studentar, noko som inneber ein svak auke frå 2005. Talet på registrerte studentar ved dei vitskaplege høgskolane var 5 772 i 2006 mot 5 673 i 2005.

Dei vitskaplege høgskolane har høg gjennomstrøyming samanlikna med dei andre institusjonskategoriane, noko som tyder på god studiekvalitet.

Noregs musikkhøgskole fekk delt andrepris i Kunnskapsdepartementet sin Utdanningskvalitetspris for 2007 for prosjektet *Kammermusikk – eit tverrfagleg samarbeidsprosjekt*.

Forskningsprofil

I 2006 stod dei vitskaplege høgskolane for om lag fire pst. av dei vitskaplege publiseringane i Noreg. To av dei seks vitskaplege høgskolane driv kunstnarleg utviklingsarbeid som ikkje blir rekna inn i oversikta. Dei vitskaplege høgskolane utdanna om lag fem pst. av doktorane i 2006.

Dei vitskaplege høgskolane har svært ulik fagprofil, men dei har til felles at dei har spisskompetanse på sine felt, dei er forskningsbaserte og profesjonsorienterte, og dei har rett til å tildele doktorgrad. Dei arbeider målretta med å styrkje forsknings- og utviklingsarbeidet sitt og vektlegg sterkare konsentrasjon og fleire strategiske satsingar.

Arkitektur- og designhøgskolen og Noregs musikkhøgskole skil seg frå dei andre vitskapelege høgskolane. Dei driv mellom anna kunstnarleg utviklingsarbeid, og er ikkje med i den resultatbaserte forskningsdelen av finansieringssystemet, med unntak av den delen som omfattar doktorgradar.

FoU-verksemnda

Fagpersonalet ved dei vitskapelege høgskolane har ein kompetanseprofil som er svært lik den universiteta har. Førstestillingar og professorstillingar utgjer om lag halvparten av dei vitskapelege årsverka. Dei vitskapelege høgskolane har færre kvinner i desse stillingane enn universiteta. Særleg gjeld dette for professorat, der universiteta har om lag 18 pst., medan dei statlege vitskapelege høgskolane har under 12 pst. Det teologiske Menighetsfakultetet hadde i 2006 ingen kvinnelege professorar. Når det gjeld stipendiatstillingane har universiteta relativt sett færre kvinner enn dei vitskapelege høgskolane. Det har vore ein auke i talet på avlagde doktorgradar ved dei vitskapelege høgskolane, frå 36 i 2005 til 45 i 2006, men talet på kvinner har gått ned. Dei vitskapelege høgskolane står framfor ei særleg utfordring med å rekruttere fleire kvinner for høgre vitskapelege stillingar.

Omfanget av publikasjonspoeng for kategorien statlege vitskapelege høgskolar har gått noko ned. Det teologiske Menighetsfakultetet hadde ein relativt stor nedgang, men ein må sjå dette i samanheng med at publiseringsverksemnda deira var svært stor i 2005.

Dei statlege vitskapelege institusjonane har hatt ein liten auke i den delen av budsjettet som kjem frå Noregs forskingsråd. Noregs veterinærhøgskole står for den største delen av desse midlane. Ved denne høgskolen tilsvaer midlar frå Noregs forskingsråd nærmare 23 pst. av statstilskottet, medan gjennomsnittet for vitskapelege høgskolar totalt ligg på om lag 7 pst.

Dei vitskapelege høgskolane må halde fram med å utvikle FoU-arbeidet.

Samarbeid med samfunns- og næringsliv

Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv er ei viktig oppgåve for universitet og høgskolar. Omfanget av verksemd finansiert med bidrags- og oppdragsmidlar er eit mål for korleis institusjonane løysar denne oppgåva. Statlege vitskapelege høgskolar har samla slik finansiering på om lag 132,5 mill. kroner, eksklusive midlar frå Noregs forskingsråd. Variasjonen er stor mellom dei vitskapelege høgskolane. Til dømes får Noregs veterinærhøgskole, Noregs

idrettshøgskole og Noregs handelshøgskole høvevis 19,3, 15,7 og 12,7 pst. av dei totale inntektene sine frå bidrag og oppdrag, medan Arkitektur- og designhøgskolen og Noregs musikkhøgskole har 3,8 og 1,1 pst. frå slike kjelder. Det er eit særtrekk ved dei statlege vitskapelege høgskolane at næringslivet utgjer den største eksterne oppdragsgivaren, med i snitt 64 pst. av dei eksterne inntektene. For Noregs handelshøgskole utgjorde denne finansieringa over 87 pst.

Etter- og vidareutdanning er ein viktig del av samarbeidet. Omfanget av denne verksemda låg i 2006 på om lag same nivå som året før. Det er viktig at dei vitskapelege høgskolane har god dialog med arbeidslivet med sikte på å utvikle utdanningstilbod i eit omfang og med eit innhald som sikrar arbeidslivet oppdatert og relevant kompetanse.

Dei vitskapelege høgskolane må utvikle strategiar for immaterielle rettar og må kunne handtere desse. Dei står vidare framfor utfordringar med å utvikle kulturar for innovasjon og vidareutvikle strategiar for samarbeid med næringslivet. Vidare er det eit mål at institusjonane aukar verksemda si finansiert gjennom bidrag og oppdrag, men det er naturleg at det er stor skilnad i omfanget mellom dei ulike institusjonane.

Dei vitskapelege høgskolane fyller òg samfunnsoppdraget sitt ved at dei tek aktivt del i samfunnsretta formidling, til dømes gjennom deltaking i den offentlege debatten, gjennom konsertar og andre kulturarrangement og gjennom tilbod innanfor etter- og vidareutdanning.

Internasjonalisering

Dei vitskapelege høgskolane tek del i internasjonale forskingsprogram og internasjonalt utviklingsarbeid. EU-midlar til forskning er ein indikator på om institusjonane har nådd opp i konkurransen om deltaking i internasjonale forskingsprosjekt. Generelt er det ei utfordring for dei vitskapelege høgskolane å auke inntektene frå EU. Noregs veterinærhøgskole (NVH) har den høgste utteljinga når det gjeld midlar frå EUs rammeprogram for forskning. NVH fekk tilslag på om lag 50 pst. av søknadene sine i sjettem rammeprogram, og står i tillegg for nær 97 pst. av den totale delen som dei vitskapelege høgskolane har fått gjennom forskingsrådet.

Det er eit mål i Kvalitetsreforma at alle studentar som ønskjer det, skal ha høve til å ta delar av utdanninga si ved ein utanlandsk institusjon. Dei vitskapelege høgskolane har relativt sett hatt lågare vekst i talet på utvekslingsstudentar enn dei andre institusjonskategoriane, og talet på utvekslingsstudentar er framleis for lågt. Dei vitskapelege høgsko-

lane må setje seg tydelege og realistiske mål for internasjonaliseringa av utdanninga og lage strategiar for å nå desse måla. I 2006 var talet på utvekslingsstudentar 583 for dei vitskaplege høgskolane. Det er ein markert oppgang frå 2005, og størsteparten av auken kom ved Noregs handelshøgskole. Totalt har Noregs handelshøgskole om lag 70 pst. av det totale talet på utvekslingsstudentar for denne institusjonskategorien.

Det er òg eit mål i Kvalitetsreforma at internasjonaliseringa av vitskapleg tilsette skal styrkjast. Eit mål på internasjonalisering er graden av utveksling av vitskapleg tilsette. Denne mobiliteten har gått attende ved dei vitskaplege institusjonane, både når det gjeld innreisande og utreisande. Tilbakegangen heng stort sett saman med ei negativ endring i mobilitetsmønsteret ved Noregs veterinærhøgskole.

Post 50 Basisfinansiering statlege vitskaplege høgskolar

Posten gjeld midlar til basisfinansiering av dei statlege vitskaplege høgskolane. Saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskningsfinansieringa skal basisfinansieringa setje institusjonane i stand til å utføre verksemda si, samt sikre stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansieringa inneheld løyvingar til både undervisning, forskning og formidling.

Budsjettforslag for 2008

I samband med Stortinget sitt vedtak om utviding av siviløkonomutdanninga til fem år er budsjett-ramma til Noregs handelshøgskole auka med 1,8 mill. kroner, jf. Innst. S. nr. 188 (2001–2002), jf. St.meld. nr. 11 (2001–2002) *Om vurdering av enkelte unntak fra ny gradsstruktur i høyere utdanning*.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til utstyr med totalt 38 mill. kroner i statsbudsjettet for 2008. Av desse foreslår departementet å tildele 5,1 mill. kroner til dei statlege vitskaplege høgskolane. Midlane er foreslått fordelte med 2,1 mill. kroner til Noregs musikkhøgskole og 3,0 mill. kroner til Noregs idrettshøgskole.

Post 51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar

Posten gjeld resultatbaserte midlar til undervisning ved statlege vitskaplege høgskolar. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for

undervisning og studietilbod. Frå 2005 til 2006 har studiepoeng per student og totalt avlagde 60-studiepoengseiningar ved dei statlege vitskaplege høgskolane hatt ein liten nedgang, medan talet på utvekslingsstudentar har auka.

Den resultatbaserte undervisningsfinansieringa reduserer løyvinga til statlege vitskaplege høgskolar med 0,3 mill. kroner frå 2007 til 2008.

Post 52 Forskningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar

Posten gjeld midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneheld midlar til særskilt finansiering av doktorgradsstillinger. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere forskinga ved institusjonane.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 272 post 52 med om lag 4,5 mill. kroner til 14 stipendiatstillinger ved dei statlege vitskaplege høgskolane frå hausten 2008.

Den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar fører til auke i løyvinga til statlege vitskaplege høgskolar på 6,1 mill. kroner i 2008.

Post 70 Basisfinansiering private vitskaplege høgskolar

Posten gjeld midlar til basisfinansiering av Det teologiske Menighetsfakultetet, som er einaste private institusjon med akkreditering som vitskapleg høgskole. Saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskningsfinansieringa skal basisfinansieringa setje institusjonen i stand til å utføre verksemda si, samt sikre stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansieringa inneheld løyvingar til både undervisning, forskning og formidling.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på posten i 2008.

Post 71 Resultatbasert undervisningsfinansiering private vitskaplege høgskolar

Posten gjeld resultatbaserte midlar til undervisning ved Det teologiske Menighetsfakultetet. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonen og stimulere institusjonen til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod. Alle studium er inkluderte i undervisningskomponenten. Frå 2005 til 2006 har studiepoeng per student og totalt avlagde 60-studiepoengseiningar ved Det teologiske Menighetsfakultetet gått opp, medan talet på utvekslingsstudentar har gått ned.

Resultatbasert undervisningsfinansiering for private vitskaplege høgskolar aukar løyvinga til Det teologiske Menighetsfakultetet med om lag 2,1 mill. kroner i 2008.

Post 72 Forskingsfinansiering private vitskaplege høgskolar

Posten gjeld midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneheld midlar til særskilt finansiering av stipendiatstillingar. Løyvinga på posten

skal saman med basistilskottet finansiere forskinga ved institusjonane. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 272 post 72 med kr 320 000 til ein stipendiatstilling ved Det teologiske Menighetsfakultetet frå hausten 2008.

Den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar reduserer løyvinga til Det teologiske Menighetsfakultetet med 0,5 mill. kroner i 2008.

Oversikt over løyvingforslaget

Tabell 2.19 i vedlegg 2 viser fordeling av forslag til løyving på institusjonar.

Kap. 275 Høgskolar

Post	Nemning	Rekneskap 2006	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
50	Basisfinansiering statlege høgskolar	5 012 384	5 199 124	4 979 641
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege høgskolar	2 039 667	2 111 665	2 005 983
52	Forskingsfinansiering statlege høgskolar	241 439	269 818	254 355
70	Basisfinansiering private høgskolar	308 665	334 902	351 543
71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private høgskolar	266 099	290 461	306 745
72	Forskingsfinansiering private høgskolar	32 267	35 558	46 321
	Sum kap. 275	7 900 521	8 241 528	7 944 588

Kapitlet omfattar to kunsthøgskolar, 24 statlege høgskolar og 24 private høgskolar. Frå og med budsjettet for 2008 er rapportering og budsjett samla under kap. 275 med unntak av Høgskolen i Agder som fekk status som universitet 1. september 2007. Det blir gitt rapport om Høgskolen i Agder i dette kapitlet, medan budsjettforslaget for universitetet er handsama i universitetskapitlet.

Høgskolane står for eit breitt tilbod av utdanningar i hovudsak på bachelornivå, og utdanningane er ofte profesjonsretta. Høgskolane har særskilt ansvar for å drive FoU knytt til utdanningstilboda sine. Vidare har dei ansvar for å medverke til regional utvikling og innovasjon. Nokre høgskolar har rett til å tildele doktorgrader innanfor bestemte fagområde. Høgskolane fyller såleis ei viktig rolle som katalysator for regional utvikling og vekst og som aktør i profesjonsretta FoU. Dei statlege kunsthøgskolane har eit viktig nasjonalt ansvar for

å gi kunstutdanning på bachelor- og masternivå. Kunsthøgskolane har ansvar for internasjonalt samarbeid om ulike kunstfag og for forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Høgskolane hadde i 2006 om lag 107 000 registrerte studentar. Dei er svært ulike i storleik, forskingsintensitet og studenttilstrøyming. Høgskolane utdannar kandidatar som kan gå inn i yrke som er avgjerande for eit velfungerande samfunn. Til dømes har mange høgskolar ulike lærar-, ingeniør-, helse- og sosialfagutdanningar.

Fleire av høgskolane har gjennom langsiktig strategisk arbeid bygd opp solide fagmiljø med kompetanse til å tilby utdanning utover bachelorgraden. Det er ei gledeleg utvikling at høgskolane styrker potensialet sitt gjennom målretta satsing på kvalitet i undervisning og forskning. Høgskolane driv formidling til allmenta og gir viktige bidrag til offentleg debatt.

Rapport for 2006–07

Utdanning

Søkinga og opptaket til dei statlege og private høgskolane har gått ned i perioden 2005 til 2006, medan kunsthøgskolane har hatt ein auke i same periode. I 2006 vart om lag 30 000 studieplassar ved statlege og private høgskolar lyste ut gjennom Samordna opptak (SO). Om lag 54 000 søkjarar hadde prioritert studium ved ein høgskole. Det utgjør om lag 54 pst. av det totale talet på søkjarar. Kunsthøgskolane er ikkje med i SO.

Kunnskapsdepartementet fastset måltal for registrerte studentar og kandidatar ved Kunsthøgskolen i Bergen og Kunsthøgskolen i Oslo.

Ved høgskolane er det betre gjennomstrøyming enn ved universiteta. Fleirtalet av studentane gjennomfører utdanninga si på normert tid. Høgskolane må likevel jobbe vidare med tiltak for å stimulere til auka gjennomstrøyming.

Tal frå Samordna opptak viser ein reduksjon i søkinga til allmennlærerutdanninga på om lag 17 pst. frå 2006 til 2007. Ved førskolelærerutdanninga er det derimot ein auke på 7,5 pst., og faglærerutdanninga aukar med heile 43,6 pst. i same periode. For andre år på rad er det vekst i opptaket til teknologiske fag, men òg ein oppgang for dei andre realfaga, som i dei siste åra har hatt nedgang i søkjartala. Kvinnelege søkjarar står for store delar av veksten. Den negative trenden kan sjå ut til å vere snudd, noko som mellom anna kan forklarast med ulike rekrutteringstiltak, mellom anna initiert gjennom Regjeringas realfagsstrategi, og generelt stor merksemd i media om mangel på slik kompetanse. Talet på førsteprioritets-søkjarar til helse- og sosialfaglege utdanningar har i år gått noko tilbake, men det er framleis god søkning og rekruttering til desse studia. For meir informasjon om opptak, registrerte studentar og kandidatar på utvalde utdanningar, sjå tabell 2.6 i vedlegg 2.

I perioden juni 2003 til mai 2007 har NOKUT akkreditert 85 mastertilbod ved dei statlege og private høgskolane. NOKUT har òg akkreditert eitt nytt doktorgradstilbod ved Høgskolen i Agder i perioden 2006–07. Kunnskapsdepartementet har godkjent etablering av dei fleste nye mastertilboda og det nye doktorgradstilbodet som er akkreditert. Det finst no ni doktorgradstilbod ved statlege høgskolar. Styret i NOKUT fatta vedtak om akkreditering av Høgskolen i Agder som universitet, og institusjonen fekk med heimel i kongeleg resolusjon slik status frå 1. september 2007.

Evalueringa av allmennlærerutdanninga vart avslutta av NOKUT hausten 2006. Evalueringa viser at sjølv om mykje er bra, er det fleire utfordringar for utdanninga. Utfordringane gjeld særleg

forholdet mellom teori og praksis i utdanninga. På bakgrunn av rapporten har institusjonane utarbeidd eigne oppfølgingsplanar. For å vurdere den vidare organiseringa av allmennlærerutdanninga har departementet bede eit utval av fagpersonar og organisasjonar om å gi innspel hausten 2007 til moglege måtar å organisere ei differensiert fire- eller femårig lærarutdanning for grunnskolen på. Som ei forsøksordning har Høgskolen i Vestfold etablert ei ny lærarutdanning særleg retta mot ungdomstrinnet. Vidare har Høgskolen i Telemark fått midlar for å styrkje samanhengen mellom utdanning og praksis.

NOKUT reviderte i 2005 alle akkrediterte sjukepleiarutdanningar. I utgangspunktet vart berre ein institusjon, Diakonhjemmet høgskole, reakkreditert. Reakkrediteringa viste at den største utfordringa var å auke delen av tilsette med førstestillingskompetanse til 20 pst. Med bakgrunn i den manglande førstekompetansen vart det i 2006 løyvd om lag 11,9 mill. kroner for å stimulere til at flest mogleg fullfører førstelektorprogram. I tillegg blir nokre av midlane brukt til tiltak for å lette tilgangen på personar til bedømningskomitear for opprykk og anna koordineringsarbeid. Det er ingen høgskolar som har meldt frå at dei ikkje vil klare dette kravet innan den fastsette fristen. Departementet forventar derfor at målet med å auke delen tilsette med førstestillingskompetanse til 20 pst. blir nådd.

Det er forventa at høgskolane følgjer opp evalueringa av allmennlærerutdanningane og reakkrediteringa av sjukepleiarutdanningane.

NOKUT har sett i gang revidering av akkreditering av bachelorutdanninga ved Den norske bal- lethøgskolen. I 2006 starta NOKUT evaluering av ingeniørutdanningane. Denne skal vere ferdig september 2008. I løpet av 2008 skal NOKUT ha evaluert kvalitetssikringssystema til alle dei statlege høgskolane. Av dei som allereie er evaluerte, har alle utanom ein fått godkjent kvalitetssystema sine. Fleire institusjonar har rapportert at dei vil utvide systemet til å omfatte annan aktivitet ved verksemda, som til dømes FoU-verksemda og doktorgradsutdanninga. Dei private høgskolane må ifølgje universitets- og høgskolelova òg ha godkjent kvalitetssikringssystem. Høgskolane må no rette merksemda mot bruk av kvalitetssikringssystemet for å betre kvaliteten i utdanninga.

Høgskolen i Oslo vart tildelt 6 mill. kroner til oppretting av ei tolkeutdanning i budsjettet for 2007. Utdanninga hadde studiestart hausten 2007. Hovudmålet er å auke utdanninga av tolkar til rettsvesen, helsevesen og andre offentlege tenester, slik at borgarar med annan språkleg bakgrunn blir

sikra dei rettane dei har krav på. Søkninga til dette studietilbodet har vore god.

Forskningsprofil

I 2006 stod dei statlege og dei private høgskolane for om lag 15,4 pst. av den vitskaplege publiseringa i Noreg. Dei utdanna om lag 2,5 pst. av doktorane. Høgskolane har ulikt utgangspunkt for å kunne drive med forskning og utviklingsarbeid. Nokre av dei har fleire fag med tradisjonar for forskning og forskningsbasert undervisning, og andre har mest profesjonsretta fag utan sterke tradisjonar for forskning.

Høgskolane arbeider systematisk med å utvikle FoU-strategiar og byggje sterkare forskarmiljø. Dei tildeler FoU-midlar i større grad ut frå vedtekne satsingsområde og legg vekt på å styrkje fagmiljø som dokumenterer god vitskapleg produksjon. Det er positivt at høgskolane i større grad ser oppbygging av FoU-miljøa i samheng med etablering av mastergradsstudium. Høgskolane må fortsette arbeidet med å konsentrere forskingsinnsatsen og med å utvikle forskingsmiljøa sine.

FoU-verksemnd

Dei statlege høgskolane bruker relativt store tidsressursar til FoU. I ein NIFU-STEP-rapport, *Tolv år etter høgskolereformen – en statusrapport om FoU i statlige høgskoler. Rapport 7/2006*, går det fram at fagpersonalet har meldt at dei i 2005 brukte 21 pst. av arbeidstida til dette formålet. Det er omtrent uendra frå 1997, men det er variasjonar i omfanget av FoU-verksemnda mellom dei ulike statlege høgskolane og mellom dei ulike fagområda. Dei statlege høgskolane har i lengre tid arbeidd for å heve den formelle kompetansen til undervisnings- og forskingspersonalet. Mange høgskolar har kvalifiseringsprogram for eigne tilsette. Førstestillingsnivået har auka frå 23,5 pst. i 2001 til 29,3 pst. av stillingane i 2006. Innanfor fleire fagområde er det framleis få tilsette med førstestillingskompetanse. Dette gjeld særleg i sjukepleiarutdanningane. Det er ein positiv auke i talet på tilsette innanfor desse utdanningane som går på doktorgradsprogram og førstelektorprogram. Talet på stipendiatstillingar generelt har auka kraftig. I 2006 utgjorde dei 7,3 pst. av alle stillingane mot 2,8 pst. i 2001. Dei statlege høgskolane har no 338 stipendiatstillingar finansierte av Kunnskapsdepartementet. Rapporteringa frå mange av institusjonane viser derimot svak gjennomstrøyming av stipendiatar. Høgskolane må arbeide for å auke gjennomstrøyminga.

Frå 2005 til 2006 har talet på publiseringspoeng ved dei statlege høgskolane auka med 9,3 pst. Som del av det totale talet ved universitet og høgskolar

er det òg ein liten auke frå 2005 til 2006. Dei store høgskolane og dei som har eigne doktorgradsprogram står for det meste av publiseringa. Tildeling av ressursar til forskning frå NFR og EU er indikator på korleis høgskolane når opp i konkurransen om deltaking i forskingsprosjekt. Ved høgskolane utgjorde NFR-midlar i gjennomsnitt 1,5 pst. av statstilskottet i 2006. Til samanlikning utgjorde dei i gjennomsnitt 15 pst. ved universiteta. Høgskolane må arbeide vidare med å auke forskingsinntekter frå NFR.

Det er tilsett om lag like mange menn og kvinner i undervisnings- og forskarstillingar ved dei statlege høgskolane. Men det er framleis stor overvekt av menn på ingeniørutdanningane og stor overvekt av kvinner på sjukepleiarutdanningane. Det er òg overvekt av menn i dei høgre stillingskategoriane. Talet på kvinnelege professorar har auka frå 14 pst. i 2003 til om lag 17 pst. i 2006. Høgskolane står framleis framfor utfordringar i høve til å kvalifisere og rekruttere fleire kvinner til høgre vitskaplege stillingar.

Omfanget av FoU-aktiviteten ved dei private høgskolane varierer mykje mellom institusjonane. Mange av dei små private høgskolane har liten aktivitet, medan Handelshøgskolen BI og i ein viss grad Misjonshøgskolen og Diakonhjemmet høgskole har stor FoU-aktivitet. Ein del av høgskolane melder om nokre vitskaplege publiseringar, men få er publiserte i meritterande tidsskrift. For dei fleste av dei private høgskolane er det eit mål å bli betre i forskning, og fleire har tiltak som skriveverkstad og kurs. Det er ei utfordring både for dei statlege og dei private høgskolane å auke den vitskaplege produksjonen.

Kunsthøgskolane driv med både kunstnarleg verksemnd, kunstnarleg utviklingsarbeid og tradisjonell forskning. Kunsthøgskolane arbeider med å styrkje FoU-verksemnda ved institusjonane og auke kompetansen til dei tilsette. Kunsthøgskolen i Bergen har operatøransvar for det nasjonale stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid i skapande og utøvande kunst, som er ein parallell til vanleg doktorgradsstipend. Stipendprogrammet har fått tildelt 17 stillingar. Sjå nærmare omtale under kap. 281. I 2006 vart dei første kandidatane ferdige.

Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv

Høgskolane skal forske og drive utviklingsarbeid som er relevant for lokalt arbeids- og næringsliv. Fleire rapportar peikar på at høgskolane ser ut til å ha ei mindre viktig rolle i regional utvikling og innovasjon enn venta. Omfanget av verksemnd finansiert med bidrags- og oppdragsmidlar er eit mål på

korleis institusjonane løyser oppgåva. I 2006 varierte dei eksterne inntektene mellom 2,1 pst. og 14,1 pst. av dei totale driftsinntektene ved dei statlege høgskolane. Den store variasjonen mellom høgskolane heng saman med ulike fagportefølje og ulike struktur i det lokale næringslivet. Høgskolane må auke dei eksterne inntektene sine og arbeide for å utvikle kulturar for innovasjon og samarbeid med regionalt samfunns- og arbeidsliv.

Nokre av høgskolane har vore med på bedriftsetableringar i 2006. Fleire av høgskolane samarbeider no med verksemdar som skal kommersialisere idear frå forskinga, eller har eigne slike verksemdar. Departementet er positiv til denne utviklinga.

Departementet har understreka behovet for at høgskolane inngår meir bindande samarbeid med institusjonar der studentane har praksis. Det er viktig at praksisen til studentane blir kvalitetssikra på ein god måte.

Kunnskapsdepartementet kan gi høgskolane utvida fullmakter i høve til bidrags- og oppdragsverksemd, sjå forslag til vedtak IV nr. 2. Departementet har, med utgangspunkt i problemstillingar knytte til institusjonane sine aksjeinteresser, teke tilbake fullmakta til å opprette nye selskap eller kjøpe aksjar i eksisterande selskap frå Høgskolen i Bodø og Høgskolen i Vestfold.

I 2006 vart finansieringa av praksisutgifter for helse- og sosialfagutdanningar ved statlege og private høgskolar samt Universitetet i Stavanger lagt om. Føremålet var at midlane i staden skulle bli brukte til særskilte tiltak for å fremme samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og praksisstadene. Tilbakemeldingar Kunnskapsdepartementet har fått gjennom etatsstyringsmøter i 2007 med institusjonane, tyder på at omlegginga har lykkast, og at det er utvikla fleire gode samarbeidsprosjekt, særleg knytte til primærhelsetenesta.

Høgskolane har gitt eit breitt tilbod i kurs og etterutdanningsverksemd i nært samarbeid med mellom anna skoleeigarar, i samband med at Kunnskapsløftet vart innført. Nokre institusjonar har likevel meldt om at dei ikkje har fått den responsen på kurstilbodet som var venta. Det er derfor naudsynt at høgskolane aukar relevansen i desse kursa. I 2006 var det registrert i alt 11 320 eksternt finansierte kursstudentar i 60-studiepoengseiningar ved dei statlege høgskolane. Dette er om lag 1 000 fleire enn i 2005.

Høgskolane står framfor ei utfordring med å styrkje samarbeidet med samfunns-, arbeids- og næringsliv, særleg for å fremme regional utvikling. Samarbeidsområde varierer mellom institusjonane, avhengig av fagportefølje. Fagmiljøa innanfor helse- og sosialfag, lærarutdanning, ingeniør-

fag, IKT, økonomi og administrasjon er gjerne trekte fram som eksempel på fagmiljø som samarbeider med andre institusjonar og eksterne aktørar.

Internasjonalisering

Arbeidet med internasjonalisering har auka ved dei statlege høgskolane. Dei tek del i internasjonale forskingsprogram og i utviklingsarbeid. Graden av involvering varierer framleis mykje mellom institusjonane. EU-midlar til forskning er ein indikator på om høgskolane har nådd opp i konkurransen og i deltaking i internasjonale forskingsprogram. Samla sett hadde dei statlege høgskolane ein auke i EU-midlar samanlikna med 2005, men må arbeide vidare med å auke desse midlane, gjerne i samarbeid med andre institusjonar. Dei statlege høgskolane har jamt over mange avtalar om samarbeid med utanlandske universitet og høgskolar, men utvekslinga av vitenskapleg tilsette har ikkje eit omfang som speglar dette. Samanhengen mellom den internasjonale verksemda innanfor utdanning og forskning kan òg bli betre.

Høgskolane skal leggje til rette for at fleire studentar kan ta delar av utdanninga si ved ein utanlandsk lærestad. Dei blir oppmoda til i større grad å nytte seg av dei mange ordningane som finst for internasjonalt utdanningssamarbeid, særleg Nordplus og EUs nyoppretta utdanningsprogram for livslang læring (LLP). Talet på utvekslingsstudentar har auka, medan talet på utvekslingsopphald blant dei tilsette har gått noko ned. Ved dei fleste høgskolane var det om lag like mange studentar som reiste ut som kom inn i 2006. Det var i alt 3 269 utvekslingsstudentar, eksklusive individbaserte avtalar. Høgskolane må arbeide vidare med å innlemme opphald i utlandet på ein god måte i studieprogramma. Det er òg ønskeleg at høgskolane held fram med det gode arbeidet med å utvide undervisningstilboda på framandspråk for å trekkje til seg fleire utanlandske studentar. Vidare må høgskolane leggje tydelegare strategiar for internasjonaliseringa av utdanninga.

Post 50 Basisfinansiering statlege høgskolar

Posten inneheld midlar til basisfinansiering av kunsthøgskolane og 24 statlege høgskolar. Saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa skal basisfinansieringa setje institusjonane i stand til å utføre verksemda si samt sikre stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansiering inneheld løyvingar til både undervisning, forskning og formidling.

Budsjettforslag for 2008

Nordisk Ministerråd skal trappe ned finansieringa av Nordisk Samisk Institutt. Nedtrappinga skjer over ein periode på fire år, og 2008 er siste året med nedtrapping. Departementet foreslår ein auke av løyvinga på kap. 275 post 50 med 1,2 mill. kroner i 2008 i samband med dette.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2005, jf. Innst. S. nr. 240 (2004–2005), vart det gitt startløyving til nytt bygg for Høgskolen i Vestfold. Departementet foreslår å vidareføre utstyrsløyvinga med 45,6 mill. kroner i 2008. Totalt er det lagt til grunn ei utstyrsramme på 91,2 mill. kroner til prosjektet.

I samband med statsbudsjettet for 2006, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006), vart det gitt startløyving til Samisk vitskapsbygg i Kautokeino. I 2007 vart det løyvd 15,7 mill. kroner til utstyr. Departementet foreslår å vidareføre 15,7 mill. kroner til utstyr i 2008. Totalt er det lagt til grunn ei utstyrsramme på 31,4 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å tildele 38 mill. kroner i særskilde midlar til utstyr i statsbudsjettet for 2008. Av desse foreslår departementet å tildele 32,9 mill. kroner til dei statlege høgskolane. Departementet foreslår å styrkje løyvinga til utstyr ved Høgskolen i Lillehammer med om lag 10 mill. kroner i 2008 kroner til skifte av teknologisk plattform for film- og fjernsynsutdanninga. Vidare blir det foreslått å tildele 5,2 mill. kroner til Høgskolen i Vestfold, 4,7 mill. kroner til Høgskolen i Bodø, 3 mill. kroner til Høgskolen i Buskerud, 4 mill. kroner til Høgskolen i Sør-Trøndelag, 1 mill. kroner til Høgskolen i Tromsø og 5 mill. kroner til Høgskolen i Oslo.

I høve til budsjettet for 2007 er det gjort mellom anna følgjande tekniske endringar: Løyvinga på kap. 275 post 50 er auka med 2,9 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 01 i samband med husleige ved Kunsthøgskolen i Oslo.

Undervisning

Det er i 2006 tildelt 12,5 mill. kroner til 500 nye studieplassar innanfor allmennlærer-, førskolelærer-, faglærer-, yrkesfaglærer- og praktisk-pedagogisk utdanning. I samband med dette er det lagt inn om lag 7,7 mill. kroner på kap. 275 post 50 i heilårsverknad og vidareføring av studieplassar ved statlege høgskolar for 2008.

I samband med utviding av siviløkonomutdanninga til fem år er budsjetttramma til Høgskolen i Bodø auka med 630 000 kroner i 2008, jf. Innst. S.

nr. 188 (2001–2001), jf. St. meld. nr. 11 (2001–2002).

I statsbudsjettet for 2006 vart det foreslått å etablere ei visuell kunstutdanning ved Høgskolen i Tromsø. Departementet foreslår å leggje inn om lag 3 mill. kroner til utstyr, heilårsverknad og vidareføring av 15 studieplassar i budsjettet for 2008, jf. òg omtale av utstyrsmidlar ovanfor.

Frå 1. januar 2005 vart Statens dykkarskole innlemma i Høgskolen i Bergen. Høgskolen har ansvar for å vidareutvikle dykkarutdanninga som fagskoleutdanning, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Kunnskapsdepartementet. Behov og organisering av mettingsdykkarutdanning (operasjonar på større djup enn 50 meter) har vore vurdert. Departementet meiner at det framleis er behov for å etablere mettingsdykkarutdanning i samarbeid mellom oljeselskapa Statoil, ExxonMobil, Norske Shell og Høgskolen i Bergen og selskapet NUI AS i Bergen. Stortinget har løyvd totalt 12,5 mill. kroner til investering i utstyr og totalt 2,75 mill. kroner til drift i 2007. Det er lagt til grunn årlege driftskostnader på 4,5 mill. kroner frå 2008. Oljeselskapa har tidlegare gitt lovnad om å støtte etableringa med inntil 27,5 mill. kroner under gitte føresetnader, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Kunnskapsdepartementet. Utdanninga vart planlagt etablert frå hausten 2007. Prosessen i høve til kjøp av mettingsdykkarutstyr har vore meir krevjande enn føreset, og utstyret kan bli dyrare enn opphavleg rekna med. Departementet vil ta initiativ til vidare dialog med oljeselskapa om dette. Utdanninga vil kunne bli sett i verk seinast i 2009. Mellombelse løysingar blir vurderte, slik at utdanninga eventuelt kan starte opp tidlegare. Departementet foreslår at tidlegare tildelte midlar til investering i utstyr og drift, og driftsmidlar for 2008, kan bli nytta til kjøp av utstyr. Sjå forslag til vedtak IV nr. 5. I samband med dette foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 275 post 50 med 3,5 mill. kroner.

Lærerutdanninga ved Høgskolen i Vestfold særskilt retta mot ungdomstrinnet vil omfatte inntil 40 studentar og starta opp hausten 2007. For å dekkje meirkostnadene ved dei faglege, pedagogiske, praktiske og organisatoriske delane ved denne utdanninga foreslår Regjeringa å auke løyvinga på kap. 275 post 50 med 1,2 mill. kroner mot ein reduksjon på kap. 226 post 21 og kap. 220 post 01.

For å følgje opp Regjeringas rekrutteringsplan innanfor *Barnehageløftet* foreslår Regjeringa å auke kapasiteten innanfor førskolelærerutdanninga med 125 studieplassar. Regjeringa foreslår at høgskolane i Oslo, Vestfold, Hedmark, Telemark, Bergen og Tromsø, samt universiteta i Agder og Stavanger

omdisponerer til saman 100 studieplassar innanfor eigne budsjetttrammer.

Høgskolen i Agder har blitt akkreditert som universitet, med verknad frå 1. september 2007. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 275 post 50 med 480,3 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 271 post 50.

Post 51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege høgskolar

Posten omfattar resultatbaserte midlar til undervisning ved statlege høgskolar. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod. Totalt avlagde 60-studiepoengseiningar er om lag stabil frå 2005 til 2006. Talet på utvekslingsstudentar har auka i same periode. Kunsthøgskolane er ikkje inkluderte i den resultatbaserte undervisningsfinansieringa.

Høgskolen i Agder har blitt akkreditert som universitet, med verknad frå 1. september 2007. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 275 post 51 med 202,4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 271 post 51.

Resultatbasert undervisningsfinansiering for statlege høgskolar aukar med om lag 3,2 mill. kroner frå 2007 til 2008.

Post 52 Forskingsfinansiering statlege høgskolar

Posten omfattar midlar knytte til strategisk forskingsløyving og til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga omfattar midlar til særskilt finansiering av stipendiatstillingar og særskilde midlar til vitskapeleg utstyr. For omtale av Strategisk høgskoleprogram og Verkemiddel for regional innovasjon (VRI) administrert av Noregs forskingsråd, sjå omtale under kap. 281. Det er ulik grad av resultatoppnåing på dei ulike indikatorane mellom institusjonane, og mellom anna høgskolane i Bodø, Hedmark og Oslo har gode resultat i omfordelinga.

Den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar reduserer løyvinga til statlege høgskolar med 9,9 mill. kroner i 2008.

Regjeringa ønskjer at høgskolane skal vere sentrale aktørar i regional utvikling og innovasjon og ei støtte til næringsliv og offentleg verksemd. Det er særleg behov for å auke FoU i ingeniørutdanninga, lærarutdanninga, helse- og sosialfag samt andre profesjonsutdanningar. Departementet foreslår å tildele statlege høgskolar 57 stipendiatstillingar frå hausten 2008 for særleg å styrkje regional

utvikling og profesjonsutdanningane. Regjeringa foreslår derfor å auke kap. 275 post 52 med 18,2 mill. kroner i 2008.

Høgskolen i Agder har blitt akkreditert som universitet, med verknad frå 1. september 2007. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 275 post 52 med 46,6 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 271 post 52.

Post 70 Basisfinansiering private høgskolar

Posten inneheld midlar til basisfinansiering av dei private høgskolane. Basisfinansieringa skal, saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa, setje institusjonane i stand til å utføre verksemda si og ta vare på omsynet til stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansieringa inneheld løyvingar til både undervisning, forskning og formidling.

Kunnskapsdepartementet har gjennomført kontrollbesøk ved Noregs Informasjonsteknologiske Høgskole (NITH) og Den Norske Balletthøgskole, men har ikkje funne noko som endrar føresetnaden for tildeling av statstilskott til desse høgskolane.

Det vart i 2006 tildelt 12,5 mill. kroner til 500 nye studieplassar innanfor allmennlærer-, førskolelærer-, faglærer-, yrkesfaglærer- og praktisk-pedagogisk utdanning. I samband med dette er det lagt inn om lag 1 mill. kroner på kap. 275 post 70 i heilårsverknad og vidareføring av studieplassar ved dei private høgskolane for 2008.

I samband med utvidinga av siviløkonomutdanninga til fem år er løyvinga til Handelshøgskolen BI foreslått auka med om lag 1,2 mill. kroner i 2008.

For å følgje opp Regjeringas rekrutteringsplan innanfor Barnehageløftet foreslår Regjeringa å auke kapasiteten innanfor førskolelærerutdanninga med 125 studieplassar. Regjeringa foreslår å auke kapasiteten ved Dronning Mauds Minne Høgskole med 25 studieplassar. Det blir foreslått å auke ramma til høgskolen med kr 663 000, mot at løyvinga ved Handelshøgskolen BI blir redusert tilsvarende.

Post 71 Resultatbasert undervisningsfinansiering private høgskolar

Posten omfattar resultatbaserte midlar til undervisning ved private høgskolar. Løyvinga skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod.

Totalt avlagde 60-studiepoengseiningar er om lag stabil frå 2005 til 2006. Talet på utvekslingsstudentar har auka i same periode.

Resultatbasert undervisningsfinansiering for private høgskeolar aukar med om lag 3,8 mill. kroner frå 2007 til 2008.

Post 72 Forskingsfinansiering private høgskeolar

Posten inneheld midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneheld midlar til særskilt finansiering av stipendiatstillingar. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 275 post 72 med 1,6 mill. kro-

ner til fem stipendiatstillingar ved dei private høgskeolane.

Det er ulik grad av resultatoppnåing på dei ulike indikatorane mellom institusjonane. Med unntak av auken for Handelshøgskeolen BI og Misjonshøgskeolen i Stavanger er det blant dei private høgskeolane små endringar på forskingsindikatorane.

Den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar aukar løyvingane til dei private høgskeolane med om lag 7,6 mill. kroner i 2008.

Oversikt over løyvingforslaget

Tabell 2.19 i vedlegg 2 viser forslag til fordeling av løyving på institusjonar.

Kap. 276 Fagskoleutdanning

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
70	Tilskott til fagskoleutdanning	274 705	285 144	304 083
	Sum kap. 276	274 705	285 144	304 083

Lov om fagskoleutdanning trådde i kraft i juni 2003, og gjeld for yrkesretta utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse, og som har eit omfang som svarar til minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Lova er ei overordna rammelov som gir tilbydarane stor fridom til å fastsetje innhaldet i utdanninga og etablere formålstenlege ordningar lokalt. Fagskoleutdanning skal vere eit sjølvstendig alternativ til høgre utdanning.

30. mars 2007 fremma Regjeringa Ot.prp. nr. 39 (2006–2007) *Om lov om endringer i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning*. Odelstinget behandla 7. juni 2007 endringsforslaga, jf. Innst. O. nr. 89 (2006–2007). Lagtinget vedtok 12. juni 2007 lov om endringar i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning. Endra lov trådde i kraft 1. august.

Endringane inneber at tilbydarar av godkjend fagskoleutdanning skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring. Godkjeningsprosessen for større fagskoletilbydarar skal bli lettare. Hovudregelen vil framleis vere at den enkelte fagskoleutdanninga blir godkjend av NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga). Under visse vilkår skal òg tilbydarar kunne få godkjenning, og med det få rett til å opprette tilbod. Samtidig blir koplinga mellom fagskoleutdanning og yrkeslivet presisert. Omgrepa «fagskole» og «fagskoleutdan-

ning» blir beskytta for å sikre studentar mot useriøse tilbydarar.

System for kvalitetssikring skal vere på plass seinast 1. januar 2009, ifølgje kgl.res. 29. juni 2007 nr. 758. Den nye lovregelen om å verne «fagskole» og «fagskoleutdanning» trår i kraft 1. juli 2008.

Lov om endringar i friskolelova (ny privatskolelov) vart handsama i Odelstinget og Lagtinget samstundes med fagskolelova, jf. Innst. O. nr. 88 (2006–2007). Revidert privatskolelov trådde i kraft 1. juli 2007. Med lovendringane i privatskolelova er det venta at enkelte skolar som tilbyr yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar (6A-skolar), vil søkje om godkjenning etter fagskolelova. Dette gjeld skolar som ligg over vidaregåande opplæringsnivå. 6A-skolar som blir godkjende etter fagskolelova, vil behalde høvet til framtidig tilskott for faktisk elevtal avgrensa til det elevtalet dei i dag har godkjenning for.

Ansvar for fagskoleutdanning vil i 2010 bli overført til regionane, jf. St.meld. nr. 12 (2006–2007). Regionane har gode føresetnader for å kunne prioritere og tilpasse yrkesretta utdanning til regionalt arbeidsliv og kan sjå dette i samheng med utdanningsprogramma i vidaregåande skole. Ei slik overføring av ansvar til regionane gjer det naudsynt å endre fagskolelova. Så vel for dei offentlege som for private fagskoleutdanningar legg departementet til grunn at fagskolelova framleis skal regu-

lere rettane til studentane, kvalitetssikring og lovbestemt styringsform. Stortinget har bede departementet om ein gjennomgang av systemet for fagskolefinansiering seinast innan overføring av drifts- og finansieringsansvaret til regionane. Dette arbeidet er no i gang, og resultatane vil bli lagde fram i ein proposisjon om regionsreforma frå Kommunal- og regionaldepartementet våren 2008, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Post 70 Tilskott til fagskoleutdanning

Tilskottsordninga medverkar til å utvikle korte, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningar ved å yte tilskott til tilbydarar av fagskoleutdanning som er godkjend etter lov om fagskoleutdanning.

Dei vedtekne endringane i fagskolelova inneber at ein fører vidare skiljet mellom godkjenning av fagskoleutdanning og rett til tilskott. Etterspurnad og betalingsvilje i marknaden skal i hovudsak styre tilbodet av fagskoleutdanning. I revidert lov om fagskoleutdanning er løyvet til å krevje eigenbetaling av studentane presisert. Tilbydarar av fagskoleutdanning kan berre krevje eigenbetaling i den grad det ved tildeling av tilskott ikkje er bestemt at utdanninga skal vere gratis. Statstilskott og eigenbetaling skal komme studentane til gode, og lova gir ikkje opning for å ta ut økonomisk utbytte.

Teknisk fagskoleutdanning var omfatta av ei overgangsordning fastsett i forskrift 10. november 2003 nr. 1343 om godkjenning etter lov om fagskoleutdanning. Overgangsordninga bestemte at tilbydarar som hadde søkt NOKUT om godkjenning innan 10. november 2006, og anten hadde fått godkjenning eller venta på at søknaden skulle bli ferdig handsama, oppfylte vilkåra for å få tilskott i 2007. Alle dei tekniske fagskoleutdanningane som

har tilskott hausten 2007, er no godkjende av NOKUT.

Departementet foreslår å føre vidare tilskott til teknisk fagskoleutdanning på same nivå som i 2007.

Teknisk fagskoleutdanning er eit toårig tilbod om fagskoleutdanning i fylkeskommunal regi. Opplæring på fagskolenivå skal vere i samsvar med definerte behov i arbeidslivet. Opplysningar ein skal hente inn for å klargjere måloppnåinga, er studenttal og tilbydde fagområde innanfor teknisk fagskoleutdanning. Tilskottsmottakarar er fylkeskommunar som tilbyr teknisk fagskoleutdanning som er godkjend etter lov om fagskoleutdanning. Tilskottet blir utrekna på grunnlag av innrapporterte studenttal. Tilskottsmottakar må sende inn oversikt over studenttal før tilskottet blir rekna ut. Dei skal rapportere rekneskap og endeleg elevtal gjennom KOSTRA.

Det var 2 949 innrapporterte heiltidsstudentar i teknisk fagskoleutdanning hausten 2006. Dette er ein nedgang på 123 heiltidsstudentar sidan hausten 2005.

Talet på godkjende fagskoleutdanningar har auka kraftig det siste halvanna året. 1. januar 2006 var det godkjend elleve fagskoleutdanningar. Om lag 580 søknader var under behandling. 1. januar 2007 var 468 godkjende og om lag 200 søknader under behandling. 1. september 2007 var tala 818 og 360.

Med bakgrunn i Stortinget si handsaming av dei såkalla 6A-skolane, jf. Ot.prp. nr. 37, er kap. 276 post 70 auka med 6,7 mill. kroner i høve til 2007. Auken er knytt til ei rammeoverføring frå kap. 228 post 70 og tilskottet til dei to skolane Hald internasjonale senter og Menighetsbibelskolen.

Departementet foreslår å løyve 304,1 mill. kroner på kap. 276 post 70.

Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgsular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	
		2006	budsjett 2007	Forslag 2008
01	Driftsutgifter	343 153	310 308	347 960
21	Særskilde driftsutgifter	243		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	19 100	14 151	14 505
51	Senter for internasjonalisering av høgre utdanning	23 480	36 897	37 309
73	Tilskott til internasjonale program	71 160	11 200	16 200
74	Tilskott til UNIS	94 885	75 474	78 719

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
75	UNINETT	34 169	22 867	23 850
76	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	17 564	16 898	17 625
78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet	11 728	12 174	12 697
79	Ny universitetsklinikk i Trondheim, <i>kan overførast</i>	279 672	263 652	274 989
	Sum kap. 281	895 154	763 621	823 854

Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar omfattar både tiltak som skal medverke til kvalitetsutvikling og kvalitetssikring, samordning av prioriterte område, vedlikehald og større innkjøp av utstyr og andre meir permanente tiltak.

Post 01 Driftsutgifter

Dei ulike tiltaka under post 01 er knytte til realfag, maritim strategi, lærarutdanning, kunstutdanning, internasjonalisering, forskning og formidling, dokumentasjon, statistikk og analyse og andre tiltak. Nokre er eingongsløyvingar for å møte særskilde utfordringar i løpet av året, medan andre blir førde vidare over fleire år.

Realfag

I 2007 nyttar departementet om lag 23 mill. kroner på tiltak på realfagssida, herunder Artsdatabanken og Andøya romfartssenter (NAROM).

Artsdatabanken er ei uavhengig eining ved Vitenskapsmuseet ved NTNU og skal gi elektronisk oversikt med informasjon om biologiske artar i Noreg som blir nytta i miljøforvaltning, undervisning og forskning. I desember 2006 la Artsdatabanken fram den reviderte *Raudlista for trua og sårbare artar*. Våren 2007 la Artsdatabanken fram ei oversikt over framande artar som kan utgjere ein økologisk risiko i Noreg. I budsjettet for 2007 vart tildelinga til Artsdatabanken over budsjettet til Kunnskapsdepartementet auka med 3 mill. kroner, til 12,8 mill. kroner totalt. Departementet foreslår å føre tilskottet vidare i 2008.

NAROM på Andøya skal medverke til å sikre rekrutteringa til norsk romverksemd og auke interessa for real- og teknologifaga. NAROM vart tildelt 5 mill. kroner i 2007, og departementet foreslår å føre tilskottet vidare i 2008.

MIT FabLab Norway er ein del av Massachusetts Institute of Technology (MIT) sitt nettverk av lokale feltlaboratorium som driv FoU- og formidlingsverksemd. MIT FabLab Norway har sidan oppstartinga i 2005 motteke driftstilskott frå depar-

tementet. Departementet foreslår å redusere tilskottet frå 2 mill. kroner i 2007 til 1,5 mill. kroner i 2008.

I Soria Moria-erklæringa har regjeringa sagt at ein ønsker å auke innsatsen med tanke på rekruttering til realfaga. For å byggje vidare på realfagssatsinga frå 2007, tek departementet sikte på å vidareføre satsinga på realfag og RENATE (Nasjonalt senter for kontakt med arbeidslivet om rekruttering til realfag).

Maritim strategi

Som ledd i Regjeringas maritime strategi foreslår Regjeringa å løyve 100 mill. kroner til maritim næringsverksemd. 17 mill. kroner av desse er foreslått fordelte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet til ulike kompetanseutviklingstiltak innan maritim sektor.

Lærarutdanning

Departementet har i 2007 mellom anna tildelt 6 mill. kroner til Utdanningsdirektoratet for å organisere eit treårig pilotprosjekt som skal utvikle nye modellar for kontakt og samhandling mellom skole- og barnehageeigarar og lærarutdanningsinstitusjonane. Vidare har departementet tildelt 5 mill. kroner til NTNU og Universitetet i Agder for å leie eit treårig pilotprosjekt som skal utvikle gode ansvars- og samarbeidsrelasjonar mellom høgskole og praksisskole og praksisbarnehage.

For å auke kunnskapsgrunnlaget om praksisundervisninga har departementet i samarbeid med Universitets- og høgskolerådet (UHR), Kommunenes Sentralforbund (KS) og lærarorganisasjonane teke initiativ til ei kartlegging av korleis øvingslæraravtalen blir praktisert. Evalueringa blir slutført hausten 2007.

Departementet har tildelt 4,7 mill. kroner i 2007 til Utdanningsdirektoratet til etterutdanning av lærarar. Direktoratet fekk vidare 8,5 mill. kroner over kap. 281 og 7 mill. kroner over kap. 226 til rett-

leining av nyutdanna lærarar. Tiltaket er evaluert og har fått god tilbakemelding.

Departementet har tildelt 8 mill. kroner i 2007 til Praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehage, grunnopplæring og lærarutdanning, eit program i NFR-regi. For nærmare omtale, sjå kap. 275.

I tillegg har departementet i 2007 mellom anna tildelt midlar til studietilbod for minoritetsspråklege lærarar og førskolelærarar, ein FoU-konferanse for fagpersonale i lærarutdanningane og eit nettbasert vidareutdanningstilbod for personar med minst treårig pedagogisk utdanning som manglar førskolelærarkompetanse. NTNU og Høgskolen i Sør-Trøndelag er tildelte midlar for oppstart av eit samarbeidsprosjekt om treårig yrkesfaglærarutdanning. Høgskolen i Vestfold fekk i 2007 midlar for å prøve ut ei ny fireårig ungdomsskolelærarutdanning. Høgskolen i Telemark fekk i 2007 midlar for i samarbeid med Notodden kommune å utvikle ei allmennlærarutdanning som legg ein større del av studiet til praksisskolen.

For å gje stønad til universiteta og høgskolane i samband med gjennomføring av intervju i opp-taksprosessen ved lærarutdanninga, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 281 med 1 mill. kroner mot ein reduksjon på kap. 226 post 21 og kap. 220 post 01.

Kunstutdanning

I 2007 nyttar departementet om lag 20 mill. kroner til ulike tiltak for kunstutdanningane.

I tråd med St.meld. nr. 18 (2001–2002) *Kvalitetsreformen. Om høgere kunstutdanning* har departementet oppretta eit stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid. Programmet er ein parallell til det ordinære doktorgradsprogrammet og skal føre fram til kompetanse som førsteamanuensis. Departementet finansierer 17 stillingar i 2007 og foreslår å styrkje ordninga med tre nye stillingar i 2008, til totalt 20 stillingar.

Løyvinga på post 01 er redusert med 2,9 mill. kroner i 2007 i samband med at husleige for Kunsthøgskolen i Oslo som tidlegare er dekt over kap. 281 post 01, er lagt inn i ramma til høgskolen.

Forskning og formidling

Departementet nyttar om lag 50 mill. kroner i 2007 til ulike tiltak innanfor forskning og formidling, herunder om lag 40 mill. kroner til Noregs forskingsråds fellestilltak for dei statlege høgskolane. Dei omfattar mellom anna *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon* (VRI) (ei vidareføring av *Mobilisering av FoU-relatert innovasjon* (MOBI)), *Strate-*

giske høgskoleprosjekter (SHP) (sjå omtale under kap. 275) og FORNY-programmet. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til desse fellestilltaka i 2008.

Forskningsprogrammet *Kunnskap, utdanning og læring* (KUL) blir avslutta i 2007 og følgt opp av eit nytt program i NFR, jf. omtale i kategori 07.50. Programmet skal mellom anna leggje til rette for meir robuste fagmiljø på utdanningsfeltet.

Komiteen *Kvinner i forskning* vart oppretta i 2004 for ein treårsperiode og skal hjelpe universitet, høgskolar og forskingsinstitutt med å innlemme likestillingsarbeidet i den langsiktige og strategiske utviklinga. Departementet har god erfaring med komiteen og har ført vidare ordninga med nytt mandat og ei budsjettramme på 3 mill. kroner årleg for ein ny treårsperiode frå og med 1. april 2007. Departementet foreslår for 2008 å tildele 1,5 mill. kroner over kap. 281 post 01 og 1,5 mill. kroner over kap. 285 post 52 til dette tiltaket.

DigForsk AS driv digitalisering av data frå arkiv og museum, og er eigd av Universitetet i Oslo. Det er ein føresetnad at selskapet skal drive på grunnlag av oppdragsinntekter frå universitetsmusea. Universiteta og musea fekk tidlegare utført oppdraga frå DigForsk gratis, men må no tilpasse budsjetta til den nye organiseringa av verksemda. Departementet foreslår å gi 2 mill. kroner som ein-gongstildeling i 2008 for å kunne halde oppe digitaliseringa av data frå arkiv og musea.

Riksrevisjonen konkluderte i 2003 med at fleire av samlingane ved universitetsmusea ikkje vart oppbevarte under gode nok tilhøve. Det er eit vedvarande behov for vedlikehald ved musea, og departementet har i 2007 sett av midlar til dette formålet. Departementet tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om universitetsmusea i løpet av våren 2008, sjå omtale under kategoriinnleiinga.

Det er eit stort behov for å rekruttere spesialistar med doktorgradsutdanning til vitskapelege stillingar ved universiteta og dei regionale kompetansesentra i odontologi. Dei odontologiske fakulteta har foreslått å etablere eit dobbeltkompetanseløp der spesialistutdanninga og doktorgradsutdanninga blir kombinert. Ein viktig premis for å få gode kandidatar til å ta den kombinerte utdanninga og bli i forskarstillingar er at kandidatane får lønn under spesialistutdanninga. Regjeringa foreslår på denne bakgrunnen å styrkje løyvinga over kap. 281 post 01 med 1,3 mill. kroner for 2008.

NOKUT

NOKUT er eit statleg organ som er uavhengig i enkeltsaker, og som skal kontrollere og utvikle

kvaliteten ved norske universitet, høyskolar og fagskolar. NOKUT handsamar også enkeltstønader om generell godkjenning av utanlandsk utdanning. I 2007 tildelte departementet 41,6 mill. kroner over post 01 til NOKUT. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til NOKUT i 2008.

Kunnskapsdepartementet inngjekk i 2007 ein kontrakt med ei internasjonal evalueringsgruppe, med NIFU-STEP som sekretariat, om evaluering av NOKUT. Evalueringa skal gi departementet meir kunnskap om korleis NOKUT utfører dei lov-pålagde oppgåvene sine, og om NOKUT tilfredsstillar kriteria for medlemskap i European Association of Quality Assurance Agencies. Evalueringa er venta i løpet av februar 2008.

Departementet tek sikte på å be NOKUT om å starte evaluering av førskolelærarutdanninga i 2008.

Noregsuniversitetet

Noregsuniversitetet (NUV) er eit nasjonalt organ under Kunnskapsdepartementet. Organet skal stimulere til utvikling av fleksibel og livslang læring i høgre utdanning og styrking av kontakten mellom arbeidslivet og høgre utdanning. Styret til NUV er samansett av partane i arbeidslivet, private og offentlege høgre utdanningsinstitusjonar og studentorganisasjonane.

NUV mottok statleg stønad på 19,4 mill. kroner i 2007, der om lag 11 mill. kroner blir fordelte som støtte til utvikling av fleksible utdanningstilbod ved universitet og høyskolar. Departementet foreslår å vidareføre midlane til NUV i 2008.

Samordna opptak

Samordna opptak (SO) koordinerer opptak til høgre utdanning. SO er lagt til Universitetet i Oslo, men er organisert i samsvar med § 1-4 (4) i universitets- og høyskolelova. SO vart tildelt 22,8 mill. kroner i 2007. Departementet foreslår å vidareføre midlane til SO i 2008.

Internasjonalisering

I 2007 har departementet sett av om lag 3 mill. kroner til ulike internasjonaliseringstiltak, herunder oppfølging av norsk-russisk samarbeid, Nord-Amerikastrategien og Bologna-prosessen.

Vidareutvikling av samarbeid med høgre lærestader i Nord-Amerika er særskilt prioritert i dei neste åra. Det er ønskeleg med gjensidig student- og lærarutveksling og fagleg samarbeid. Departementet foreslår for 2008 å løyve 5 mill. kroner til Nord-Amerika-samarbeid.

Nordområdestrategien legg særleg vekt på kunnskapsutvikling i nord. Dette er ein nasjonal strategi der alle lærestader skal medverke for å nå dei måla Regjeringa har sett. UiTø, NTNU, UiS og høyskolane i Finnmark, Trømsø og Narvik har teke initiativ til samarbeidsprosjektet EnergiCampus Nord (ECN) i Hammerfest. Satsing på høgre utdanning i energifag er i tråd med både Nordområdestrategien og realfagssatsinga. Regjeringa foreslår eit eingongstilskott på 3 mill. kroner i 2008 til høgre utdanningstilbod i energirelaterte fag i nord. Det er ein føresetnad at institusjonane organiserer tilbodet internt.

Departementet foreslår å nytte samla om lag 10 mill. kroner til tiltak for internasjonalisering i budsjettet for 2008.

Andre tiltak

Departementet har i 2007 sett av om lag 50 mill. kroner til andre fellestiltak i universitets- og høyskolesektoren, herunder 34,3 mill. kroner til nordisk avtale om adgang til høgre utdanning og 3 mill. kroner til BIBSYS.

Stortinget vedtok i handsaminga av budsjettet for 2005 å løyve 4,5 mill. kroner til trafikkflygarutdanninga ved Norwegian Aviation College (NAC). Stortinget vedtok vidare å løyve ytterlegare 4,5 mill. kroner i budsjettet for 2006. Løyvinga i 2005 vart klaga inn for EFTA Surveillance Authority (ESA). NAC vart erklært konkurs i juni 2007. Klaga er ikkje ferdig handsame av ESA. Midlane i statsbudsjettet for 2006 vart ikkje utbetalt, og departementet foreslår å ikkje vidareføre løyvinga i 2008. Departementet vil komme tilbake med denne saka til Stortinget hausten 2007.

Utvalet for godkjenning og godskriving av høgre utdanning (Brautasetutvalet) la fram sin rapport i 2007. Departementet foreslår å løyve 3 mill. kroner til Brautasetutvalet for å følge opp rapporten i 2008.

Dokumentasjon, statistikk og analyse

Departementet nytta i 2007 om lag 18 mill. kroner til ulike tiltak for dokumentasjon, statistikk og analyse. Av dette vart det tildelt 8,1 mill. kroner til Norsk samfunnsvitskapleg datatjeneste for drift av Database for statistikk om høgre utdanning (DBH), eit datavarehus for informasjon om norske universitet og høyskolar. Det vart vidare tildelt 5,8 mill. kroner til dei tre strategiske instituttprogramma ved NIFU STEP: *Kompetansebygging og kunnskapsbehov i arbeidslivet, Individuelle val og institusjonelle strategiar i høgre utdanning* og

Studiar av internasjonale utviklingstendensar i høgre utdanning.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Departementet fordeler løyvinga på post 45 til større investeringar ved universitet og høgskolar. I 2006 nytta departementet om lag 19 mill. kroner til slike tiltak. Ein tildelte 13 mill. kroner til ulike vedlikehaldstiltak og utstyrsinvesteringar ved Høgskolen i Lillehammer, Høgskolen i Oslo, Høgskolen i Sør-Trøndelag, Noregs veterinærhøgskole og Noregs idrettshøgskole. 5 mill. kroner vart nytta til sikring og bevaring av musea ved Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø og NTNU. Universitetet i Oslo fekk 1,1 mill. kroner til interaktivt informasjonssystem ved Samordna opptak.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga i 2008 på same nivå som i budsjettet for 2007.

Post 51 Senter for internasjonalisering av høgre utdanning

Rapport for 2006–07

Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) har fem hovudområde for virket sitt: programdrift, profilering av norsk høgre utdanning og norske universitet og høgskolar i utlandet, informasjon, kompetansebygging og rådgiving. SIU er programkontor for Erasmus Mundus og frå 2007–13 for EUs program for livslang læring. Fram til 31. desember 2006 var det programkontor for Sokrates og e-læringsprogrammet, der aktivitetane no er del av Livslang læringsprogrammet. I tillegg har SIU nokre mindre oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og fleire program for Utanriksdepartementet og NORAD.

SIU har drive programma på ein god måte. Dei EU-programma som SIU administrerer, har hatt god og delvis auka deltaking i 2005. For omtale av resultatane for Sokrates og Erasmus Mundus, sjå kap. 281 post 73. For omtale av e-læringsprogrammet, sjå kap. 226 post 21.

Nettstaden *www.studyinnorway.no* har synt seg som ein god reiskap for profileringa av norsk høgre utdanning. SIU har òg eit godt publikasjonsprogram med trykt materiale, både for profilering- og informasjonsarbeidet sitt. Vidare har SIU på fleire felt vore ein nyttig partner for departementet med informasjonstiltak som støtte for ulike internasjonale satsingar. SIU har oppgradert nettsidene sine og gjort dei meir brukarretta. SIU har òg utvikla seg til eit viktig kompetanseorgan for utdanningssamarbeidet med Sør, og samarbeidet

med NORAD og Utanriksdepartementet har vakse og utvikla seg. Utarbeiding av styringsinformasjon har derimot ikkje kome så langt som venta, sjølv om den nye mobilitetsrapporten, som skal bli ein årleg publikasjon, er eit viktig steg på vegen.

Mål for 2008

SIU må syte for god og brei deltaking i dei programma organisasjonen har ansvar for. Utvikling av eit administrativt system som vil gjere det lettare å få ut betre styringsinformasjon på tvers av programma, er òg svært viktig.

SIU må syte for ein god presentasjon av norsk høgre utdanning på studyinnorway-nettsidene og gjennom andre relevante kanalar.

Gjennom god fagleg informasjon må SIU medverke til internasjonaliseringsarbeidet i universitets- og høgskolesektoren og i målgruppene for dei ulike programma som SIU har ansvar for. SIU skal vere eit kompetanseorgan til støtte for internasjonaliseringa ved universiteta og høgskolane, og i tillegg gi råd til offentlege styresmakter som ber om det. SIU skal vidare medverke til å utvikle betre styringsinformasjon om internasjonaliseringsarbeidet i universitets- og høgskolesektoren.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår å løyve totalt 37,3 mill. kroner til SIU i budsjettet for 2008.

Post 73 Tilskott til internasjonale program

Frå 2007 er målet med tilskottet å leggje til rette for norsk deltaking i EU-programmet Erasmus Mundus og nokre mindre aktivitetar på utdanningsområdet for å oppnå internasjonalisering av norsk høgre utdanning. SIU er nasjonalkontor for Erasmus Mundus, sjå omtale under post 01.

Rapport for 2006–07

Erasmus Mundus omfattar fellesgradar på masternivå og stipendprogram for studentar og forskarar frå land utanfor EU/EØS. Samarbeidet gjekk godt frå eit norsk synspunkt også i 2006. Norske institusjonar deltek i elleve av 80 mastergradskonsortium, og UiO koordinerer konsortiet Higher Education Erasmus Mundus Mastergrad. I tillegg deltek norske universitet og høgskolar i fire av dei totalt 14 nettverka som skal syne partnerar frå land utanfor Europa at europeisk høgre utdanning er attraktiv.

Sokrates omfattar samarbeid innanfor allmennfag på alle nivå i utdanningssystemet. I skolesamar-

beidet Comenius fekk i alt 234 norske skolar og barnehagar støtte i 2006. 150 av dei fekk støtte til europeiske skolepartnarskap, 15 til språkprosjekt og 45 til skoleutviklingsprosjekt. Dette omfattar i alt om lag 12 000 elevar og lærarar. I tillegg fekk 107 lærarar stipend til etterutdanning i utlandet (68 i framandspråk og 39 i andre fag).

I Erasmus var det ein auke på 10 pst. i talet på utreisande studentar og ein auke på 4 pst. i talet på utreisande lærarar. Talet på innreisande studentar auka med nesten 23 pst., medan auken i lærarutvekslinga var meir moderat. Norske universitet og høgskolar er framleis med i få faglege utviklingsprosjekt i Erasmus. Høgskolen i Hedmark fekk støtte til sluttkonferanse for første periode av det tematiske nettverket Consumer Citizenship Network i Erasmusprogrammet.

Departementet ser det som eit mål å auke deltakinga i Erasmus Mundus ytterlegare og førebu neste fase av dette programmet, som tek til i 2009.

Løyvinga på post 73 er auka med 5 mill. kroner som følgje av auka kontingentutgifter.

Departementet foreslår å løyve 16,2 mill. kroner i 2008 på post 73 for å dekkje deltakinga i EU-programmet Erasmus Mundus og dei andre mindre aktivitetane på posten.

Post 74 Tilskott til UNIS

Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) vart oppretta som eit statleg aksjeselskap 29. november 2002, der Kunnskapsdepartementet forvaltar eigarinteressene til staten. Selskapet avløyste stiftinga Universitetsstudia på Svalbard, som vart oppretta av dei fire daverande norske universiteta i 1994.

Formålet med tilskottsordninga er å medverke til at UNIS tilbyr høgare utdanning og driv forskning med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område. UNIS skal vere eit supplement til lærestadane på fastlandet. For at dette skal lykkast, er det naudsynt at UNIS vidareutviklar samarbeidet med både universitet og høgskolar.

Rapport for 2006–07

Universitetssenteret på Svalbard har gitt gode resultat med omsyn til undervisning, forskning og bidrag til lokalsamfunnet i Longyearbyen. UNIS har fire studieretningar: arktisk biologi, arktisk geologi, arktisk geofysikk og arktisk teknologi. Studentaktiviteten utgjorde 113 60-studiepoengseiningar i 2006. Dette er 13 færre enn året før. 55 pst. av studentane var norske. Dette er 9 pst. fleire enn i fjor. I 2006 var det 19 mastergradsstudentar og tre

doktorgradsstudentar som vart uteksaminerte ved UNIS.

Svalbard Forskingspark er ei samlokalisering av alle dei akademiske miljøa i Longyearbyen og omfattar mellom anna kontor, undervisningsrom og laboratorium for UNIS, Svalbard Museum, samt felles lager og verkstader for UNIS og Norsk Polarinstitutt. I november 2005 vart lokala i Svalbard Forskingspark tekne i bruk. Lokala til Nordlysobservatoriet vart tekne i bruk hausten 2007.

Samarbeidet mellom UNIS og Kings Bay AS i Ny-Ålesund bør vidareutviklast. UNIS må vidare arbeide med å utvikle konstruktivt samarbeid med andre aktørar som Forskingsrådet, Polarinstituttet og Svalbard Science Forum i samband med koordinering og tilrettelegging for utdannings- og forskingsaktivitetane.

Departementet foreslår å løyve 78,7 mill. kroner til UNIS i 2008.

Post 75 UNINETT

UNINETT AS er eit heileigd statleg aksjeselskap, der Kunnskapsdepartementet forvaltar eigarinteressene. Konsernet omfattar morselskapet UNINETT AS og dei heileigde dotterselskapa UNINETT ABC AS, UNINETT FAS AS, UNINETT Nordid AS og UNINETT Sigma AS.

UNINETT AS har til formål å utvikle eit landsomfattande elektronisk datanett for forskning og utdanning med tenester på linje med det beste som finst i det internasjonale akademiske miljøet, påskunde bruk av opne internasjonale standardar innanfor datakommunikasjon, ta seg av samtrafikk med aktuelle nasjonale og internasjonale nettoperatarar og stimulere til nødvendig forskings- og utviklingsaktivitet i desse områda.

UNINETT AS driv det akademiske forskingsnett i Noreg. UNINETT ABC AS utviklar arkitektur og strategi for utbygging av infrastruktur, tenester og læringssystem til heile utdanningssektoren. UNINETT FAS AS utfører teknisk drift av dei administrative systema for universitets- og høgskolesektoren. UNINETT Nordid AS er eininga for registrering for .no-domenet. UNINETT Sigma AS har ansvaret for operativ drift og utvikling av norsk tungrekning.

Tilskottsordninga skal medverke til å vidareutvikle eit landsomfattande elektronisk datanett for forskning og utdanning der målgruppa i hovudsak er institusjonar i universitets- og høgskolesektoren som er underlagde Kunnskapsdepartementet. Vidare kan UNINETT AS tene andre institusjonar av ikkje-kommersiell art som har tilknytning til forskning og/eller utdanning.

Rapport for 2006–07

Selskapa blir drivne frå felles kontor i Trondheim. Ved utgangen av 2006 hadde UNINETT AS 48 tilsette. I konsernet var det totalt 85 tilsette. Ved utgangen av 2006 hadde UNINETT AS 191 institusjonar tilslutta forskingsnettet.

UNINETT AS har arbeid med utbygging av gigabytekapasitet i forskingsnettet og har no starta forhandlingar om og planlegging av ein ny generasjon forskingsnett (hybridnett). Dei lokale campusnetta må synkroniserast med forskingsnettet som bind campusane saman. Gjennom Gigacampusprogrammet søker universitets- og høgskolesektoren å gjennomføre eit teknologiløft for å ruste opp kvaliteten og tilgangen i campusnettet. Prosjektet skal gi standardisert opprusting av den lokale campusinfrastrukturen og den lokale IKT-kompetansen ved institusjonane.

FEIDE er eit nasjonalt tiltak for *Felles Elektronisk IDEntitetsforvaltning*. I februar 2006 bestemte departementet at FEIDE skal leggjast til grunn for heile utdanningssektoren. Hausten 2006 vart dei første vidaregåande skolane tilkopla.

I 2006 og 2007 øyremerkte departementet 15 mill. kroner av løyvinga til institusjonane i universitets- og høgskolesektoren til Gigacampusprosjektet, jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007) for *Kunnskapsdepartementet*. Prosjektet blir følgt opp vidare i 2008 og 2009.

Departementet foreslår å løyve 23,9 mill. kroner til UNINETT AS i 2008.

Post 76 Tilskott til NORDUnet, kan overførast

NORDUnet AS er ein nordisk nettverksorganisasjon som skal sikre felles nettinfrastruktur for dei nordiske universitets- og høgskolesektorane, samt knyte dei til internasjonale nett og nett-tenester. Siktemålet er å gi nettbrukarane i dei nordiske landa høgre kvalitet og lågare pris enn det dei nasjonale nettverksorganisasjonane kan oppnå på eiga hand.

NORDUnet AS er eigd av dei nasjonale nettverksorganisasjonane, er organisert som eit dansk aksjeselskap og er underlagt dansk lovgiving. UNINETT AS forvaltar dei norske interessene i selskapet. Kostnadene knytte til samarbeidet i NORDUnet AS blir delte mellom medlemslanda etter brutto nasjonalprodukt.

Veksten i nettverkstrafikken var på om lag 34 pst. i 2006. Den store kapasiteten og dubleringane i nettet sikra pålitelege og raske tenester. I 2006 arbeidde NORDUnet AS med å førebu nettverket NORDUfibre basert på fiberoptisk kommu-

nikasjon. NORDUnet AS og dei nordiske forskingsnetta deltek aktivt i den europeiske nettutviklinga.

Departementet foreslår ei løyving på 17,6 mill. kroner til NORDUnet AS i 2008.

Post 78 Tilskott til Universitets- og høgskolerådet

Universitets- og høgskolerådet (UHR) er eit fellesorgan for statlege institusjonar innanfor høgre utdanning. UHR fekk i 2007 eit tilskot på om lag 12,2 mill. kroner, herunder 4,2 mill. kroner til utgiving av lærebøker. Tilskottet skal fremme samordning og arbeidsdeling i universitets- og høgskolesektoren innanfor prioriterte arbeidsområde knytte til forskning, utdanning og internasjonalisering.

Ein viktig del av arbeidet i UHR i 2006 har vore oppfølging og arbeid med Kvalitetsreforma, NOKUT si evaluering av allmennlærerutdanninga, integreringstiltak i universitets- og høgskolesektoren, den nye bokstavkarakterskalaen og rapport med språkpolitiske tilrådingar til universitets- og høgskolesektoren. UHR leverte i 2006 rapporten frå Formidling II-utvalet til departementet.

Departementet foreslår å løyve 12,7 mill. kroner til UHR i 2008.

Post 79 Ny universitetsklinikk i Trondheim, kan overførast

Stortinget vedtok våren 2002 å setje i gang utbygging av ny universitetsklinikk i Trondheim. Utbygginga er delt inn i to byggefasar og skal innehalde areal til sjukehus-, universitets- og høgskoleformål i ein integrert universitetsklinikk. Formålet med tilskottet er å finansiere universitets- og høgskoledelen av klinikken.

Rapport for 2006–07

Første byggjefase vart ferdig hausten 2006 og omfattar mellom anna Laboratoriesenteret, Kvinne–barn-senteret og Nevrosenteret. Sentra i byggjefase ein er ferdigstilte og overleverte brukarane. Som forventa er kostnadene for byggjefase ein realisert innanfor styringsramma.

Byggjefase to er sett i gang og omfattar 1902-bygget (tidlegare administrasjonsbygget), Bevegelsessenteret, Gastrocenteret, Kunnskapscenteret, Akuttsenteret/Hjerte–lungesenteret og andre fase av Laboratoriesenteret. Det er lagt til grunn at universitets- og høgskoleareala i fase to blir finansierte over Kunnskapsdepartementets budsjett i høve til delen av totalt areal i dei ulike fasane, men

avgrensa til maksimalt 1 135 mill. kroner (prisnivå desember 2004), jf. Innst. S. nr. 240 (2004–2005) og St.prp. nr. 65 (2004–2005). Arealramma for universitets- og høgskoledelen av byggjeprojektet utgjør 49 500 kvm, der om lag 22 500 kvm skal realiserast i fase to i tillegg til felles teknisk infrastruktur.

Departementet utbetalte 279,7 mill. kroner til Helse Midt-Noreg RHF til utbygging av universitets- og høgskoledelen av St. Olavs hospital i 2006.

Sjå også omtale av byggjeprojektet i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Helse- og omsorgsdepartementet, kap. 732.

Budsjettforslag for 2008

Regjeringa foreslår ei løyving på 275 mill. kroner til utbygging av universitets- og høgskoledelen av universitetsklinikken i Trondheim i 2008. For omtale av utstyr til universitets- og høgskoledelen av klinikken, sjå kap. 271.

Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
02	Salsinntekter o.a.	1 571	10	10
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	35		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	596		
18	Refusjon av sjukepengar	327		
	Sum kap. 3281	2 529	10	10

Programkategori 07.70 Forsking

Utgifter under programkategori 07.70 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
283	Meteorologiformål	239 634	255 026	262 832	3,1
285	Noregs forskingsråd	1 317 600	1 310 534	1 315 338	0,4
286	Fondet for forskning og nyskaping	14 709 003	10 939 560	6 939 560	-36,6
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	132 717	140 937	153 673	9,0
288	Internasjonale samarbeidstiltak	896 782	807 529	1 165 103	44,3
	Sum kategori 07.70	17 295 736	13 453 586	9 836 506	-26,9

Budsjettforslaget for utgifter under kategori 07.70 utgjør 9,8 mrd. kroner. Dette er ein nedgang på 3,6 mrd. kroner i høve til saldert budsjett 2007. Nedgangen skriv seg frå at Fondet for forskning og nyskaping vart styrkt med 10 mrd. kroner i 2007, medan det for 2008 er foreslått å auke kapitalen

med 6 mrd. kroner. Korrigert for endringar i fondskapital gir budsjettforslaget ein auke på 383 mill. kroner i høve til 2007. Auken skriv seg i hovudsak frå auka utgifter til EUs sjuande ramme-program.

Inntekter under programkategori 07.70 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
3286	Fondet for forskning og nyskaping	2 135 303	2 653 460	3 084 460	16,2
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	21 513	21 500	21 500	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	3 525	3 445	4 043	17,4
	Sum kategori 07.70	2 160 341	2 678 405	3 110 003	16,1

Budsjettforslaget for inntekter under kategori 07.70 utgjør om lag 3,1 mrd. kroner. Dette er ein auke på om lag 432 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2007. Auken skriv seg i all hovudsak frå den auka avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping.

Størstedelen av forskingsløyvingane under kategori 07.70 omfattar løyvingar frå Kunnskapsdepartementet til forskning gjennom Forskingsrådet og løyvingar til internasjonalt forskningssamarbeid. Direkte forskingsløyvingar til universitet og høgskolar er omtalte under kategori 07.60. Alle departementa finansierer forskning på sine område. For

ein omtale av den samla satsinga på forskning i statsbudsjettet, sjå under del III kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Mål: Høg kvalitet i forskinga

Regjeringa ønskjer at norsk forskning skal gi ny kunnskap, føre til framtidig verdiskaping og medverke til å løyse viktige utfordringar i samfunnet. For å oppnå det må forskinga vere god. Høg kvalitet er eit overordna mål for dei offentlege forskingsløyvingane. Målet har tre delelement:

- Kvalitet i spiss: Norsk forskning skal på nokre område hevde seg i den internasjonale forskingsfronten.
- Kvalitet i breidda: Forskingsløyvingane skal fremme forskning av god kvalitet, uavhengig av fagområde.
- Kvalitet innanfor prioriterte satsingsområde: Noreg skal byggje opp solide kunnskapsmiljø på område som er særleg viktige for samfunns- og næringslivet.

Innanfor alle delementa vil forskarrekuttering og internasjonalisering vere viktige dimensjonar.

Forskningsfinansieringa gjennom Noregs forskingsråd sikrar kvalitet ved at forskarar frå heile landet må konkurrere om midlar. Søknadene blir vurderte av fagpanel med internasjonal deltaking, og berre dei søknadene som får best vurdering, får finansiering. Forskningsrådet har ein portefølje av verkemiddel som er retta mot dei ulike delementa i målet. Verkemidla er retta mot alle typar forskingsmiljø, frå universitet og høgskolar til forskingsinstitutt og næringsliv.


Målet om høg kvalitet i forskinga ligg også til grunn for den direkte finansieringa av forskning i universitets- og høgskolesektoren. Sjå kategori 07.60 for meir omtale av dette. På same vis ligg det til grunn for arbeidet med eit nytt finansieringssystem for forskingsinstituttsektoren, jf. omtale i del III kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Fondet for forskning og nyskaping finansierer no hovudtyngda av løyvingane til Forskningsrådet

over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Fondet vart oppretta i 1999 med det formålet å styrkje kvaliteten i norsk forskning gjennom å sikre langsiktig finansiering og gi rom for særskilde kvalitets-satsingar. Kapitalen i fondet vart auka med 10 mrd. kroner i 2007. Den auka avkastninga i 2008 skal nyttast til ei satsing på forskarrekuttering og til å dekkje den auka kontingenten for norsk deltaking i EUs sjuande rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling. Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Forskningsfondet med 6 mrd. kroner frå 1. januar 2008. Dette vil gi ei auka avkastning på om lag 300 mill. kroner i 2009.

Å måle forskingskvalitet er krevjande. Fagfelle-vurderingar er den viktigaste vurderingsforma innanfor academia. Slike «peer reviews», som dei blir kalla, blir nytta både av redaksjonane for vitenskaplege tidsskrift, i komiteane ved tildeling av forskingsmidlar og ved større evalueringar av forskingsinstitutt eller fagområde. Overordna vurderingar av forskingskvalitet på makronivå skjer oftast ved å nytte publikasjonsstatistikk. Ein annan indikator på nivået på nasjonal forskning er evna til å få finansiering frå EUs rammeprogram for forskning.

Tal frå Institute for Scientific Information (ISI) syner at norske forskarar stadig publiserer meir i ISI-registrerte tidsskrift. Frå 2002 til 2006 auka talet på artiklar med heile 40 pst. totalt. Talet på publiserte vitenskaplege artiklar med internasjonale samforfattarar auka mest og stod for 58 pst. av auken. Sjå figur 4.1.



Figur 4.1 Norske artiklar med og utan internasjonale samforfattarar 2002–06

Kjelde: National Citation Report for Norway, Institute for Scientific Information (ISI), gjengitt av NIFU STEP Studiar av innovasjon, forskning og utdanning

Førebelse tal frå Noregs forskingsråd tyder på at norske forskingsmiljø har fått god utteljing i EUs sjette rammeprogram for forskning. Heile 28 pst. av søknadene til programmet som hadde norsk deltaking, har vorte godkjende. Til samanlikning er snittet for EU-landa 18 pst. Norske forskarar deltek i om lag 830 prosjekt. Det utgjer om lag 20 pst. av alle prosjekta i rammeprogrammet.

Kvalitet i spiss

Noreg har i dag 21 *senter for framifrå forskning* (SFF). SFF-ordninga vart oppretta for å bringe særskilt gode forskingsmiljø opp til internasjonalt toppnivå. Ordninga blir forvalta av Noregs forskingsråd og er finansiert med midlar frå avkastninga frå Forskingsfondet. Ei internasjonal evaluering frå 2006 syner at ordninga har vore særskilt vellykka, og hevdar at sentra aukar statusen for norsk forskning og gjer ho meir synleg internasjonalt. Heile ni av dei 13 sentra som vart oppretta i 2003 fekk toppkarakter, og alle sentra er vurderte som gode nok til å ha status som Senter for framifrå forskning fram til 2012.

Evalueringa slår fast at sentra har framifrå vitenskaplege resultat og har vorte attraktive partnerar for nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Sentra har henta stor finansiering på toppen av midlane i ordninga og har i stor grad evna å knyte til seg internasjonale toppforskarar. Evalueringskomiteen uttaler også at sentra generelt har hatt ein særskilt positiv effekt på forskingsmiljøa der dei er etablerte. Sentra har skapt samarbeid og interaksjon på tvers av disiplinlar og institutt- og fakultetsgrenser.

I august 2007 vart eit av sentra, Senter for hukommelsesbiologi ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU), utnemnt til eit Kavli-institutt for nevrovitenskap. Det nye instituttet vil sikre gode vilkår for å vidareutvikle dette sterke fagmiljøet ved NTNU. The Kavli Foundation, grunnlagd av norskamerikanaren Fred Kavli, har tidlegare oppretta Kavli-institutt mellom anna ved Harvard og Stanford i USA og ved Cambridge i Storbritannia. Kunnskapsdepartementet, NTNU og The Kavli Foundation skal alle medverke til finansiering av instituttet. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til NTNU med 2,29 mill. kroner i 2008, jf. kap. 271 post. 50.

I desember 2006 fekk åtte nye forskingssenter status som Senter for framifrå forskning. Sentra var dei beste blant 98 søkjarar i denne andre runden med utlysing under ordninga.

SFF-ordninga er særskilt retta mot grunnforskning. For å styrkje framtidig verdiskaping på basis av langsiktig, grunnleggjande forskning i næringslivet er det også nyleg etablert ei ordning kalla Sen-

ter for forskingsdriven innovasjon (SFI). Etter ein omfattande kvalifiseringsrunde har 14 senter innanfor ei rekkje ulike fagområde og næringer starta opp i 2007. Ordninga har til formål å byggje opp eller styrkje norske forskingsmiljø som arbeider i tett samspel med innovativt næringsliv, samt å støtte langsiktig forskning som fremmer innovasjon og konkurransekraft i næringslivet. Ordninga blir finansiert med midlar frå Fondet for forskning og nyskaping.

Gjennom ein samarbeidsavtale med The Kavli Foundation og Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA) skal Kunnskapsdepartementet medverke til utdeling av tre prisar for framifrå forskning innanfor astrofysikk, nanovitenskap og nevrovitenskap. Kavli-prisane skal delast ut annakvart år og første gongen i 2008. Kvar av prisane vil vere på 1 mill. USD. Prisane vil profilere forskning generelt, og styrkje Noregs omdømme som forskingsnasjon. Vidare vil prisane føre til auka kontakt mellom norske forskarar og framifrå internasjonale forskingsmiljø.

Noreg har tidlegare oppretta to internasjonale vitenskaplege prisar på same nivå som nobelprisane: Abel-prisen i matematikk og Holberg-prisen i humaniora, samfunnsvitenskap, juss og teologi. Prisane er viktige tiltak for å synleggjere framifrå forskning og forskarar. For meir omtale av dei vitenskaplege prisane, sjå kap. 287.

Kvalitet i breidda

Internasjonale evalueringar av norske fagmiljø syner at delar av norsk forskning held høgt internasjonalt nivå. Det gjeld til dømes innanfor fagområda matematikk, informatikk og geofag. Evalueringane syner elles at mange fagområde slit med felles utfordringar. Det har vore eit generelt behov for styrkt forskingsleiing, auka konsentrasjon av ressursane og betre nasjonal arbeidsdeling innanfor mange fagområde. Tilrådingane frå evalueringane dannar grunnlag for forskingspolitiske vurderingar og tiltak i departementet, i Forskingsrådet og hos dei involverte institusjonane. Mellom anna er verkemiddelet *Institusjonsforankra strategiske prosjekt* (ISP) i Noregs forskingsråd oppretta for å støtte oppfølgingsarbeid ved institusjonane.

Fri prosjektstøtte er eit hovudverkemiddel for å sikre kvalitet og fornying i grunnforskninga, uavhengig av fagområde og politiske føringar. Mange grensesprengjande oppdagingar blir gjorde av forskarar med ei lita forskingsgruppe som er oppteken av eit spesifikt problem. Ordninga med fri prosjektstøtte er den raskaste og beste måten for å fange opp forskarinitierte prosjekt med høgt potensial. Fagfelleevaluering sikrar at dei beste prosjekta vinn fram i konkurransen. Fri prosjektstøtte

blir finansiert over den faglege løyvinga til Forskringsrådet på kap. 285. *Storforsk* er ei ny ordning for å finansiere store, frie grunnforskningsprosjekt med høg risiko og vitskapleg mot. Ordninga styrkjer fri grunnforskning gjennom å støtte prosjekt som er større enn det normalt er rom for innanfor støtta til frie prosjekt. *Storforsk* blir finansiert gjennom midlar frå Fondet for forskning og nyskaping.

Fondet styrkjer kvaliteten i breidda også gjennom andre verkemiddel. Det nye programmet *Brukarstyrt innovasjonsarena* (BIA) i Forskringsrådet skal støtte dei beste forskingsbaserte innovasjonsprosjekta. BIA er ope for alle bransjar og teknologi-område og retta mot verksemder med høge FoU-ambisjonar og stort potensial for innovasjon og verdiskaping. *Strategiske høgskoleprosjekt* (SHP) er ei FoU-satsing retta mot dei statlege høgskolane for å styrkje forskning, utviklingsarbeid og FoU-kompetanse i sektoren. Midtvegsevalueringa frå 2005 syner at SHP-midlane har medverka til å byggje opp forskingsmiljø og auke den formelle kompetansen i høgskolesektoren.

Høg kvalitet i forskinga er viktig for å få fram gode, relevante og tillitvekkjande resultat. Tilliten til forskning er avhengig av at forskinga går føre seg på ærleg vis og i samsvar med god vitskapleg praksis. Lov om handsaming av etiske spørsmål og ærleg ferd i forskning (forskingsetikklova) med forskrift er sett i verk frå 1. juli 2007. Det er dessutan oppnemnt eit utval som skal granske påstandar om fusk i forskning (Granskingsutvalet).

Det er oppretta ein ny regional komité for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk i 2007, slik at det no er sju komitear. Medlemstalet i kvar komité er auka, mellom anna for å styrkje den medisinske kompetansen. Regjeringa har lagt fram ein proposisjon om ny helseforskningslov, jf. Ot.prp. nr. 74 (2006–2007). Som følgje av desse forslaga vil dei regionale komiteane få meir omfattande oppgåver, og Regjeringa går inn for å auke løyvinga til dei regionale komiteane med til saman 5 mill. kroner i 2008. Sjå kap. 271 post 50. Det er universiteta som har forvaltningsansvar for dei regionale komiteane. Departementet har bedt Statskonsult greie ut spørsmålet om alternativ til denne ordninga, jf. det som er sagt i St.prp. nr. 1 (2006–2007). Statskonsult har i si utgreiing tilrådd at universiteta fortsatt skal ha forvaltningsansvaret, men at alle kostnader til formålet, inkludert infrastrukturkostnader, blir samla på ein eigen post i statsbudsjettet. På bakgrunn av utgreiinga frå Statskonsult vil departementet førebels ikkje endre på forvaltningsansvaret for dei regionale komiteane. Det kan likevel vere aktuelt å vurdere dette på nytt i samanheng med oppfølging av evalueringa av dei nasjonale forskningsetiske komiteane.

Kvalitet på utvalde satsingsområde

I tillegg til satsinga på kvalitet i spiss og breidd, som er uavhengig av fagområde, satsar Regjeringa også særskilt på å byggje solide kunnskapsmiljø på nokre utvalde område. Satsingane er motiverte ut frå behov i samfunnet eller potensial for verdiskaping.

Forskning og overvaking i nordområda er viktig for Noreg både politisk, fagleg og forvaltningsmessig. *Det internasjonale polaråret* (IPY) 2007–08 er ei stor internasjonal satsing innanfor polarforskning der mange nasjonar er aktive, og der store ressursar blir sette inn. Regjeringa går inn for å løyve til saman over 320 mill. kroner til IPY over ein fireårsperiode, og Noreg blir dermed blant dei største bidragsytarane. Den norske løyvinga blir fordelt av Noregs forskingsråd, og omfattar 30 forskningsprosjekt. Ein mindre del av løyvinga går også til utdannings- og formidlingsprosjekt. Om lag to tredjedelar av forskingsmidlane går til prosjekt knytte til meteorologi og klimaforskning, medan den siste tredjedelen går til grunnforskningsprosjekt som nyttar dei særeigne vilkåra for forskning i polarområda. Dei fleste norske prosjekta omfattar samarbeid med Russland, USA og Canada og mykje av arbeidet finn stad på eller i tilknytning til Svalbard.

Ei rekkje norske institusjonar og enkeltforskarar deltek også i prosjekt finansierte av eigne løyvingar. Av litt over 200 samarbeidsprosjekt som er godkjende som Polarår-prosjekt av den internasjonale komiteen, er norske forskingsmiljø med som samarbeidspartnarar i vel halvparten. IPY medverkar til ein kraftig auke i internasjonalt forskings-samarbeid i nordområda. Innsatsen i IPY vil få mykje å seie for ressurs-, natur- og kulturminneforvaltning og for teknologi- og næringsutvikling. Regjeringa ventar at denne satsinga vil styrkje oppbygginga av grunnleggjande forskingskompetanse ved dei norske miljøa, og at norsk polar forskingsinfrastruktur blir betre utnytta. Dette gjeld både i Antarktis og på Svalbard.

Dei såkalla *store programma* i Noregs forskingsråd er etablerte for å syte for solid og lang-siktig finansiering av prioriterte område i forskingspolitikken. Programma får ein stor del av finansieringa si frå Fondet for forskning og nyskaping. Det er i dag sju store program, som dekkjer forskning innanfor bioteknologi, IKT, nanoteknologi, havbruk, klima, rein energi og petroleum. For meir omtale, sjå kap. 286.

Fondet for forskning og nyskaping finansierer også andre programsatsingar på viktige område, som til dømes programmet *Forskning for innovasjon og fornying i offentlig sektor* og eit nytt program for forskning på årsaker til sjukefråvær og utstøying frå arbeidslivet.

Rekruttering og likestilling

Målet om høy kvalitet i norsk forskning krev at ein får fram tilstrekkeleg mange gode forskarar. I alt vart det gjennomført 905 doktordisputasar ved norske institusjonar i 2006. Det er fleire enn nokon gong tidlegare. I dei siste 15 åra har talet på avlagde doktorgradar i Noreg fordobla seg, men auken er likevel svakare enn han har vore i nabolanda våre.

Auken i talet på stipendiatar i dei siste åra har vore ei oppfølging av opptrappingsplanen i St.meld. nr. 35 (2001–2002) *Om rekruttering til undervisnings- og forskerstillinger i universitets- og høgskolesektoren*. Planen gjaldt fram til 2007, og det er no tid for å sjå på situasjonen for norsk forskarrekru-tering på nytt. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding i 2008 der behova for fornya satsing i forskarutdanninga blir drøfta. I budsjettet for 2008 foreslår Regjeringa å løyve midlar til 350 nye stipendiatstillinger. Sjå meir omtale under kategori 07.60.

Sjølv om auken i avlagde doktorgradar har vore stor, er det eit problem med forsinka gjennomføring og fråfall i doktorgradsutdanninga. Det er bakgrunnen for at departementet i 2008 vil etablere ei ordning med nasjonale forskarskolar. Skolane skal vere eit organisert samarbeid mellom fleire institusjonar om forskarutdanning innanfor avgrensa fagområde. Formålet med ordninga er å betre kvaliteten på og gjennomføringa av forskarutdanninga i Noreg. Dette vil særskilt ha verdi for stipendiatar som er tilsette ved små institusjonar, eller i små fagmiljø. Gjennom nasjonale forskarskolar vil dei bli knytte til eit større fagmiljø, og bli omfatta av eit meir strukturert løp i utdanninga. Noregs forskingsråd vil få i oppdrag å setje i verk ordninga og lyse ut midlar. Totalt budsjett for ordninga i 2008 blir på 10 mill. kroner.

Det er viktig å halde på gode forskarkandidatar og sikre rekruttering til faste stillingar. Eit godt verkemiddel for dette er postdoktorstillinger, som gir gode tilhøve for vidare kvalifisering etter avlagd doktorgrad og fleksible ordningar for tilsetjing. Forskingsrådet har eit særskilt ansvar for finansiering av postdoktorstipend. I 2006 finansierte Forskingsrådet 566,5 årsverk direkte. I tillegg var 108 postdoktorar knytte til SFF-ordninga. Postdoktorstipenda inngår i tildelingane frå dei fleste verkemidla til Forskingsrådet, men frittstående prosjektløyvingar og løyvingar gjennom dei store, strategiske programma skil seg ut som dei klart viktigaste kjeldene for finansiering av postdoktorstipend.

Det er eit stort fleirtal av menn i faste vitenskaplege stillingar i universitets- og høgskolesektoren. Talet på kvinner i slike stillingar har auka i dei siste

åra, men i høgre faglege stillingar er talet framleis lågt. Det er eit viktig mål å auke talet på kvinner, både blant rekruttar og i det faste forskarpersonalet. Utfordringa er størst innanfor realfaga, jf. kategori 07.60. Sentrale aktørar i arbeidet for auka kvinnedeltaking i norsk forskning er Forskingsrådet og *Komité for integreringstiltak – Kvinner i forskning*.

Arbeidet for å auke delen av kvinner på fagområde med få kvinner, og for å kvalifisere kvinner til faste akademiske stillingar, særleg toppstillinger, skal førast vidare. Noregs forskingsråd skal også arbeide aktivt for å få fleire kvinner med i internasjonalt forskningssamarbeid.

Internasjonalisering av forskninga

Norsk forskning utgjer om lag fire promille av den totale forskninga i OECD-området. Skal Noreg ta del i den globale kunnskapsutviklinga, må norske forskarar samarbeide internasjonalt. Å få innpass i dei beste internasjonale forskingsnettverka krev at ein kan syne til gode resultat. Målet om høy kvalitet er med andre ord både eit vilkår for og eit resultat av internasjonaliseringa av norsk forskning.

To hovudaksar i internasjonaliseringa av norsk forskning er internasjonalt forskningssamarbeid og forskarmobilitet. Internasjonalt forskningssamarbeid skjer i stor grad gjennom uformelle kontaktar og nettverk mellom personar og mellom miljø. I tillegg kjem eit aukande formalisert samarbeid gjennom internasjonale organisasjonar, større internasjonale fellessatsingar og program, og gjennom bilaterale avtalar på statleg nivå. Tiltak for auka forskarmobilitet er ofte ein del av dette samarbeidet. Noreg tek del i fleire internasjonale fellessatsingar. Av desse er deltakinga i EUs rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling og fleire internasjonale grunnforskningsorganisasjonar finansierte over Kunnskapsdepartementets budsjett, jf. kap. 288 postane 72 og 73.

Satsinga på auka internasjonalisering av norsk forskning vil i 2008 bli ført vidare både som integrert del av Forskingsrådets nasjonale programsatsing og ved særskilt retta tiltak for internasjonalisering. Sentralt står deltakinga i EUs sjuande rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling, oppfølginga av strategien for forskings- og teknologisamarbeid med Nord-Amerika og forskningssamarbeidet med prioriterte land, forutan tverrgående satsingar som Nordområdesatsinga og *Det internasjonale polaråret (IPY)*.

Sidan juni 2007 er Noreg offisiell deltakar i EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar, som går frå 2007 til 2013. Rammeprogrammet er det mest omfattande internasjonale samarbeidet norske for-

skarar, forskingsmiljø og næringsliv deltek i. Programmet er sjølv flaggskipet i EUs arbeid for å nå måla i Lisboa-strategien om ein kunnskapsbasert økonomi og eit kunnskapsbasert samfunn i Europa. Programmet skal fremme og investere i forskning i verdsklasse og medverke til å gjere EU til det leiande forskingsområdet i verda. Programmet byggjer på resultatane frå det sjette rammeprogrammet, og skal bringe EU vidare i prosessen med å utvikle eit europeisk forskingsområde – European Research Area (ERA). Totalbudsjettet for satsinga er på 50,5 mrd. euro. Den norske kontingenten vil vere om lag 9,3 mrd. kroner for heile programperioden.

Det er til dels stor overlapp mellom satsingane i EUs sjuande rammeprogram og norske forskingspolitiske prioriteringar. Den norske deltakinga i programmet vil styrkje og utfylle dei nasjonale satsingane på forskning og utvikling. Dette gjeld innanfor område som mat, helse, miljø, energi, informasjon- og kommunikasjonsteknologi og marin og maritim forskning, og innanfor grunnforskning gjennom etableringa av det europeiske forskingsrådet. Programmet omfattar òg tiltak retta mot auka samarbeid og felles utlysingar mellom dei nasjonale

forskningsprogramma i Europa, forutan store teknologisatsingar i offentleg-privat samarbeid.

Kunnskapsdepartementet vil hausten 2007 leggje fram ein strategi for korleis Noreg kan få mest mogleg nytte av deltakinga i rammeprogrammet. Strategien er utarbeidd i dialog med relevante departement, Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og andre aktørar.

Noreg er part i bilaterale avtalar om forskning og teknologi med ein del utvalde land. Bilaterale avtalar er viktige for å gi forskningssamarbeidet eit løft og styrkje samarbeid innanfor område av felles interesse. I 2008 skal den bilaterale forskings- og teknologiavtalen med USA og strategien for forskings- og teknologisamarbeid med Nord-Amerika følgjast opp vidare. Dette skal mellom anna skje i form av auka utveksling av forskarar gjennom *Leiv Eiriksson mobilitetsprogram* i regi av Noregs forskingsråd. Noreg underteikna ein bilateral forskingsavtale med India hausten 2006. Samarbeidet på fagområde av felles interesse, som vaksinasjonsforskning, klima og rein energi, geoteknologi og marin forskning knytt til polarforskning, skal styrkjast. I tillegg skal forskingsavtalen med Japan og samarbeidet på fagområde som matvaretryggleik, nanoteknologi og energi følgjast opp vidare.

Kap. 283 Meteorologiformål

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
50	Meteorologisk institutt	211 010	212 538	221 677
72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	28 624	42 488	41 155
	Sum kap. 283	239 634	255 026	262 832

Kapitlet omfattar tilskott til drift av Meteorologisk institutt og tilskott til internasjonalt meteorologisk samarbeid.

Post 50 Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål. Oppgåvene til Meteorologisk institutt er mellom anna å varsle vêret, studere klimaet, drive forskings- og utviklingsarbeid, og å formidle resultatane av arbeidet. Varsling av ekstreme vêrtilhøve og dermed sikring av liv og verdiar har aller høgste prioritet. Meteorologisk institutt har òg andre viktige beredskapsoppgåver. Beredskapstenestene omfattar mellom anna varsling ved atomulykker som gir utslepp til luft eller hav.

Instituttet lagar vêrvarsel for samfunnet generelt gjennom vêrvarslingsentralane i Tromsø,

Bergen og Oslo. I tillegg er observasjonsstasjonar spreidde over heile fastlandet og i Arktis. Instituttet har folk i arbeid på Jan Mayen, Bjørnøya, Hopen og Svalbard. Den aukande aktiviteten i nordområda krev gode vêrmeldingar. Observasjonane frå nordområda er òg med på å dokumentere klimaendringar. Meteorologisk institutt er dessutan aleine om å ha personell på Bjørnøya og Hopen, og sikrar i så måte norsk nærvær.

Meteorologisk institutt er frå 1. januar 2005 organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. I samband med St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006) varsla Regjeringa at ho ikkje ville føre vidare arbeidet med å greie ut ei utskilning av den kommersielle verksemda ved Meteorologisk institutt i eit ege selskap, men i staden ville vurdere alternativ innanfor nasjonalt og internasjonalt regelverk. Departementet har i samarbeid

med instituttet starta ein gjennomgang for å vurdere omfanget og organiseringa av den kommersielle verksemda ved Meteorologisk institutt.

Rapport for 2006–07

Ny værradar på Andøya kom ikkje på plass i 2006 grunna eit uhell under monteringa. Radaren på Andøya vart sett i drift sommaren 2007. Instituttets øvrige mål for 2006 vart nådde. Kvaliteten på værvarsla for kyst og fjordstrok og dei nære fiskebankane vart betre. I arbeidet med å spreie kunnskap om klimaet vart det publisert 13 klimarelaterte artiklar i internasjonale tidsskrift. Forskarar og meteorologar har i løpet av 2006 halde ei rekkje vitenskaplege og populærvitenskaplege foredrag, og svarar òg på klimaspørsmål frå media. Nær 100 pst. av pressemeldingane frå instituttet blir nytta i media, og nettstadene til instituttet blir mykje brukte av media. Meteorologisk institutt kom på topp av 82 statlege etatar i omdømmeundersøkinga til Synovate MMI i 2006. Instituttet har sett opp ti nye automatiske værstasjonar i 2006. Instituttets store portefølje av eksternt finansierte forskingsprosjekt indikerer at forskinga ved instituttet held internasjonalt nivå. I 2006 var tilgangen på oppdrag god, og instituttet sikra seg mellom anna prosjektmidlar til to av dei store prosjekta i det internasjonale polaråret (IPY).

Mål for 2008

Dette er måla for Meteorologisk institutt i 2008:

- Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på regionale og lokale værvarsel.
- Meteorologisk institutt skal utføre forskning av høg kvalitet for å betre den offentlege meteorologiske tenesta.
- Meteorologisk institutt skal betre kunnskapen om dagens klima i Noreg og om klimautviklinga i fortid og framtid.
- Meteorologisk institutt skal vere påliteleg, relevant og tilgjengeleg i all kommunikasjon.
- Instituttets kommersielle verksemd skal vere konkurransedyktig og lønnsam.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt

Formålet med ordninga er å medverke til at Noreg kan ta del i internasjonale meteorologiske organisasjonar og prosjekt og slik medverke til og dra nytte av utvikling og forbetring av meteorologiske tenester. Mellom anna skjer det mykje internasjonal utveksling av data, kunnskap og metodar.

Midla går i hovudsak til å innfri dei forpliktingane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjonar og samarbeidsprosjekt:

- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)
- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT)
- Det europeiske senteret for mellomlange værvarsel (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET, ECMET, EuroGOOS og HIRLAM)

Meteorologisk institutt er aktivt med i fleire internasjonale meteorologiorganisasjonar. I 2006 vart det gjennomført ei rekkje tiltak som medverkar til å auke kvaliteten på tenestene frå Meteorologisk institutt. Til dømes vart den geografiske oppløysinga i ECMWF-modellen betra i 2006. Valideringa syner at den nye versjonen har høgare kvalitet over Europa enn tidlegare versjonar. Vidare har instituttet vore med i finansieringa av den europeiske polarbanesatellitten MetOp i regi av EUMETSAT. Data frå denne satellitten er viktig for å betre værvarslinga for nordområda.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med om lag 1,3 mill. kroner i høve til 2007. Reduksjonen er i hovudsak knytt til lågare kontingent til EUMETSAT i 2008. Dette skyldast faseforskyving av kostnadskrevjande aktivitetar til seinare år.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
52	Forskningsformål	1 100 121	1 087 421	1 082 631
55	Administrasjon	217 479	223 113	232 707
	Sum kap. 285	1 317 600	1 310 534	1 315 338

Post 52 Forskingsformål

Løyvinga til Forskingsrådet over post 52 blir nytta til å finansiere grunnforskning innanfor alle fagområde. Posten dekkjer òg midlar til vitskapleg utstyr, internasjonaliseringstiltak og strategi- og informasjonsarbeid i Forskingsrådet.

Løyvinga til fagområda blir fordelt på fleire verkemiddel. Dei viktigaste er fri prosjektstøtte og støtte til ulike program. Fri prosjektstøtte er eit hovudverkemiddel for å sikre kvalitet og fornying i grunnforskninga, uavhengig av fagområde og politiske føringar. Mange grensesprengjande oppdagingar blir gjorde av forskarar med ei lita forskingsgruppe som er oppteken av eit spesifikt problem. Ordninga med fri prosjektstøtte er den raskaste og beste måten å fange opp forskarinitierte prosjekt med høgt potensial på. Fagfelleevaluering sikrar at dei beste prosjekta vinn fram i konkurransen. Fri prosjektstøtte kan inkludere midlar til mange ulike formål, t.d. doktorgradsstipend og postdoktorstipend og utveksling av forskarar.

Programløyvingar har som hovudformål å bygge opp kompetanse og utvikle kunnskap på tematisk avgrensa felt der Noreg har særskilde behov eller særskilde føresetnader. Løyvinga frå departementet går til grunnforskningsprogram og til delfinansiering av såkalla handlingsretta, eller anvende, program. For å følgje opp særleg viktige fag- og politikkområde har Forskingsrådet verkemiddelet *Store program*. Dei store programma er tverrgående, målretta satsingar som skal dekkje heile spekteret frå grunnforskning til næringsretta forskning. Midlar frå Kunnskapsdepartementet over denne posten går per 2007 inn i dei store programma *FUGE*, *NANOMAT*, *NORKLIMA* og *VERDIKT*. Programma er omtalte under kap. 286 post 50.

For meir omtale av forskingsverksemda og andre tiltak som blir finansierte av Noregs forskingsråd, sjå www.forskningsradet.no.

Løyvinga over post 52 er fordelt på følgjande fagområde og formål:

Tabell 4.12 Faglege løyvingar til Noregs forskingsråd. Fordeling på fagområde og særskilde formål (i mill. kroner)

Fagområde	2006	2007	2008
Humaniora	116	116	116
Samfunnsvitskap	95	97	98
Medisin og helse	144	144	144
Miljø og utvikling	51	50	48
Naturvitskap og teknologi	374	373	374
Rekruttering	46	46	56
Vitskapleg utstyr, databasar og samlingar	26	10	10
Internasjonalisering	95 ¹	103	90
FUGE	51	46	46
Ordning for finansiering av små driftsmidlar	40	40	40
Kommersialisering av forskingsresultat	7	7	7
Strategiske oppgåver og informasjon	51	46	46
Internasjonale nettverkstiltak ²	–	5	5
Tverrfaglege tiltak ³	4	4	3
SUM	1 100	1 087	1 083

¹ Løyvinga i 2006 inkluderer 2,7 mill. kroner til finansiering av norsk kontingent til EUs førebuande program for tryggleiksforskning. Desse midlane er belasta kap. 285 post 52 direkte frå Kunnskapsdepartementet.

² Løyvinga gjeld finansiering av den norske noden av eit nordisk senter i molekylærmedisin tilknytt European Molecular Biology Laboratory (EMBL), som er under etablering i 2007. Den norske noden er lagd til Universitetet i Oslo.

³ Løyvinga gjeld Divisjon for store satsingar.

Rapport for 2006–07

Humanistisk forskning

Av løyvinga på posten gjekk 116 mill. kroner til humanistisk forskning i 2006. I 2007 er tildelinga likeins 116 mill. kroner. For 2006 la departementet til grunn at løyvinga til fri prosjektstøtte skulle styrkjast med minst 6 mill. kroner i høve til 2005.

I 2006 gjekk om lag 61,5 mill. kroner til fri prosjektstøtte innanfor humanistisk forskning. Dette var ein auke på vel 8 mill. kroner samanlikna med året før. I 2006 gjekk midlane til 80 prosjekt. Fri prosjektstøtte går i første rekkje til humanistiske forskingsprosjekt ved universiteta, høgskolane og andre forskingsinstitusjonar i Noreg. Ein mindre del går til doktorgrads- eller postdoktorstipend i utlandet.

Forskinga i nordisk språk og litteratur vart evaluert i 2005. Evalueringa viste at det er mykje forskning på høgt nivå, men ikkje alle delar av faget er like godt dekte. Eit utval nedsett av Forskingsrådet har i 2007 komme med ei innstilling som gir råd om vidare oppfølging. Forskingsrådet har lyst ut oppfølgingsmidlar i form av *Institusjonsforankra strategiske prosjekt (ISP)*.

Publiseringstøtteordninga for humanistisk og samfunnsvitskapleg forskning skal stimulere til auka vitskapleg publisering og fremme kvalitetsutvikling av relevante publiseringskanalar. Vel 5 mill. kroner vart fordelte gjennom ordninga i 2006.

Program for kulturforskning er den største programsatsinga innanfor humaniora, og programmet har som mål å utvikle den teoretiske og allmenne forståinga av samfunn og kultur. Programmet skal avsluttast i 2007.

Program for samisk forskning vart avslutta i 2006. Ei oppsummering har vist at programmet har betydd mykje både for rekruttering til og formidling av samisk forskning. Programmet har også vore viktig for utviklinga av samisk som vitskapspråk. Dette har vore viktige målsettingar for programmet. Det er tildelt 15 studentstipend, ni doktorgradsstipend og eitt postdoktorstipend. Programmet har særleg lykkast med å rekruttere fleire kvinner til forskning. Eit nytt program har starta opp i 2007. Det skal gå over ti år, med evaluering etter fem år.

Kunnskapsutvikling for norsk språkteknologi (KUNSTI) vart avslutta i 2006. Programmet har gitt resultat i form av teoriutvikling, publikasjonar og nyutvikla bruksmåtar. Programmet har også medverka positivt til rekrutteringa på feltet. Forskingsrådet vil føre satsinga vidare og har førebels stilt midlar til rådvelde for 2007.

Fleire program har delt finansiering med samfunnsvitskap. Det gjeld *Program for samisk for-*

sking, Kjønnforskning og Kommunikasjon, IKT og medier. Midlar til humanistisk forskning går også inn i programma *Etikk, samfunn og bioteknologi, Velferdsprogrammet* og *Innvandrings- og migrasjonsforskning (IMER)*.

Innanfor fri prosjektstøtte vart det i humanistisk forskning løyvd midlar til 27 doktorgradsårverk (52 pst. kvinner) og 30 postdoktorårverk (53 pst. kvinner) i 2006.

Samfunnsvitskapleg forskning

Av løyvinga på posten gjekk om lag 95 mill. kroner til samfunnsvitskapleg forskning i 2006. I 2007 er tildelinga om lag 97 mill. kroner.

For samfunnsvitskapleg forskning la departementet til grunn at fri prosjektstøtta skulle styrkjast med minst 4 mill. kroner, og at grunnforskningsprogramma skulle først vidare. Samstundes skulle Forskingsrådet halde fram arbeidet med tiltak som fremmer kvalitet i forskning, mellom anna gjennom fleire fagevalueringar. Desse måla har i stor grad vorte nådde.

Midlane finansierte 71 prosjekt innanfor fri prosjektstøtte i 2006, med statsvitskap som det største enkeltfaget. Innanfor fri prosjektstøtte vart det i samfunnsvitskapleg forskning løyvd midlar til 21 doktorgradsårverk (33 pst. kvinner) og ni postdoktorårverk (78 pst. kvinner).

Løyvinga til grunnforskningsprogram gjekk til *Program for kvinne- og kjønnforskning, Program for samisk forskning og Kommunikasjon, IKT og medier*. Programma får også midlar frå løyvinga til humanistisk forskning. For å medverke til rekruttering og grunnforskning gjekk løyvinga frå Kunnskapsdepartementet òg til samfinansiering av handlingsretta program. Dei programma som har størst finansiering er *Velferdsprogrammet, Arbeidslivsforskning og Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar*.

Midlane til samfunnsvitskapleg forskning finansierer dessutan basisløyvinga til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste og institusjonsstøtte til ARENA (Advanced Research on the Europeanisation of the Nation-State).

Forskingsrådet held fram med arbeid som fremmer kvalitet i forskinga, mellom anna fagevalueringar. Ei evaluering av økonomifagleg forskning vart starta i 2006. Forskingsrådet arbeider med å setje i gang fleire evalueringar, om mogleg med ein forenkla metodikk, slik at fleire fag kan bli evaluerte på same tid. Evalueringa av pedagogikk som vart avslutta i 2004, har vorte følgd opp med ein fagplan og utlysing og tildeling av midlar til institusjonsforankra prosjekt.

Medisinsk og helsefagleg forskning

Av løyvinga på posten gjekk 144 mill. kroner til medisinsk og helsefagleg forskning i 2006. I 2007 er løyvinga på nominelt same nivå. For 2006 la departementet til grunn at fri prosjektstøtte skulle styrkjast med minst 8 mill. kroner i høve til 2005. Forsking av høg kvalitet skulle prioriterast, mellom anna gjennom fri prosjektstøtte og internasjonal forskarutveksling. Løyvinga skulle delfinansiere fleire nye program, og NevroNor-satsinga skulle starte med midlar frå den auka avkastninga av Forskingsfondet.

Samla budsjett for fri prosjektstøtte var på 110,7 mill. kroner i 2006, ein auke på 8,5 mill. kroner i høve til 2005. Om lag 94 pst. av midlane vart fordelte til universiteta, resten til instituttsektoren og til utanlandsstipend. Dei fem nye helsefaglege programma *Folkehelse*, *Psykisk helse*, *Klinisk forskning*, *Helse- og omsorgstenester* og *Miljø, genar og helse* hadde sitt første funksjonsår i 2006. Desse programma er i hovudsak finansierte med midlar frå Helse- og omsorgsdepartementet. NevroNor-programmet vart starta i 2006 med eit samla budsjett på 9,7 mill. kroner, og av desse kom 3 mill. kroner frå denne posten. I første omgang er det satsa på biletdannande teknologiar og epidemiologi.

Rekrutteringa er framleis ei stor utfordring innanfor medisin og helsefag. Forskingsrådet følgjer derfor nøye med på rekrutteringa av forskarar med bakgrunn i medisin, odontologi og psykologi. Dette gjeld både forskarutdanning og studentforskning. I 2006 vart 48 doktorgradsårsverk (60 pst. kvinner) og 43 postdoktorårsverk (45 pst. kvinner) finansierte innanfor tildelinga til fri prosjektstøtte. Det vart løyvd 11,4 mill. kroner til studentforskning, og Forskingsrådet finansierte til saman 123 studentstipend i medisinske fag, fordelte med 15 i psykologi, ni i odontologi og 99 i medisin.

Miljø- og utviklingsforskning

Av løyvinga på posten gjekk 51 mill. kroner til miljø- og utviklingsforskning i 2006. I 2007 er tildelinga på om lag 50 mill. kroner. For 2006 la departementet til grunn at aktivitetane i hovudsak skulle først vidare på same nivå som i 2005 med hovudvekt på langsiktig, grunnleggjande forskning. Frie prosjekt og opparbeiding av tverrfagleg kompetanse var prioriterte område. Vidare skulle Forskingsrådet arbeide for styrkt samarbeid mellom Noreg og Russland om polarforskning og for betre samordning av forskinga på Svalbard.

25,9 mill. kroner gjekk til fri prosjektstøtte innanfor miljø- og utviklingsforskning i 2006. Dette var ein auke på 2 mill. kroner samanlikna med året før.

Fagkomiteen innanfor miljø- og utviklingsforskning finansierte 37 prosjekt i 2006. Om lag 50 pst. av midlane gjekk til instituttsektoren, og om lag 42 pst. gjekk til universitets- og høgskolesektoren, medan dei siste 8 pst. gjekk til forskning utanlands. I 2006 finansierte fagkomiteen sju doktorgradsårsverk, av desse tre til kvinner, og tre postdoktorårsverk, av desse det eine til ei kvinne.

Resten av tildelinga gjekk i hovudsak til følgjande program i Forskingsrådet: *NORKLIMA – Klimaendringar og konsekvensar for Noreg*, *Globalisering og marginalisering*, *Fleir- og tverrfagleg forskning om utviklingsvegane i sør*, *Rammebetingelser for ein berekraftig utvikling* (RAMBU), *Biologisk mangfald*, og *til polarforskning*.

Det nye programmet *Miljø 2015* er i ferd med å bli etablert. Hovudtrekka i RAMBUs aktivitetar skal integrerast i programmet, og det er lagt vekt på å stimulere til fleir- og tverrfagleg forskning.

Under polarforskningsavtalen mellom National Science Foundation (USA) og Forskingsrådet er det løyvd midlar til prosjekt for å styrkje samarbeidet mellom amerikansk og norsk polarforskning. Det er òg løyvd midlar til prosjekt som skal styrkje samarbeidet mellom norske og russiske forskarar på Svalbard. Svalbard Science Forum (SSF) arbeider med koordinering av forskning på Svalbard, og har i 2006 utarbeidd ein internasjonal forskingsplan for Ny-Ålesund. Vidare har SSF arbeidd med stipendsøknader frå norske forskarar og studentar for å få dekt meirkostnader til feltforskning på Svalbard.

Naturvitskapleg og teknologisk forskning

Av løyvinga på posten gjekk om lag 374 mill. kroner til naturvitskapleg og teknologisk forskning i 2006. I 2007 er tildelinga på om lag 373 mill. kroner. For 2006 la departementet til grunn at fri prosjektstøtte skulle styrkjast med minst 30 mill. kroner i høve til 2005.

I 2006 gjekk 159,8 mill. kroner til fri prosjektstøtte innanfor naturvitskapleg og teknologisk forskning. Dette er i tråd med dei måla som vart sette. Midlane gjekk til 228 prosjekt. Innanfor fri prosjektstøtte vart det i naturvitskapleg og teknologisk forskning løyvd midlar til 80 doktorgradsårsverk (25 pst. kvinner) og 75 postdoktorårsverk (26 pst. kvinner) i 2006.

I 2006 finansierte Kunnskapsdepartementet følgjande grunnforskningsprogram knytte til internasjonale forskingsorganisasjonar: *Kjerne- og partikkelforskning* (CERN), *Romforskning* (European Space Agency, European Incoherent Scatter Scientific Association, Nordic Optical Telescope) og *ESRF-følgjeforskning* (European Synchrotron Radiation

Facility). Denne følgjeforskinga vart styrkt med om lag 6 mill. kroner. I tillegg vart mellom anna følgjande forskingsprogram finansierte: *Katalyse og organisk syntetisk kjemi*, *Berekningsorientert matematikk i anvendelser* og *eVitenskap – Infrastruktur, Teori og Anvendelser*. Innanfor e-infrastruktur vart superdatamaskinen Njord installert ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) i 2006, noko som gir forskingsmiljøa ein monaleg auke i tungreknere ressursane.

Etter oppdrag frå departementet utarbeidde Forskningsrådet eit utkast til nasjonal strategi for å styrkje grunnforskning innanfor matematikk, naturvitskap og teknologi (MNT-faga). Dette var ei oppfølging av St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*. Utkastet tilrår ei samordna satsing med konkrete forslag til tiltak knytte til rekruttering, fag og disiplinutvikling, utstyr og annan infrastruktur, samt internasjonalisering.

Forskningsrådet arbeidde i 2006 med oppfølging av rapporten *Visjon 2015 – Rom for forskning*. Rapporten kartla behov og moglegheiter innanfor forskning som utnyttar rommet. Basert på denne utgreiinga har Forskningsrådet fremma forslag om eit nytt, utvida romforskningsprogram frå 2008.

Grunnforskningsprogrammet *Katalyse og organisk og syntetisk kjemi* (KOSK) har hatt som hovudmål å gi auka verdiskaping innanfor norsk kjemisk industri. Fleire av prosjekta innanfor KOSK er internasjonale samarbeidsprosjekt, av desse er nokre del av EU-nettverk. Aktivitetane i programmet blir vidareførte i programmet *Katalyse og organisk syntetisk kjemi II* (KOSK II) som startar i 2007.

NANOMAT-programmet skal styrkje kompetansen innanfor nanoteknologi og nye materialar. I 2006 vart det utarbeidd ein nasjonal strategi for nanovitskap og -teknologi. Strategien tilrår fire tematiske satsingsområde der Noreg har fortrinn og kompetanse å byggje på. Energi og miljø blir prioriterte høgst.

Løyvinga til IKT-senteret Simula AS på Fornebu vart i 2006 ført vidare med ei samla ramme på 49 mill. kroner. Av desse kom 29 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg vart det frå Kunnskapsdepartementet løyvd 5 mill. kroner til forskarskole. Forskarskolen vart opna i august 2007. Simula AS vart òg tildelt eit *senter for framifrå forskning* (SFF) i 2006, kalla Centre for Software components for biomedical flows.

Dei ingeniørvitskaplege faga vart evaluerte i 2004, og ein fagplan vart utarbeidd i etterkant. I 2006 vart det løyvd 42 mill. kroner over ein treårs periode til *institusjonsforankra strategiske prosjekt* (ISP) som ei oppfølging av fagplanen.

Formidlingsprogrammet, som mellom anna skal auke interessa til barn og unge for realfag og

teknologi, gir støtte til nettstader, skolekonkurransar og tv-formidling av forskning til barn. I 2006 vart det òg gjennomført tre prosjekt for å auke kunnskapen om kva som påverkar barn og unges interesse for desse faga.

Rekruttering

Tildelinga til rekruttering gjeld ordninga med *Yngre framifrå forskarar* (YFF) og rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren. For 2006 la departementet til grunn at løyvinga til YFF skulle vere minst 30 mill. kroner og at om lag 15 mill. kroner skulle nyttast til rekruttering innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren.

Tildelinga til ordninga *Yngre framifrå forskarar* (YFF) var om lag 30 mill. kroner i 2006 og tilsvarende i 2007. I tillegg har Forskningsrådet i 2006 tildelt 11 mill. kroner til YFF frå avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping, jf. kap. 286 post 50. Ordninga gir yngre, særskilt talentfulle forskarar på alle fagområde ekstra gode rammevilkår for at dei skal kunne nå internasjonal toppklasse og utvikle seg til gode framtidige forskingsleiarar. Etter vurdering av utanlandsk fagekspertise peika Noregs forskingsråd i 2004 ut 26 forskarar frå ulike fagområde som fekk inntil 2 mill. kroner i årleg støtte. Av desse var fire kvinner. I 2006 lyste Forskningsrådet ut midlar til nye YFF. Forskningsrådet fekk 179 søknader, og våren 2007 vart det tildelt til 20 prosjekt/kandidatar, av desse er åtte kvinner.

Gjennom YFF tek Forskningsrådet dessutan del i ei europeisk ordning kalla *European Young Investigators* (EURYI). Det norske bidraget er på 2 mill. kroner årleg i ein femårsperiode. Ein norsk forskar nådde opp i konkurransen i 2006.

Av løyvinga på posten gjekk 16 mill. kroner til rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren i 2006. I 2007 var tildelinga likeins 16 mill. kroner. Midlane finansierer om lag 15 doktorgradsårsverk (60 pst. kvinner) og åtte postdoktorårsverk (45 pst. kvinner).

Vitskapleg utstyr

I 2006 var tildelinga til innkjøp av vitskapleg utstyr gjennom utstyrsutvalet 21 mill. kroner over ordinært budsjett. I tillegg vart det løyvd 4,7 mill. kroner til NTNU Nanolab i desember 2006. Ut ifrå eit ønske om å redusere dei budsjettmessige overføringane bestemte Forskningsrådet at 200 mill. kroner av likviditeten skulle nyttast til vitskapleg utstyr og e-infrastruktur. Midlane vart tildelte våren 2007.

I 2007 var løyvinga over denne posten 10 mill. kroner. I tillegg vart det løyvd 12 mill. kroner til slikt utstyr frå den auka avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping, jf. kap. 286 post 50.

Forskringsrådet skal i løpet av 2007 utarbeide ein nasjonal strategi for investering i forskingsinfrastruktur, mellom anna vitskapleg utstyr.

Internasjonalisering

Løyvinga gjeld det arbeidet Noregs forskingsråd gjer for å styrkje norsk deltaking i internasjonalt forskningssamarbeid, og omfattar mellom anna EU-samarbeid, bilateralt samarbeid og nordisk samarbeid.

Løyvinga til internasjonalisering var 95 mill. kroner i 2006 og 103 mill. kroner i 2007. Tiltak for å stimulere norske miljø til deltaking i EUs sjette rammeprogram og førebu deltaking i EUs sjuande rammeprogram (2007–13) har hatt høg prioritet. Nasjonal tilleggsfinansiering blir vurdert som naudsynt for å sikre og auke deltakinga frå norske forskingsmiljø. Forskringsinstitutt som er tildelte finansiering gjennom EUs rammeprogram, har sidan 2004 motteke delfinansiering frå Forskringsrådet for å følgje opp EU-prosjekta best mogleg. Ordninga er basert på løyvingar frå ulike departement, og har vore sentral for å stimulere til deltaking frå norske forskingsinstitutt i det sjette rammeprogrammet. Totalt har 152 prosjekt vorte støtta i 2006. Ei ordning med støtte til etablering av forskingsprosjekt har medverka til fleire gode søknader både til rammeprogrammet og EUREKA. Forskringsrådet har i tillegg nytta store ressursar på å rettleie forskingsmiljøa i spørsmål om EU-prosjekt. Norske forskingsmiljø har gjort det godt innanfor viktige nasjonale områder i det sjette rammeprogrammet, jf. omtale under kap. 288 post 73.

Nasjonale ekspertar i Kommisjonen medverkar til at Noreg får auka nytte av deltakinga i rammeprogrammet. Det var i 2006 seks norske nasjonale ekspertar innanfor forskning i Europakommisjonen.

Noreg har delteke i eit EU-program innanfor tryggleiksforskning. Dette har vore ei førebuing for ei større satsing på tryggleiksforskning i det sjuande rammeprogrammet for forskning og teknologisk utvikling.

Forskringsrådet har teke på seg ansvaret for å vere eit mobilitetssenter i det europeiske nettverket av mobilitetssenter (ERAMORE). Forskringsrådet har òg fått støtte frå EU til å etablere ein norsk nettportal som er kopla opp mot EUs eigen nettportal for forskarmobilitet, www.eracareers.com. Gjennom å gi strukturert informasjon om reglar o.a. skal det norske mobilitetssenteret og portalen vere eit hjelpemiddel for både norske og utanland-

ske forskarar som ønskjer eit opphald utanfor sitt eige land.

Forskringsrådet har i 2006 arbeidd vidare med oppfølging av ein strategi for norsk forskings- og teknologisamarbeid med Nord-Amerika frå 2004, mellom anna i samarbeid med Innovasjon Noreg. Gjennom *Leiv Eiriksson mobilitetsprogram* vart det i 2006 gitt støtte til 30 stipend, dei fleste gjeld opphald i USA og Canada. Forskringsrådet har òg lagt til rette for auka bilateralt forskningssamarbeid med Japan, Kina, India, Russland, Sør-Afrika og Frankrike. Ei ordning for å stimulere bilateralt forskningssamarbeid har gitt støtte til i alt 136 søknader, og dekkjer dei prioriterte samarbeidslanda USA, Canada, Kina og Japan.

Internasjonalt forskningssamarbeid knytt til nordområda har vore prioritert i Forskringsrådet, særleg samarbeid med USA, Russland og sentrale EU-land. Nordisk forskningssamarbeid er styrkt gjennom etablering av mellom anna organisasjonen NordForsk, som har ansvar for nordisk samarbeid innanfor forskning og forskarutdanning. Forskringsrådet har mellom anna delteke i eit arbeid med å etablere nordiske senter for framifrå forskning.

FUGE

Funksjonell genomforskning har som mål å finne ut kva for funksjon gen og protein har og korleis dei verkar saman. *FUGE* er oppretta for å styrkje forskning og kompetanseutvikling innanfor funksjonell genomforskning i Noreg, og for å medverke til at Noreg blir ein likeverdig internasjonal partner på feltet. Tildelinga over denne posten var på 51 mill. kroner i 2006. I tillegg har Forskringsrådet i 2006 tildelt 70 mill. kroner til *FUGE* av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping, jf. kap. 286 post 50. I 2007 er tildelinga til *FUGE* over denne posten 46 mill. kroner.

FUGE starta i 2002 og skal avsluttast i 2011. Programmet inkluderer fleire fagområde: biologisk grunnforskning, IKT (bioinformatikk), medisinsk og marin forskning. Ei hovudsatsing hittil har vore å etablere elleve teknologiplattformer, som er nasjonale service- og kompetansesenter innanfor ulike spesialområde. Ei midtvegsevaluering i 2006 viser at dei fleste plattformene er ein viktig ressurs for forskingsmiljø og bedrifter og fungerer på eit godt internasjonalt nivå. Nokre av dei har ikkje fått den nasjonale statusen dei skulle ha, og det blir tilrådd omstruktureringar. Konseptet med nasjonale teknologiplattformer skal vidareførast i neste fase fram mot 2011, og fleire skal etablerast. Hausten 2006 vart GenoFisk, ei nasjonal plattform for funksjonell genomforskning på torsk og laks, etablert.

Samarbeidet med *FORNY* og Innovasjon Noreg for å styrkje norsk næringsutvikling i bioteknologi har halde fram i 2006. Internasjonalt deltek *FUGE* i tre *ERA-net* (jf. kap. 288 post 73) og i ulike samarbeidsaktivitetar med Nord-Amerika og Norden. Rekruttering er ein viktig del av satsinga, og programmet finansierte 47 doktorgradsårsverk og 33 postdoktorårsverk i 2006, i tillegg til 15 karrierestipend.

Ordning for finansiering av små driftsmidlar

I 2006 og 2007 vart det løyvd 40 mill. kroner til ei mellombels ordning for å auke tilgangen på små driftsmidlar til vitskapleg tilsette ved universitet og høgskolar. I samsvar med forslaget i St.meld. nr. 20 (2004–2005) er ordninga meint å vare til 2010. Sjå nærmare omtale i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for Utdannings- og forskingsdepartementet. Institusjonane i universitets- og høgskolesektoren har handsama og prioritert søknader, og sendt ei samla innstilling til Forskringsrådet, som vurderer om søknadene tilfredsstillar gjeldande krav. I 2006 vart det gitt midlar til alle dei 41 institusjonane som søkte ordninga. Totalt vart det gitt midlar til 1 378 forskarar. Institusjonane set stor pris på ordninga og understrekar at forholdsvis små driftsmidlar har stor verdi for det einskilde forskingsmiljøet.

Kommersialisering av forskingsresultat

Kommersialisering av forskingsresultat og oppfinningar frå universitet og høgskolar er eit mål for Regjeringa. Det er mellom anna lagt til rette for dette ved at institusjonane i universitets- og høgskolesektoren har fått større fridom til å opprette eigne aksjeselskap, sjå omtale under programkategori 07.60. I 2006 vart det i alt løyvd om lag 13 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet til *FORNY*-programmet. 7 mill. kroner av midlane gjekk over denne posten, medan 6 mill. kroner vart løyvd over kap. 281 post 01. Løyvinga gjekk til teknologioverføringskontora ved universiteta og infrastrukturtiltak ved institusjonane i universitets- og høgskolesektoren. Nærings- og handelsdepartementet har i samråd med Kunnskapsdepartementet sett i gang eit arbeid for å greie ut og vurdere dei ulike offentlege aktørane og verkemidla innanfor kommersialisering av forskning. Målet er å sjå på behovet for auka samarbeid, arbeidsdeling og forenkling med sikte på auka verdiskaping. Arbeidet skal vere ferdig i løpet av 2007.

Strategiske fellesfunksjonar og informasjon

Dei strategiske fellesfunksjonane i Forskringsrådet omfattar mellom anna forskingspolitisk rådgiving, styrking av kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken, formidlingstiltak og arbeid med å styrkje den rolla Forskringsrådet har som møteplass for aktørane i forskingssystemet.

Av løyvinga på posten gjekk 51 mill. kroner til strategiske fellesfunksjonar og informasjon i 2006. I 2007 er tildelinga 46 mill. kroner.

Forskringsrådet har i løpet av 2006 styrkt arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken. Eit nytt prosjekt, *Kunnskap om kunnskap*, har som formål å systematisere kunnskapsgrunnlaget og sikre at det kan takast i bruk i Forskringsrådet og av andre aktørar. Forskringsrådet har òg arbeidd med å følgje opp faglege tilrådingar frå foresightprosjekta som vart fullførte i 2005, samt med å vurdere foresightarbeidet.

Nasjonal FoU-statistikk er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken. Statistikken blir laga av NIFU STEP Studier av innovasjon, forskning og utdanning og Statistisk sentralbyrå (SSB) og finansierte av Forskringsrådet. I samarbeid med NIFU STEP og SSB utarbeider Forskringsrådet rapporten *Det norske forskings- og innovasjonssystemet – statistikk og indikatorar* annakvart år. Den siste kom i februar 2006. Rapporten gir eit samla bilete av tilgjengeleg statistikk for FoU og innovasjon, forutan analysar og internasjonale samanlikningar.

Det daverande Utdannings- og forskingsdepartementet oppretta i 2004 *Komité for integreringstiltak – Kvinner i forskning*, og det vart avsett til saman tre mill. kroner til dette arbeidet i 2006. Kunnskapsdepartementet evaluerte tiltaket hausten 2006, og det vart vedteke at komiteen skulle vidareførast for ein ny treårsperiode. Den nye komiteen starta arbeidet sitt 1. april 2007. Forskringsrådet har vedteke ein policy for likestilling og kjønnsperspektiv i forskning.

Forskringsrådet har forvaltningsansvar for KILDEN (informasjons- og dokumentasjonssenteret for kvinne- og kjønnsforskning), Teknologirådet og dei tre nasjonale forskningsetiske komitéane for medisin, naturvitskap og teknologi og samfunnsvitskap og humaniora (NEM, NENT og NESH). I 2006 vurderte ei arbeidsgruppe eventuelle endringar i mellom anna eigartilhøve, finansiering og lokalisering av KILDEN. Arbeidsgruppa tilrår at Forskringsrådet framleis skal ha ansvar for senteret, at kjerneoppgåvene skal vere knytte til formidling av kjønnsforskning nasjonalt og internasjonalt, at Forskringsrådet skal styrkje kontakten med og

bruken av KILDENs kompetanse, og at grunnløyvinga skal styrkjast.

Verksemda i regi av dei nasjonale forskingsetiske komitéane vart i 2006 evaluert av ein nordisk komité nedsett av Forskingsrådet. Evalueringsrapporten er positiv, og det norske forskingsetiske komitésystemet blir karakterisert som eit velutbygd system med ei brei og fagleg velfundert forskingsetisk vurdering. Gjennom forskingsetikklova, som tredde i kraft 1. juli 2007, vart dei nasjonale forskingsetiske komitéane lovfesta.

Forskingsrådet har halde fram med å utvikle formidlingstiltak retta mot allmenta. Formidlinga skjer mellom anna gjennom bladet *Forskning* og nettstaden *forskning.no*. Bladet *Forskning* merkar ein jamt stigande etterspurnad, og opplaget kom i 2006 opp i 18 500. Nettstaden *forskning.no* er vel etablert som kjelde til nyhende frå norsk og internasjonal forskning og blir mellom anna mykje brukt av redaksjonar, journalistar og skoleelevar. Nettstaden hadde i gjennomsnitt 410 000 unike besøk kvar månad i 2006. Forskingsrådet deler òg ut ein formidlingspris og ein pris for framifrå forskning.

Forskingsdagane 2006 hadde etikk som hovudtema og Ibsen-jubileet som deltema. Mediedekninga var større enn nokon gong med om lag 700 oppslag, og den internasjonale kontakten har auka. *Nysgjerrigper* har ei rekkje tiltak for og tilbod til barn. Målet er å auke interessa for forskning og på lang sikt å leggje grunnlag for framtidig rekruttering til forskaryrket. Forskingsrådet samarbeider med *Stiftelsen ungdom og forskning* om konkurransen *Unge forskarar*.

Mål for 2008

Forskingsrådet skal i 2008 nytte løyvingane på posten til :

- Å syte for at dei beste forskingsmiljøa får gode vilkår uavhengig av fagområde.
- Å følgje opp dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingsmeldinga.
- Å medverke til god og balansert rekruttering til norsk forskning, med vekt på postdoktornivå.
- Å syte for god nasjonal arbeidsdeling og prioritering i samband med investeringar i avansert vitenskapleg utstyr og infrastruktur.
- Å medverke til styrkt internasjonalisering av norsk forskning.
- Å drive systematiske fag- og disiplinevalueringar og følgje opp desse.

Budsjettforslag for 2008

Løyvinga på kap. 285 post 52 blir vidareført på om lag same nominelle nivå som i 2007. Fordi største-

delen av løyvinga er finansiert av avkastninga frå Forskingsfondet, er løyvinga ikkje lønns- og prisjustert. Aktivitetane som får midlar over posten skal i all hovudsak vidareførast på om lag same nivå som i 2007. Midlane skal fordelast om lag slik som vist i tabell 4.12. Innanfor løyvinga skal Noregs forskingsråd nytte 10 mill. kroner til å setje i verk ei ny ordning med nasjonale forskarskolar frå hausten 2008. Dette skal inkludere vidareføring av løyvinga til forskarskolen ved Simula-senteret. I tillegg til løyvingane over post 52 blir tilsegnsmakta ført vidare på same nivå som i 2007, dvs. 37,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 55 Administrasjon

Administrasjonsutgiftene til Noregs forskingsråd blir finansierte av Kunnskapsdepartementet på vegner av alle departementa. Løyvinga på denne posten utgjorde om lag 6 pst. av dei samla løyvingane frå departementa til Forskingsrådet. I 2006 var 344 årsverk knytte til administrasjonen. Det er ein auke på fem årsverk i høve til 2005. 60,5 pst. av årsverka blir utførte av kvinner, om lag same nivå som i dei siste åra.

Forskingsrådet har i 2006 utarbeidd ein ny organisasjonsstrategi for perioden 2007–10. Strategien skal inngå i den overordna strategien til Forskingsrådet *Forskning flytter grenser* og skal sikre ein best mogleg bruk av organisasjonen i høve til Forskingsrådets mål.

I 2006 har Forskingsrådet arbeidd vidare med å forbetre og vidareutvikle den elektroniske søknadsordninga (eSak). Forskingsrådet sette også i gang eit stort forprosjekt om forbetring av heimesida deira hausten 2006, og arbeidde våren 2007 med å gjennomføre dette.

Eigedomsforvaltninga i Forskingsrådet gjeld drift av eigedommar som er eigde av Forskingsrådet, men som blir disponerte av andre institusjonar. I samsvar med vedtak i Hovudstyret er omfanget av denne verksemda redusert og arbeidet med sal og overdraging av eigedommar vart vidareført i 2006. Hausten 2006 inngjekk Forskingsrådet ein avtale med Statsbygg om eigedomsoverføringar i Gaustadbekkdalen.

Kunnskapsdepartementet meiner at dei budsjettmessige overføringane frå 2006 til 2007 var for høge. Forskingsrådet har i 2007 sett i verk ei rekkje tiltak for å redusere overføringane. Dei budsjettmessige overføringane skal reduserast i 2008.

Forskingsrådet skal ha ei god personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane i høve til måla til Forskingsrådet.

Løyvinga til administrasjon av Noregs forskingsråd blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Kap. 286 Fondet for forskning og nyskaping

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
50	Overføring til Noregs forskingsråd	709 003	939 560	939 560
95	Fondskapital	14 000 000	10 000 000	6 000 000
	Sum kap. 286	14 709 003	10 939 560	6 939 560

Fondet for forskning og nyskaping vart oppretta 1. juli 1999 og har frå 1. januar 2007 ein fondskapital på 60 mrd. kroner. Fondet skal sikre langsiktige og stabile forskingsløyvingar og skal medverke til å oppfylle dei overordna forskingspolitiske måla, jf. St.meld. nr. 20 (2004–2005). Fondet har i dei siste åra vore eit viktig instrument for å styrkje løyvingane til forskning. Framfor alt har midlane gått til satsingar som betrar kvaliteten i norsk forskning.

Post 50 Overføring til Noregs forskingsråd

Rapport for 2006–07

Noregs forskingsråd er ansvarleg for fordelinga av den delen av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping som blir løyvd over kap. 286. Løyvinga i 2006 var på om lag 709 mill. kroner og gjekk til følgjande formål:

Tabell 4.13 Midlar frå Fondet for forskning og nyskaping. Fordeling etter verkemiddel. 2006

Verkemiddel	mill. kroner
Store program	225,3
Andre programsatsingar	50,5
Frittstående prosjekt	99,6
Infrastruktur og institusjonsstøtte	176,2
Forvaltning	150,0
Diverse FoU	7,6
Sum	709,2

Kvalitet er det fremste kriteriet for tildeling av midlar frå Forskingsfondet. Forskarutdanning og internasjonalisering er sentrale element i dei ulike satsingane. Fondet medverkar til målet om å auke talet på rekrutteringsstillinger. I 2006 finansierte midlar frå fondet om lag 341 doktorgradsårverk og 192 postdoktorårverk. Av doktorgradsårverka var 29 pst. kvinner mens kvinnene utgjorde 31 pst. av postdoktorårverka.

Om lag 32 pst. av fondsmidlane var i 2006 nytta til tematiske satsingar gjennom dei sju store programma i Forskingsrådet: *FUGE*, *NANOMAT*,

VERDIKT, *HAVBRUK*, *NORKLIMA*, *RENERGI* og *PETROMAKS*. Dei store programma er særleg viktige for realisering av dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingspolitikken, og får finansiering frå mange departement i tillegg til finansieringa frå Forskingsfondet. I 2006 var den samla budsjetttramma for alle programma 829 mill. kroner.

- *FUGE* (funksjonell genomforskning) dekkjer fagleg breitt innanfor biologisk grunnforskning, bioinformatikk samt marin og medisinsk forskning. *FUGE*s nettverk av elleve nasjonale teknologiplattformer vart evaluert i 2006.
- *NANOMAT* tek sikte på å skaffe ny kunnskap for industriutvikling innanfor energi- og miljøteknologi, nanostrukturerte materialar, materialar for IKT, sensorar og smarte materialar, og for å utnytte nye materialar og nanoteknologi innanfor helse og velferd. Programmet har medverka i arbeidet med *Nasjonal strategi for nanovitenskap og nanoteknologi*, som var ferdig hausten 2006.
- *VERDIKT* skal medverke til at Noreg blir leiande i å utvikle og bruke kunnskap for samhandling, innovasjon og verdiskaping i eit IKT-basert nettverkssamfunn. I 2006 har ein sentral aktivitet vore å utarbeide og forankre ein programplan.
- *HAVBRUK* skal sikre og vidareutvikle det faglege grunnlaget for marknadsretta, miljø- og ressursvennleg produksjon av akvatiske organismar. I 2006 var leverandørnæringa, vidareutvikling av laksenæringa og oppdrett av nye artar prioriterte område.
- *NORKLIMA* skal skaffe kunnskap om klimasystemet, klimaendringar og korleis klimaendringar verkar på natur og samfunn. *NORKLIMA* fekk god omtale i den evalueringa som vart gjennomført da nasjonal handlingsplan for klimaforskning vart utarbeidd.
- *RENERGI* skal utvikle kunnskap og løysingar som grunnlag for miljøvennleg, økonomisk og rasjonell forvaltning av energiressursane i landet, høg forsyningssikring og internasjonalt konkurransedyktig næringsutvikling tilknytt

energisektoren. *RENERGI* vektlegg forskingsformidling og har i 2006 vore med på å organisere og finansiere fleire konferansar.

- PETROMAKS skal gjennom styrkt kunnskapsutvikling, næringsutvikling og internasjonal konkurransekraft medverke til at petroleumsressursane skapar auka verdi for samfunnet. Mange av prosjekta som vart avslutta i 2006, har gitt synlege og viktige resultat med omsyn til grunnleggjande kompetanse og løysingar som kan medverke til betre utnytting av petroleumsressursane på norsk sokkel.

Under kategorien *Andre programsatsingar* ligg mellom anna *FIFOS*, som er ei satsing på innovasjon og fornying av offentleg sektor, og programmet *Kunnskapsutvikling for norsk språkteknologi (KUNSTI)*.

Fondsfinansieringa innanfor *Frittstående prosjekt* er dominert av *STORFORSK*, som skal styrkje den frie grunnforskninga ved å støtte større prosjekt enn det vanlegvis er rom for innanfor den frie prosjektstøtta. I 2005 vart det delt ut i overkant av 250 mill. kroner til 17 grunnforskningsprosjekt over ein fireårsperiode. I 2006 vart ordninga tildelt 61 mill. kroner. Ordninga med *Ungre framifrå forskarar* (YFF) skal gi yngre talentfulle forskarar innanfor alle fagområde ekstra gode rammevilkår, slik at dei kan nå internasjonal toppklasse. Ordninga vart òg finansiert over kap. 285 post 52, jf. omtale under dette kapitlet. Våren 2007 tildelte Forskningsrådet midlar til 20 yngre forskarar. Desse vil samla ta imot om lag 175 mill. kroner i dei neste fire åra. Dei frittstående prosjekta inneheld òg ei bioprospekteringsatsing som mellom anna skal utvikle forskargrupper som har føresetnader for å hevde seg internasjonalt, og som har potensial til å framstå som attraktive samarbeidspartnarar for industrien.

Om lag ein firedel av fondsmidlane vart i 2006 nytta til *Infrastruktur og institusjonsstøtte*. I denne kategorien ligg mellom anna *Senter for framifrå forskning* (SFF), som er ei av hovudprioriteringane innanfor fondsmidlane. SFF-ordninga er viktig for å auke kvaliteten i forskingsmiljøa. Fleire av miljøa er i internasjonal toppklasse. Til saman på alle sentra vart det i 2006 utført 497 årsverk av det vitenskaplege personellet. I løpet av 2006 hadde sentra 669 publikasjonar i vitenskaplege tidsskrift med refereeordning, ein auke på over 30 pst. frå 2005. Ei midtvegsevaluering av dei 13 sentra som vart starta i 2002–03, vart gjennomført i 2006. Midtvegsevalueringa skulle danne grunnlag for vedtak om vidare drift i dei siste fem åra, eventuelt avvikling av sentra etter dei første fem åra. Resultatet var svært

positivt og viste mellom anna at forskninga held eit jamt over høgt nivå, at sentra har vorte attraktive samarbeidspartnarar både nasjonalt og internasjonalt, at forskarrekrutteringa er god på alle nivåa, og at sentra har medverka til at norsk forskning er meir synleg og har fått auka status internasjonalt. Ni av sentra fekk topp vurdering, mens fire senter måtte utarbeide ein oppfølgingsrapport i samsvar med merknader frå evalueringskomiteen. Merknadene var relaterte til organisatoriske spørsmål. Alle sentra fekk behalde statusen som SFF ut tiårsperioden. Åtte nye forskingssenter vart valde ut som SFF i 2006 og starta opp i 2007:

- Equality, Social Organization, and Performance (ESOP)
- Centre for Geo-Biology
- Centre for the Study of Mind in Nature
- Center of Theoretical and Computational Chemistry
- Centre of Excellence: Centre for Ecological and Evolutionary Synthesis
- Centre for Cancer Biomedicine
- Centre for Immune Regulation
- Centre for Biomedical Computing

Ordninga *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI) har til formål å bygge opp eller styrkje norske forskingsmiljø som arbeider i tett samspel med innovativt næringsliv, samt å støtte langsiktig forskning som fremmer innovasjon og konkurransekraft i næringslivet. I 2006 vart 14 senter valde ut, og det vart arbeid med konsortieavtalar som skal liggje til grunn for samarbeidet mellom partnarane i eit SFI. Sentra starta verksemda i 2007.

Kategorien *Infrastruktur og institusjonsstøtte* gjeld òg satsing på grunnleggjande sjukdomsmekanismar. Denne satsinga skal mellom anna utvikle særleg sterke og tverrfaglege forskingsmiljø på høgt internasjonalt nivå. Kategorien inneheld òg løyvingar til kompetansefelt for næringsutvikling, som gjeld nasjonale kompetansmiljø som er særleg relevante for framtidig næringsutvikling, samt midlar til oppretting av ein forskarskole ved Simula-senteret.

Størstedelen av midlane innanfor kategoriane *Diverse FoU* og *Forvaltning* går til gåveforsterkingsordninga. Gåveforsterkingsordninga vart etablert i 2006 for å stimulere til privat finansiering av grunnleggjande forskning ved å gi eit offentlig tilskott på 25 pst. av gavesummen. I 2006 tildelte Forskningsrådet om lag 135 mill. kroner i gåveforsterking. Det samla gåvebeløpet var på om lag 541 mill. kroner. Forskningsrådet bruker også nokre fondsmidlar til administrasjonsoppgåver knytte til fondsaktivitetar.

Mål for 2008

Forskringsrådet skal nytte løyvingane på posten til følgjande:

- Å syte for at dei beste forskingsmiljøa får gode vilkår uavhengig av fagområde og bransjar.
- Å følgje opp dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingsmeldinga.
- Å medverke til god og balansert rekruttering til norsk forskning, med vekt på postdokornivå.
- Å syte for god nasjonal arbeidsdeling og prioritering i samband med investeringar i avansert vitskapleg utstyr og infrastruktur.
- Å medverke til styrkt internasjonalisering av norsk forskning.

Budsjettforslag for 2008

Løyvinga over kap. 286 post 50 blir vidareført på same nominelle nivå som for 2007. Fordi løyvinga er finansiert av avkastninga frå Forskringsfondet, er løyvinga ikkje lønns- og prisjustert. Dette inneber at aktivitetane som blir finansierte over denne posten blir ført vidare på om løyvinga er på same nivå som i 2007.

Post 95 Fondskapital

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner frå 1. januar 2008, slik at samla kapital blir 66 mrd. kroner. Kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping blir plassert som kontolån til staten med ei rente som tilsvarar renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid.

Kap. 3286 Fondet for forskning og nyskaping

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
80	Avkastning	2 135 303		
85	Avkastning		2 653 460	3 084 460
	Sum kap. 3286	2 135 303	2 653 460	3 084 460

Kapitlet gjeld avkastning frå Fondet for forskning og nyskaping, jf. kap. 286. Avkastninga aukar med 431 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2007, på grunn av kapitalauken på 10 mrd. kroner i 2007.

Avkastninga frå Forskringsfondet vil i 2008 bli fordelt på følgjande måte:

- 594,6 mill. kroner i direkte forskingsløyvingar til universitet og høgskolar over kategori 07.60

- 939,6 mill. kroner til Noregs forskingsråd over kap. 286 post 50
- 988,7 mill. kroner til Forskringsrådet over kap. 285 post 52
- 525,7 mill. kroner til EUs rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling over kap. 288 post 73
- 35,9 mill. kroner over kap. 920 post 50 på budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet

Kap. 287 Forskringsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
21	Særskilde driftsutgifter	2 876	3 362	4 607
53	NOVA og NUPI	41 094	42 656	44 490
54	Forskringsstiftelsar	48 075	49 902	52 048
56	Ludvig Holbergs forskingspris	9 105	9 100	9 100
71	Tilskott til andre private institusjonar	19 159	23 517	31 028
73	Niels Henrik Abels matematikkpris	12 408	12 400	12 400
	Sum kap. 287	132 717	140 937	153 673

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal nyttast til å dekkje utgifter til utgreiingar o.a. som vil medverke til å betre kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken. I 2006 er løyvinga mellom anna nytta til å finansiere utgreiingar frå NIFU STEP om rekruttering til norsk forskning og om utanlandske doktorgradsstudentar. I tillegg er det løyvd kr 865 000 til forskingsrådssatsinga *Forsking, innovasjon og økonomisk vekst*.

Budsjettforslag for 2008

For 2008 foreslår departementet at løyvinga blir reelt auka med 1,1 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2007. Auken er knytt til at Noreg skal arrangere eit høgnivåmøte for OECDs vitskapskomité.

Post 53 NOVA og NUPI

Forskinga og utviklingsarbeidet ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) skal føre til auka kunnskap om sosiale tilhøve og endringsprosessar. Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI) har som formål å medverke til auka innsikt i mellomfolkelege spørsmål ved å drive forskning og ved å spreie informasjon om internasjonale tilhøve.

Rapport for 2006–07

I sin strategiske plan for perioden 2006–09 slår NOVA fast at deira profil er sosialforskning i eit livsløpsperspektiv. NOVA har som ambisjon å vere nasjonalt leiande innanfor den samfunnsvitskaplege delen av forskingsfeltet barnevern, ungdom, aldring og livsløp, trygd, innvandring og funksjonshemming. På dei andre områda skal NOVA vere nasjonalt sterkt. Dette er i tråd med det målet departementet har sett om at NOVA skal utvikle posisjonen sin som eit leiande forskingsinstitutt innanfor dei faglege kjerneområda sine. I planperioden vil NOVA styrkje dei nye tematiske feltet europeisk velferdspolitik, organisering av omsorg, sosial og kulturell kapital og forskingsbasert evaluering. Instituttet har for perioden fått godkjent eit nytt strategisk instituttprogram om europeisk velferdspolitik som starta i 2006.

Forskarane ved NOVA utførte 74,5 årsverk i 2006. Dette er ein auke på 7,5 årsverk frå 2005. NOVA er blant dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta som har flest doktorgradar per forskarårsverk. Den vitskaplege publiseringa har auka noko frå 2005. Talet på artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering har stige frå 27 i

2005 til 31 i 2006. Samla tal på utgitte artiklar har auka frå 0,57 per forskarårsverk i 2005 til 0,62 i 2006. Gjennomsnittet for samfunnsvitskaplege institutt i Noreg ligg på 0,60 artiklar per forskarårsverk i 2006.

Basisløyvinga over kap. 287 stod for 32 pst. av dei samla inntektene til NOVA i 2006. Dette er noko lågare enn i 2005. Den internasjonale finansieringa gjekk noko ned i 2006. Målet om å auke den internasjonale finansieringa i 2006 er derfor ikkje nådd. Samtidig har NOVA i 2006 styrkt det internasjonale samarbeidet og auka den internasjonale publiseringa. Instituttet har derfor nådd målet om å auke det internasjonale samarbeidet. NOVA har òg sett i verk ei rekkje tiltak for å auke den internasjonale finansieringa. Dette resulterte mellom anna i at Nordforsk peika ut NOVA som vertskap for Nordic Centre of Excellence. I 2006 vart NOVA omorganisert for å styrkje den internasjonale satsinga og den tverrgåande faglege verksemda. Blant anna oppretta NOVA ei ny stilling som forskarsjef.

NUPI har i 2006 nådd måla om å vere eit leiande forskingsinstitutt innanfor sine faglege kjerneområde og arbeide for å styrkje finansieringa frå internasjonale finansieringskjelder. NUPI har eit stort nettverk og ein sterk internasjonal profil, og dei tilsette har utstrakt forskingssamarbeid med utlandet. I 2006 har NUPI starta to nysatsingar: eit program for energi og eit for sikkerheitssektorreform i svake statar. Kompetansen innanfor utviklingsforskning og internasjonal økonomi vart styrkt i 2006. Vitskaplege publikasjonar har halde seg på eit høgt nivå også i 2006. Det vart publisert 0,91 artiklar per forskarårsverk, noko som er langt over landsgjennomsnittet for samfunnsvitskaplege institutt i Noreg. Tilsvarende tal for 2005 var 0,86. Inntektene frå næringslivet og internasjonale kjelder har auka i 2006, likevel har NUPI som målsetjing å auke dette ytterlegare i 2007.

Staben ved NUPI utførte 63 årsverk i 2006. Dette er ein liten nedgang frå 2005. I likskap med NOVA er NUPI eit av dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta med flest doktorgradar per forskarårsverk. Talet har gått opp frå 0,40 i 2005 til 0,58 i 2006.

NUPI gir ut tre tidsskrift: «Internasjonal politikk», «Nordisk østforum» og «Forum for development studies». I tillegg gir NUPI ut artikkelserien «Hvor hender det?».

Samanlikna med andre samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt har NUPI få kvinnelege forskarar. NUPI har 24 pst., mens gjennomsnittet er 40 pst. Departementet har sett som mål at NUPI skal rekruttere fleire kvinner til forskarstillingar. NUPI har ambisjonar om ein auke til 30 pst. i 2008,

og dei har sett i verk ei rekkje tiltak for å rekruttere fleire kvinner.

Basisløyvinga over kap. 287 stod for 31 pst. av dei samla inntektene til NUPI i 2006. Dette er ein liten auke frå 2005.

Mål for 2008

Dette er måla for NOVA i 2008:

- NOVA skal utvikle posisjonen som eit leiande forskingsinstitutt innanfor dei faglege kjerneområda sine.
- NOVA skal styrkje det internasjonale samarbeidet og auke den internasjonale finansieringa.

Dette er måla for NUPI i 2008:

- NUPI skal vere et leiande forskingsinstitutt innanfor dei faglege kjerneområda sine.
- NUPI skal styrkje finansieringa frå internasjonale finansieringskjelder.
- NUPI skal rekruttere fleire kvinner til forskarstillingar.

Budsjettforslag for 2008

For 2008 blir det foreslått ei løyving på om lag 25,9 mill. kroner til NOVA og om lag 18,6 mill. kroner til NUPI. Dette inneber at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Post 54 Forskingsstiftelsar

Forskingsrådet har eit strategisk ansvar for instituttsektoren og har derfor fått ansvaret for å tildele basisløyvingane til forskingsinstitutta over denne posten. Basisløyvingane skal nyttast til å byggje opp langsiktig kompetanse på særskilde område. Dei skal ikkje nyttast til å subsidiere oppdragsforskning. Den årlege tildelinga av basisløyvingar gjer Forskingsrådet i stand til å følgje utviklinga både i sektoren og ved kvart einskilt institutt. Forskingsrådet arbeider for å fremme kvalitet i forskinga ved institutta, betre samarbeidsrelasjonar og fremme ei formålstenleg arbeidsdeling i sektoren. Arbeidet skjer gjennom kontakt med instituttleiarane, dialogmøte med institutta, systematiske instituttevalueringar, årleg rapportering frå institutta og tildelingar av strategiske instituttprogram.

Rapport for 2006–07

Posten finansierte i 2006 basisløyvingane til følgjande fem frittstående forskingsinstitutt: Institutt for fredsforskning (PRIO), Fridtjof Nansens Institutt

(FNI), Institutt for samfunnsforskning (ISF), Forskingsstiftelsen Fafo og NIFU STEP Studier av innovasjon, forskning og utdanning.

PRIO og FNI er utanrikspolitiske institutt. I 2006 tildelte Forskingsrådet totalt 18 mill. kroner i basisløyving til desse institutta over denne posten. Dei to institutta hadde til saman 64 forskarårsverk i 2006 mot 56 forskarårsverk i 2005.

Fafo og ISF driv hovudsakleg forskning om arbeidsmarknaden, arbeidslivet, velferd, veljaråtferd, kjønn og samfunn samt anvende internasjonale studiar. I 2006 var den samla basisløyvinga til desse institutta 17,9 mill. kroner over denne posten, og samla tal på forskarsårsverk var 92 mot 102 i 2005. I 2006 fekk NIFU STEP 9,6 mill. kroner i basisløyving over denne posten, og det vart utført 62 forskarårsverk.

Nokre av desse institutta mottok òg midlar til strategiske instituttprogram over andre postar og kapittel på statsbudsjettet.

Delen internasjonal finansiering har under eitt gått noko ned for desse institutta frå 2005 til 2006.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Forskingsrådet gått gjennom dei institutta som arbeider innanfor det arbeids- og sosialpolitiske området og området for utanriks- og tryggleikspolitikk. Kwart område er vorte gjennomgått av utval sette saman av norske og utanlandske medlemmer. Hovudkonklusjonen til utvala er at begge instituttgruppene fungerer godt og leverer forskning av god kvalitet og med stor relevans.

Forskingsrådet meiner at det ikkje er behov for tiltak for å endre instituttsektoren korkje frå Forskingsrådet eller frå departementa si side innanfor dei forskingsområda som er gjennomgatte. Forskingsrådet peika på at kontakten med oppdragsgivarane og brukarane kan betrast. Kunnskapsdepartementet er einig i denne vurderinga. Kunnskapsdepartementet meiner òg at institutta bør styrkje si internasjonale orientering.

Mål for 2008

Basisløyvingane til dei samfunnsvitskaplege institutta er ein viktig føresetnad for å styrkje deira rolle i det norske forskningssystemet. Løyvingane skal medverke til å halde ved like og byggje opp langsiktig fagleg kompetanse og styrkje kvaliteten på forskingsverksemda. I samsvar med forslaget i rapporten frå gjennomgangen av dei arbeids- og sosialpolitiske og dei utanrikspolitiske institutta skal Forskingsrådet medverke til å opprette brukarfora for å styrkje kommunikasjonen mellom brukarane og desse institutta.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007. Som følgje av at det nye finansieringssystemet for instituttsektoren skal setjast i verk frå 2009, blir det ikkje starta nye fleirårige strategiske instituttprogram (SIP-ar) i 2008 for dei institutta som mottek basisløyving på denne posten. Forskningsrådet får i oppgåve å tildele frigjorde SIP-midlar som grunnløyving til desse institutta. Midlane skal nyttast til å styrkje den langsiktige kompetanseutviklinga og utvikle nye eller styrkje eksisterande tematiske satsingsområde.

Post 56 Ludvig Holbergs forskingspris

Ludvig Holbergs forskingspris er ein internasjonal vitenskapleg pris innanfor humaniora, samfunnsvitenskap, juss og teologi som første gong vart delt ut i 2004. Prisen skal auke merksemda kring samfunnsvitenskapleg og humanistisk forskning og medverke til kvalitetsheving og internasjonalisering av forskinga på desse områda. Holbergprisen er finansiert av avkastninga frå Ludvig Holbergs minnefond, jf. kap. 3287 post 86. Prisbeløpet er på 4,5 mill. kroner. Avkastninga finansierer også ulike arrangement i samband med prisutdelinga, den nordiske Nils Klim-prisen for yngre forskarar innanfor dei same fagområda og arrangement retta mot barn og unge. I 2006 fekk professor Shmuel N. Eisenstadt prisen for å ha utvikla komparativ kunnskap om sosial endring og modernisering og om samanhengar mellom kultur, verde- og trussystem og politiske institusjonar.

Avkastninga frå Ludvig Holbergs minnefond i 2007 til bruk i 2008 vil vere på 9,1 mill. kroner, jf. kap. 3287 post 86.

Post 71 Tilskott til andre private institusjonar

Posten dekkjer tilskott til Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademi, Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo (DNVA), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Akademi i Trondheim (DKNVS Akademi), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse (DKNVS Stiftelse), vitenskaplege fond, Egede Instituttet og Christian Michelsens Institutt. Tilskotta skal medverke til at forskingsinstitusjonane held fram med eller styrkjer den faglege verksemda si og kompetansenivået sitt. Tilskottet til DNVA skal også medverke til økt merksemd om forskning generelt og til auka internasjonalt samarbeid mellom forskarar, gjennom finansiering av administrasjonen knytt til utdeling av Kavli-prisane.

Rapport for 2006–07

Senter for grunnforskning skal vere eit felles miljø for særskild dyktige norske og utanlandske forskarar og er viktig for å heve kvaliteten i grunnforskninga. Senteret fører vidare ei rekkje seminar som utgjer ein fast del av den tverrfaglege verksemda ved senteret. Våren 2006 hadde 42 forskarar lengre opphald ved senteret, av desse 19 norske forskarar og 23 utanlandske forskarar. Hausten 2006 arbeidde 39 forskarar ved senteret. Av dei totalt 81 forskarane var 19 kvinner.

DNVA, DKNVS Akademi og DKNVS Stiftelse har til oppgåve å fremme norsk vitenskap, mellom anna ved å gi ut vitenskapleg litteratur, forvalte vitenskaplege fond og skape kontakt med utanlandske miljø og organisasjonar. Det har i 2006 vore stor aktivitet i form av konferansar og fagseminar, og arbeidet med populærvitenskaplege formidlingsaktivitetar har halde fram. DNVA vart i 2006 tildelt ei jubileumsgåve frå Kunnskapsdepartementet på kr 500 000, til bruk i samband med feiringa av 150-årsjubileet til akademiet i 2007. DNVA har i tillegg ansvaret for å administrere utdelinga av Abel-prisen, jf. omtale under post 73. Frå 2008 vil akademiet òg ha ansvaret for utdeling av dei nye Kavli-prisane.

Tilskottet til *Vitenskaplege fond* gjeld administrasjon av Nansenfondet, Det vitenskapelige forskningsfond av 1919 samt Institutt for sammenlignende kulturforskning.

Tilskottet til Christian Michelsens Institutt går til menneskerettsforskninga ved instituttet. Hovudprioriteringane i 2006 har vore publikasjonar, seminar og foredrag for å skape debatt i det offentlege rom omkring spørsmål om menneskerettar. Forskningsaktivitetane har vore sentrert rundt følgjande emne: ytringsfridom, menneskerettar i nord-sør-relasjonar, plikter og praksis med omsyn til menneskerettar i næringslivet og helseetikk.

Egede Instituttet skal drive forskning og gi informasjon om misjon og tilgrensande fagområde samt tene kyrkjer, organisasjonar, teologiske fakultet og institusjonar for utdanning av misjonærar. Instituttet har vore involvert i ei rekkje ulike forskingsprogram i 2006.

Budsjettforslag for 2008

Departementet foreslår å auke løyvinga til DNVA nominelt med 6,5 mill. kroner til å planleggje og gjennomføre utdelinga av Kavli-prisane. Departementet foreslår vidare å auke grunnløyvinga til Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim og Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse med til saman om lag kr 300 000. For dei andre institusjonane foreslår departementet at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2007.

Tabell 4.14 Løyvingar til private vitskapelege institusjonar og tiltak (i 1 000 kroner)

Institusjon	2006	2007	2008
Senter for grunnforskning	14 214	14 770	15 400
Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo	2 900	6 650	13 150
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim	180	184	340
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse	205	208	365
Vitskapelege fond	135	140	145
Christian Michelsens Institutt	1 220	1 250	1 300
Egede Instituttet	305	315	328
Sum	19 159	23 517	31 028

Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris

Niels Henrik Abels minnefond vart oppretta 1. januar 2002 med det formål å dele ut ein internasjonal vitskapeleg pris for framifrå matematisk forskning. Fondet skal òg medverke til å auke interessa for matematikk og realfag i samfunnet, særleg blant barn og unge. Prisbeløpet er på 6 mill. kroner, og blir dekt av avkastninga frå fondet. Resten av avkastninga skal nyttast til ulike arrangement i samband med prisutdelinga, og til aktivitetar retta

mot barn og unge. Avkastninga blir disponert av Det Norske Videnskaps-Akademi. Den femte Abelprisen vart delt ut i Oslo 22. mai 2007. Prisen gjekk til indisk-amerikanske professor Srinivasa S.R. Varadhan for hans grunnleggjande bidrag til sannsynsteori og særleg for å ha skapt ein einskapeleg teori for store avvik.

Avkastninga frå Abel-fondet i 2007 til bruk i 2008 vil vere på 12,4 mill. kroner, jf. kap. 3287 post 85.

Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
80	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond	12 408		
81	Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond	9 105		
85	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond		12 400	12 400
86	Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond		9 100	9 100
	Sum kap. 3287	21 513	21 500	21 500

Kapitlet gjeld avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond og Ludvig Holbergs minnefond, jf. kap. 287 postane 56 og 73.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert bud- sjett 2007	Forslag 2008
21	Særskilde driftsutgifter	6 027	3 970	3 889
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	132 721	131 991	145 522
73	EUs rammeprogram for forskning	743 931	657 786	999 521
75	UNESCO	14 103	13 782	16 171
	Sum kap. 288	896 782	807 529	1 165 103

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga har vore nytta til ulike tiltak innanfor nordisk og internasjonalt utdannings samarbeid. Løyvinga har mellom anna dekt tilskott til Foreningen Norden, kontingent til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD og norsk deltaking i den årlege teikne- og stilkonkurransen Europa i skolen. Løyvinga har òg vore nytta til utgifter i samband med deltakinga i UNESCO.

Løyvinga vil bli nytta på utdanningsområdet til nordisk og internasjonalt samarbeid samt til å dekkje utgifter knytte til deltaking i styret i UNESCO og norsk vertskap for Education for All høgnivåmøte i Oslo i desember 2008. Midlane til Foreningen Norden blir frå 2008 overførte til kap. 225 post 74. Midlane til ASPnet og Europa i skolen blir foreslått overførte til kap. 220 frå 2008.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Målet med satsinga er dels å ta del i avansert forskning som er så ressurskrevjande at det ikkje hadde vore mogleg utan internasjonalt samarbeid, og dels å kunne vere med i utviklinga av nye forskingsområde. Satsinga er eit sentralt verkemiddel for å styrkje kvaliteten på norsk forskning, og deltakinga skal medverke til verdiskaping i norsk nærings- og samfunnsliv.

Løyvinga skal dekkje den norske kontingenten for deltaking i:

- Organisation européenne pour la recherche nucléaire (CERN)
- European Molecular Biology Laboratory (EMBL)
- European Molecular Biology Conference (EMBC)
- European Synchrotron Radiation Facility (ESRF)
- International Agency for Research on Cancer (IARC)

CERN er ein av dei største installasjonane i verda for eksperimentelle studiar innanfor kjerne- og elementærpartikkelfysikk. EMBL driv avansert forskning innanfor molekylærbiologi og bioteknologi. EMBC gir, i samråd med EMBL, støtte til program for utveksling av forskarar innanfor molekylærbiologi. ESRF er eit laboratorium for forskning der ein nyttar synkrotronstråling innanfor ei rekkje disiplin, med vekt på materialforskning. IARC driv kreftforskning knytt til Verdas helseorganisasjon.

Noreg dekkjer mellom om lag ein halv pst. og fem pst. av budsjetta til dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane. Det er ei viktig oppgåve for Noregs forskingsråd å sørge for best mogleg fagleg utbytte av medlemskapen i desse organisasjonane. Mellom anna er det viktig å rekruttere fleire nordmenn til dei internasjonale laboratoria. Forskningsrådet gir midlar til norsk forskning i samband med medlemskapen, såkalla følgjeforskning. Desse midlane går inn i løyvingane til Forskningsrådet på kap. 285 post 52.

Rapport for 2006–07

Arbeidet ved CERN har i dei siste åra vore prega av bygginga av den nye partikkelakseleratoren, Large Hadron Collider (LHC). Anlegget vil gjere det mogleg for vitskapen å bringe fram grunnleggjande ny kunnskap om dei grunnpartiklane og fundamentale kreftene som formar materien og universet. Akseleratoren vil bli klar for drift i 2007, to år seinare enn den opphavlege planen frå 1996.

Den vitskaplege verksemda som følgjer av norsk medlemskap i CERN, blir finansiert gjennom Forskningsrådet. Dei CERN-relaterte prosjekta blir årleg evaluerte av eit internasjonalt panel sett ned av Forskningsrådet. Ekspertpanelet som har vurdert prosjekta, konkluderte med at kvaliteten på dei norske gruppene generelt er høg.

Dei totale midlane til følgjeforskning om CERN-relatert verksemd var på 18 mill. kroner i 2006. Desse er fordelte på tre langsiktige prosjekt knytte

til oppbygging av eksperimenta ATLAS og ALICE på den store akseleratoren LHC. I løpet av året var fire doktorgradsstipendiatar (menn) og fem postdoktorkandidatar (menn) knytte til programmet. Det var 16 norske tilsette ved den faste staben ved hovudkvarteret i Genève i 2006. Dette er noko lågare enn kva ein kan forvente, jamfør storleiken på medlemskontingenten. 13 teknologistudentar nytta ei ordning om opphald ved CERN i samband med diplomoppgåvene sine. Om lag 50 norske forskarar har reist til CERN for å ta del i forskingsprosjekt i løpet av året, i stor grad takk vere midlane til følgjeforskning. Ein person er tilsett som Industry Liaison Officer for Noreg med oppgåve å formidle kontakt mellom CERN og norsk industri med tanke på kontraktar og teknologioverføring.

EMBL er den viktigaste europeiske organisasjonen innanfor molekylærbiologi. Samarbeidet i EMBL og EMBC er av stor verdi for norske forskingsmiljø innanfor livsvitskapane, og EMBL er særleg viktig for rekrutteringa til biofaga i Noreg. Universiteta i Oslo og Bergen har samarbeidsavtalar med EMBL knytt til doktorgradsutdanning, og også Universitetet i Tromsø er engasjert i forskning knytt til EMBL. Sars internasjonale senter for marin molekylærbiologi i Bergen har eit institusjonelt partnerskap med EMBL, som det første i sitt slag i Norden. Vidare vart det oppretta eit nordisk EMBL-tilknytt senter for molekylær medisin i eit nettverk med nodar i Finland, Sverige og Noreg. Ein felles partnerskapsavtale vart signert i oktober 2007. Den norske nasjonale noden ligg ved Universitetet i Oslo, og har ein eigen styringsstruktur og rådgivande vitskapleg komité. Det vart løyvd 5 mill. kroner til opprettinga av noden i 2007, jf. kap. 285 post 52.

Gjennom ESRF, det europeiske anlegget for synkrotronstråling, har norske forskarar god tilgang til å drive materialforskning og bioforskning som krev avansert røntgenstråling. Medlemskapen er organisert gjennom eit nordisk konsortium (NORDSYNC). Norske forskarar er i tillegg med i eit sveitsisk-norsk samarbeid om ei eiga strålelinje (SNBL). Saman med dei andre nordiske partnerane i NORDSYNC har Noreg høg utnytting

av ESRF-medlemskapen. Noregs forskingsråd finansierte i 2006 ein doktorgradsstilling og tre postdoktorstillingar ved norske universitet der forskning ved ESRF og SNBL utgjorde sentrale delar. Noregs forskingsråd overtok 1. januar 2007 som kontraktspartner for SNBL. Som ei følgje av dette fekk programmet for ESRF følgjeforskning utvida mandat, og skifta namn til Program for synkrotronforskning. Programmet vil vare til 2010.

IARC, som er tilknytt Verdas helseorganisasjon (WHO), fokuserer på epidemiologisk så vel som laboratoriebasert forskning, med vekt på studiar av det globale omfanget av kreft og årsaker til og forebygging av sjukdommen. Etter at IARC i 2006 fekk to nye medlemsland, har det no 19 medlemmer. Den største nasjonale nytta av IARC ligg i det generelle bidraget organisasjonen gir til kreftforskninga. Som felles organ for alle kreftregister har IARC eit unikt oversiktsmateriale over forekomsten av kreft i verda som forskarane kan nytte. Materialet er også nyttig for styremaktene i helsepolitiske avgjerder. I den nye femårige strategiplanen for IARC er fokus på område som har større nytte av globalt tverrfagleg samarbeid enn av arbeid på nasjonalt nivå. Administrativt har IARC teke initiativ til å styrkje arbeidsforma si med betre etiske vurderingar, og ei større merksemd på habiliteten til alle deltakarane. I Noreg er det i første rekkje Forskringsrådet, Kreftregisteret, Nasjonalt folkehelseinstitutt og Radiumhospitalet som tek del i samarbeidet. Norske miljø har vore aktive både i forskings- og styrearbeid i IARC.

Budsjettforslag for 2008

Kontingentkrava for 2008 er enno ikkje fastsette, og budsjettforslaget for 2008 er derfor basert på vedtekne kontingentar for 2007. Kontingentane avheng mellom anna av nettonasjonalinntekta i medlemslanda. Departementet foreslår at løyvinga blir nominelt auka med 13,5 mill. kroner. Endringa er knytt til at Norges del av kontingenten til CERN er auka som følgje av ein auke i Noregs nettonasjonalinntekt.

Tabell 4.15 Løyvingar til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar (i 1 000 kroner)

Organisasjon	2006	2007	2008
CERN	97 685	109 893	122 149
EMBL	10 524	10 366	11 588
IARC	5 582	6 491	5 990
ESRF	3 571	3 448	3 702
EMBC	1 732	1 793	2 093
SUM	119 094	131 991	145 522

Post 73 EUs rammeprogram for forskning

EUs rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar er den største finansieringsforpliktinga Noreg har innanfor internasjonalt forskningssamarbeid. Med basis i EØS-avtalen deltek norske forskingsmiljø og verksemder på lik linje med EUs medlemsland i EUs rammeprogram. Målet med norsk deltaking i det sjuande rammeprogrammet er å fremme internasjonalisering og kvalitet i norsk forskning samt forsterke nasjonalt prioriterte område innanfor forskning og teknologi gjennom å utvikle samspill og meirverdi mellom nasjonale satsingar og deltaking i det europeiske forskingsområdet. Vidare er det eit mål å medverke til kunnskapsbasert innovasjon og fornying i norsk nærings- og samfunnsliv. EUs sjuande rammeprogram følgjer etter EUs sjette rammeprogram, som vart avslutta i 2006. Fleire av prosjekta i det sjette programmet vil likevel fortsette ut over 2006. Kunnskapsdepartementet vil leggje til rette for ei evaluering av norsk deltaking i det sjette rammeprogrammet hausten 2007.

Rapport for 2006–07

For norske forskingsmiljø og norsk næringsliv er det av stor nytte å delta i rammeprogrammet. Deltakinga inneber at norske forskingsinstitusjonar og norsk næringsliv tek del i den internasjonale kunnskapsutviklinga gjennom prosjektsamarbeid. Deltakinga gir òg tilgang på viktige internasjonale nettverk for deltakarane, og næringslivet får nye kommersielle utsikter.

Førebelse tal frå Noregs forskingsråd tyder på at norske forskingsmiljø har fått god uttelling i det sjette rammeprogrammet. Norske aktørar deltek i om lag 830 prosjekt som totalt involverer nærmare 4 500 norske forskarar og med deltakarar frå over 100 land. Noreg deltek dermed i om lag 10 pst. av alle prosjekt i rammeprogrammet. Når det gjeld suksessrate, det vil seie forholdet mellom innsende søknader og godkjende søknader, ligg søknader

med norsk deltaking 10 prosentpoeng høgre enn snittet for EU-landa (respektive 28 mot 18 pst.).

Innanfor dei tematiske programma, som utgjer hovuddelen av budsjettet for det sjette rammeprogrammet, er det særskilt god norsk deltaking innanfor miljø, transport, samfunnsfaglege område, matvarar og energi. Marin og maritim forskning finst i fleire delar av det sjette rammeprogrammet, og utgjer vel ein tredel av den samla norske deltakinga i programmet. Auka norsk deltaking innanfor områda helse, IKT og nanovitskap, nanoteknologi og materialar, og betre bruk av ordningar for forskarmobilitet og forskingsinfrastruktur, vil bli vurderte i det sjuande rammeprogrammet.

Det sjette rammeprogrammet fekk nye tiltak og verkemiddel for sterkare samarbeid mellom nasjonale forskingsprogram. Det var i 2006 norsk deltaking i 44 av 106 såkalla ERA-NET, som inneber koordinering av nasjonale forskingsaktivitetar ved at program med nasjonal finansiering blir knytte saman. Noregs forskingsråd deltek i 32 ERA-NET. Det er i første rekkje departementa og dei forskingsfinansierande organa i Europa som deltek i desse aktivitetane. Dei får støtte frå Kommisjonen til nettverksbygging, men ikkje til sjølve forskinga.

Budsjettforslag for 2008

Samla budsjett for det sjuande rammeprogrammet for perioden 2007–13 er på om lag 50,5 mrd. euro. Den samla norske kontingenten er berekna til om lag 9,3 mrd. kroner. Kontingenten er avhengig av utviklinga i bruttonasjonalproduktet i deltakarlanda og endringar i valutakurs. Kvart rammeprogram har til nå dekt om lag fire år, medan prosjekta ofte strekkjer seg over ein lengre periode. Dei norske utbetalingane i 2008 vil omfatte utbetalingar som står att for det femte og det sjette rammeprogrammet, og eit førebuande program for tryggleiksforsking, samt utbetalingar for deltaking i det sjuande rammeprogrammet. Dei norske kostnadene i 2008 vil utgjere om lag 1 mrd. kroner.

Post 75 UNESCO

UNESCO, FNs særorganisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon, har til hovudoppgåve å medverke til fred og sikkerheit ved å fremme internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen.

Løyvinga gjeld Noregs kontingent for medlemskap i UNESCO og tilskott til World Heritage Fund. Gjennom medlemskapen kan Noreg ta i vare nasjonale synspunkt i UNESCO-arbeidet. Tilskottsmottakar er UNESCO, som har hovudkontor i Paris.

UNESCOs eksekutivråd møter to til tre gonger i året og er høgste instans mellom generalkonferansane, som blir haldne kvart anna år. Under UNESCOs generalkonferanse hausten 2005 vart Noreg vald inn i eksekutivrådet som ein av 58 statar. Noreg har plass i rådet fram til hausten 2009 og samarbeider nært med dei andre nordiske landa om å fremme ei felles nordisk linje i viktige saker.

Rapport for 2006–07

Løyvinga har vorte nytta til å sikre norsk deltaking i UNESCO gjennom å dekkje den norske medlemskontingenten. I 2006 har Noreg vore aktivt medlem i to vitenskaplege UNESCO-program og komitear. Noreg har elles vore særleg aktiv for å fremme UNESCOs koordinerande arbeid med det globale utdanningsinitiativet Education for All (EFA). Dette arbeidet vil halde fram i 2008 mellom anna med vekt på temaet migrasjon og godkjenning av utdanning og med ansvar for å gjennomføre eit High Level Group-møte om EFA i Noreg. Temaet for dette høgnivåmøtet er finansiering og styring av EFA-prosessen. Noreg har òg delteke som einaste nordiske representant i ei ekspertgruppe som har vurdert UNESCOs arbeid og rolle innanfor vitenskap i 2006 og 2007.

Budsjettforslag for 2008

Løyvinga dekkjer forpliktingane til kontingent i 2008.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2006	budsjett 2007	2008
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	3 525	3 445	4 043
	Sum kap. 3288	3 525	3 445	4 043

Løyvinga på post 04 gjeld innanlandske kostnader som etter statistikkdirektiv til OECD blir definerte som offentleg utviklingshjelp.

Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
2410	Statens lånekasse for utdanning	26 065 096	28 492 510	29 754 909	4,4
	Sum kategori 07.80	26 065 096	28 492 510	29 754 909	4,4

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
5310	Statens lånekasse for utdanning	12 597 490	14 052 098	15 449 200	9,9
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	3 260 528	4 243 000	6 113 000	44,1
	Sum kategori 07.80	15 858 018	18 295 098	21 562 200	17,9

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>	265 736	274 118	281 693	
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	31 621	31 621	101 512	
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 379 980	4 529 561	4 326 200	
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	2 579 369	2 818 292	2 776 800	
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	420 314	461 066	453 325	
72	Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>	929 385	1 317 000	1 754 050	
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	317 361	270 780	176 100	
74	Tap på utlån	432 022	504 100	447 300	
75	Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	5 663	5 972	6 229	
90	Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>overslagsløyving</i>	16 703 645	18 280 000	19 431 700	
	Sum kap. 2410	26 065 096	28 492 510	29 754 909	

Formålet med utdanningsstøtteordningane er mellom anna å medverke til at alle skal ha like høve til utdanning uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsevne og økonomiske og sosiale forhold. Dette formålet er retningsgivande når departementet utviklar utdanningsstøtteordningane. Utdanningsstøtta skal vere tilstrekkeleg til at alle står fritt i val av utdanning. Vidare skal utdanningsstøtteordningane medverke til å sikre samfunnet tilgang på nødvendig og kompetent arbeidskraft. Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) administrerer stipend- og låneordningane som er heimla i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte.

Rapport for undervisningsåret 2006–07

Ein stor del av ungdom og vaksne i Noreg tek utdanning. Støtteordningane gjennom Lånekassen er ein viktig føresetnad for å gjere dette mogleg. Lånekassen har om lag 780 000 kundar. Av desse er om lag 506 200 i tilbakebetalingsfasen. I undervisningsåret 2006–07 var det om lag 415 700 elevar og studentar med støtterett i Lånekassen. Av desse fekk 271 273 støtte frå Lånekassen. Dette er 5 399 færre enn i undervisningsåret 2005–06.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var i undervisningsåret 2006–07 på 17 212 mill. kroner. Av dette vart 3 060 mill. kroner utbetalt som stipend, sjå tabell 4.18 for fordeling på dei ulike stipendformene. 14 152 mill. kroner vart i undervisningsåret 2006–07 utbetalt som lån.

Tabell 4.16 Hovudtal for dei fire siste undervisningsåra

	2003–04	2004–05	2005–06	2006–07
Tal på elevar/studentar i utdanning med rett til å søkje støtte	404 000	413 000	420 300	415 700
Tal på støttemottakarar	262 885	274 438	276 672	271 273
Tal på stipendsøkjjarar	285 564	298 455	300 726	296 000
Tal på stipendmottakarar	254 893	171 089	145 386	143 457
Tal på lånesøkjjarar ¹	180 232	189 324	191 470	187 659
Tal på lånemottakarar	195 248	203 978	201 643	195 336
Totalt utbetalt stipend og lån (i mill. kroner)	16 122	16 798	16 895	17 212
Sum stipend (i mill. kroner)	6 376	3 224	3 133	3 060
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	25 015	18 841	21 549	21 333
Sum lån (i mill. kroner)	9 746	13 574	13 762	14 152
Gjennomsnittslån (i kroner)	49 916	66 547	67 912	72 084

¹ Talet på låntakarar er høgre enn talet på lånesøkjjarar hovudsakleg grunna at dei som er omfatta av støtteordninga for høgre utdanning m.m. og som berre søker utdanningsstipend, får støtta utbetalt som lån. Desse blir registrerte som låntakarar, men ikke som lånesøkjjarar i systema til Lånekassen.

Frå undervisningsåret 2004–05 blir heile basisstøtta for dei som er omfatta av støtteordninga for høgre utdanning m.m., utbetalt som lån. Inntil 40 pst. av støttebeløpet kan bli konvertert til stipend når utdanninga det er gitt støtte til, er gjennomført. Det er mogleg å få konvertert lån til stipend inntil åtte år etter at lånet vart gitt. Lånekassen har fullmakt til å dekkje utgiftene knytte til konverteringa ved å trekkje midlar frå eit fond (Konverteringsfondet). I dei årlege statsbudsjetta blir det løyvd midlar til dekning av framtidig konvertering frå lån til stipend gjennom ei avsetning til Konverteringsfondet. Det årlege nivået på løyvinga

er basert på eit estimat over kor stor del av årleg utbetalt lån som ein antek blir omgjord til stipend i løpet av dei neste åtte åra. Ordninga med konverteringsstipend er hovudforklaringa på at talet på stipendmottakarar, stipendutbetalingar og gjennomsnittsstipend er lågare, medan låneutbetalingane er høgre enn før ordninga vart innført, sjå tabell 4.16. Delar av låna vil bli gjorde om til stipend på eit seinare tidspunkt, når utdanninga er gjennomført.

Utgiftene til stipend som oppstår ved konvertering av lån, blir ikkje førde i Lånekassens rekneskap, men blir fakturerte og belasta Konverte-

ringsfondet månedleg. Utgiftene til stipend slik dei kjem fram på kap. 2410 post 70 i Lånkassens rekneskap, inkluderer derfor ikkje lån som er konverterte til stipend under konverteringsordninga. Skal ein få ei total oversikt over dei samla stipend-utgiftene, må lån som er gjorde om til stipend leggjast til stipendutgiftene som kjem fram i Lånkassens rekneskap. Ved å sjå kap. 5310 post 93 og kap. 2410 post 70 i samanheng, ser ein dette.

For 2006 vart om lag 3,0 mrd. kroner, betalte ut som stipend. Om lag 3,9 mrd. kroner vart konver-

terte frå lån til stipend under konverteringsordninga, sjå omtale under kap. 5310 post 93. Dei samla utgiftene knytte til stipend i 2006 vart dermed om lag 6,9 mrd. kroner. Avsetning til framtidig konvertering av lån til stipend for utdanning gjennomført i 2008 blir budsjettert på kap. 2410 post 50. For 2008 anslår ein at det vil bli betalt ut om lag 3,2 mrd. kroner i stipend, og at det vil bli konvertert lån til stipend tilsvarande om lag 4,2 mrd. kroner. Dei samla utgiftene til stipend er med dette anslått til om lag 7,4 mrd. kroner i 2008.

Tabell 4.17 Hovudtal for tilbakebetaling dei fem siste åra

	2002	2003	2004	2005	2006
Tal på tilbakebetalande låntakarar	464 951	466 745	476 130	492 077	506 241
Renteberande lån (i mill. kroner)	51 193	53 400	56 222	60 066	64 036
Renter (i mill. kroner)	3 298	3 200	2 704	2 337	2 337
Avdrag (i mill. kroner)	4 124	4 100	4 125	4 413	5 021
Ettergitt/avskrive (i mill. kroner)	444	439	455	402	299
Rentestønad (i mill. kroner)	1 494	1 589	882	774	929
Uteståande lån (i mill. kroner)	69 427	73 578	79 579	84 826	89 227
Uteståande renter (i mill. kroner)	3 187	3 193	2 699	2 408	2 269

Tabell 4.18 Fordeling av ulike stipendformer dei to siste undervisningsåra

	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2005–06	2006–07	2005–06	2006–07
Grunnstipend	60 842	60 485	794	805
Bustipend	34 859	34 434	1 116	1 104
Læremiddelstipend	62 702	62 397	208	207
Flyktningsstipend	1 209	1 182	51	55
Stipend til skolepengar/gebyrstipend	10 449	9 797	295	243
Tilleggsstipend	421	624	13	17
Språkstipend	872	676	13	10
Reisestipend, innland og Norden	36 491	41 224	53	53
Reisestipend utanfor Norden	17 878	17 020	110	105
Reisestipend i Noreg til utanlandsstudentar	4 019	4 665	4	4
Reisestipend, kvoteordninga	769	816	5	5
Omgjering av lån til stipend ved sjukdom	938	809	19	17
Fødselsstipend	3 681	4 110	190	221
Forsørgjarstipend	17 145	13 857	262	212
Totalt	252 275	252 096	3 133	3 058

Budsjettforslag for 2008

Endringer i støttebudsjettet for Lånecassen har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Støttebudsjettet blir derfor omtalt samla nedanfor. Administrasjonsbudsjettet i Lånecassen og moderniseringa av verksemda er behandla samla under kap. 2410 post 01 og kap. 2410 post 45.

Forslag til endringar i forskriftene til utdanningsstøtteleven som skal gjelde frå 1. januar 2008 (forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter) og frå undervisningsåret 2008–09 (forskrift om tildeling av utdanningsstøtte), blir sende på alminneleg høring medio oktober 2007. Forslaget til forskrift er i tråd med budsjettforslaget.

Regjeringa foreslår at alle satsar i utdanningsstøtteordningane blir prisjusterte med 2,5 pst. frå undervisningsåret 2008–09, tilsvarende den forventede auken i konsumprisindeksen. Foreslåtte løyvingendringar ut over dette skyldast som hovudregel endra tal på støttemottakarar og/eller endra renteforesetnader.

For at tilbakebetalingsfasen skal bli meir føreseieleg for kundane, innfører Regjeringa frå 1. januar 2008 moglegheit til å inngå avtale om ti års fastrente i Lånecassen.

Departementet fremmer forslag om endring i regelverket for behovsprøving av rentefritak på utdanningslån, og ettergiving som blir gitt på grunn av uførleik. Omlegginga inneber at betalingslettene skal behovsprøvast mot brutto årsinntekt (person- og kapitalinntekt på skattelikninga) til låntakaren, mot dagens ordning med behovsprøving mot brutto månadsinntekt.

Tiltaket vil innebere ei forenkling av dokumentasjonskrava overfor låntakarane, styrkt kontroll, omfordeling mot personar med langvarig låg inntekt og administrativ forenkling for Lånecassen.

Endringane blir innretta slik at dei vil vere kostnadsnøytrale. Endringane inneber likevel ei faseforskyving som medfører eit eingongs mindrebehov i 2008 på 132 mill. kroner, fordelte med om lag 88 mill. kroner på kap. 2410 post 72 og om lag 44 mill. kroner på kap. 2410 post 73. Ut over dette er det inga endring i høve til løyvinga som ville vore foreslått med dagens regelverk.

Det blir vist til omtale av Regjeringas satsing på gratis læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring under programkategori 07.20. Fylkeskommunen har ansvar for at elevane får nødvendige trykte og digitale læremiddel. I tillegg får elevane eit ikkje-behovsprøvd stipend gjennom Lånecassen som skal vere med å dekkje utgifter elevane har til andre læremiddel og nødvendig individuelt utstyr. Den tidlegare ordninga med behovsprøvd stipend

til læremiddel blir innført for det trinnet som blir omfatta av ordninga med gratis læremiddel. Den gradvise innføringa av ordninga held fram, og omfattar for undervisningsåret 2008–09 elevar i vidaregåande trinn 3 (Vg3). Målt mot gjeldande løyving i 2007 aukar utstyrsstipendet samla i 2008 med 40 mill. kroner medan det gamle læremiddelstipendet blir utfasa med 61 mill. kroner. Netto mindrebehov målt i høve til 2007 er 21 mill. kroner.

Budsjettforslaget for postane 50–90 gjeld for budsjettåret 2008, men Lånecassen må gi tilsegn om utdanningsstøtte for heile undervisningsåret 2008–09. Det er såleis ein føresetnad at Stortinget ved behandlinga av budsjettet for 2008 tek stilling til heile undervisningsåret 2008–09, og at Lånecassen kan gi tilsegn om slik støtte, jf. forslag til vedtak III nr. 2.

Kap. 2410 post 71 er auka med om lag 24,6 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av kap. 228 post 70 på grunn av at tilskott til delvis dekning av skolepengar er flytta til dette budsjettkapitlet.

Med unntak av endringane som er nemnde ovanfor blir det foreslått å vidareføre utdanningsstøtteordningane frå undervisningsåret 2007–08 i undervisningsåret 2008–09.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 45 og Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på post 01 omfattar midlar til drift av Lånecassen. Løyvinga på post 45 omfattar midlar til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, mellom anna kostnader i samband med fornyingsarbeidet i Lånecassen.

Rapport for 2006–07

Lånecassen har i 2006 halde fram med det langsiktige arbeidet med å fornye tenestetilbodet for kundane gjennom auka utbygging av elektroniske løysingar og sjølvbeteningsløysingar. Til dømes kan dei fleste kundegrupper søkje om lån elektronisk, ein kan søkje om betalingsutsettjing elektronisk, og ein kan motta årsoppgåve elektronisk. Talet på kundar som nyttar elektroniske tenester, auka i 2006 i høve til 2005, sjå omtale nedanfor. Betre elektroniske løysingar gjennom nettstaden «lånecassen.no» og sjølvbeteningsportalen «Dine sider» medverkar til å redusere talet på manuelle saker i Lånecassen. I 2006 vart det registrert nær 4 mill. besøk på nettstaden til Lånecassen. Dette er ein auke på om lag 32 pst. i høve til 2005. Tilsvarende hadde sjølvbeteningsportalen «Dine sider» ein auke på om lag 29 pst. frå 2005 til 2006.

Lånekassen har i hovudsak oppfylt resultatkrava som vart stilte til verksemda for 2006. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for både tildelings- og tilbakebetalingssaker var kortare i 2006 enn i 2005. Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader om tildeling av utdanningsstøtte var åtte dagar i 2006, mot ni dagar i 2005. For søknader om betalingsutsetjing og rentefritak var den gjennomsnittlege behandlingstida ni dagar i 2006, mot tolv dagar i 2005.

49 pst. av kundane søkte om støtte via nettsøknad i 2006, mot 47 pst. i 2005. Dette er ein lågare del enn målsetjinga. Dette skyldast at målet var basert på ei forventning om at det skulle innførast nettsøknad også for elevar i vidaregåande opplæring frå hausten 2006. Etter ei nærmare vurdering av kostnader, nytteverdi og risiko knytte til tilpassingar i Lånekassens IKT-system er det ikkje innført nettsøknad for elevar i vidaregåande opplæring frå hausten 2006. Nettsøknad for elevar i vidaregåande opplæring er i staden planlagt etablert i samband med moderniseringa av IKT-systema i Lånekassen. For tilbakebetalingssaker auka den delen som nyttar nettsøknad, frå 30 pst. i 2005 til 42 pst. i 2006. Talet på kundar som nyttar e-faktura, var ved utgangen av 2006 på 137 000. Dette er ein auke på 91 pst. samanlikna med 2005.

Det blir vist til omtale av arbeidet med IKT-fornyninga i Lånekassen i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Kunnskapsdepartementet og St.prp. nr. 69 (2006–2007). Lånekassen har i 2006 utarbeidd eit nytt styringsdokument og forslag til kostnadsramme for IKT-fornyninga i Lånekassen, sjå omtale under budsjettforslag for 2008.

Lånekassen har i 2006 halde fram med utviklingstiltak som er uavhengige av IKT-fornyninga. I 2006 er det arbeidd med å etablere nye tekniske løysingar for å skanne, lagre, fordele og gjere tilgjengelege alle inngåande dokument i elektronisk form. Løysingane er sette i drift i 2007 og vil føre til lågare ressursbruk knytt til arkivering og flytting av kundemapper, noko som vil medverke til større fleksibilitet i arbeidsflyt og arbeidsdeling.

I Innst. S. nr. 152 (2003–2004) og St.meld. nr. 12 (2003–2004) *Om modernisering av Statens lånekasse for utdanning* vedtok Stortinget å realisere Høgkvalitetsalternativet gjennom moderniseringsstrategien Kjernelånekassen. Moderniseringsstrategien Kjernelånekassen går ut på at Lånekassen skal konsentrere seg om søknadsbehandling, regelverksforvaltning og økonomiforvaltning, og vurdere utkontraktering av andre oppgåver. For å realisere Kjernelånekassen har Lånekassen i 2006 gjennomført fleire tiltak for å utkontraktere oppgåver som fell utanfor kjerneverksemda i Lånekassen, og som andre aktørar

kan utføre med same kvalitet til lågare kostnader. Lånekassen gjennomførte i 2006 eit forprosjekt for å vurdere utkontraktering av print og konvoluttering til Skattedirektoratet. Ei samla vurdering av risiko og kost/nytte i forprosjektet viste at det vil vere meir fordelaktig for Lånekassen å la Skattedirektoratet handtere print og konvoluttering. Overføring av desse oppgåvene til Skattedirektoratet skjer trinnvis frå våren 2007. Frå 1. januar 2006 vart alle innkrevjingsoppgåver knytte til oppsagde lån i Lånekassen overførte til Statens innkrevingsentral (SI), som utfører innkrevjing etter fullmakt frå Lånekassen. Vidare vart ansvaret for drift og vedlikehald av lønssystemet til Lånekassen utkontraktert til Senter for statleg økonomistyring (SSØ) med verknad frå mars 2006.

Mål for 2008

Lånekassen skal forvalte utdanningsstøtteordningane på ein effektiv, påliteleg og kvalitetsmessig god måte. Samstundes skal Lånekassen tilby kundane fleksible, effektive og sikre løysingar. Lånekassen skal gjennomføre moderniseringsarbeidet innanfor dei mål, tids- og kostnadsrammene som er fastsette i grunnlagsdokumenta for prosjektet.

Budsjettforslag for 2008

Det blir vist til omtale av modernisering av Lånekassen i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Kunnskapsdepartementet og i St.prp. nr. 69 (2006–2007). Moderniseringa av Lånekassen omfattar organisasjonsutvikling og prioritering av kjerneoppgåver, tilpassing av arbeidsprosessar, vidareutvikling av regelverket og fornying av IKT-systema. For dei delane av moderniseringa som ikkje gjeld fornying av IKT-systema, er mykje av moderniseringsarbeidet allereie gjennomført, sjå omtale under rapport for 2006–07.

Lånekassen har i 2006 og 2007 utarbeidd nytt styringsdokument og kostnadsramme for fornying av IKT-systema i Lånekassen etter at det førre prosjektet vart stogga våren 2006. Prosjektet vart stogga fordi det ikkje var mogleg å implementere ei ny IKT-løysing innanfor dei tids- og kostnadsrammene som vart lagde til grunn for løyvinga frå Stortinget i 2006, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2005–2006) og St.prp. nr. 1 (2005–2006) for Utdannings- og forskingsdepartementet. I arbeidet med nytt styringsdokument og kostnadsramme har det vorte fokusert på å redusere risikoen knytt til både gjennomføring og kostnadskontroll i høve til prosjektet som vart avslutta i 2006. Både departementet og Lånekassen har engasjert eksterne kvalitets-

sikrerar i arbeidet med nytt styringsdokument og ny kostnadsramme.

Styringsdokumentet er basert på det målbiletet som vart skissert i St.meld. nr. 12 (2003–2004). Målet med fornyinga er å redusere risikoen i dagens IKT-system i Lånekassen, samt å betre servicen overfor kundane gjennom mellom anna kortare saksbehandlingstid, fleire interaktive tenester og betre tilgjenge på telefon og e-post. Røynslene frå arbeidet med IKT-fornyinga som vart avslutta i 2006, har allikevel vist at det er naudsynt å gjere enkelte endringar i høve til nokre av føresetnadene som vart lagde til grunn i St.meld. nr. 12 (2003–2004). Dette gjeld gjennomføringsperiode, bruk av standardssystem og kostnader.

I det reviderte styringsdokumentet blir det lagt til grunn at IKT-fornyinga vil vere gjennomført ved utgangen av 2011. Forlenginga av gjennomføringsperioden skyldast at det no blir lagt opp til ein gjennomføringsstrategi med trinnvis innfasing av nye system og migrering frå eksisterande til ny løysing i fleire fasar. Dette inneber at ein i periodar vil drifte delar av eksisterande og nye IKT-system parallelt. Strategien er valt for å minimere den samla risikoen knytt til stabil drift av eksisterande system, og overgangen frå eksisterande til ny IKT-løysing. Samstundes legg strategien til rette for god kostnadskontroll i gjennomføringsfasen.

I St.meld. nr. 12 (2003–2004) vart det lagt til grunn at IKT-fornyinga skulle baserast på standardssystem. Gjennom arbeidet med prosjektet som vart avslutta i 2006, vart det klart at det ved bruk av standard systemkomponentar ikkje er mogleg å etablere ei ny IKT-løysing som dekkjer dei krava Lånekassen har til funksjonalitet. Det blir derfor lagt opp til at standardssystem skal nyttast i den grad det er kostnadseffektivt i eit livssyklusperspektiv. For funksjonar som ikkje kan løysast kostnadseffektivt med standardssystem, blir det utvikla spesialsystem for Lånekassen.

Samla kostnadsramme for prosjektet, i tråd med føringane nemnde ovanfor og med 85 pst. sikkerheit mot overskridingar, er fastsett til 745 mill. kroner. Styringsramma for prosjektet, med 50 pst. sikkerheit mot overskridingar, er fastsett til 627,6 mill. kroner. Differansen mellom kostnadsramma og styringsramma utgjer usikkerheitsavsetninga for prosjektet. Usikkerheitsavsetninga skal disponerast av departementet. Kostnadsauken i høve til den førre kostnadsramma for prosjektet er mellom anna knytt til auka estimat for leveransar, høgre timeprisar, lengre gjennomføringstid og behov for betre systemintegrasjon. Vidare er interne ressursar i Lånekassen, i hovudsak lønn til tilsatte som arbeider med prosjektet, inkluderte i kostnadsramma. Desse ressursane vart ikkje inklu-

derte i den førre kostnadsramma som vart lagd fram.

Kostnadsramma og dei sentrale styringsdokumenta som omtaler prosjektet, er kvalitetssikra i tråd med krav og metodar som gjeld ved ekstern kvalitetssikring av store investeringsprosjekt i staten (KS2).

Det er lagt til grunn at IKT-fornyinga skal finansierast dels med gevinstrealisering og omdisponeringar innanfor budsjettet til Lånekassen og dels med tilleggsøyvingar over statsbudsjettet. Behovet for tilleggsøyving over statsbudsjettet er anslått til 429,1 mill. kroner i prosjektperioden. Resterande 315,9 mill. kroner blir dekte innanfor den eksisterande budsjettamma til Lånekassen.

For 2008 foreslår Regjeringa ei startløyving til prosjektet med 69,1 mill. kroner over kap. 2410 post 45. Eigenfinansiering til Lånekassen utgjer 62 mill. kroner i 2008. Samla finansiering utgjer med dette 131,1 mill. kroner i 2008. Sjå forslag til vedtak III nr. 5.

Det blir foreslått å vidareføre løyvinga på post 01 på same nivå som i 2007. Ein legg som tilleggare opp til at nokre av midlane på posten skal disponerast av departementet, og mellom anna nyttast til arbeid i samband med oppfølging av moderniseringsprosjektet for Lånekassen. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 5310 post 03, jf. forslag til vedtak II nr 1.

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Heile basisstøtta til elevar og studentar blir utbetalt som lån, og inntil 40 pst. av basisstøtta kan bli konvertert frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført, jf. forslag til vedtak III nr. 3. Ordninga gjeld ikkje for unge elevar i vanleg vidaregåande opplæring. Løyvinga på post 50 skal dekkje avsetning til framtidige utgifter ved å konvertere lån til stipend ved gjennomført utdanning.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal dekkje utdanningsstipend i støtteordninga for unge elevar som tek vanleg vidaregåande opplæring med rett etter opplæringslova § 3-1, samt forsørgjarstipend, fødselsstipend, sjukestipend og flyktningstipend.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld tilskott til reiser (reisestipend), skolepengar i land utanfor Norden (skolepengestøtte og tilleggsstipend), førebuaende språk-

kurs i utlandet og skolepengar til elevar ved utenlandske eller internasjonale skolar.

Post 72 Rentestønad, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer kostnaden av at studielåna er rentefrie i studietida, og av at regelverket gir høve til rentefritak på særskilde vilkår i samband med tilbakebetalinga. Rentestønaden er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med.

Det blir foreslått å vidareføre rentemarginen på eitt prosentpoeng.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utgifter i samband med ulike ordningar med avskrivning av utdanningslån i Lånekassen, jf. kap. 5310 post 91. Til dømes kan ein få avskrive delar av utdanningslånet etter den såkalla Finnmarksordninga.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekkjer avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån.

Låna blir avskrive rekneskapsmessig som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevingssentral.

Post 75 Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet

Løyvinga blir nytta til informasjonstiltak retta mot norske studentar i utlandet, mellom anna tilskott til informasjonsarbeidet til Association of Norwegian Students Abroad (ANSA). Løyvinga skal òg dekkje utgifter knytte til tilrettelegging for studium i utlandet.

Post 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer det totale behovet som Lånekassen har for innlån frå staten til alle låneordningar. Det blir foreslått at ordninga med ekstra lån til studentar som tek eit sommarsemester, blir ført vidare i 2008, jf. forslag til vedtak III nr. 4.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
03	Diverse inntekter	545	98	
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	18 000	18 000	18 000
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	2 292		
18	Refusjon av sjukepengar	3 736		
72	Gebyr	130 263	124 000	123 000
90	Avdrag og renter	7 931 277	8 879 000	10 549 700
91	Tap og avskrivningar	591 249	567 000	504 600
93	Omgjering av studielån til stipend	3 920 128	4 464 000	4 253 900
	Sum kap. 5310	12 597 490	14 052 098	15 449 200

Post 03 gjeld i hovudsak refusjon av kostnader som Lånekassen har ved oppdrag for andre verksemder.

Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Post 04 gjeld ettergiving av studielån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Det er Utanriksdepartementet som betaler refusjonen til

Lånekassen over kap. 167 Flyktningstiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA).

Post 72 gjeld gebyr i Lånekassen. Ein foreslår at alle gebyra blir førte vidare med dei same satsane som i 2007. Kundar som vel e-faktura, blir ikkje belasta gebyr ved førstegongsvarsel. Dei som vel papirfaktura, blir belasta eit førstegongsvarsel på kr 35. Gebyr ved andregongsvarsel på kr 280 og tredjegongsvarsel (varsel om oppseiing) på kr 490

vil vere dei same for kundar som bruker e-faktura, som for kundar som vel papirfaktura.

Løyvinga på post 90 gjeld innbetalte avdrag og renter frå kundane til Lånekassen.

Løyvinga på post 91 gjeld tap og avskrivning i Lånekassen, jf. kap. 2410 post 73 og 74.

Post 93 omfattar innbetaling frå eit fond (Konverteringsfondet) til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend, jf. kap. 2410 post 50.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2006	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
80	Renter	3 260 528	4 243 000	6 113 000
	Sum kap. 5617	3 260 528	4 243 000	6 113 000

Løyvinga på posten gjeld renter frå Lånekassen til staten.

Del III
Forsking og utvikling i statsbudsjettet

5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

Innleiing


Regjeringa ønskjer å styrkje Noreg som kunnskapsnasjon. Dette krev ein sterk og langsiktig forskingsinnsats. Regjeringa ønskjer at norsk forskning skal gi ny kunnskap, føre til framtidig verdiskaping og medverke til å løyse viktige utfordringar i samfunnet.

Eit overslag viser at dei samla løyvingane til forskning og utvikling (FoU) i forslaget til statsbudsjett for 2008 er om lag 17,8 mrd. kroner, jf. tabell 5.1. I tillegg foreslår Regjeringa å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner til 66 mrd. kroner. Dette er forventa å gi ei auka avkastning på om lag 300 mill. kroner i 2009.

Utvikling i offentleg og privat forskingsinnsats

Da St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* vart handsama i juni 2005, fatta Stortinget eit oppmodingsvedtak om at «det må foretas evalueringer i de årlige budsjetter av den samlede forskningsinnsatsen og utviklingen av det offentlige og næringslivets andel», jf. Innst. S. nr. 232 (2004–2005).

Detaljert statistikk over norsk FoU-innsats blir utarbeidd annakvart år av Statistisk sentralbyrå (SSB) og NIFU STEP. FoU-statistikken opererer med fire finansieringskjelder: næringslivet, det offentlege, utlandet og andre kjelder. I Noreg vart det i 2005 brukt 29,6 mrd. kroner på forskning og utviklingsarbeid. Det er ein auke på 2,3 mrd. kroner frå 2003.




Figur 5.1 Samla FoU-årsverk per 1 000 sysselsette i utvalde land 2005

Kjelde: OECD – Main Science and Technology Indicators 2007–1.

Dei samla FoU-utgiftene i Noreg utgjorde 1,53 pst. av BNP i 2005. Målt som del av BNP har FoU-innsatsen i Noreg gått ned i høve til 2003, da delen var 1,71 pst. Til samanlikning brukte Danmark i 2005 2,5 pst. av BNP til FoU, Finland 3,5 pst. og Sverige 3,9 pst. Gjennomsnittet for EU-25 er 1,77 pst. Ei viktig årsak til den relative nedgangen i Noreg er at auken i BNP har vore langt sterkare enn i andre land. Medan norsk BNP auka reelt med gjennomsnittleg 7 pst. i perioden 2003–2006, var realauken i heile OECD-området på 2,8 pst. Norden (eksklusiv Noreg) hadde ein gjennom-

snittleg auke i same periode på ca. 2,2 pst. Den sterke auken i Noregs BNP kjem mellom anna som følge av høge oljeprisar, noko som gir auka innskott i Statens pensjonsfond – Utland. Den sterke BNP-auken og dei store innskotta i fondet gjer at det ofte blir teikna eit uriktig bilete av ein låg forskingsinnsats. Talet på forskarårsverk kan gi eit meir nyansert bilete av innsatsen i Noreg. I 2005 hadde Noreg 12,7 forskarårsverk per 1000 sysselsette, noko som er ein åttandeplass i OECD, men lågast i Norden. Sjå figur 5.1.



Figur 5.2 Offentlege FoU-utgifter per innbyggjar i utvalde land 2005

Kjelde: OECD – Main Science and Technology Indicators 2007–1.

Offentleg finansiering

Samanlikningar av den offentlege finansieringa viser òg at den norske forskingsinnsatsen er på et høgt internasjonalt nivå:

- I 2005 finansierte offentlege kjelder forskning for 12,9 mrd. kroner. FoU-utgiftene utgjorde 0,67 pst. av BNP i 2005. Den offentleg finansierte forskingsinnsatsen i Noreg som prosent av BNP ligg omtrent på OECD-gjennomsnittet og over gjennomsnittet for EU-25. Noreg er på nivå med land som Danmark, Nederland, Canada, Sveits og Korea, men ligg eit stykke bak Sve-

rige, Finland og USA, som alle har ein offentleg forskingsinnsats på over 0,8 pst. av BNP.

- Dersom ein ser på offentleg finansierte forskning per innbyggjar ligg Noreg på ein tredje plass i OECD-området. Sjå figur 5.2.


NIFU STEP utarbeider kvart år ein analyse av statsbudsjettet. Analysen viser at om lag 120 kapittel i ulik grad blir nytta til å finansiere forskning. NIFU STEPs analyse av statsbudsjettet gir ein indikasjon på utviklinga i den offentlege FoU-innsatsen etter 2005. Statsbudsjettanalysen inkluderer mellom anna kontingent til EUs rammeprogram for

forskning og utvikling, norsk kontingent til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar og FoU knytta til bistand, som i FoU-statistikken kjem inn under «andre kjelder» og «utlandet». Løyvingane til FoU over statsbudsjettet ligg vanlegvis 8-10 pst. høgre enn offentlege kjelder i FoU-statistikken, og tala kan derfor ikkje samanliknast direkte. I 2006 vart det løyvd 15,7 mrd. kroner til FoU over statsbudsjettet. Det inneber at den offentlege finansieringa av FoU utgjorde om lag 0,73 pst. av BNP i 2006. I 2007 vart det løyvd 16,6 mrd. kroner til FoU over statsbudsjettet. Basert på førebelse tal for BNP i 2007 utgjør det om lag 0,74 pst. av BNP.

I tillegg til direkte FoU-løyvingar kjem tapte skatteinntekter gjennom Skattefunn. Ordninga vart oppretta i 2002 for å stimulere til auka FoU i næringslivet. Ordninga gir næringslivet skattefrådrag for utgifter til FoU, og har vorte eit viktig supplement til løyvingane til næringsretta forskning over statsbudsjettet. I 2006 har Noregs forskingsråd godkjent om lag 4 100 prosjekt som har rett til skattefrådrag dersom dei blir gjennomførde i samsvar med søknadene. Finansdepartementet reknar skatteutgifta (tapte skatteinntekter) av prosjekt som vart gjennomførde i 2006 til om lag 1 050 mill. kroner. Skatteutgifta som påløp i 2005 var på om lag 1,2 mrd. kroner. Skatteutgiften knytta til Skattefunnordninga er ikkje ein utgiftspost i statsbudsjettet, og ordninga blir derfor ikkje fanga opp av statsbudsjettanalysen. Dersom ein legg dei tapte skatteinntektene saman med den offentlege finansieringa over

statsbudsjettet, gir dette ein samla offentlig finansiering av FoU på om lag 16,9 mrd. kroner i 2006. Det utgjør 0,79 pst. av BNP. Eit overslag frå Finansdepartementet viser at skatteutgifta for prosjekt som blir gjennomførte i 2007, blir på om lag 900 mill. kroner. Statistisk sentralbyrå evaluerer effekten av ordninga for åra 2002–06. Evalueringa vil vere ferdig ved årsskiftet 2007/2008. Skattefunn er nærmare omtalt i St.prp. nr. 1 (2007–2008) Skatte-, avgifts- og tollvedtak og i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Nærings- og handelsdepartementet

Regjeringa har som mål å styrkje den offentlege FoU-innsatsen i åra framover. Kunnskapsdepartementets overslag viser at dei samla løyvingane til forskning og utvikling (FoU) i forslaget til statsbudsjett for 2008 er om lag 17,8 mrd. kroner, jf. tabell 5.1 Det er ein nominell auke på om lag 1,2 mrd. kroner i høve til 2007. Basert på førebelse tal for BNP i 2008 utgjør den offentlege finansieringa over statsbudsjettet om lag 0,77 pst. av BNP. Så langt under denne regjeringa har dei offentlege FoU-løyvingane auka med om lag 3,5 mrd. kroner. I tillegg foreslår Regjeringa å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner til 66 mrd. kroner i 2008. Dette er forventa å gi ei auka avkastning på om lag 300 mill. kroner i 2009. Fondet for forskning og nyskaping er ei viktig kjelde til offentlig forskningsfinansiering. Under denne Regjeringa har fondskapitalen vakse med totalt 30 mrd. kroner. Sjå figur 5.3.




Figur 5.3 Kapital i Fondet for forskning og nyskaping

Finansiering frå næringslivet

I 2005 finansierte næringslivet forskning for 13,2 mrd. kroner. Dette utgjorde 0,68 pst. av BNP. Eit overslag syner at næringslivet finansierte FoU for om lag 14 mrd. kroner i 2006. Det gir ein BNP-del på 0,65 pst.

Samla investerer norsk næringsliv mindre i FoU enn mange andre land. Ein viktig grunn til det

er at Noreg har eit næringsliv dominert av verksemdar innanfor næringer som normalt ikkje investerer mykje i FoU. Ein studie utført av OECD for perioden 1999–2002 syner at korrigert for næringslivsstruktur forskar norske verksemdar fjerde mest i OECD-området, berre forbigått av Sverige, USA og Danmark, jf. figur 5.4.



Figur 5.4 Forskingsintensitet i høve til næringsstruktur i OECD-land (1999–2002)

Kjelde: OECD Economic survey of Norway 2007

I ein økonomisk landstudie av Noreg har OECD analysert Noregs komparative innovasjonsinnst. I analysen seier OECD at det offentlege har lagt godt til rette for at næringslivet skal investere meir i FoU. Samanlikna med andre land er verkemidla, og balansen mellom dei, gode. Regjeringa meiner at landet vil vere tent med at dei samla investeringane i FoU aukar, og vil framleis prioritere tiltak som kan utløyse meir FoU i næringslivet. Regjeringa vil gå i dialog med relevante næringslivsaktørar for å få konkrete forslag til korleis det offentlege best kan medverke til å utløyse ein større forskingsinnsats i næringslivet.

Hovudprioriteringar i statsbudsjettet 2008

I tråd med St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* foreslår Regjeringa å styrkje løyvingane til internasjonalisering, grunnforskning, tematiske satsingar og forskingsbasert innovasjon og nyskaping.

Internasjonalisering

Berre ein liten del av kunnskapsproduksjonen i verda skjer i Noreg, og skal Noreg ta del i den globale kunnskapsutviklinga, må norske forskarar samarbeide internasjonalt. Auka internasjonalt forskingssamarbeid skal stimulere til auka vitenskapleg kvalitet, og er viktig for utviklinga av eit konkurransedyktig næringsliv i Noreg. Sidan juni 2007 er Noreg offisiell deltakar i EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar, som går frå 2007 til 2013. Rammeprogrammet er det mest omfattande internasjonale samarbeidet norske forskarar, forskingsmiljø og næringsliv deltek i. Programmet er sjølv flaggskipet i EUs arbeid for å nå måla i Lisboa-strategien om ein kunnskapsbasert økonomi og eit kunnskapsbasert samfunn i Europa. Rammeprogrammet skal fremme og investere i forskning i verdsklasse og medverke til å gjere EU til det leiande forskingsområdet i verda. Totalbudsjettet for rammeprogrammet er på 50,5 mrd. euro. Den norske kontingenten vil utgjere om lag 9,3 mrd. kro-

ner for heile programperioden. Regjeringa foreslår å løyve 342 mill. kroner til auka kontingent til EUs sjuande rammeprogram i 2008. Sjå nærmare omtale under kap. 288 post 73.

Noreg er med i EUs nye rammeprogram for konkurransevne og innovasjon – *Competitiveness and Innovation Framework Programme* (CIP). For heile perioden fram til 2013, vil Noregs kontingent vere 625 mill. kroner. Deltakinga gir norske styresmakter høve til å styrkje samarbeidet med andre europeiske land om å fremme innovasjonsevna i næringslivet.

Gjennom EØS-midlane medverkar Noreg til å utjamne sosiale og økonomiske skilnader i dei nye EU-landa, mellom anna ved å støtte forskingssamarbeid mellom Noreg og mottakarlanda. Polen er det landet som mottok mest av EØS-midlane. Om lag 120 mill. kroner av midlane blir nytta til å styrkje det polsk-norske samarbeidet innan forskning, ved at det er etablert eit nytt forskingsfond innanfor områda helse og miljø. Fondet vil støtte felles polsk-norske forskingsprosjekt og seminar som vil styrkje samarbeidet mellom dei to landa.

Forskning og overvaking i nordområda er viktig for Noreg både politisk, fagleg og forvaltningsmessig. Det internasjonale polaråret (IPY) 2007–08 er ei stor internasjonal satsing innanfor polarforskning der mange nasjonar er aktive, og store ressursar blir sette inn. Regjeringa går inn for å løyve til saman over 320 mill. kroner til IPY over ein fireårsperiode. Regjeringa vil styrkje forskning og utvikling i nordområda gjennom satsinga *Barents 2020*. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til dette med 12,6 mill. kroner til 32,6 mill. kroner. Sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Utanriksdepartementet.

Regjeringa ønsker vidare å styrkje arbeidet med kartlegging av havbotnen gjennom MARE-ANO-programmet (Marin arealdatabase for norske hav- og kystområde). Regjeringa foreslår å styrkje programmet med 9 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2007.

Grunnforskning

Regjeringas mål om å styrkje forskingsinnsatsen krev at ein får fram tilstrekkeleg mange gode forskarar. I alt vart det gjennomført 905 doktordisputasar ved norske institusjonar i 2006. Det er fleire enn nokon gong tidlegare. I dei siste 15 åra har talet på avlagde doktorgradar i Noreg fordobla seg, men auken er likevel svakare enn han har vore i nabolanda våre. For å auke rekrutteringa foreslår Regjeringa å løyve om lag 112 mill. kroner til 350 nye stipendiatstillingar frå hausten 2008. Regjeringa tek sikta på å leggje fram ei stortingsmelding

i 2008, der behova for fornya satsning i forskarutdanninga blir drøfta.

Sjølv om auken i avlagde doktorgradar har vore stor, er det eit problem med forsinka gjennomføring og fråfall i doktorgradsutdanninga. Det er bakgrunnen for at departementet i 2008 vil etablere ei ordning med nasjonale forskarskolar. Formålet med ordninga er å betre kvaliteten på og gjennomføringa av forskarutdanninga i Noreg. Totalt budsjett for ordninga i 2008 blir på 10 mill. kroner.

Oppdatert vitskapleg utstyr og annan infrastruktur er ein føresetnad for å auke kvaliteten i forskinga, og for å fremme norsk forskning som attraktiv i internasjonal samanheng. For å betre infrastrukturen foreslår Regjeringa ei eingongsinvestering på 78 mill. kroner i statsbudsjettet for 2008 til utstyr og annan infrastruktur i universitets- og høgskolesektoren.

Regjeringa foreslår å løyve 15 mill. kroner i 2008 til andre fase av renoveringa av Plantevernbygget i Ås. Renoveringa av bygget, der Bioforsk sin avdeling for plantehelse og plantevern held til, betyr mellom anna at det nasjonale plantevernbiblioteket med litteratur og samlingar igjen kan gjerast tilgjengeleg. Samstundes legg det til rette for meir effektiv drift gjennom samling av aktivitet som tidlegare har vore spreidd. Sjå St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet for nærmare omtale.

Tematiske satsingar

Hav om mat er blant fire tematiske satsningsområde i forskingspolitikken som blir trekte fram i St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*. 1. januar 2008 blir NOFIMA AS etablert som eit næringsretta forskingskonsern ved samanslåing av Akvaforsk AS, Fiskeriforskning AS, Matforsk AS og Norconserv AS. Det nye konsernet med om lag 400 tilsette vil ha hovudkontor i Tromsø og ha forskingsutførande dotterselskap på Ås, i Bergen og i Tromsø. Visjonen for NOFIMA er å auke konkurransekrafta for den land- og havbaserte næringsmiddelindustrien og fiskeri- og havbruksnæringa, gjennom forskning i verdsklasse og verdiaukande tenesteleveransar.

Regjeringa varsla i nordområdestrategien at behovet for isgåande forskingsfartøy skulle greiast ut nærmare. Ei arbeidsgruppe har greidd ut faglege behov samt ulike alternativ for eigarskap, driftsforhold m.m. Regjeringa foreslår i 2008 å løyve 5 mill. kroner over budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet til å dekkje kostnader knytta til prosjektering av eit fartøy.

Marine biprodukt og hittil uutnytta marine ressursar er viktige råstoff for bioteknologisk

næringsverksemd. Regjeringa foreslår å styrkje arbeidet med marin bioprospektering med 5 mill. kroner over budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet.

Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES) overvaker framandstoff i fisk frå dei nordlege havområda og frå oppdrettsnæringa. Regjeringa foreslår å styrkje løyvinga til overvaking og analyse av framandstoff med 3 mill. kroner over budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet.

Langvarig nedbeiting av stortare langs norskekysten og effektar av eit stadig aukande aktivitetspress i kystsona gjer at det er behov for å styrkje den heilskaplege kunnskapen om kystsona og fjordøkologi. Regjeringa foreslår at det innanfor tilskottet til Noregs forskingsråd blir sett av midlar til auka forskingsaktivitet knytt til fjordøkologi i Porsangerfjorden og Hardangerfjorden, med ei samla ramme på 15 mill. kroner over fire år. Havforskningsinstituttet vil vere ein sentral institusjon i dette arbeidet.

Helse blir trekt fram som eit tematisk satsingsområde i St.meld. nr 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*. I mange sektorar i Noreg er behovet for arbeidskraft stort, samtidig som ei stor del av den potensielle arbeidsstyrken er på trygd. På denne bakgrunnen starta Regjeringa i 2007 ei ny forskingssatsing i Noregs forskingsråd om årsaker til sjukefråvær og utstøyting. Måla med satsinga er å få eit meir heilskapleg kunnskapsgrunnlag om årsakene til sjukefråvær og utstøyting frå arbeidslivet, og sikre kunnskap om effektive verkemiddel for å førebygge sjukefråvær og uførleik. Satsinga skal medverke til å nå Regjeringas mål om eit inkluderande arbeidsliv, og medverke til at undervisninga på relevante utdanningar blir meir forskingsbasert. I 2008 ønskjer Regjeringa å styrkje programmet i Forskningsrådet med 20 mill. kroner, jf. kap. 601, post 50 i St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Programmet blir òg finansiert gjennom avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping, og får ei samla ramme på 30 mill. kroner i 2008.

Regjeringa foreslår å styrkje medisinsk, helse- og sosialfageleg forskning monaleg i 2008. Satsinga gjeld mellom anna styrkt stamcelleforskning, rusforskning, forskning på kvinnehelse, innovasjon i helse-sektoren og Helseundersøkinga i Nord-Trøndelag (Hunt3). Vidare foreslår Regjeringa å styrke omsorgsforskinga med 15 mill. kroner, m.a. gjennom etablering av regionale FoU-sentra. Sjå St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Helse- og omsorgsdepartementet for nærmare omtale.

Regjeringa ønskjer å styrkje klimaforskning i utviklingssamanheng. Sjå St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Utanriksdepartementet for nærmare omtale.

Vidare ønskjer Regjeringa å styrkje forskinga om årsaker og samanhengar i kriminalpolitikken med 3 mill. kroner. Midlane skal mellom anna gå til forskning i kriminalomsorgen og forskning på bruk av DNA-teknologi i etterforskning. Sjå St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Justisdepartementet for nærmare omtale.

Forskningsbasert innovasjon og nyskaping

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til maritim forskning og innovasjon med 60 mill. kroner, med særleg vekt på miljøområdet. Innanfor denne satsinga foreslår Regjeringa å styrkje løyvinga til Maroff-programmet i Noregs forskingsråd med 35 mill. kroner. Av dette vil 5 mill. kroner gå til innovasjonsområdet *krevjande miljøvennlege maritime operasjonar* i nordområda og 5 mill. kroner til innovasjonsområdet miljø. Av løyvinga til Maroff foreslår Regjeringa vidare at 25 mill. kroner skal nyttast til oppgradering av maritim forskingsinfrastruktur. Dette skal medverke til å realisere Maroffs nye innovasjonsområde. Under Innovasjon Noreg skal det setjast av 25 mill. kroner til miljøprosjekt i dei maritime næringane og utvikling av nærskipsflåten. Midlane vil kunne nyttast både til tilskott og til å sikre at den nye innovasjonslæneordninga i Innovasjon Noreg vil kunne bli teken i bruk for nærskipsfarten og maritime miljøprosjekt. Sjå St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Nærings- og handelsdepartementet for nærmare omtale.

Over Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjett foreslår Regjeringa å auke løyvingene til Gassmaks-programmet for forskning på industriell bruk av naturgass med 14 mill. kroner og løyvingene til programmet Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) med 10 mill. kroner. Det er ei utfordring å sikre forskarrekuttering til næringslivet. Nærings- og handelsdepartementet foreslår derfor at det innanfor BIA blir sett av midlar til forskarrekutteringsstipend knytta til næringsorienterte doktorgradar innanfor teknologiske fag. Regjeringa foreslår å auke løyvingane til forskings- og utviklingskontraktar i Innovasjon Noreg med 5 mill. kroner i 2008.

Overlag over FoU-løyvingane i statsbudsjettet

På bakgrunn av NIFU STEP's statsbudsjettanalyse frå 2007 har Kunnskapsdepartementet gjort eit overlag over samla løyvingar til forskning og utvikling i statsbudsjettet for 2008. Eit slikt overlag viser at dei samla FoU-løyvingane i forslaget til statsbudsjett for 2008 er om lag 17,8 mrd. kroner, jf. tabell 5.1.

Tabell 5.1 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet (i mill. kroner)

Departement	Saldert budsjett 2007 ¹	Forslag 2008	Endring 2007–08 (i pst.)
Utanriksdepartementet	535	591	9
Kunnskapsdepartementet	8 517	9 297	8
Kultur- og kyrkjedepartementet	104	114	9
Justis- og politidepartementet	28	31	11
Kommunal- og regionaldepartementet	166	177	6
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	175	194	10
Helse- og omsorgsdepartementet	1 656	1 783	7
Barne- og likestillingsdepartementet	72	86	17 ²
Nærings- og handelsdepartementet	1 505	1 597	6
Fiskeri- og kystdepartementet	705	743	5
Landbruks- og matdepartementet	520	527	1
Samferdsledepartementet	234	244	4
Miljøverndepartementet	451	478	6
Fornyings- og administrasjonsdepartementet ³	215	183	-17 ⁴
Finansdepartementet	85	90	5
Forsvarsdepartementet	885	885	0
Olje- og energidepartementet	503	502	0
Statsbankane	267	273	2
Totalt	16 622⁵	17 795	7

¹ Kjelde: Statsbudsjettanalysen 2007, NIFU STEP

² Tala er ikkje heilt samanliknbare. Auken er noko mindre enn det som går fram.

³ Sentralt innbetalte innskott i Statens pensjonskasse er ikkje medrekna. Dette utgjorde 24 mill. kroner i 2007.

⁴ Det blir rekna FoU-delar av løyvingar til bygg som blir nytta til forskningsformål. Nedgangen skriv seg frå reduserte byg-
gjeløyvingar i universitets- og høgskolesektoren.

⁵ Tala for 2007 er oppjusterte med omlag 350 mill. kroner i høve til St.prp. nr. 1 (2006–2007) som følgje av endra utrekning av midlar til helseforskning.

Budsjettproposisjonane til dei ulike departementa inneheld meir detaljert omtale av dei ulike forskingssatsingane.

Oversikt over løyvingane til Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd får løyvingar frå alle departementa, med unnatak av Forsvarsdepartementet. Løyvingane frå departementa omfattar både gene-

relle faglege løyvingar, instituttløyvingar og særskilde midlar som er øyremerkte til einsskilte program eller prosjekt. I tillegg kjem ein stor del av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping. I 2007 blir om lag 5,3 mrd. kroner kanaliserte gjennom Forskningsrådet. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingforslag for dei største bidragsytarane i 2008-budsjettet.

Tabell 5.2 Løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane (i 1 000 kroner)

Kap./post	Departement	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008
285/52 og 55	Kunnskapsdepartementet	1 310 534	1 315 338
920/50	Nærings- og handelsdepartementet	1 081 000	1 154 000
1830/50	Olje- og energidepartementet	438 500	438 500
1023/50	Fiskeri- og kystdepartementet	270 100	281 700
1137/50	Landbruks- og matdepartementet	151 266	157 536
1410/51 og 53	Miljøverndepartementet	130 318	136 518
701/50	Helse- og omsorgsdepartementet	174 215	208 306
1301/50	Samferdsledepartementet	146 300	152 600
286/50	Fondet for forskning og nyskaping	939 560	939 560
Sum		4 641 793	4 784 058

Omtale av nytt finansieringssystem for instituttsektoren

Regjeringa legg opp til å innføre eit nytt, resultatbasert finansieringssystem for instituttsektoren frå 2009. Hovudprinsippa for det nye systemet blir presenterte nedanfor.

Bakgrunn

Instituttsektoren utgjer ein sentral del av det norske forskings- og innovasjonssystemet. Institutta har som hovudforemål å tilby anvend forskning til næringslivet, forvaltninga og samfunnet. Tal frå 2005 viser at sektoren samla sett utfører forskning for 6,7 mrd. kroner. Det tilsvarer 23 pst. av all forskingsinnsats i Noreg.

I St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* var det ein gjennomgang av instituttsektoren i norsk forskning. Meldinga stadfesta at institutta utgjer eit fortrinn for norsk forskning, men at dette fortrinnet kan utnyttast betre ved:

- å gi institutta betre høve til langsiktig kompetanseoppbygging
- å styrkje den internasjonale konkurransekrafta deira
- å betre samarbeidet og samspelet mellom institutt og universitet og høgskolar
- å styrkje og gjere tydelegare Forskringsrådets strategiske ansvar for instituttsektoren.

Meldinga gjekk òg inn for å endre systemet for statleg basisfinansiering av institutta. Det er i dag 61 institutt som får statleg basisløyving. Desse midlane utgjer i gjennomsnitt 14 pst. av dei samla inntektene til institutta. Men det er store skilnader mellom einskilde institutt, både når det gjeld nivå,

innretning og føringar på løyvingane. Meldinga peika vidare på at desse skilnadene er for tilfeldige, og bad Noregs forskingsråd om å utarbeide eit forslag til eit nytt finansieringssystem, der tildeling av grunnløyvinga skjer etter resultat og blir rekna ut etter indikatorar for kvalitet og relevans.

Stortinget gav brei tilslutning til dei måla og tiltaka som vart lagde fram i forskingsmeldinga. Forskringsrådet la fram sitt forslag til nytt finansieringssystem for instituttsektoren 10. oktober 2006.

Hovudprinsipp for eit nytt, resultatbasert grunnfinansieringssystem

Regjeringa har vurdert forslaget frå Forskringsrådet, og vil gå inn for at desse hovudprinsippa blir lagde til grunn for det nye systemet:

- Hovudformålet for forskingsinstituttsektoren er å vere ein god leverandør av anvend forskning til næringsliv, forvaltning og heile samfunnet.
- Hovudformålet med den statlege basisløyvinga skal framleis vere å sikre dette ved å gi institutta rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging.
- Formålet med det nye finansieringssystemet skal vere å fordele delar av grunnløyvingane etter oppnådde resultat, på ein måte som premierer både kvalitet og relevans.
- Omfordeling mellom institutta skal ikkje vere eit mål i seg sjølv, men eit middel for å skape reelle incentiv i den nye ordninga.

Det nye finansieringssystemet skal vere ein rein grunnfinansieringsmodell: Forvaltningsoppgåver og kunnskapsbehov i departementa skal ikkje finansierast gjennom den nye grunnfinansieringa i

departementa. Det same gjeld strategiske institutt-satsingar. I staden kan inntil 40 prosent av dagens basisløyvingar haldast utanom den nye ordninga. Desse midlane skal kunne disponerast av sektordepartementa for å ta vare på langsiktig kompetanseheving og kunnskapsoppbygging ved institutta på område av spesiell interesse for sektoren. Det er ein føresetnad at basisløyvingar som blir haldne utanom den nye grunnfinansieringsordninga skal nyttast til langsiktig kompetanseutvikling ved institutta.

Systemet skal i prinsippet kunne omfatte dei fleste sentrale forskingsinstitutta i Noreg, medrekna institusjonar som ikkje får basisløyving i dag. Institutt med forvaltningsnære oppgåver og mindre høve til marknadsfinansiering skal i utgangspunktet ikkje inngå i ordninga. Sektordepartement som likevel ønskjer å innlemme slike institutt i ordninga, skal greie ut dette nærmare i samråd med instituttet og Forskingsrådet.

Det skal fastsetjast eigne kriterium for kva institutt som kan inngå i den nye ordninga.

Ordninga skal ikkje vere basert på rettar, men skal baserast på ei samla vurdering av kva for institutt som kan vere med. Denne vurderinga skal mellom anna leggje vekt på at instituttet driv forskning på område som er relevante for norsk næringsliv og forvaltning, og at instituttet har ei vitskapleg verksemd som mellom anna kjem til uttrykk gjennom publisering og samarbeid med universitet og høyskolar. Det må bli sett av nye midlar til ordninga dersom nye institutt skal innlemmast. Forskingsrådet skal forvalte ordninga, men det formelle og endelege ansvaret for å utforme og fastsetje retningslinjer for ordninga skal framleis liggje hos Kunnskapsdepartementet i samråd med andre berørte departement.

Hovudelement i det nye grunnfinansierings-systemet

Det nye systemet skal fordele grunnfinansieringa etter følgjande resultatindikatorar:

- vitskaplege publiseringar
- inntekter frå Noregs forskingsråd
- internasjonale inntekter
- doktorgradsstipendiatar finansierte av institutta, eventuelt kombinert med bistillingar.

For at institutta ikkje berre skal rette innsatsen mot desse områda, skal skår på indikatorane også vektast mot oppdragsinntekter som del av samla inntekter. På den måten vil det lønne seg for institutta å skåre på resultatindikatorane, samstundes som dei held oppe eller aukar oppdragsverksemda.

Mange institutt får ein stor del av inntekta si frå kjelder utanom den tradisjonelle oppdragsmarknaden. Derfor vil det vere naturleg at også midlar frå Forskingsrådet inngår i utrekninga av oppdragsdelen. Av den grunn må forskingsrådsmidlar som eigen resultatindikator reduserast, for at incentiva til å få slike midlar ikkje skal bli for sterke. Finjustering og vektning av indikatorane skal vurderast nærmare i tida fram mot innføring av ordninga.

Det nye systemet skal ta omsyn til at institutta er ei heterogen gruppe. Institutta bør derfor delast på ulike arenaer der institutt med relativt like føresetnader konkurrerer om den same potten. Regjeringa legg opp til å dele dei ulike institutta på fire arenaer, og med følgjande finansieringsansvar:

- teknisk-industrielle institutt (Nærings- og handelsdepartementet)
- samfunnsvitskaplege og regionale institutt (Kunnskapsdepartementet)
- miljøinstitutt (Miljøverndepartementet)
- primærnæringsinstitutt (Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet).

Finansiering

Dagens basisløyvingar skal danne hovudgrunnlaget for det nye, resultatbaserte grunnfinansierings-systemet. Den endelege ramma for ordninga vil likevel bli justert ved at inntil 40 pst. av dagens basisløyvingar kan haldast utanom systemet, jf. ovanfor. Grensa på 40 pst. gjeld for kvar arena. Samstundes skal midlar til mellom anna forvaltningsoppgåver og nasjonale oppgåver trekkjast ut, medan andre midlar som i realiteten fungerer som basisløyving skal inngå i fordelingsramma. Regjeringa kjem attende til den endelege utforminga av ordninga i statsbudsjettet for 2009.

For å unngå for raske og radikale omfordelingseffektar foreslår Regjeringa at berre ein mindre del av den samla fordelingsramma blir fordelt etter resultat det første året. Resten blir rekna ut frå tildelingane frå tidlegare år. Delen til resultatbasert omfordeling blir løpande vurdert på bakgrunn av effekten av ordninga.

Vidare prosess

Regjeringa legg opp til at det nye systemet blir innført frå og med statsbudsjettet for 2009 på bakgrunn av dei overordna prinsippa som er presenterte ovanfor.

I tida fram mot innføring av ordninga skal systemet utformast nærmare av departementa og i samarbeid med Noregs forskingsråd, institutta og andre berørte aktørar.

Den nye ordninga skal evaluerast etter tre år.

Fritak for formuesskatt for forskingsinstitutt

Forskingsinstitutta spiller ei sentral rolle i det norske forskningssystemet, og fleire av institutta forvaltar formuesverdiar på vegner av heile kunnskapsamfunnet. Regjeringa vil sikre at alle forskingsinstitutt som får statleg basisløyving ikkje skal betale formuesskatt.

Forskingsinstitutt som mottok basisløyving frå staten etter Retningsliner for statleg finansiering av forskingsinstitutt, er anten direkte statleg eigde eller organiserte som aksjeselskap eller stiftelsar. Forskingsinstitutt som er direkte statleg eigde, er fritakne for formues- og inntektsskatt, jf. at staten ikkje er skattepliktig etter skatteloven § 2-30 første ledd bokstav b. Aksjeselskap er generelt fritakne for formuesskatt etter skatteloven § 2-36 første ledd bokstav a. Selskapets formue blir i staden

skattlagd aksjonæranne i form av formuesskatt på aksjane. Det gjeld likevel ikkje dersom aksjane er eigde av statleg institusjon, universitet e.l. som er fritakne for skatteplikt. Forskingsinstitutt som er organiserte som stiftelsar har i utgangspunktet plikt til å betale formuesskatt.

For å sikre at alle forskingsinstitutt som mottok basisløyving frå staten får lik behandling når det gjeld skatt på formue, foreslår Regjeringa at det innførast ein regel i skatteloven om at også forskingsinstitutt som er organiserte som stiftelsar, skal få fritak for skatt på formue. Fritaket gjeld for egedelar som er knytt til forskingsverksemd, og føreset at skattefordelen nyttast i den ikkje-økonomiske verksemda til institutta. Regelen vil etter planen tre i kraft frå 1. januar 2008. Sjå også kap. 22 i Ot.prp. nr. 1 (2007–2008).

Del IV
Ressursar i grunnoppløringa

6 Ressursar i grunnopplæringa

Innleiing

Dette kapitlet gir oppdatert informasjon om status og utvikling når det gjeld ressursbruken i grunnopplæringa. Talet på elevar, lærlingar og lærarar er objektive faktorar som er avgjerande for ressursbruken i skolen. Skolestruktur har òg stor innverknad på kostnadsnivået, men denne er til dels gjenstand for lokale prioriteringar.

Det er kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskolen og vidaregåande opplæring. Grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Den delen av driftsutgiftene i kommunane som går til skolesektoren, har lege på i underkant av 30 pst. i dei siste åra, medan tilsvarende tal for fylkeskommunane har lege på om lag 64 pst. Ressursbruken i grunnopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra, både når det gjeld totale ressursar og ressursar per elev.

Kapitlet startar med ei orientering om utvikling i talet på elevar og lærlingar i grunnopplæringa, med informasjon om mellom anna fordeling på stu-

dieretning. Vidare er det ein omtale av vaksne i grunnopplæringa, skolefritidsordninga og leirskoleordninga. Dei neste tema er lærartettleik og skolestruktur, før det blir gitt ein omtale av kommunale utgifter til grunnopplæring og utgifter per elev. Mot slutten av kapitlet er spesialundervisning, IKT i opplæringa og internasjonale undersøkingar tema.

Talgrunlaget er i hovudsak henta frå Grunnskolen informasjonssystem (GSI), Statistisk sentralbyrå, KOSTRA og Utdanningsspeilet 2006 frå Utdanningsdirektoratet.

Elevar og lærlingar i grunnopplæringa

Etter fleire år med sterk auke i elevtalet i grunnskolen har talet på elevar i dei siste åra lege på om lag 620 000, medan talet på elevar i vidaregåande opplæring framleis aukar og var på i overkant av 193 000 i skoleåret 2006–07. Elevtalet på ungdomstrinnet har auka meir enn på barnetrinnet. Dette er eit resultat av at dei store fødselskulla i byrjinga av nittiåra no er i ungdomsskolealder og i vidaregåande opplæring.

Tabell 6.1 Elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring. 2002–06

	2002	2003	2004	2005	2006
Grunnskolen	610 297	617 577	618 250	620 353	619 728
Vidaregåande opplæring	168 287	177 7741	173 949	182 926	193 057

¹ Tal på elevar i vidaregåande opplæring for 2003 kan ikkje direkte samanliknast med tal frå 2002 og 2004. Årsaka er ulik rapportering av vaksne elevar. I tillegg er studentar i fagskolar tekne ut per oktober 2004. Talet for 2003 viser eit for høgt tal samanlikna med dei andre åra.

Kjelde: Grunnskolen informasjonssystem og Statistisk sentralbyrå

Med innføringa av Kunnskapsløftet er det teke i bruk nye omgrep innanfor vidaregåande opplæring. Det som i gammal ordning heiter grunnkurs, vidaregåande kurs 1 og vidaregåande kurs 2, heiter no vidaregåande trinn 1, 2 og 3 (Vg1, Vg2 og Vg3).

Tilnærma 97 pst. av dei 63 023 elevane som gjekk ut frå tiande trinn i grunnskolen våren 2006, gjekk direkte over til vidaregåande opplæring det påfølgjande skoleåret. Av det totale talet på søkjarar til Vg1 i skoleåret 2006–07 kom 81 pst. direkte frå grunnskolen, mens 9 pst. av søkjarane gjekk på grunnkurs i 2005–06.

Tabell 6.2 Tal på elevar på Vg1 per 1. oktober 2006 etter utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Elevar	Del elevar
Alternativ opplæring	2 419	3,2 %
Bygg/anleggsteknikk	5 634	7,4 %
Design/handverksfag	3 420	4,5 %
Elektrofag	4 302	5,6 %
Helse/sosialfag	8 174	10,7 %
Idrettsfag	3 950	5,2 %
Medium/kommunikasjon	3 099	4,1 %
Musikk, dans, drama	2 265	3,0 %
Naturbruk	1 705	2,2 %
Restaurant/matfag	3 195	4,2 %
Service/samferdsel	3 487	4,6 %
Studiespesialisering	28 132	36,8 %
Teknikk/industriell produksjon	6 479	8,5 %
Tekniske allmennfag	222	0,3 %
Alle utdanningsprogram	76 483	100 %

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Tabell 6.2 viser at det er 76 483 elevar på Vg1 i 2006–07. Det er klart flest elevar på utdanningsprogrammet studiespesialisering. Om lag 92 pst. av elevane på Vg1 har ungdomsrett. Delen med ungdomsrett er størst på idrettsfag og medium og kommunikasjon, mens han er lågast på naturbruk.

Det er til dels store kjønnsforskjellar mellom studieprogramma. Både bygg/anleggsteknikk, elektrofag og teknikk/industriell produksjon har mindre enn ti pst. jenter, mens studieretningane for helse/sosialfag og design/handverksfag har over 80 pst. jenter.

I skoleåret 2006–07 var det 65 160 elevar på vidaregåande kurs I og 51 414 elevar på vidaregåande kurs II.

Per 1. oktober 2005 var talet på lærlingar 31 316. På same tidspunkt i 2006 var talet auka til 33 829. Dette er 2 500 fleire kontraktar enn i 2005, og heile 4 800 fleire enn i 2004. Om lag 69 pst. av lærlingane med nye kontraktar har ungdomsrett.

Det er innanfor byggfag, mekaniske fag og elektrofag det er flest lærlingar. Færrest kontraktar er det på kjemi- og prosessfag, medium og kommunikasjonsfag og trearbeidsfag.

Utdanningsspeilet 2006 gir meir informasjon om elevar og lærlingar i grunnopplæringa.

Vaksne i grunnopplæringa

Om lag 10 000 vaksne får kvart år opplæring på grunnskolenivå. Talet har vore relativt stabilt frå 2002. Talet på vaksne elevar med språkleg minoritetsbakgrunn har auka frå 22 til 32 pst. i same periode.

Hausten 2006 var det 4 268 vaksne med i ordinær grunnskoleopplæring. Rundt 70 pst. av desse hadde språkleg minoritetsbakgrunn. 6 352 fekk spesialundervisning. Av desse hadde 5,6 pst. språkleg minoritetsbakgrunn (Utdanningsspeilet 2006). Det er om lag like mange vaksne kvinner som menn som får grunnskoleopplæring.

Tal som er henta direkte frå fylkeskommunane, viser at vel 21 000 vaksne til kvar tid er med i vidaregåande opplæring (VOX). Dei fleste får opplæring gjennom vaksenopplæringstilbod og er ikkje ein del av den generelle søkjar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring. Om lag 75 pst. av dei vaksne i vidaregåande opplæring får opplæring spesielt organisert for vaksne. Statistikkgrunnlaget for vaksne i vidaregåande opplæring har førebels manglar. Problema er mellom anna knytte til at fylkeskommunane har ulike administrative system for rapportering, og at dei rapporterte på ulike måtar. Arbeidet med å betre dette statistikkgrunnlaget er prioritert både i departementet, utdanningsdirektoratet og hos Vox.

Skolefritidsordninga

Hausten 2006 gjekk i alt 134 701 barn i skolefritidsordning (SFO). Av barna i SFO går 97,6 pst. i kommunale ordningar, 2 pst. i private ordningar og resten ved statlege skolar og spesialskolar. Delen barn på 1.–4. trinn som går i SFO, var på 55,3 pst. og har stabilisert seg på om lag 55 pst. i dei siste fire åra.

GSI-tal for hausten 2006 viser at 52 pst. av barna i SFO hadde plass med lang opphaldstid. I gjennomsnitt var foreldrebetalinga for ein elev som var 25 timar per uke i SFO kr 1 785 per måned. Foreldrebetalinga for ein elev som var i SFO 10 timar per uke var i snitt kr 1 044 per måned.

Leirskoleordninga

I skoleåret 2006–07 planla 64 969 elevar å delta på eit leirskoleopphald. Dette utgjer om lag 10 pst. av

elevane i grunnskolen, og er i samsvar med målsetjinga om at alle elevar skal få ta del i eit leirskoleopphald minst éin gong i grunnskolen. Delen elevar som har dratt på leirskole, har lege på om lag ti pst. sidan 2001.

Lærartettleik

Lærarårsverk og elevar per lærarårsverk

Årsverk er ein sentral indikator på ressursbruk sidan lærarlønn er den klart største enkeltkomponenten av driftskostnadene. Ifølgje GSI var det i 2006 i underkant av 53 000 lærarårsverk i grunnskolen. Dette er om lag 600 fleire årsverk enn i fjor. I vidaregåande opplæring har talet på lærarårsverk vore relativt stabilt på i overkant av 22 000 frå 2000 til 2004, for så å gå noko ned i 2005. I 2006 har talet igjen auka noko.

Tabell 6.3 Utvikling i lærarårsverk

Skoleår	Lærarårsverk i grunnskolen	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring ¹
2002–03	51 197	
2003–04	49 539	22 365
2004–05	50 832	22 332
2005–06	50 801	19 955
2006–07	51 423	20 654

¹ Fylkeskommunale skolar, tal for 2002 - 03 eksisterer ikkje.

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem og Statistisk sentralbyrå

Tabell 6.4 viser at elevar per lærarårsverk i grunnskolen har haldt seg på eit relativt stabilt nivå i dei siste åra.

Tabell 6.4 Elevar per lærarårsverk

Skoleår	Elevar per lærarårsverk i grunnskolen totalt	Elevar per lærarårsverk på barnetrinna	Elevar per lærarårsverk på ungdomstrinna
2002–03	11,9	12,9	9,9
2003–04	12,5	13,3	10,6
2004–05	12,2	13,0	10,4
2005–06	12,2	13,1	10,5
2006–07	12,1	13,0	10,4

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem og KOSTRA

Talet på elevar per lærarårsverk i fylkeskommunale vidaregåande skolar var 8,8 elevar per lærarårsverk i 2005–06 og 8,7 i 2006–07.

Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik

Indikatoren berekna gjennomsnittleg gruppestorleik kjem fram ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein dei totale ordinære timane til undervisning elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timar lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime. Dette omfattar også timar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring for språklege minoritetar. Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

I skoleåret 2006–07 var den gjennomsnittlege gruppestorleiken i grunnskolen på 14,0 for heile landet. I 2005–06 var gruppestorleiken 14,1.

Elevar per kontaktlærer

I opplæringslova heiter det at kvar elev skal vere tilknytt ein lærar (kontaktlærer) som har særleg

ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, blant anna kontakten med heimen. I skoleåret 2006–07 var det i gjennomsnitt 15,4 elevar per kontaktlærer i grunnskolen. Dette er ein reduksjon på 0,2 frå skoleåret 2004–05. I skoleåret 2006–07 var det i gjennomsnitt under 15 elevar per kontaktlærer i 67,5 pst. av kommunane. Dette er ein reduksjon samanlikna med tidlegare skoleår. 41,8 pst. av det totale elevtalet går på skolar med under 15 elevar per kontaktlærer.

Skolestruktur

I skoleåret 2006–07 var det 3 229 offentlege og frittstående grunnskolar i Noreg. Av desse var 59 pst. reine barneskolar, 25 pst. kombinerte skolar og i underkant av 16 pst. ungdomsskolar. Talet på frittstående eller private grunnskolar var 166 i 2006–07.

Storleiken på grunnskolane varierer frå berre to elevar i nokre få tilfelle til nærmare 800 elevar på dei største skolane. Tabellen nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skolar. Det har vore ei utvikling i retning av fleire store skolar og færre små skolar. I dei siste åra har fordelinga vore om lag uendra.

Tabell 6.5 Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar (i pst.)

	1997	2000	2004	2006
Mindre enn 100 elevar	40	37	35	35
100–299 elevar	42	41	39	40
300 elevar eller meir	19	22	26	26

Kjelde: Utdanningsspeilet 2006.

8 pst. av elevane går på skolar med mindre enn 100 elevar, 39 pst. går på skolar som har mellom 100 og 299 elevar, og 53 pst. går på skolar med meir enn 300 elevar. Delen elevar som går på store skolar, auka med 10 prosentpoeng i perioden 1997–2006.

Frå skoleåret 2005–06 til 2006–07 vart det lagt ned 45 grunnskolar og fem spesialskolar. Tre av dei nedlagde skolane var friskolar. Elleve av dei 50 nedlagde skolane hadde samanheng med reine organisatoriske omleggingar, til dømes samanslåing av fleire skolar. Dermed var det reelt sett 49 skolar som vart nedlagde. I same periode er det oppretta 13 nye skolar, fem av desse var friskolar. I tillegg er det oppretta fire spesialskolar.

Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at det hausten 2005 var registrert 466 vidaregåande skolar. Talet på vidaregåande skolar totalt har ikkje endra seg vesentleg i dei siste åra. I dei to siste åra har òg delen frittstående skolar ligge stabilt på om lag 18 pst. Delen elevar som går i frittstående vidaregåande skolar har likevel auka noe siste året, frå 5 til 6 pst.

Kommunal ressursbruk målt i utgifter til grunnopplæringa

Del av kommunale/fylkeskommunale utgifter

Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring i pst. av dei samla netto driftsutgiftene i kommunane har lege stabilt på 29,2 pst. i 2005 og 2006. Vidaregå-

ande opplæring er den klart største utgiftsposten i fylkeskommunane. I 2006 var delen av netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring på 64,7 pst., opp frå 63,8 pst. i 2005.

Utgifter per elev

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei driftsutgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skolelokale og skyss. Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskolen var kr 68 758 i 2006. Dette er ein auke på 5,8 pst. frå 2005.

Det er ein betydeleg auke i driftsutgifter til inventar/utstyr og undervisningsmateriell med høvesvis 24,1 pst. og 24,0 pst. frå 2005 til 2006. Kunnskapsløftet og behov for utskifting av læremiddel som følgje av nye læreplanar (og som kommunane er særskilt kompenserte for) forklarar auken i driftsutgifter til undervisningsmateriell.

Det er sannsynleg at det gode kommuneopp-
legget for 2006 har medverka til auken i utgifter per elev. Men tala viser likevel ein forholdsvis lav realvekst på to pst. frå 2005 til 2006 (deflator 3,7 pst.).

Tabell 6.6 Korrigerte brutto driftsutgifter per elev (i løpande prisar, kroner)

	2003	2004	2005 ¹	2006
<i>Grunnskolen</i>				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev	63 469	64 949	65 007	68 758
– Lønnsutgifter per elev	49 119	49 901	51 979	54 410
– Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	588	623	655	813
– Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 279	1 158	1 101	1 364
<i>Vidaregåande opplæring</i>				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i allmennfaglege studieretningar	86 288	85 808	85 282	92 084
– Lønnsutgifter per elev i allmennfaglege studieretningar	52 941	51 946	52 271	54 167
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev yrkesfaglege studieretningar	106 456	106 334	107 554	116 088
– Lønnsutgifter per elev i yrkesfaglege studieretningar	68 530	68 253	70 364	73 345

¹ Tala for vidaregåande opplæring for 2005 kan ikkje samanliknast med tala for 2004 og 2006.

Kjelde: KOSTRA per 15. juni 2007, Statistisk sentralbyrå

Nokre fylkeskommunar har auka bruken sin av kjøp av tenester frå eigne føretak og interkommunale selskap. I KOSTRA-tala for vidaregåande opplæring er det derfor innført ein ny definisjon av korrigerte brutto driftsutgifter frå og med 2006, der dei utgiftene fylkeskommunane har til kjøp av tenester frå eigne føretak og interkommunale selskap, er tekne med. Tal med ny definisjon for 2006 er samanliknbare med tal for 2004, ikkje med tala for 2005.

Frå 2004 til 2006 var det ein auke i utgifter per elev i allmennfaglege studieretningar på 7,3 pst., mens det for dei yrkesfaglege studieretningane var ein auke på 9,2 pst.


Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. I grunnskolen utgjorde lønnsutgiftene 79 pst. av dei totale driftskostnadene, medan den same delen i vidaregåande opplæring var 59 og 63

pst. på høvesvis allmennfaglege og yrkesfaglege studieretningar i 2006.

Kommunale forskjellar i ressursbruk

Senter for økonomisk forskning (SØF) har i rapporten *Ressursbruk i grunnopplæringa* analysert ressurs-situasjonen i grunnskolen. Av rapporten går det fram at det er stor variasjon i ressursinnsats per elev kommunane imellom.

Figur 6.1 viser fordelinga av kommunar etter driftsutgifter per elev og behovskorrigerte driftsutgifter per elev. Behovskorrigerte driftsutgifter tek omsyn til forhold som kommunane sjølve ikkje kan påverke, til dømes spreidd busetting. Dei fleste kommunane har driftsutgifter som ligg nær opp til gjennomsnittet på om lag kr 63 000 per elev. 70 pst. av kommunane ligg mellom kr 55 000 og kr 80 000.



Figur 6.1 Fordelinga av kommunar etter driftsutgifter og behovskorrigerede driftsutgifter per elev. 2005

Kjelde: Senter for økonomisk forskning

Om behovskorrigerede driftsutgifter blir lagde til grunn, er det derimot langt fleire kommunar som ligg i intervallet kr 55 000–80 000 per elev, faktisk heile 83 pst. Årsaka til dette er at behovskorrigeringa er med på å «auke» utgiftsnivået i kommunar som har låge faktiske utgifter per elev, og til å «reducere» utgiftsnivået i kommunar som har høge faktiske utgifter per elev. Dette tyder på at det er mindre variasjonar i kommunanes prioriteringar av grunnskolen enn det korrigerede driftsutgifter tyder på.

Utdanningsspeilet 2006 gir nærmare omtale av variasjonar i ressursbruken mellom kommunar og mellom fylkeskommunar.

Kommunar med særleg låg ressursinnsats

SØF finn at dei sju kommunane med lågast ressursinnsats er kjenneteikna ved at dei anten har svært lågt innbyggjartal eller eit svært spreitt busetjingsmønster (som målt i kostnadsnøkkelen i inntektssystemet til kommunane) og dermed svært høge faktiske driftsutgifter per elev. Sidan det her er tale om nokså spesielle kommunar, bør ein vere forsiktig med å omtale kostnadsnivået i desse kommunane som problematisk. Det kan like gjerne vere at kostnadsnøkkelen overvurderer kostnadsulempene i desse kommunane.

Spesialundervisning

På landsbasis går 15 pst. av dei totale lærartimane til spesialundervisning og rundt 7 pst. til særskilt tilpassa opplæring for elevar med anna morsmål enn norsk og samisk. Delen elevar som får spesialundervisning, har i dei siste åra vore nokså stabil, men har auka frå 5,5 pst. i 2005 til 5,9 pst. i 2006.

Delen elevar med særskild norskopplæring har også auka noko i same periode. Dette skyldast eit auka tal minoritetsspråklege elevar. Vidare syner tala at delen elevar med få timar til spesialundervisning (75 timar eller færre) har vorte redusert kvart år sidan 1997. Delen elevar med mange timar (270 timar eller fleire) har vore stabil med ein liten auke mot slutten av perioden. Det er dessutan store variasjonar mellom kommunane i delen elevar som får spesialundervisning, blant anna grunna ulik praksis når det gjeld bruk av enkeltvedtak. Vidare syner tala frå Utdanningsdirektoratet at elevar i kommunar der ein liten del av elevane får spesialundervisning, i gjennomsnitt får fleire timar til spesialundervisning enn elevar i kommunar der delen som får spesialundervisning, er høg.

IKT i grunnopplæringa

I skoleåret 2006–07 var det 5,2 elevar per PC med Internett-tilkopling og 4,7 elevar per PC totalt i grunnskolen. Dette er ei vesentleg forbetring frå førre skoleår, da det var 1,1 fleire elevar per PC

med Internett-tilkøpling og 0,7 elevar meir per PC totalt. Dei fylkesvise forskjellane i PC-dekning er òg reduserte noko frå førre året. Skolane i Sogn og Fjordane har høgst PC-dekning, medan skolane i Østfold og Vestfold har lågast. Ser ein på grupper av kommunar, er det dei minste kommunane som har den høgste PC-dekninga.

Det blir ikkje innhenta systematiske opplysningar om situasjonen i dei vidaregåande skolane. Informasjonen nedanfor byggjer derfor på opplysningar frå skolane sjølve. Informasjonen er samla inn i samarbeid med UNINETT ABC. Om lag 73 pst. av dei aktuelt skolane svarte på spørjeundersøkinga. Sett under eitt for heile utvalet av skolar er det 1,83 elevar per PC i vidaregåande skole. Dette er ei forbetring frå førre året, da delen var 2,5 elevar per maskin. Samanlikna med grunnskolen er spreinga i PC-dekning langt mindre i vidaregåande skole, da rundt 92 pst. av dei vidaregåande skolane har fire eller færre elevar per PC.

Internasjonale samanlikningar

Noreg brukar mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land. OECD publiserer kvart år tal på ulike indikatorar som gjer det mogleg å samanlikne ressursbruken i medlemslanda. Dei siste tala blei publiserte i 2007 og er frå 2004.

Dersom ein ser på dei faktiske utgiftene per elev på kvart nivå, ligg Noreg heilt i toppen for både grunnskolen og for vidaregåande opplæring. Snittet for OECD-landa var 5 832 US-dollar per elev på barnetrinnet i 2004, mens Noreg brukte 8 533 US-dollar per elev. Noregs rangering når det gjeld pengebruk, er høvesvis fjerdeplass på barnetrinnet, tredjeplass på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

Elevar i Noreg har mindre undervisning enn gjennomsnittet i OECD. Berre i Finland og Slovenia hadde elevane i grunnskolen færre undervisningstimar enn i Noreg. Forskjellen er størst for dei yngste elevgruppene.

Del V
Særskilde tiltak

7 Fornyning og organisasjonsendringar

Som varsla i Ot.prp. nr. 43 (2005–2006) vart eit forslag til meir omfattande og permanente endringar i friskolelova lagt fram for Stortinget våren 2007. Den varsla endringslova vart behandla av Stortinget 7. juni 2007, og lov om private skolar med rett til statstilskott (privatskolelova) trådte i kraft 1. juli 2007. Lova inneber at privatskolar ikkje lenger har rett til godkjenning, men at departementet etter ei samla vurdering kan godkjenne nye skolar og driftsendringar ved allereie eksisterande skolar.

Nye skolar som søker om godkjenning etter privatskolelova, må oppfylle bestemte krav. Skolar som blir godkjende med rett til statstilskott, skal drive verksemda si anten på religiøst grunnlag, etter ei anerkjent pedagogisk retning, eller vere ein sertifisert internasjonal skole. I tillegg blir det opna for godkjenning med rett til statstilskott til særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett, norsk grunnskoleopplæring i utlandet og til skolar som er særskild tilrettelagde for funksjonshemma.

Kunnskapsdepartementet har i 2007, på bakgrunn av akkreditering frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), godkjent ny institusjonsstatus for Universitetet i Agder, tidlegare Høgskolen i Agder.

Regjeringa har sett ned eit utval (Utval for høgre utdanning) som skal vurdere om gjeldande kategoriar, standardar og kriterium for akkreditering av universitet og høgskolar er tilpassa dei overordna måla for utdannings- og forskingspolitikken. Måla i Soria Moria-erklæringa om å styrkje det regionale og universitets- og høgskolesystemet skal vere ein sentral premiss for arbeidet. Utvalet skal levere innstillinga si seinast 31. desember 2007. Regjeringa vil ta stilling til oppfølginga av utgreiinga etter at ho er levert.

Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) er frå 1. januar 2006 organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Samordningsgruppa for nettstader i utdanningssektoren (SANU) vart oppretta i 2005. SANU vart oppretta for å ta i vare implementeringa av tiltak i departementets portalstrategi *Kultur for deling*. Hovudoppgåva for SANU er å syte for samordning av innhald, tekniske løysingar og standardar for utdanningssektorens portalar og nettstader som heilt eller delvis er finansierte av staten. SANU har

til no prioritert arbeidet med å gjere tilgjengeleg digitale læringsressursar og har òg arbeidd med tiltak for universell utforming.

Innanfor ramma av SANU er det oppretta eit redaktørnettverk som skal medverke til å styrkje samarbeidet mellom dei ulike nettstadane, og komme med forslag til prosjekt for samordning.

Departementet har vedteke å leggje til rette for ei elektronisk identitetsforvaltning (FEIDE) for grunnopplæringa tilsvarende den for høgre utdanning. Saman med eId (elektronisk identifisering) vil FEIDE dekkje kravet i sektoren til sikker autentisering, og løysinga støttar opne standardar i sektoren. FEIDE skal mellom anna leggje til rette for auka konkurranse mellom leverandørar av digitale tenester og sikre auka valfridom for skolar og institusjonar i utdanningssektoren.

Som ei oppfølging av St.meld. 16 (2006–2007) er det sett ned ei tverrdepartemental arbeidsgruppe som skal sjå på korleis regionale partnerskap for karriererettleiing kan bli implementerte i alle fylke. Gruppa skal òg vurdere behovet for eit nasjonalt kompetansesenter for karriererettleiing, og føreslå ulike modellar for eit slikt senter. Gruppa leverte utgreiinga si 1. oktober 2007. Regjeringa vil no ta stilling til saka.

I St. meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* gjekk Regjeringa Bondevik II inn for å endre systemet for basisfinansiering av forskingsinstitutta slik at tildelinga av grunnløyving blir resultatbasert ut frå indikatorar for kvalitet og relevans. Stortinget slutta seg til forslaget.

Regjeringa vil innføre eit nytt basisfinansieringsystem for forskingsinstitutta. Hovudformålet med den statlege grunnløyvinga skal framleis vere å gi institutta rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging. Det nye systemet vil fordele delar av grunnløyvinga etter oppnådde resultat. Storleiken på grunnløyvinga vil bli fastsett ut frå skår på resultatindikatorane vitskapleg publisering, inntekter frå Forskringsrådet, internasjonale inntekter og doktorgradsstipendiatar finansierte av institutta. Omsynet til at institutta skal vere relevante for nærings- og samfunnsliv, blir teke i vare ved at skåren på desse kvalitetsindikatorane vil bli vekta mot oppdragsinntektene til institutta som del av deira totale inntekter. Regjeringa tek sikte på at det nye grunnløyvingssystemet blir innført frå og med 2009.

8 Likestilling i barnehage-, utdannings- og forskingssektoren

Barnehage-, utdannings- og forskingspolitikken skal medverke til å fremme likestilling mellom kjønna i det norske samfunnet. Kunnskapsdepartementet har som strategiske likestillingsmål i politikkområdet å arbeide for at likestilling blir ein del av verdigrunnlaget i barnehagen, i utdanningane og i forskinga.

Desse måla søker departementet å integrere i styringa av sektorområda og i utforminga av barnehage-, utdannings- og forskingspolitikken.

Arbeidet med *Handlingsplan for likestilling i barnehagen 2004–2007* vil bli ført vidare gjennom strategien for likestilling i barnehage og grunnopplæring. Det viktige arbeidet med å rekruttere fleire menn til barnehagen vil bli omfatta både av denne strategien og *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen 2007–2011*. Barnehagane er omtalte under kategori 07.30.

Gjennom strategien for likestilling i barnehage og grunnopplæring vil integrering av likestillingsarbeid på desse områda bli følgt opp av Utdanningsdirektoratet i samarbeid med berørte aktørar. Det vil bli presentert årlege tiltaksplanar. Kategori 07.20 gir omtale av kjønnsforskjellar i læringsutbytte og -resultat i grunnopplæringa, og om tiltak for å få til ei tilpassa opplæring som kan jamne ut forskjellar og gi best mogleg læringsutbytte. Under kap. 226 er det gitt oversikt over tiltak for å utvikle yrkes- og studierettleiinga og for å betre lærings- og oppvekstmiljøet til elevane, mellom anna strategien for likestilling i barnehage og grunnopplæring.

Vedlegg 2 gir omtale av kjønnsbalansen i ulike høgre utdanningar. Det er tilsett om lag like mange menn og kvinner i undervisnings- og forskarstillingar ved dei statlege høgskolane. Men det er framleis stor overvekt av kvinner på sjukepleiarutdanningane og stor overvekt av menn på ingeniørutdanningane. Det er òg overvekt av menn i dei høgre stillingskategoriane. Delen kvinnelege professorar har auka frå 14 pst. i 2003 til om lag 17 pst. i 2006.

Komité for integreringstiltak – kvinner i forskning, som i tre år har støtta institusjonane i arbeidet med å integrere likestilling i den langsiktige og strategiske utviklinga av forskingsmiljøa, blir vidareført i

ytterlegare tre år (2007–09). Mandatet for den nye komiteen er utvida til også å omfatte forskingsinstituttsektoren. Avslutningsrapporten frå den første komiteen finnast på nettstaden *www.kvinneriforskning.no*. I sluttrapporten finst det mellom anna ei rekkje råd til korleis institusjonane kan arbeide med integrering av likestilling. Arbeidet for å rekruttere fleire kvinner til forskning er omtala i kategoriane 07.60 og 07.70.

Som arbeidsgivar er Kunnskapsdepartementet pliktig til å arbeide for å betre kjønnslikestillinga i samfunnet. Derfor har departementet som mål å oppnå best mogleg kjønnsbalanse i organisasjonen og gi dei tilsette tilgang til utvikling, karriere og velferd uavhengig av kjønn.

64 pst. av dei tilsette i departementet er kvinner. Kvinnedelen har stige jamt sidan 2001, da han var på 59 pst. Departementet vil i sitt rekrutteringsarbeid vurdere korleis delen menn kan aukast.

Snittlønna for kvinner låg i januar 2007 på om lag 92,9 pst. av snittlønna for menn. Statistikken for januar 2007 syner at 27,8 pst. av kvinnene er lønte i deltidstilling, medan det same gjeld for 13,3 pst. av dei mannlige tilsette.

Menn og kvinner er omtrent like ofte heime med sjuke barn. I 2006 var mennene sin del av fråværet knytt til omsorg for sjuke barn på 35 pst. Til samanlikning utgjorde mennene ved utgangen av fjoråret 34,2 pst. av dei tilsette i aldersgruppa 25–49 år. Av fråværet knytt til fødselspermisjon sto menn for 3,3 pst. i fjor. Dette er ein nedgang frå året før, da det tilsvarande talet var 7,6 pst. Departementet vil i sin lønnspolitikk spesielt vere merksam på om fødsels- og omsorgspermisjonar verkar hindrande med omsyn til lønnsutviklinga.

Det legemeldte sjukefråværet var i 2006 på henholdsvis 3,3 pst. for kvinner og 1,5 pst. for menn. Dette mønsteret finn ein gjennomgåande i heile samfunnet. Departementet er ein inkluderande arbeidsbedrift, jf. omtale under kap. 200.

Både kvinner og menn nyttar seg av tilbodet om heimekontor og fleksible arbeidstidsordningar som mellom anna gjer det enklare å kombinere omsorg for små barn med ein krevjande jobb.

Overtidsbruken i departementet går ned. I 2006 arbeidde ein kvinneleg tilsett i Kunnskapsde-

partementet i snitt 22,6 timar overtid. Det tilsvarende timetalet for ein mann var 34,8. I januar 2007 var 53,8 pst. av leiarane i Kunnskapsdepartementet kvinner. Mens kvinnerepresentasjonen i toppleiar-gruppa fram til 2004 låg på 20–30 pst., er han i dag

på 44 pst. Gjennom fleire år har departementet lagt vekt på å rekruttere, kvalifisere og motivere kvinner til leiande stillingar. Departementet vil arbeide vidare for å halde oppe den gode kjønnsbalansen på leiarnivå.

9 Miljø

Kunnskapsdepartementet arbeider for å ha ein god miljøprofil innanfor dei ulike sektorane departementet og underliggjande verksemdar er med på å forme.

I barnehagane og på skolane er formidling av kunnskap og gode holdningar til miljøet ein integrert del av det pedagogiske opplegget. Omsorg, oppseding og læring i barnehagen skal fremme menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom, toleranse, helse og forståing for berekraftig utvikling. I dette inngår kjærleik til naturen, forståing for samspelet i naturen og mellom menneska og naturen. Natur, miljø og teknikk er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagen, jf. *Rammeplan for barnehagen*. Vidare har norsk skole gått føre med å integrere miljølære i læreplanverka. Dette er det teke omsyn til i dei nye læreplanane for grunnsopplæringa. Opplæringa skal gi mest mogleg heilskaplege kunnskapar og forståing. Opplæringa skal òg utvikle evne og vilje til å arbeide for eit samfunn som er i samsvar med naturressursgrunnlaget.

Universiteta og høgskolar er også viktige institusjonar for kunnskapsformidling, men òg for forskning på miljøet. Miljøretta forskning er viktig for å få god forståing for miljøet og for korleis miljøet utviklar seg; dette er ein viktig føresetnad for god og fornuftig miljøpolitikkutforming. I St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* er energi og miljø peikte ut som eit av fire tematiske satsingsområde i norsk forskning dei kommande åra. Kunnskapsdepartementet støttar òg oppunder klimaforskning mellom anna gjennom løyvingar frå Fondet for forskning og nyskaping til programmet NORKLIMA under Noregs forskingsråd. I tillegg finansierer Kunnskapsdepartementet forskning innanfor EUs rammeprogram, og store delar av denne er miljørelatert. Eit anna viktig tiltak er Kunnskapsdepartementets finansiering av kontingenten for norsk medlemskap i Global Biodiversity Information Facility (GBIF), som er eit internasjonalt initia-

tiv for å sikre elektronisk tilgang til biodata for forskarar og andre interesserte over heile verda. Noregs forskingsråd representerer Noreg i GBIF.

Universitetsmusea utspeler òg ei viktig rolle i å forvalte vitenskaplege natur- og kulturhistoriske samlingar. Desse muséa har ei viktig miljøpolitisk rolle gjennom forskning og formidling knytte til deira samlingar. Universitetsmusea er mellom anna pålagde ei rekkje forvaltningsoppgåver etter kulturminnelova.

Hausten 2003 vart det oppretta ein eigen nasjonal artsdatabank lokalisert i Trondheim, knytt til Vitenskapsmuseet ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Artsdatabanken starta arbeidet sitt i januar 2005 og er ei nasjonal elektronisk oversikt over eigenskapar for og omfang av biologisk mangfald i Noreg både når det gjeld naturtypar, artar og populasjonar (genetisk variasjon). Artsdatabanken er til bruk i miljøforvaltning, undervisning og forskning. I dei første åra skal Artsdatabanken prioritere sårbare og trua artar, trua naturtypar og introduserte problemartar.

UNESCO har fått i oppgåve å koordinere tiltak som vil fremme FN's utdanningstiår for berekraftig utvikling (2005–14). UNESCO ser denne oppgåva i samheng med FN's alfabetiseringstiår (2003–12), og har utvikla eit nasjonalt dokument for utdanning for berekraftig utvikling i grunnsopplæringa. Kunnskapsdepartementet vil følgje opp det vidare arbeidet med FN's utdanningstiår for berekraftig utvikling i tida framover.

Meteorologisk institutt har i tillegg til ei rekkje andre funksjonar òg ei viktig rolle som kartleggjar av dei klimatiske endringane. Meteorologisk institutt skal følgje den globale og nasjonale klimautviklinga og skal gi tilfredsstillande klimainformasjon for samfunnsplanlegging og for utforming av Noregs klimapolitikk. Instituttet skal arbeide for at styresmakter, næringsliv, institusjonar og folk flest best mogleg skal få høve til å sikre liv og verdier gjennom planmessig vern om miljøet.

Kunnskapsdepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2008 blir dei summene førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 200–288 og 2410	kr 90 409 259 000
b. Sum inntekter under kap. 3200–3288, 5310 og 5617	kr 24 784 236 000

Forslag til vedtak om løyving for budsjetterminen 2008, kapitla 200–288 og 2410, 3200–3288, 5310 og 5617

I Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon				
200	Kunnskapsdepartementet			
	01 Driftsutgifter	203 300 000		
	21 Særskilde driftsutgifter	4 792 000		
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	2 541 000		210 633 000
	Sum Administrasjon			210 633 000
Grunnopløringa				
220	Utdanningsdirektoratet			
	01 Driftsutgifter	145 187 000		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	5 871 000		
	70 Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	40 483 000		191 541 000
221	Foreldreutvalet for grunnskolen			
	01 Driftsutgifter	7 371 000		7 371 000
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat			
	01 Driftsutgifter	114 252 000		
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	4 292 000		118 544 000
223	Samisk utdanningsadministrasjon			
	50 Tilskott til Sametinget	31 887 000		31 887 000
225	Tiltak i grunnoppløringa			
	01 Driftsutgifter	122 738 000		
	60 Tilskott til landslinjer	156 405 000		
	63 Tilskott til samisk i grunnoppløringa, <i>kan overførast</i>	51 196 000		
	64 Tilskott til oppløring av barn og unge i statlege asylmottak	60 867 000		
	65 Tilskott til oppløring for språklege minoritetar i vidaregåande oppløring	31 135 000		
	66 Tilskott til leirskoleoppløring	37 285 000		
	67 Tilskott til oppløring i finsk	10 566 000		
	68 Tilskott til oppløring i kriminalomsorga	175 611 000		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	324 032 000	
	70	Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar med særskilde behov	8 331 000	
	71	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	8 737 000	
	72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram	3 810 000	
	73	Tilskott til studieopphald i utlandet	8 759 000	
	74	Tilskott til organisasjonar	10 946 000	1 010 418 000
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	1 014 658 000	
	70	IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	3 475 000	1 018 133 000
227		Tilskott til særskilde skolar		
	60	Tilskott til Moskvaskolen	1 233 000	
	61	Tilskott til Nordland kunst- og filmskole	2 547 000	
	62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	4 690 000	
	70	Tilskott til den franske og den tyske skolen i Oslo	6 867 000	
	71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole	20 103 000	
	72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	25 354 000	
	73	Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia	3 356 000	64 150 000
228		Tilskott til private skolar o.a.		
	70	Private skolar med rett til statstilskott, <i>overslagsløyving</i>	2 528 382 000	
	71	Tilskott til privatskoleorganisasjonar	583 000	
	72	Tilskott til elevutveksling utland	1 500 000	2 530 465 000
229		Andre tiltak		
	70	Tilskott til tryggleiksoplæring for fiskarar	11 909 000	11 909 000
230		Kompetansesenter for spesialundervisning		
	01	Driftsutgifter	585 136 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	47 703 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	7 174 000	640 013 000
		Sum Grunnopplæringa		5 624 431 000
		Barnehagar		
231		Barnehagar		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	77 367 000	
	50	Tilskott til samiske barnehagetilbod	12 380 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	6 767 000	
	60	Driftstilskott til barnehagar, <i>overslagsløyving</i>	16 209 680 000	
	61	Investeringsstilskott, <i>overslagsløyving</i>	207 500 000	
	62	Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage	794 707 000	
	63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	106 829 000	
	64	Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>	10 000 000	
	65	Skjønnsmidlar til barnehagar	4 159 028 000	21 584 258 000
		Sum Barnehagar		21 584 258 000
		Tiltak for å fremme kompetanseutvikling		
252		EUs handlingsprogram for livslang læring		
	70	Tilskott	186 646 000	186 646 000
253		Folkehøgskolar		
	70	Tilskott til folkehøgskolar	588 962 000	
	71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	3 353 000	
	72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	671 000	592 986 000
254		Tilskott til vaksenopplæring		
	70	Tilskott til studieforbund	166 502 000	
	71	Tilskott til fjernundervisning	11 977 000	
	72	Tilskott til Studiesenteret Finnsnes	3 483 000	
	73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	10 760 000	192 722 000
255		Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.		
	70	Holocaustsenteret	21 534 000	
	71	Falstadsenteret	13 669 000	
	72	Stiftelsen Arkivet	5 128 000	
	73	Norsk Fredssenter	706 000	
	74	Nord-Norsk Fredssenter, Narvik	1 063 000	42 100 000
256		Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet		
	01	Driftsutgifter	40 243 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	13 491 000	53 734 000
257		Program for basiskompetanse i arbeidslivet		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	36 944 000	36 944 000
258		Analyse og utviklingsarbeid		
	01	Driftsutgifter	3 514 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	33 646 000	37 160 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	Sum Tiltak for å fremme kompetanse- utvikling			1 142 292 000
	Høgre utdanning og fagskolar			
270	Studium i utlandet og sosiale formål for studentar			
	71 Tilrettelegging av studium i utlandet		5 431 000	
	74 Tilskott til velferdsarbeid		65 180 000	
	75 Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>		153 103 000	223 714 000
271	Universitet			
	50 Basisfinansiering statlege universitet		6 675 671 000	
	51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege universitet		2 593 711 000	
	52 Forskingsfinansiering statlege universitet		2 723 520 000	11 992 902 000
272	Vitskaplege høgskolar			
	50 Basisfinansiering statlege vitskaplege høgskolar		552 239 000	
	51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar		204 257 000	
	52 Forskingsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar		154 610 000	
	70 Basisfinansiering private vitskaplege høgskolar		17 433 000	
	71 Resultatbasert undervisningsfinansiering private vitskaplege høgskolar		23 752 000	
	72 Forskingsfinansiering private vitskaplege høgskolar		14 798 000	967 089 000
275	Høgskolar			
	50 Basisfinansiering statlege høgskolar		4 979 641 000	
	51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege høgskolar		2 005 983 000	
	52 Forskingsfinansiering statlege høgskolar		254 355 000	
	70 Basisfinansiering private høgskolar		351 543 000	
	71 Resultatbasert undervisningsfinansiering private høgskolar		306 745 000	
	72 Forskingsfinansiering private høgskolar		46 321 000	7 944 588 000
276	Fagskoleutdanning			
	70 Tilskott til fagskoleutdanning		304 083 000	304 083 000
281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar			
	01 Driftsutgifter		347 960 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		14 505 000	
	51 Senter for internasjonalisering av høgre utdanning		37 309 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	73	Tilskott til internasjonale program	16 200 000	
	74	Tilskott til UNIS	78 719 000	
	75	UNINETT	23 850 000	
	76	Tilskott til NORUnet, <i>kan overførast</i>	17 625 000	
	78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet	12 697 000	
	79	Ny universitetsklinikk i Trondheim, <i>kan overførast</i>	274 989 000	823 854 000
		Sum Høgre utdanning og fagskolar		22 256 230 000
		Forskning		
283		Meteorologiformål		
	50	Meteorologisk institutt	221 677 000	
	72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	41 155 000	262 832 000
285		Noregs forskingsråd		
	52	Forskingsformål	1 082 631 000	
	55	Administrasjon	232 707 000	1 315 338 000
286		Fondet for forskning og nyskaping		
	50	Overføring til Noregs forskingsråd	939 560 000	
	95	Fondskapital	6 000 000 000	6 939 560 000
287		Forskingsinstitutt og andre tiltak		
	21	Særskilde driftsutgifter	4 607 000	
	53	NOVA og NUPI	44 490 000	
	54	Forskingsstiftelsar	52 048 000	
	56	Ludvig Holbergs forskingspris	9 100 000	
	71	Tilskott til andre private institusjonar	31 028 000	
	73	Niels Henrik Abels matematikkpris	12 400 000	153 673 000
288		Internasjonale samarbeidstiltak		
	21	Særskilde driftsutgifter	3 889 000	
	72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	145 522 000	
	73	EUs rammeprogram for forskning	999 521 000	
	75	UNESCO	16 171 000	1 165 103 000
		Sum Forsking		9 836 506 000
		Statsbankane		
2410		Statens lånekasse for utdanning		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>	281 693 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	101 512 000	
	50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 326 200 000	
	70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	2 776 800 000	
	71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	453 325 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	72	Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>	1 754 050 000	
	73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	176 100 000	
	74	Tap på utlån	447 300 000	
	75	Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	6 229 000	
	90	Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>overslagsløyving</i>	19 431 700 000	29 754 909 000
		Sum Statsbankane		29 754 909 000
		Sum departementets utgifter		90 409 259 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon				
3200		Kunnskapsdepartementet		
	05	Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.	3 110 000	3 110 000
		Sum Administrasjon		3 110 000
Grunnopplæringa				
3220		Utdanningsdirektoratet		
	01	Inntekter frå oppdrag	5 254 000	
	02	Salsinntekter o.a.	12 560 000	17 814 000
3221		Foreldreutvalet for grunnskolen		
	02	Salsinntekter o.a.	264 000	264 000
3222		Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat		
	02	Salsinntekter o.a.	5 336 000	
	61	Refusjon frå fylkeskommunar	1 435 000	6 771 000
3225		Tiltak i grunnopplæringa		
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	20 690 000	20 690 000
3230		Kompetansesenter for spesialundervisning		
	01	Inntekter frå oppdrag	47 703 000	
	02	Salsinntekter o.a.	5 819 000	53 522 000
		Sum Grunnopplæringa		99 061 000
Tiltak for å fremme kompetanseutvikling				
3256		Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet		
	01	Inntekter frå oppdrag	8 737 000	
	02	Salsinntekter o.a.	1 115 000	9 852 000
		Sum Tiltak for å fremme kompetanseutvikling		9 852 000
Høgre utdanning og fagskolar				
3281		Fellesutgifter for universitet og høgskolar		

Kunnskapsdepartementet

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	02	Salsinntekter o.a.	10 000	10 000
		Sum Høgre utdanning og fagskolar		10 000
		Forskning		
3286		Fondet for forskning og nyskaping		
	85	Avkastning	3 084 460 000	3 084 460 000
3287		Forskingsinstitutt og andre tiltak		
	85	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond	12 400 000	
	86	Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond	9 100 000	21 500 000
3288		Internasjonale samarbeidstiltak		
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	4 043 000	4 043 000
		Sum Forsking		3 110 003 000
		Statsbankane		
5310		Statens lånekasse for utdanning		
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	18 000 000	
	72	Gebyr	123 000 000	
	90	Avdrag og renter	10 549 700 000	
	91	Tap og avskrivningar	504 600 000	
	93	Omgjering av studielån til stipend	4 253 900 000	15 449 200 000
5617		Renter frå Statens lånekasse for utdanning		
	80	Renter	6 113 000 000	6 113 000 000
		Sum Statsbankane		21 562 200 000
		Sum departementets inntekter		24 784 236 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2008 kan:

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarande meirinntekter under
kap. 200 post 01	kap. 3200 post 02
kap. 220 post 01	kap. 3220 post 02
kap. 221 post 01	kap. 3221 post 02
kap. 222 post 01	kap. 3222 postane 02 og 61
kap. 225 post 01	kap. 3225 post 04
kap. 230 post 01	kap. 3230 post 02
kap. 256 post 01	kap. 3256 post 02
kap. 270 post 75	kap. 3270 post 49
kap. 281 post 01	kap. 3281 post 02
kap. 286 post 50	kap. 3286 post 85
kap. 287 post 56	kap. 3287 post 86
kap. 287 post 73	kap. 3287 post 85
kap. 2410 post 01	kap. 5310 post 03

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på postane 21 mot tilsvarande meirinntekter.
3. nytte inntekter frå sal av eigedomar ved universiteta til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.
4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedomar. Salsinntekter blir førde til eigedomsfondet til Forskingsrådet.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2008 kan:

1. gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje stig over følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskott til læremiddel o.a.	20,0 mill. kroner
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	120,0 mill. kroner
270		Studium i utlandet og sosiale formål for studentar	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader	115,0 mill. kroner
285		Noregs forskingsråd	
	52	Forskingsformål	37,5 mill. kroner

2. gi tilsegn om å utbetale stønad for første halvår 2009 (andre halvdel av undervisningsåret 2008–09) etter dei satsane som blir fastsette andre halvår 2008 (første halvdel av undervisningsåret 2008–09), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning postane 70 Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestønad og 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning samt kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning post 80 Renter.
 3. gi tilsegn om å konvertere lån til stipend første halvår 2009 (andre halvdel av undervisningsåret 2008–09) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2008 (første halvdel av undervisningsåret 2008–09), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning post 50 Avsetning til utdanningsstipend.
 4. gi tilsegn om å utbetale tillegg til utdanningslånet for 2007 med kr 3 740 per måned i opptil to månader for studentar som tek del i undervisning som er omfatta av ordninga med sommarundervisning, jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning postane 72 Rentestønad og 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning samt kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning post 80 Renter.
 5. gjennomføre moderniseringa i Statens lånekasse for utdanning innanfor ei kostnadsramme på 745 mill. kroner, jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald.
- Andre fullmakter*
IV
- Diverse fullmakter
- Stortinget samtykkjer i at:
1. privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveinprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale kr 330 dersom privatisten ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og kr 677 ved forbetningsprøver. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveinprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale kr 677 per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og kr 1 355 ved seinare forsøk.
 2. Kunnskapsdepartementet kan gi universitet og høøgskolar løyve til å:
 - a) opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - b) bruke overskott av oppdragsverksemd til kapitalinnskott ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - c) bruke utbytte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
 - d) bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskott frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
 3. Frå 1. januar 2008 blir maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod fastsett til kr 2 330 per måned og kr 25 630 per år, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 1.
 4. Kunnskapsdepartementet i 2008 kan overdra Schultzgt. 7 utan vederlag til Studentsamskipnaden i Oslo til bruk til studentbustader.
 5. Kunnskapsdepartementet i 2008 kan gi Høgskolen i Bergen fullmakt til å nytte tidlegare tildelte midlar til investering i utstyr og drift, samt midlar til drift i 2008, til kjøp av utstyr til metningsdykkarutdanninga.
 6. Kunnskapsdepartementet i 2008 kan inngå lei-geavtale med Brødrene Jensen AS/Sameiet Jensen Eiendom om byggetrinn II på Seilduksfabrikken, Kunsthøgskolen i Oslo.

Vedlegg 1

Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak

Det skal vere ei samla framstilling av tilsettingsvilkåra til leiarar i heileigde statlege føretak i fagproposisjonane. For Kunnskapsdepartementet handlar oversikta om følgjande selskap:

Arbeidsforskningsinstituttet AS

Administrerande direktør hadde kr 629 439 i lønn for 2006 og del av pensjonspremie på kr 67 961. Ved overgangen til aksjeselskap i 2002 vart dei opparbeidde rettane i Statens pensjonskasse videreførde. Dei årlege innbetalingane til Statens pensjonskasse skal dekkje forplikingane til selskapet. Dagleg leiar er tilsett på åremål (4 år), og tilsetjinga kan bli forlengja med ein periode. Pensjonsalder er 67 år.

Birkeland Innovasjon AS

Administrerande direktør mottok i 2006 kr 977 785 i lønn og kr 6 000 i naturalytingar. Pensjonsalder er 67 år, og administrerande direktør har pensjonsordning gjennom Statens pensjonskasse.

NCE Subsea Drift AS

Selskapet vart stifta i august 2006 under namnet EUT Drift, og skifta namn til NCE Subsea Drift i november 2006. Administrerande direktør mottok i 2006 lønn på kr 273 704, og anna godtgjersle på kr 12 005. Selskapet har avtale om obligatorisk tenestepensjon for sine tilsette.

Norsk Samfunnsvitenskapleg Datateneste AS

Administrerande direktør mottok i 2006 lønn på kr 713 383. Pensjonsalder er 67 år, og administrerande direktør har pensjonsordning gjennom Statens pensjonskasse.

NTNU Samfunnsforskning AS

Administrerande direktør mottok i 2006 lønn på kr 618 075. Pensjonsalder er 67 år. Selskapet skifta frå ei kollektiv pensjonsordning for sine tilsette gjennom forsikringsselskap til Statens pensjonskasse frå 1. september 2006.

NTNU Technology Transfer Office AS

Administrerande direktør mottok i 2006 lønn på kr 797 875, samt anna godtgjersle på kr 110 904. Selskapet har ei kollektiv pensjonsordning, og pensjonsalderen er 67 år.

Sem Gjestegård AS

Administrerande direktør mottok i 2006 kr 630 385 i lønn og kr 107 276 i anna godtgjersle. Pensjonsalder er 67 år, og administrerande direktør har pensjonsordning gjennom Statens Pensjonskasse.

UNINETT AS

Administrerande direktør mottok i 2006 kr 847 254 i lønn og kr 55 863 i anna godtgjersle. Pensjonsalderen er 67 år med 66 pst. av årslønn inklusive lønn over 12 G. Styret i Uninett AS har inngått avtale med administrerande direktør som tillet avgang ved fylte 60 år.

Unirand AS

Administrerande direktør mottok i 2006 lønn på kr 198 497. Pensjonsalder er 67 år, og administrerande direktør har pensjonsordning gjennom Statens pensjonskasse.

UNIS AS

Selskapet fekk ny administrerande direktør frå 1. juni 2006. Administrerande direktør er tilsett for ein åremålsperiode på 3 år. I 2006 vart det utbetalt lønn på høvevis kr 516 414 og kr 398 175 til dei to administrerande direktørane. Det er pensjonsordning gjennom Statens pensjonskasse, og pensjonsalder er 67 år.

Følgjande selskap har ingen tilsette:

Filonova AS, HIST Kompetanse AS, Rya Gods og Skoger AS og Universitetet i Bergen Eiendom AS.

Vedlegg 2**Nøkkeltal for universitet og høgscolar**

- 2.1 Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgscolar 2001–06
- 2.2 Opptak ved universitet og høgscolar 2004–06
- 2.3 Registrerte studentar ved universitet og høgscolar 2004–06
- 2.4 Studiepoeng per student ved universitet og høgscolar 2004–06
- 2.5 Kandidatar ved universitet og høgscolar 2004–06
- 2.6 Opptak, registrerte studentar og kandidatar på utvalde utdanningar 2004–06
- 2.7 Tal på innreisande og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2004–06
- 2.8 Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og rekrutteringsstillingar 2006
- 2.9 Avlagde doktorgradar 1997–2006
- 2.10 Doktorgradar etter fagområde og kjønn 1995 og 2006
- 2.11 Gjennomsnitt publikasjonspoeng per førstestilling, postdoktor og stipendiatar 2006
- 2.12 Ekstern finansiert verksemd statlege institusjonar
- 2.13 Aktivitetskrav for studieåret 2008–09
- 2.14-2.18 Byggtabellar
- 2.19 Løyving per verksemd i 2008

Tabell 2.1 Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgscolar 2001-06

	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Tal på søkjarar	85 307	91 413	93 708	100 494	101 334	99 566
Søkjarar 19–24 år i pst. av totalt søkjartal	65,7	65,7	66,3	66,2	66,7	67,8
Kvalifiserte søkjarar	66 000	66 664	72 799	77 942	76 710	75 025
Av desse kvinner (i pst.)	59,9	60,7	59,8	60,0	60,1	61
Kvalifiserte søkjarar utan tilbod	2 139	4 273	5 560	7 758	8 806	7 321
Personar møtt til studiestart	46 038	47 411	47 829	48 774	48 743	48 120
Av desse kvinner (i pst.)	60,4	61,5	56,9	59,0	59,0	60,6

Kjelde: Samordna opptak.

Tabell 2.2 Opptak ved universitet og høyskolar 2004-06¹ (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå		Vidareutdanning				Hovudfag/master/profesjon				Sum	
	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2004	2005	2006
Universitet ²	29 197 (59)	27 712 (61)	26 711 (61)	1 114 (60)	1 046 (59)	502 (65)	10 129 (53)	9 857 (52)	10 530 (54)	40 440 (58)	38 614 (59)	37 743 (60)
Vitskaplege høyskolar	1 030 (42)	1 072 (40)	1 017 (43)	179 (58)	168 (57)	148 (60)	571 (48)	626 (43)	773 (41)	1 780 (45)	1 866 (43)	1 938 (44)
Statlege høyskolar	37 275 (62)	37 202 (62)	35 838 (63)	6 634 (77)	5 670 (79)	6 027 (79)	1 972 (55)	2 403 (60)	2 508 (62)	45 880 (64)	45 275 (64)	44 373 (65)
Kunsthøyskolar	212 (65)	195 (68)	203 (61)	3 (100)	8 (50)	14 (86)	92 (61)	112 (64)	118 (69)	307 (64)	315 (66)	335 (65)
Private høyskolar ³	10 473 (58)	10 706 (56)	9 878 (59)	1 040 (88)	910 (86)	842 (88)	1 947 (52)	2 065 (54)	1 614 (52)	13 460 (59)	13 681 (58)	12 334 (60)
Sum	78 187 (60)	76 887 (61)	73 647 (62)	8 970 (76)	7 802 (77)	7 532 (79)	14 711 (53)	15 063 (54)	15 542 (55)	101 867 (60)	99 751 (61)	96 722 (62)

¹ Omfattar studentar finansierte over grunnbudsjettet til institusjonane. Program som ikkje er på universitets- og høyskolenivå, som forkurs for ingeniørutdanning, er ikkje med i tala.

² Frå og med 2005 fekk Høgskolen i Stavanger og Noregs landbrukshøgskole status som universitet under namna Universitetet i Stavanger og Universitetet for miljø- og biovitenskap.

³ Det teologiske Menighetsfakultetet, som frå 2005 vart vitenskapleg høyskole, er inkludert her.

Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgere utdanning).

Tabell 2.3 Registrerte studentar ved universitet og høøgskolar 2004–06¹ (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå			Vidareutdanning			Hovudfag/master/profesjon			Sum		
	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2004	2005	2006
Universitet ²	45 988 (59)	45 188 (59)	40 922 (60)	986 (67)	1 051 (67)	1 336 (70)	34 331 (51)	35 440 (52)	38 372 (54)	81 306 (56)	81 679 (56)	80 630 (57)
Vitskaplege høøgskolar	1 930 (42)	2 111 (40)	2 334 (41)	236 (61)	163 (56)	143 (60)	2 598 (48)	2 498 (49)	2 377 (48)	4 764 (46)	4 772 (45)	4 854 (45)
Statlege høøgskolar	71 759 (64)	72 164 (64)	70 716 (64)	6 870 (79)	6 469 (79)	6 932 (79)	4 032 (52)	4 785 (56)	5 355 (59)	82 661 (65)	83 418 (65)	83 003 (65)
Kunsthøøgskolar	662 (66)	643 (66)	594 (65)	3 (100)	9 (44)	13 (85)	177 (71)	200 (64)	217 (66)	842 (67)	852 (65)	824 (65)
Private høøgskolar ³	20 335 (57)	20 029 (57)	19 727 (57)	1 459 (85)	1 341 (85)	1 155 (85)	2 892 (50)	3 099 (51)	3 309 (52)	24 686 (58)	24 469 (58)	24 191 (58)
Sum	140 674 (61)	140 135 (61)	134 292 (61)	9 554 (78)	9 033 (78)	9 579 (78)	44 030 (51)	46 022 (53)	49 630 (54)	194 259 (60)	195 190 (60)	193 501 (60)

¹ Omfattar studentar finansierte over grunnbudsjettet til institusjonane. Personar utan studierett og program som ikkje er på universitets- og høøgskolenivå, som forkurs for ingeniorutdanning, er ikkje med i tala.

² Frå og med 2005 fekk Høøgskolen i Stavanger og Noregs landbrukshøøgskole status som universitet under namna Universitetet i Stavanger og Universitetet for miljø- og biovitenskap.

³ Det teologiske Menighetsfakultetet, som frå 2005 vart vitenskapleg høøgskole, er inkludert her.

Kjelde: DBH.

Tabell 2.4 Studiepoeng per student ved universitet og høgscolar 2004-06

	2004	2005	2006
Universitet ¹	38,0	39,1	39,5
Vitskaplege høgscolar	46,7	47,6	46,1
Statlege høgscolar	45,2	44,9	45,0
Kunsthøgscolar	66,0	56,9	55,4
Private høgscolar ²	40,8	40,5	40,2
Gjennomsnitt	41,7	42,0	42,2

¹ Frå og med 2005 fekk Høgskolen i Stavanger og Noregs landbrukshøgskole status som universitet under namna Universitetet i Stavanger og Universitetet for miljø- og biovitenskap.

² Det teologiske Menighetsfakultetet, som frå 2005 vart vitskapleg høgscole, er inkludert her.

Kjelde: DBH.

Tabell 2.5 Kandidatar ved universitet og høgscolar 2004-06¹ (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå			Hovudfag/master/profesjon			Sum		
	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2004	2005	2006
Universitet ²	4 535 (63)	4 099 (64)	4 346 (64)	5 140 (50)	6 138 (52)	7 245 (54)	9 675 (56)	10 237 (57)	11 591 (58)
Vitskaplege høgscolar	76 (62)	195 (47)	406 (40)	858 (40)	764 (41)	742 (49)	934 (42)	959 (42)	1 148 (46)
Statlege høgscolar	13 295 (69)	13 541 (69)	13 964 (69)	834 (45)	850 (41)	975 (49)	14 129 (68)	14 391 (68)	14 939 (67)
Kunsthøgscolar	184 (63)	214 (67)	216 (68)	111 (74)	60 (77)	60 (63)	295 (67)	274 (69)	276 (67)
Private høgscolar ³	3 172 (63)	2 533 (70)	2 570 (67)	1 460 (47)	1 268 (48)	1 413 (48)	4 632 (58)	3 801 (63)	3 983 (60)
Sum	21 262 (67)	20 582 (68)	21 502 (67)	8 403 (48)	9 080 (49)	10 435 (52)	29 665 (62)	29 662 (62)	31 937 (62)

¹ Omfattar kandidatar finansierte over grunnbudsjettet til institusjonane. Som lågare nivå blir rekna kandidatar på lågare grad, høgscolekandidatar og profesjonskandidatar på studieprogram frå og med 120 studiepoeng. Sivilingeniørutdanning og siviløkonomiutdanning er tekne med som hovudfag/mastergrad/profesjon.

² Frå og med 2005 fekk Høgskolen i Stavanger og Noregs landbrukshøgskole status som universitet under namna Universitetet i Stavanger og Universitetet for miljø- og biovitenskap.

³ Det teologiske Menighetsfakultetet, som frå 2005 vart vitskapleg høgscole, er inkludert her.

Kjelde: DBH.

Tabell 2.6 Opptak, registrerte studentar og kandidatlar fordelte på utvalde utdanningar 2004–06¹ (pst. kvinner i parentes)

	Opptak						Registrerte studentar						Kandidatar		
	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2004	2005	2006
Medisin	624 (59)	624 (59)	633 (61)	3 337 (60)	3 484 (61)	3 566 (61)	459 (57)	472 (56)	487 (64)						
Farmasi	129 (72)	124 (73)	135 (76)	585 (77)	604 (76)	624 (76)	74 (68)	82 (87)	83 (75)						
Odontologi	139 (70)	148 (68)	161 (71)	577 (65)	618 (65)	635 (69)	101 (71)	86 (69)	106 (59)						
Psykologi	259 (75)	279 (76)	195 (71)	1 210 (74)	1 283 (75)	1 246 (74)	203 (72)	207 (71)	215 (71)						
Tannpleiarutdanning	65 (95)	61 (97)	67 (99)	116 (96)	154 (97)	157 (97)	20 (100)	15 (100)	44 (98)						
Sjukepleiarutdanning	4 313 (87)	4 597 (86)	4 436 (86)	13 098 (89)	13 036 (88)	12 811 (88)	3 578 (91)	3 463 (91)	3 580 (90)						
Fysioterapiutdanning	326 (74)	331 (70)	329 (74)	915 (73)	925 (72)	917 (73)	282 (78)	255 (73)	262 (73)						
Ergoterapiutdanning	290 (83)	274 (79)	267 (79)	756 (85)	733 (83)	693 (82)	237 (87)	255 (91)	219 (84)						
Radiografutdanning	271 (69)	260 (67)	226 (71)	684 (73)	676 (70)	643 (69)	183 (72)	182 (76)	172 (78)						
Reseptarutdanning	108 (81)	101 (84)	95 (77)	276 (84)	272 (85)	275 (84)	66 (89)	71 (89)	57 (88)						
Bioingeniør	309 (82)	287 (81)	297 (82)	783 (83)	806 (83)	788 (82)	178 (89)	198 (88)	222 (82)						
Audiografutdanning	43 (72)	43 (81)	45 (71)	116 (72)	118 (76)	113 (78)	1 (100)	36 (83)	37 (68)						
Verneplearutdanning	1 096 (75)	1 015 (75)	1 060 (75)	3 071 (77)	2 992 (78)	3 072 (77)	731 (83)	834 (79)	785 (82)						
Døvetolkutdanning	48 (92)	48 (92)	44 (95)	66 (94)	88 (90)	100 (93)	18 (100)	28 (100)	20 (95)						
Tannteknikarutdanning		28 (61)	30 (73)	44 (75)	48 (65)	47 (70)		22 (82)	19 (68)						
Ingeniørutdanning	2 569 (14)	2 723 (13)	2 925 (15)	8 058 (15)	7 735 (14)	7 719 (15)	1 940 (17)	1 917 (18)	1 836 (16)						
Allmennlærerutdanning	3 048 (66)	2 265 (70)	2 308 (72)	10 391 (71)	9 472 (71)	8 566 (71)	1 930 (75)	2 008 (74)	2 066 (74)						
Sivilingeniørutdanning	465 (22)	463 (19)	442 (20)	1 118 (21)	1 118 (22)	1 070 (21)	336 (23)	321 (23)	296 (22)						
Førskolelærerutdanning	1 943 (87)	2 091 (85)	2 361 (86)	5 240 (90)	5 409 (88)	5 814 (87)	1 289 (94)	1 331 (93)	1 272 (92)						
Faglærerutdanning	341 (71)	506 (65)	453 (64)	1 045 (73)	1 233 (70)	1 246 (67)	240 (70)	277 (77)	256 (73)						
Yrkesfaglærerutdanning	126 (85)	112 (78)	119 (71)	388 (82)	307 (83)	308 (81)	106 (88)	101 (76)	74 (86)						
Praktisk-pedagogisk utdanning	2 261 (54)	2 221 (56)	2 315 (61)	3 182 (56)	3 030 (54)	3 014 (58)	1 828 (59)	1 835 (59)	1 874 (56)						

¹ Tal på studentar og kandidatlar gjennom basisløyvinga for universitet, vitenskaplege høgskolar, statlege høgskolar og kunsthøgskolar. Kjelde: DBH.

Tabell 2.7 Tal på innreisande og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2004–06¹ (pst. kvinner i parentes)

	2004		2005		2006	
	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande
Erasmus/Sokrates	1 769	1 239	2 200	1 299	2 519	1 341
Nordplus	282	256	271	296	245	252
Bilaterale avtaler	446	1 597	437	1 830	580	2 031
Kvotestudentar	501		416		409	
Andre program	469	390	355	423	488	489
Sum	3 467	3 482	3 679	3 848	4 241	4 113

¹ Individbaserte program er ikkje med i talgrunlaget. Private høgsular er medrekna.
Kjelde: DBH.

Tabell 2.8 Tal på årsverk i undervisnings- forskings- og rekrutteringsstillingar 2006¹ (pst. kvinner i parentes)

	Universitet	Vitskaplege høgsular	Statlege høgsular	Kunsthøgsular	Sum alle institusjonar
Professor	2 169 (18)	173 (12)	285 (17)	25 (31)	2 653 (17)
Dosent	1 (0)		4 (50)		5 (40)
Høgskoledosent	1 (0)		17 (12)		17 (11)
Førsteamanuensis	1 636 (33)	161 (34)	954 (31)	28 (39)	2 780 (33)
Førstelektor	112 (43)	0 (0)	542 (37)	3 (100)	657 (39)
Amanuensis/høgskolelektor/ universitetslektor	775 (49)	97 (42)	2 704 (57)	45 (59)	3 621 (55)
Bistillingar (professor II)	163 (12)	10 (6)	34 (16)	3 (46)	209 (13)
Stipendiatar	2 941 (48)	162 (52)	402 (54)	2 (50)	3 508 (49)
Forskar	584 (38)	33 (46)	32 (62)		648 (40)
Postdoktor	694 (41)	30 (49)	10 (58)		733 (42)
Høgskolelærar	22 (68)	1 (0)	598 (73)	4 (33)	626 (73)
Vitskapleg assistent	277 (54)	14 (41)	10 (71)	1 (100)	302 (54)
Andre	166 (55)	23 (69)	7 (43)	1 (100)	197 (56)
Sum	9 541 (37)	703 (36)	5 599 (50)	111 (48)	15 955 (42)

¹ Data per 1. oktober 2006.
Kjelde: DBH.

Tabell 2.9 Avlagde doktorgradar 1997–2006

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Universitet	601	639	684	624	636	700	685	728	809	837
Vitskaplege høgskolar	23	33	20	25	35	30	35	40	33	41
Statlege høgskolar							1		4	10
Private høgskolar ¹	1	5	2	2	7	4	2	14	9	17
Sum	625	677	706	651	678	734	723	782	855	905
Pst. kvinner	32	32	38	35	33	41	39	39	40	38

¹ Inkludert Det teologiske Menighetsfakultet som frå 1. januar 2005 er akkreditert som vitskapleg høgskole.

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU STEP, DBH for 1998-2006.

Tabell 2.10 Doktorgradar etter fagområde og kjønn 1995 og 2006

	Pst. av alle dr.gradar		Pst. kvinner	
	1995	2006	1995	2006
Humaniora	8	12	39	45
Samfunnsvitenskap	16	20	29	41
Matematikk/naturvitenskap	24	23	27	30
Teknologi	20	13	21	13
Medisin	25	24	38	52
Landbruksvitenskap/veterinærmedisin	7	7	44	49
Sum/gjennomsnitt	100	100	31	38

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU STEP.

Tabell 2.11 Gjennomsnitt publikasjonspoeng per førstestilling, postdoktor og stipendiatar ved type institusjon 2006

	Publikasjonspoeng	Publikasjonspoeng per stilling
Universitet	7 724	0,46
Vitskaplege høgskolar ¹	330	0,27
Statlege høgskolar	1 163	0,13
Private høgskolar ²	383	0,26
Sum/gjennomsnitt	9 601	0,34

¹ Indikatoren vitskapleg publisering gjeld ikkje for Arkitektur og designhøgskolen og Noregs musikkhøgskole i finansierings-systemet for universitet og høgskolar.

² Inkludert Det teologiske Menighetsfakultet som frå 1. januar 2005 er akkreditert som vitskapleg høgskole.

Kjelde: DBH.

Tabell 2.12 Eksternfinansiert verksemd ved statlege institusjonar 2006 (1 000 kroner)

	Totalt	EU	Noregs forskningsråd
Universitet	2 864 196	115 182	1 531 397
Vitskaplege høgskolar	189 541	8 237	57 002
Statlege høgskolar	645 502	25 482	104 111
Sum	3 699 239	148 901	1 692 510

Kjelde: DBH.

Tabell 2.13 Aktivitetskrav for studieåret 2008–09

Utdanning	60-studiepoengseiningar som skal avleggjast første årstrinn
Medisin	541
Farmasi	81
Odontologi	139
Psykologi	194
Sjuepleie	3 058
Fysioterapi	274
Ergoterapi	145
Radiograf	165
Reseptar	61
Bioingeniør	202
Audiograf	34
Vernepleiar	505
Døvetolk	52
Tannpleie	46
Tannteknikk	21

Tabell 2.14 Prosjekt som har fått startløyving

Institusjon	Brutto areal m ² (nybygg)	Brutto areal m ² (ombyggingar)	Prosjekt	Kostnadsramme (i 1 000 kroner) ¹
Universitetet i Oslo	28 251		Nybygg for informatikk- miljøa 2. byggjetrinn (IFI II)	1 037 000
Høgskolen i Vestfold	15 850		Samlokalisering på Bakkenteigen, flytting av lærerutdanning frå Eik	666 300
Universitetet for miljø- og biovitenskap		10 770	Rehabilitering av Sørhellinga	216 900
Universitetet i Bergen	11 025		Studentsenteret	352 400
Samisk høgskole	8 400		Samlokalisering med m.a. Nordisk samisk institutt	335 600

¹ Kostnadsramme per 1. juli 2008 på 85 pst. sikkerheit mot overskriddingar, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet, kap. 1580 og kap. 2445.

Tabell 2.15 Bygg som er under prosjektering/ferdig prosjektert

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Universitetet i Bergen	11 500		Odontologisk fakultet (DOF)
Høgskolen i Oslo		17 886	Pilestredet Park, ombygging av Patologi- bygget for sjukepleiarutdanninga
Universitetet i Oslo		Ikkje fastsett	Domus Media, vestre fløy
Høgskolen i Bergen	48 000		Samlokalisering på Kronstad
Universitetet i Tromsø	17 700		Medisin og helsefag, byggjetrinn 2 (MH2)
Kunsthøgskolen i Bergen	17 500		Samlokalisering
Høgskolen i Tromsø	5 150	1 896	Samlokalisering, flytting av Avdeling for ingeniørfag og økonomi
Universitetet for miljø- og biovitenskap		8 190	Rehabilitering av Urbygningen
Høgskolen i Sogn og Fjordane	13 200		Sogndal

Tabell 2.16 Prosjekt under utgreiing/programmering

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Universitetet i Oslo	Ikkje fastsett		Kulturhistorisk museum, Sørenga
Universitetet i Oslo	Om lag 10 000		Odontologi
Universitetet i Oslo	30 000		Kjemibygingen

Tabell 2.17 Kurantprosjekt, byggjeprojekt under prosjektering¹

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Noregs handelshøgskole	Ikkje fastsett		Utflytting Merinobygget
Universitetet i Oslo	11 500	700	Domus Medica, tilbygg
Høgskolen i Agder	3 400		Flytting av musikkonservatoriet

¹ Prosjekt innanfor husleigeordninga som er såkalla kurantprosjekt, eller andre prosjekt der husleigekostnadene blir dekte innanfor ordinær budsjettamme.

Tabell 2.18 Kurantprosjekt, byggjeprojekt under utgreiing/programmering

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Høgskolen i Volda	1 000		Nytt kontorbygg
Høgskolen i Hedmark		3 600	Midtbyen skole
Høgskolen i Gjøvik		8 800	A- og K-bygningen
Noregs idrettshøgskole			Rehabilitering av Gymsalbygget og Sentralbygget

Tabell 2.19 Løyving per verksemd i 2008 (i 1 000 kroner)

	Basis	Undervisning	Forskning	Sum
Universitetet Oslo	1 995 573	798 579	988 019	3 782 171
Universitetet i Bergen	1 052 209	505 287	559 515	2 117 011
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	1 584 950	612 669	670 895	2 868 514
Universitetet i Tromsø	771 316	189 454	270 046	1 230 816
Universitetet for miljø- og biovitskap	324 175	93 681	122 101	539 957
Universitetet i Stavanger	467 135	191 618	66 299	725 052
Universitetet i Agder	480 313	202 423	46 645	729 381
Sum universitet	6 675 671	2 593 711	2 723 520	11 992 902
Noregs handelshøgskole	161 721	68 792	54 040	284 553
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	59 941	33 699	11 150	104 790
Noregs idrettshøgskole	83 918	22 912	25 910	132 740
Noregs musikkhøgskole	117 276	38 836	9 545	165 657
Noregs veterinærhøgskole	129 383	40 018	53 965	223 366
Sum vitskaplege høgskolar	552 239	204 257	154 610	911 106
Høgskolen i Akershus	164 632	80 173	5 245	250 050
Høgskolen i Bergen	354 751	172 085	13 617	540 453
Høgskolen i Bodø	263 316	95 541	25 766	384 623
Høgskolen i Buskerud	153 561	64 451	9 712	227 724
Høgskolen i Finnmark	127 266	46 161	7 414	180 841
Høgskolen i Gjøvik	109 883	42 850	7 508	160 241
Høgskolen i Harstad	74 530	28 056	3 692	106 278
Høgskolen i Hedmark	228 986	105 687	11 295	345 968
Høgskolen i Lillehammer	137 425	89 234	13 441	240 100
Høgskolen i Molde	87 723	38 516	11 807	138 046
Høgskolen i Narvik	111 478	26 871	7 627	145 976
Høgskolen i Nesna	74 091	24 705	3 837	102 633
Høgskolen i Nord-Trøndelag	229 191	87 278	9 196	325 665
Høgskolen i Oslo	637 276	297 820	30 171	965 267
Høgskolen i Sogn og Fjordane	153 862	66 468	7 539	227 869
Høgskolen Stord/Haugesund	147 303	64 634	6 384	218 321
Høgskolen i Sør-Trøndelag	371 308	183 539	17 153	572 000
Høgskolen i Telemark	296 077	131 675	14 455	442 207
Høgskolen i Tromsø	171 636	76 381	5 601	253 618
Høgskolen i Vestfold	249 986	72 469	13 930	336 385
Høgskolen i Volda	131 178	70 823	9 058	211 059
Høgskolen i Østfold	272 379	98 240	9 103	379 722
Høgskolen i Ålesund	106 073	38 825	4 642	149 540
Samisk høgskole	50 900	3 501	6 162	60 563
Sum statlege høgskolar	4 704 811	2 005 983	254 355	6 965 149

Tabell 2.19 Løyving per verksemd i 2008 (i 1 000 kroner)

	Basis	Undervisning	Forskning	Sum
Kunsthøgskolen i Oslo	196 455			196 455
Kunsthøgskolen i Bergen	78 375			78 375
Sum kunsthøgskolar	274 830			274 830
Ansgar Teologiske Høgskole	5 768	3 794	294	9 856
Barratt Due musikk institutt	7 919	5 607		13 526
Bergen Arkitekt Skole	4 030	7 800		11 830
Betanien diakonale høgskole	12 414	8 463	121	20 998
Den norske Baletthøyskole	784	9 450		10 234
Den norske Eurytmihøyskole	1 712	1 690		3 402
Det teologiske Menighetsfakultet ¹	17 433	23 752	14 798	55 983
Diakonhjemmet høgskole	45 345	45 855	2 970	94 170
Diakonissehjemmets høgskole, Bergen	10 438	9 399	80	19 917
Dronning Mauds Minne Høgskole	42 564	22 960	587	66 111
Fjellhaug Misjonshøgskole	4 046	2 616		6 662
Handelshøgskolen BI	72 603	78 064	33 717	184 384
Høgskolen i Staffeldtsgate	8 862	255		9 117
Høgskolen landbruk og bygdenæringar	1 279	1 035	1	2 315
Høgskolen Diakonova	20 815	13 807	114	34 736
Lovisenberg diakonale høgskole	35 807	20 245	108	56 160
Mediehøgskolen Gimlekollen	6 151	5 630		11 781
Misjonshøgskolen, Stavanger	4 723	8 296	5 644	18 663
Noregs Informasjonsteknologiske Høgskole	11 160	8 003	107	19 270
Norsk Lærerakademi Lærerhøgskolen	27 216	16 038	639	43 893
Norsk Lærerakademi Bachelor- og masterstudier	18 257	17 220	1 095	36 572
Norsk Reiselivshøyskole	1 943	6 741	526	9 210
Oslo Markedshøyskole	848	8 094	318	9 260
Rudolf Steinerhøyskolen	4 818	5 853		10 671
SALT-Oslo (Baptistenes teologiske seminar)	2 041	(170)		1 871
Sum private høgskolar	368 976	330 497	61 119	760 592
Sum alle verksemder	12 576 527	5 134 448	3 193 604	20 904 579

¹ Det teologiske Menighetsfakultet er vitskapleg høgskole frå 1. januar 2005.

